

# Soga om laksdølane

*Omsett av  
Bjarne Fidjestøl*

DET NORSKE SAMLAGET  
OSLO 1994

## NORRØNE BOKVERK

Serien begynte i 1907 under namnet Gamalnorske Bokverk, frå 1928 Norrøne Bokverk. Desse er i handelen no:

Egillsoga  
Frostatingslova  
Kongsspegelen  
Snegle-Halle og andre småsoger\*  
Soga om Egil Einhendte og Ásmuns Berserksbane  
Soga om fosterbrørne\*  
Soga om Fridtjov den frøkne\*  
Soga om Gisle Surrson  
Soga om Grette Ásmundsson\*  
Soga om Hønsø-Tore  
Soga om laksdølane  
Soga om Olav Tryggvason  
Soga om Ramnkjell Frøysgode  
Soga om røykdølane\*  
Soga om sambandsmennene\*  
Soga om Torgils og Havlide\*  
Soga om øyrbyggene\*  
Snorre Sturlason Den yngre Edda  
Sturla Tordsson: Soga om Hákon Hákonsson\*  
Ágrip



Bøker merkte med \* finst berre i Samlagsantikvariatet og må kjøpast gjennom forlaget.

I Orion-serien, ny rekkje:  
Edda-kvede

5. utgåva

© Det Norske Samlaget 1968

Prenta med tilskot frå Norsk kulturfond

Omslag: Rainer Jucker

Gjøvik Trykkeri A.s

ISBN 82-521-4306-7

## Innhald

Innleiing. Av Bjarne Fidjestøl	7
Kjetil Flatnev og hans ætt	19
Unn den djuptenkte	22
Hoskuld Dala-Kollsson	27
Grannelaget	30
Hoskuld og Melkorka	32
Vigdis og Tord Godde	37
Rappsstad blir øydegard	45
Hoskuld og Hrut	49
Olav På fer utanlands	53
Olav gifter seg og set bu	63
Hoskuld Dala-Kollsson døyr	69
Olav På og borna hans	74
Gudrun Osvivsdotter	81
Torvald i Garpsdal og Tord Ingunnsson	87
Kotkjellsfolket	91
Kjartan Olavsson	102
Bolle kjem heim	111
Kjartan kjem heim	117
Fiendskap	124
Hemn	130
Hemnen for Kjartan	139
Gudrun og Snorre gøde legg opp råd	148
Hemnen for Bolle	156
Torgils og Gudrun	167
Torkjell Øyolvsson og Gudrun	172
Bolle Bolleson	178
Torkjell Øyolvsson	185
Gudrun i alderdommen	192
Ordtydingar	197
Ættetavle	198
Namneliste	199
Kartskisse	210

## Innleiing

Med skildringa av trekanten Gudrun Osvivsdotter, Bolle Torleiksson og Kjartan Olavsson som sin kjerne er Soga om laksdølane ein av dei største kjærleikstragediar i nordisk litteratur, skildra med psykologisk djupsyn og stor litterær kunst. Enno, meir enn sju hundre år etter at soga vart skriven, har ho synt seg å vere eit fullt levande diktverk.

Men dei islandske sogene er ikkje berre dikting, dei gjer også krav på å vere historie, rett nok med meir eller mindre motstandskraft andsynes moderne kritikk. Vi gjer derfor sogene urett om vi les dei berre som historiske romanar i moderne tyding av ordet. Dei lange ættelistene, som er sjølve beingrinda i det historiske byggverket, kjennest såleis ofte unyttige og tyngjande for lesarar i vår tid. Men vil ein oppleve islendingesogene ut frå deira eigne føresetnader, må ein unne seg å lese ættelistene i ro og mak, som om det galdt å få greie på våre eigne slektingar – det gjer det då òg – og har ein lese andre islandske soger, vil ein ofte få gleda av å råke att gamle kjenningar.

Soga om laksdølane er ei typisk *ættesoge*, og i hovudsaka er visst ættelistene å lite på. Her byggjer nok soga på gode kjelder, mellom andre på sjølve Are den frode, grunnleggjaren av den vitskapelege historieskrivinga på Island. Det var å vente, for som sonesonson til Gudrun Osvivsdotter står han sjølv midt i ei av desse listene. Det høver seg endåtil så heldig at ein kan peike på eit direkte førelegg for sogeskrivaren, som skriv seg frå Are, ei stutt utgreiing om Snorre gødes liv og ætt, som finst i eit av handskrifta til Soga om øyrbyggene.

Elles er kronologien den beste mælestav å leggje på ein

historikar, og då får ikkje Laksdøla-forfattaren nokon særleg god karakter. Det er påvist at han har freista å ordne kronologien ut ifrå to faste punkt, innføringa av kristendommen på Island og Olav den heilages fall. Men han har ikkje vore klar over kor lang tid det var mellom desse hendingane, og tidsrekninga har derfor vorte inkonsekvent. Størst ugreie blir det mot slutten av saga. Forfattaren vil at Bolle Bolleson skal hemne far sin, og etter saga gjer han det tolv år gammal, men for at det skal skje, blir kronologien tøygd ut på ein måte som ikkje kan vere historisk. Det er såleis tydeleg at forfattaren her har sett seg ut over dei historiske kjensgjerningane for å auke Bolle Bollesons heider.

Kor mykje kan vi då tru på av hendingane i saga? Å avgrense det eintydig er umogeleg. Einar Ól. Sveinsson, som har gjeve ut saga og granska ho nøye, hevdar at det er ingen grunn til å tvile på hovudhendingane i saga. Det vil vel først og fremst seie at dei fleste personane er historiske, at dei har vore gifte som saga seier, at drapa er historiske osv. Utmålinga av hendingane, alle detaljar og den psykologiske motiveringa står då for forfattarens eiga rekning. Det er mange som meiner at Gudruns siste replikk godt kan vere historisk, kanskje jamvel sjølv utgangspunktet for oppfatninga av det psykologiske dramaet.

Einar Ól. Sveinsson har sett opp ein tabell over nokre av dei viktigaste årstala, etter jamføring med andre kjelder, og eg tek med ein del av årstala: Unn den djuptenktes landnám – stutt etter 890; Olav På – ca. 970–1003; Gudrun Osvivsdotter – fødd 974 eller noko før, flytta til Helgafell 1008; kristendommen innført på Island – 1000; Bolle Torleiksson – drepen 1006; Bolle Bolleson – fødd 1006 eller 1007; Gjelle Torkjellsson – 1108–73.

Særleg interesse knyter det seg til spørsmålet om Melkorka. At heile saga hennar er temmeleg eventyrleg, er lett å sjå, men kan det vere rett at ho var dotter til irarkongen Myrkjartan? Namnet Kjartan, som må vere irsk og synest vere

nytt på Island, tyder på at så er tilfelle, og irske kjelder veit å fortelje om fleire hovdingar på denne tida som heitte Muirc(h)ertach.

Rolf Heller, som har skriva ei rekkje avhandlingar om Laksdølasoga, er den siste som har granska dette problemet, og han peiker på at namneforma -certach ville gi *Kjartak* på islandsk, og når yngre kongesoger nemner irarkongen Myrkjartan – mot Myrkjartak i dei eldre – lyt det vere innverknad frå namnet til søgehelten. Laksdøla-forfattaren har så namnet frå desse kongesogene. Konklusjonen blir at Kjartan kan ikkje vere dotterson til kong Muircertach, og Heller kjem til at heile saga om Melkorka er fri dikting. Han kan jamvel påvise i store drag korleis denne saga har vorte til. Eit utgangspunkt kan forfattaren ha funne i eit avsnitt om Erp Meldunsson i Landnámaboka, som tydeleg nok er blant dei skrivne kjeldene til saga. Erp, som er nemnd i Laksdølasoga (kap. 6), var dotterson til ein irsk konge. Mora var kjøpt til høg pris, vart sett til å tene kona til herren sin og fekk sidan fridommen (av Aud den djuptenkte). Hovuddraga her høver med saga om Melkorka, og denne kjernen har så drege til seg trekk frå Odd Snorressons søge om Olav Tryggvason, der det er fortalt om at han var seld som træl på slavemarknad i Gardaríke.

Dette fortel mykje om korleis forfattaren av saga arbeidde. Han har vore ein mann med litterær kultur, ein bokmann, og ein kan påvise brokkar og påverknader frå mange og ulike kjelder, som han har smelta om til eit nytt og heilstøypt kunstverk.

I fleire tilfelle nemner også forfattaren kjeldene sine sjølv. Eit par gonger er det Are den frode, ein gong viser han til Soga om Torgils Hallason, som no er gått tapt, og ein gong nemner han Soga om njardvikingane, som elles er kjend under namnet Tåtten om Gunnar Tidrandebane (omsett i Islandske småsoger, *Norrøne bokverk nr. 34*). Der er det fortalt om bryllaupet til Gudrun og Torkjell Øyolvsson og

korleis Gudrun heldt hand over Gunnar. Men forfattaren stiller seg fritt til førelegget. I tåtten heiter det t. d. at Gudrun fekk Snorre gøde til å hjelpe Gunnar ut or landet, men i saga (kap. 69) er hendingane omskipa slik at dei skal vere til endå større ære for Gudrun.

I Soga om laksdølane er det fortalt utførleg om då Kjartan Olavsson tok kristendommen i Noreg og vart Olav Tryggvasons mann (kap. 40), og denne hendinga er velkjend frå mange andre soger, bl. a. frå Snorres kongesoger. Den næraste kjelda for Laksdøla-forfattaren har truleg vore Odd munks soge om Olav Tryggvason. Også her kan vi sjå korleis forfattaren endrar detaljar når han har bruk for det i ein større samanheng. Hjå Odd munk er det Kjartan og Hallfred Vandrædaskald som ordskiftet om kven som skal kappsymje med kongen; det er Hallfred som dreg seg unna, og Kjartan spør han kvar det har vorte av kapphugen hans. Men forfattaren av Laksdølasoga set Bolle i staden til Hallfred, og vi får det aller første vesle glimt inn i ei misstemning mellom fostbrørne, som skulle vekse seg så lagnadstung.

Fleire gonger heiter det i saga at «folk seier at . . . », «Dei fleste meiner at . . . » o. l., og det kan anten tyde på at forfattaren har nytta munnlege tradisjonar, eller det kan vere ein reint litterær teknikk for å gi inntrykk av at han fører vidare ei overlevering. Trulegast er det begge delar. I nokre høve minner forteljinga sterkt om folkesegner (kap. 17, 31, 48, 76 o. fl.). Men segnene står der ikkje berre for sin eigen del; segna om oksen Harre, for å ta eit døme, konkluderer med ein uhugleg spådom, som blir røyndom seinare i saga.

Samstundes med at saga gøymer på mykje gammalt, er ho kanskje den av islendingesogene som gir det klåraste uttrykk for det smaksskiftet som i Noreg er knytt til Håkon Håkonsons namn. Utover på 1200-talet vart den europeiske riddardiktinga kjend i Norderlanda og opna for ei ny verd, fylt av

luksus og prakt og med ei forfina, høvisk åtferd, *kurteisi*, der kvinnegunst var drivkrafta bak heltemodige handlingar.

Det er lett å sjå at sogeforfattaren er riven med av den nye smaken. Han blir ikkje trøytt av å skildre kor vakre og kurteise heltane hans er, også om det går ut over dei klåre konturane, som sagastilen elles meistrar så godt, og stendig let han folk undre seg over kor staseleg dei var utstyrte, med dyre klede og pryda våpen, endåtil med staselege våpenmerke – «ein riddar måla med gull» – slikt som ikkje fanst i våre land på denne tida. Her kan ein nok stundom skulde forfattaren for å ta med meir enn han har bruk for. Det gjeld t. d. kap. 63, der gjetarguten til Helge Hardbeinsson skildrar attentatmennene. Det verkar mest som ei stiløving i personskildringar, og det er sauma over ein leist som er kjend frå annan mellomalderlitteratur. Helge Hardbeinsson lyt stendig undre seg over kor svær guten er til å skildre, og det må saktens lesaren òg.

Andre stader kan desse skildringane vere vovne inn i hendingsgangen med forunderleg sterk verknad:

Etter at Bolle Torleiksson var drepen, gjekk drapsmennene ut or selet. «Gudrun gjekk då opp frå bekken og tala til dei. Ho spurde kva dei hadde å melde. Dei sa kva som hadde hendt. Gudrun gjekk kledd i ein nåmkjortel med trongt livstykke av finvove ty og på hovudet eit stort toppskaut, og ho hadde knytt om seg eit blåsauma sjal med frynser i kantane.»

Lesaren skjønar nok at denne skildringa kan tene til å karakterisere Gudrun, men ein kan likevel spørje om dette er staden til å tale om kleda hennar. Det spørsmålet får ein eit fyndig svar på: «Helge Hardbeinsson gjekk bortåt Gudrun og tok i kanten av sjalet og tørka blodet av spjutet, det same som han hadde stukke gjennom Bolle. Gudrun såg på han og smilte. Då sa Halldor: «Dette er illmannsleg og hjartelaus framferd.» Helge bad han ikkje vere harm for dette, – «for eg trur det,» sa han, «at under denne skautsnippen bur banemannen min.» Sidan tok dei hestane sine og reid bort.

Gudrun gjekk med dei på vegen og tala med dei ei stund.»

Gudruns ro og sjelsstyrke får eit sidestykke i den rolege og detaljerte skildringa.

Denne hendinga har interesse frå annan synsstad òg. I Soga om Tord Kakale i Sturlunga-samlinga er det fortalt at i året 1244 hadde ein Ásbjörn Gudmundsson drepe bonden Magne i Mula. «Sidan kom Vigdis Markusdotter, kona hans, til. Ásbjörn tørka det blodige sverdet på kledda hennar, men ho bad mange forbanningar over dei og bad Gud hemne ugjerninga deira snart.»

Vi ser såleis at forfattaren av Laksdølasoga også har nytta hendingar frå si eiga samtid og brukt levande modell; og fleire døme kunne nemnast. Men ulikskapane er slåande. For det første endar også denne episoden med ein spådom som bind han organisk saman med resten av soga. Dessutan syner Gudrun at ho ikkje er noka Vigdis Markusdotter. Samtids-soga teiknar eit kvardagsmenneske, medan Gudrun er ein heroisk skapnad frå sagatida, som ikler seg sin lagnad, lik dei store kvinneskapsnader frå heltedikta i Den eldre Edda. Og her er vi truleg ved den mest sentrale litterære påverknaden i Soga om laksdølane. Soga om Brynhild og Gudrun Gjukesdotter og mennene deira har vore med på å forme sjølv den poetiske visjon forfattaren ser personane sine i. I båe høve er det fortalt om ei storlåten kvinne som ikkje fekk den ho helst ville ha, og sidan eggjar mannen sin til å drepe den ho elskar mest. Mennene er venner, men dreg han seg unna, vil ho ikkje ha meir med han å gjere. Etter drapet seier ho takk for verket, men det syner på henne at det går hardt inn på henne. Det ho triumferer mest over, er at enkja etter den drepne ikkje får gå leande til sengs.

Det er særleg Edda-dikta Den stutte Sigurdskvida og Brot av Sigurdskvida (omsette i Den norrøne litteraturen bd. I), som liknar på soga; ein kan t. d. jamføre Gudruns egging i kap. 48 med strofene 10–11 i Den stutte Sigurdskvida:

Tankar tunge  
til tynning eggjar.  
«Gleppe skal alt  
deg, Gunnar, av hand:  
landi mine  
og like eins eg,  
aldri eg meir  
uner med deg.

Heim att eg fer  
der eg før hev vori,  
der eg hev alle  
ættfolki mine.  
Der mun eg sitja  
og sova livet,  
utan du Sigurd  
støyter i koll,  
og stig i sessen  
sjølv den høgste.

Eller kap. 40 og strofene 30–31:

Lo då Brynhild  
Budles dotter,  
einaste gongen  
av all sin hug  
der ho låg og lydde  
på ljomande gråt  
frå den fræge  
Gudrun-frua.

Kvad då Gunnar,  
kongen høge:  
«Du ler kje av dette,  
du leie kona,  
og gladværug gjel  
for gullet me fær.

Kvi skifter du let  
og skin som ein nåe,  
du forfang fostra,  
feig mun du vera.

Det er ikkje berre ein likskap i handlingsgang, det er skyldskap i karakteren. Gudrun i saga har rolla som valkyrje, seier Einar Ól. Sveinsson.

Liksom i helteidninga — og i riddardiktinga — spelar kvinnene ei stor rolle i saga. Her er ein heil krans med meisterlege kvinneportrett: Unn, Melkorka og Jorunn, Vigdis, Aud, Torgjerd og Turid, og i sentrum for dei alle Gudrun. Imot desse blir mange av mannsporetta stereotype. Dette er særmerkt for ei dikting som legg hovudvekta på det psykologiske. Vi har også sett at forfattaren underordnar dei historiske hendingane under den psykologiske samanhengen. Kjenslene får meir å seie enn handlinga. «Forfattaren har betre skjøn på å fargeleggje enn på å teikne,» for å sitere Einar Ól. Sveinsson att.

Det syner seg òg i stilen. Til islendingesoge å vere, er det heller ofte fortalt direkte kva folk tenkjer og kjenner, karakterkildringa er såleis ikkje alltid strengt symptomatisk, endå det også finst gode døme på det i saga. Det er òg ein tendens til å nytte mange ord. Det peiker i retning av moderne skildringskunst, og har vore eit modernistisk stilmerke i samtida, eit utslag av kurteisi. Gudrun får fleire gonger ros for at ho er god til å ordleggje seg, og ho sveiper gjerne talen sin inn i ein falderik stil. «Eg ville gjerne, frende, at du reid heim til oss i kveld med heile flokken din. Det er òg viljen til far min, endå han unnte meg den heider å bere ærendet fram, og det med, at du gjestar oss kvar gong du rid vest eller vestan.»

Det har òg vore peikt på at det er særleg mange antitetiske uttrykk i saga («– betre å få lang sømd enn snar svivørding» o. l.). Det er likeins eit utanlandsk stildrag.

Ein kan sjå fleire gonger i saga at forfattaren liker å gjenta seg sjølv; eit ordlag eller ei hending vekker minningar om noko som har hendt før. Rolf Heller har stilt saman skildringane av friarmål og bryllaup (kap. 9, 23, 43, 45, 68, 70) og syner at dei alle er bygde etter same mønster. Eit anna døme er dei tre kvinneeggingane som driv til dei tre store drapsferdene i saga. Desse oppattaka kan kanskje vere uttrykk for ei avgrensing hjå forfattaren, men dei er også eit stilmiddel; dei let etter seg eit inntrykk av fatalitet. Det som har hendt, tek seg opp att, og lagnaden er eit hjul som rullar. Men endå sterkare verkar spådommane i same lei. A. U. Bååth, som har studert komposisjonen i denne og andre islendingesoger, syner at dei utgjer det sentrale komposisjonsprinsippet i saga. Heile hovudhandlinga er varsla i eit nett av spådommar som snører seg stendig tettare omkring personane; ikkje berre Gudruns draumar (kap. 33), men òg i Olav Pås møte med Geirmund Gny (kap. 29) og spådommen som følgjer sverdet Fotbit, spådommen i samband med oxen Harre (kap. 31), møtet mellom Gjest Oddleivsson og Olav På og samtalen med Tord Gjestsson (kap. 33). Alle desse står ved innleiinga til hovudhandlingane, og sidan følgjer ein spådom om lag midt i hovudbolken, i samband med det sverdet Olav Tryggvason gav Kjartan (kap. 43), og endeleg mot slutten av desse hendingane har vi Ån Rismages draum (kap. 48).

I slutten av saga er det nærmast Snorre gøde, «som med sin klokhet likt en ödets ställföreträdare styr handlingen». (Bååth.)

Men desse spådommane ville vore eit utvendig komposisjonstrekk dersom vi ikkje kunne sjå at med dei stridige sinn som drivfjør, er det gjerningane som grip inn i kvarandre lik tannhjul og driv saga fram mot fullbyrding av spådommane. Vi ser kva som skjer og vi skjønar kva som må skje, utan at vi veit korleis det skal skje. Denne føreaninga skygjer over hendingane som ei toresky, og det kjennest som ei utløysing når katastrofen kjem.

Soga om laksdølane må vere skriven ein gong mellom 1230 og 1260. Ættelistene er førte langt nedover mot samtida til sogeskrivaren og gir såleis noko rettleiing for date-ringa. Bl. a. kan nemnast at den Kjetil som «var abbed på Helgafell», døydde i 1220. I kap. 18 er det tale om skirsle-dom, og om slike som enno er i bruk. Men dei vart forbodne i første halvdel av det 13. hundreåret, og forbodet nådde Island i 1248, så i minsto denne delen av saga må vel vere skriven før den tid. Vidare må saga sjølv sagt vere yngre enn dei sogene som er siterte og slike som ho elles er tydeleg på-verka av. På den andre sida er Laksdølasoga nemnd i Soga om øyrbyggene, Gunnlaugs saga og andre, og ein kan sjå på-verknad etter ho bl. a. i Njåls saga. Denne litterære date-ringa peiker òg mot midten av 1200-talet. Til slutt kan vi minne om hendinga i 1244 som før er nemnd.

Når ein har lese saga, veit ein mykje om forfattaren, hans smak og litterære kultur. Han syner òg svært god kjennskap til bygdene i Breidafjordsdalane, så det er rimelegast å tru at han var derifrå. Når ein då attpåtil kan datere saga sik-rare enn dei fleste andre, ligg det nær for hand å sjå seg om etter eit forfattarnamn. Einar Ól. Sveinsson går så langt som å seie at «Olav Kvitaskald er merkeleg lik han som har skrive Laksdøla», men meiner likevel at vi må slå oss til tals med at namnet til forfattaren er ukjent.

Olav Kvitaskald var son til Tord Sturlason og såleis bror-son til Snorre Sturlason og bror til Sturla Tordsson, den største historikaren på Island i sin generasjon. Sjølv er han kjend som fyrstes kald og lærd skaldeteoretikar, og samtids-sogene syner at han var påverka av dei nye idealane.

Med språklege grunnar og med støtte i ein omfattande språkstatistikk meiner Peter Hallberg å ha prova at det ver-keleg er Olav Kvitaskald som er forfattaren av Laksdøla-soga (og dessutan av dei danske kongesogene, Knytlinga saga). Men det står framleis mykje strid om Hallbergs me-tode.

Soga er overlevert i sju meir eller mindre fullstendige handskrift frå mellomalderen. Dei kan delast i to grupper. Hovudrepresentanten for den eine er Mødruvallabok frå første halvdel av det 14. hundreåret. I den andre gruppa er heile saga overlevert berre i papiravskrifter, men til gjen-gjeld finst det pergamentfragment frå det 13. hundreåret, det eldste (AM 162 D<sub>2</sub> fol.) truleg ikkje særleg mykje yngre enn saga sjølv. Den viktigaste skilnaden mellom gruppene er at i den yngste er det sett til ein tått som handlar om Bolle Bolleson, men elles har lite med Laksdølasoga å gjere. Elles er den yngste gruppa nokolite ordrikare enn hi. Det er lik-som denne avskrifta er endå meir «laksdølsk» enn originalen sjølv.

Den utgåva av saga som er lagd til grunn for omsetjinga – Íslenzk Fornrit V, Reykjavík 1934, utg. ved Einar Ól. Sveinsson – byggjer på Mødruvallabok, som alle tidlegare utgåver.

Soga om laksdølane har vore omsett mange gonger til ymse språk. Ei lita prøve vart omsett til norsk – på norsk folkemåls grunn, så langt det rakk den gongen – av Jacob Aall i tidsskriftet Saga 1816, og heile saga er sett om til bok-mål fleire gonger. Til nynorsk har Stefan Frich sett ho om i to ulike utgåver, den siste i serien Gamalnorske bokverk, nr. 3, 1924. Det er ei god omsetjing, som eg har hatt for hand, og eg skuldar å seie frå at eg står i gjeld til den.

Kapittelinnendinga er ny og skal tene til å gi eit raskt over-syn, men den tradisjonelle kapittelinnendinga er sett til med tal. Ættetavla bak i boka er eit forenkla utdrag av ætte-tavlene i Íslenzk Fornrit V, og er ikkje laga til bruk for ætte-granskarar, men for lesarar som måtte trenge ei støtte for minnet.

Av litteratur om Laksdølasoga må eg først og fremst nem-ne innleiinga i Einar Ól. Sveinssons utgåve, som denne inn-



leiinga i store drag byggjer på. Vidare har eg hatt nytte av følgjande avhandlingar:

- A. U. Bååth*: Studier öfver kompositionen i några islandske ättsagor. Lund 1885. (S. 42–88.)
- Knut Liestøl*: Den islandske ættesaga. Oslo 1929. (Særleg s. 162–165.)
- Rolf Heller*: Literarisches Schaffen in der Laxdœla Saga = Saga, Heft 3. Halle 1960.
- Rolf Heller*: Studien zu Aufbau und Stil der Laxdœla Saga, Arkiv för nordisk filologi 75 (1960). (S. 113–167.)
- Rolf Heller*: Laxdœla Saga und Königssagas, Saga, Heft 5. Halle 1961.
- A. C. Bouman*: Patterns in Old English and Old Icelandic literature. Leiden 1962. (S. 107–159.)
- A. Margaret Arent Madelung*: The Laxdœla Saga: Its Structural Patterns, 1972

I 4. utgåve, 2. opplag og i 5. utgåve, 1. opplag er det gjort mindre endringar s. 128, 136 og 197, jf Jonna Louis-Jensen: Twenty-eight Papers presented to Hans Bekker-Nielsen, Odense 1993, s. 267–281.

*Bjarne Fidjestøl*

Femte utgåva er ein fotografisk reproduksjon av fjerde utgåva. Eit par feil er retta, s. 136 og 197.

## Kjetil Flatnev og hans ætt

1. Kjetil Flatnev heitte ein mann, son til Bjørn Buna. Han var ein mektig herse i Noreg og av stor ætt. Han budde i Raumsdal i Raumsdølafylke; det er mellom Sunnmøre og Nordmøre.

Kjetil Flatnev var gift med Yngvild, dotter til Kjetil Vêr, ein framifrå mann. Dei hadde fem born. Den eine av sønene heitte Bjørn den austrøne og den andre Helge Bjolan. Torunn Hyrna heitte dotter til Kjetil. Ho var gift med Helge den magre, son til Øyvind Austmann og Ravarta, dotter til Kjarval Irarkonge. Den andre dottera til Kjetil var Unn den djuptenkte. Ho var gift med Olav Kvite, son til Ingjald, son til Frode den frøkne, som Sverting-sønene drap. Den tredje dottera til Kjetil heitte Jorunn Mannvitsbrekka. Ho var mor til Kjetil den fiskne, som tok land i Kirkjubø; hans son var Asbjørn, far til Torstein, far til Surt, far til Sigvat lovseiemann.

2. Den tid Kjetil vart gammal, voks riket til kong Harald Hårfagre slik at ingen fylkeskonge eller nokon annan stormann kunne ha framgang i landet utan at han åleine rådde for rangen deira. Men då Kjetil fekk spurt at kong Harald hadde etla han same kår som dei andre stormennene – å ha frendane sine ubøtte og sjølv bli gjord til leiglending – då stemnde han frendane sine til ting og tok slik til ords:

«De veit om det som har bore til mellom oss og kong Harald, og det treng eg ikkje nemne noko om, for det er meir om å gjere å finne råd for dei vanskane som no ligg framføre oss. Eg har spurt for visst at kong Harald er vår fiende, og etter mi tru har vi ikkje noko godt å vente oss frå

den kanten. Så vidt eg ser, har vi berre eitt av to å gjere: å rømme landet eller bli drepne, kvar i sitt rom. Eg er mest huga på å få same dauden som frendane mine, men ikkje vil eg åleine ta eit råd som fører dykk ut i så store vanskar, for eg kjenner huglyndet til frendane og vennene mine og veit at de vil ikkje skilje lag med oss, endå om det skal røyne noko på å følgje meg.»

Bjørn, son til Kjetil, svarar: «Min vilje skal de snøgt få høyre. Eg vil gjere som gjæve menn har gjort før, og rømme dette landet. Eg tykkjer ikkje eg blir meir til mann for di om eg sit heime og ventar på trælane til kong Harald, og dei jagar oss frå eigeidommane våre eller reint ut drep oss.»

Folk let vel og tykte dette var mannsleg tale. Dei vart då samde om å fare frå landet, for sønene til Kjetil var svært huga på det, og ingen mælte imot. Bjørn og Helge ville fare til Island, for dei meinte dei hadde spurt mykje gildt derifrå. Der var godt om jord, sa dei, og den kunne dei få utan betaling. Der rak mykje kval til lands, fortalde dei, der var laksefiske og gode fiskeplassar året rundt.

Kjetil svarar: «Til den fiskeplassen kjem aldri eg på mine gamle dagar.» Kjetil sa då si meining, at han var meir huga på å dra til landa vest over havet, der trudde han det var godt å vere. Der var han mange stader kjend, for han hadde herja vidt der i ungdommen.

3. Etter dette heldt Kjetil eit namngjete gjestebod. Då gifte han Torunn Hyrna, dotter si, med Helge den magre, som før er skrive. Etter det budde Kjetil seg til ferda vest over havet. Unn, dotter hans, fór med han, og mange andre av frendane hans.

Same sommaren fór Kjetilssønene til Island og med dei Helge den magre, verbror deira. Bjørn Kjetilsson kom med skipet sitt vest i Breidafjorden og segla innetter fjorden langs det søre landet til ein sidefjord skar inn i landet. Det var eit høgt fjell på neset innanfor fjorden, og tett ved land låg ei øy.

Bjørn sa at der skulle dei gje seg til ei stund. Han gjekk på land saman med nokre mann og reika frametter sjøkanten. Det var stutt mellom fjell og fjøre, og han fann at der var byggjande. Der fann Bjørn høgsetestolpane sine rekne inn i ei vik, og då meinte dei at bustaden var peikt ut.

Sidan tok Bjørn alt land mellom Stavå og Raunfjord og bygde den garden som seinare fekk namnet Bjarnarhamn. Han vart kalla Bjørn den austrøne. Kona hans var Gjavlaug, dotter til Kjallak den gamle, og sønene deira var Ottar og Kjallak. Kjallak hadde sonen Torggrim, far til Viga-Styr og Vermund, og dottera Helga, som vart gift med Vestar på Øyr, son til Torolv Blodruskalle, som tok Øyr; son deira var Torlak, far til Steintor på Øyr.

Helge Bjolan kom med skipet sitt sør i landet og tok heile Kjalarnes mellom Kollafjord og Kvalfjord og budde på Esjuberg til han vart gammal.

Helge den magre kom med skipet sitt nord i landet og tok heile Øyjafjord mellom Siglunes og Røynisnes og budde på Kristnes. Frå Helge og Torunn er øyfjordingætta komen.

4. Kjetil Flatnev kom med skipet sitt til Skottland og vart godt motteken av hovdingane der, for han var ein namngjeten og ættstor mann. Dei baud han slike kår som han ville ha. Kjetil slo seg ned der med alt skyldfolket sitt utan Torstein, dotterson sin.

Torstein gav seg straks på hærferd og herja vidt omkring i Skottland og fekk jamt siger. Sidan gjorde han forlik med skottane; han eigna til seg halve Skottland og vart konge over det. Torstein var gift med Turid Øyvindsdotter, syster til Helge den magre.

Skottane heldt ikkje forliket, for dei sveik han mot tru og lov. Så seier Are Torgilsson den frode om dauden til Torstein, at han fall på Katanes.

## Unn den djuptenkte

Unn den djuptenkte var på Katanes då Torstein, son hennar, fall. Då ho spurde at Torstein var fallen og at far hennar også var død, hadde ho ikkje noka von om å få oppreising der. Etter dette let ho i løynd byggje ein knarr i skogen, og då skipet var ferdig, rusta ho det ut og hadde med seg mykje gods. Ho fekk med seg alt skyldfolket sitt som då var i live, og folk tykkjer det knapt finst døme på at ei kvinne har kome seg unna ein slik ufred med så mykje gods og så godt følgje. Av det kan ein skjøne at ho merkte seg mykje ut framfor andre kvinner.

Unn hadde òg med seg mange dugande og storætta menn. Ein mann som heitte Koll, var den gjævaste i følgjet hennar; det kom mest av ætta hans, han var kalla herse. Hord heitte ein annan dugande og storætta mann som var med på ferda.

Så snart ho var ferdig, heldt Unn med skipet sitt til Orknøyane, og der var ho ei lita tid. Der gifte ho bort Groa, dotter til Torstein Raud; ho var mor til Greilod, som var gift med Torfinn jarl, son til Torv-Einar jarl, son til Ragnvald Mørejarl. Deira son var Lodve, far til Sigurd jarl, som var far til Torfinn jarl; frå dei er heile ætta til orknøyjarlane komen.

Deretter heldt Unn med skipet sitt til Færøyane og stogga ei tid der òg. Der gifte ho bort Olov, ei anna dotter til Torstein. Frå henne kjem den gjævaste ætta der i landet, den dei kallar gotuskjeggane.

5. No bur Unn seg til å fare frå Færøyane og gjer kjent for skipsfolket sitt at ho tenkjer seg til Island. Ho har med seg Olav Feilan, son til Torstein Raud, og dei systrene hans som var ugifte. Deretter set ho til havs, og dei får god reise til dei kjem med skipet sør for Island ved Vikrarskeid. Der vart skipet brote sund, men alt folket og godset vart berga.

Sidan fór ho med tjue mann for å finne Helge, bror sin.

Og då ho kom dit, gjekk han til møtes med henne og baud henne heim til seg med ni mann. Ho vart vreid og sa at ho visste ikkje at han var så lite til mann, og fór derifrå. Ho ville no finne Bjørn, bror sin, i Breidafjord. Og då han fekk høyre om ferda hennar, reiste han til møtes med henne med mange mann og fagna henne vel og baud henne heim til seg med heile følgjet hennar, for han kjende syster si og visste at ho var stor på det. Dette likte ho svært godt, og ho takka han for gjævlyndet hans.

Ho var der om vinteren, og Bjørn let henne leve som ein stormann, for han hadde nok å ta av og sparte ikkje godset sitt.

Om våren fór ho over Breidafjorden og kom til eit nes. Der åt dei dugurd; det er sidan kalla Dogurdarnes. Det stikk ut frå Medalfellsstranda. Sidan heldt ho med skipet sitt inn etter Kvamsfjorden og kom til eit nes, der dei gav seg til ei stund. Der miste Unn kammen sin, og sidan har det heitt Kamsnes. Deretter fór ho om alle Breidafjordsdalane og tok seg land så vidt som ho ville. Sidan heldt ho med skipet sitt inn i fjordbotnen. Der var høgsetestolpane hennar rekne på land, og ho tykte då det var lett å vite kvar ho skulle ta bustad. Ho let reise den garden som sidan heiter Kvam, og bygde der.

Same våren som Unn busette seg i Kvam, vart Koll gift med Torgjerd, dotter til Torstein Raud. Det gjestebodet kosta Unn. Ho let Torgjerd få heile Laksárdalen i heimanfølgje, og Koll sette bu sør for Lakså. Koll var ein mann med mykje framtak i. Son deira var Hoskuld.

6. Deretter gav Unn fleire menn av landnåmet sitt. Til Hord gav ho heile Hordadal ut til Skråmulaupså. Han budde på Hordabolstad. Han merkte seg ut som ein gjæv mann og fekk ei stor ætt. Son hans var Åsbjørn den rike, som budde på Asbjarnarstad i Ørnolvsdal. Han var gift med Torbjørg, dotter til Midfjord-Skjegge. Dei hadde dottera Ingebjørg, som var gift med Illuge Svarte; sønene deira var Hermund

og Gunnlaug Ormstunga. Denne ætta er kalla gilsbekkingane.

Unn sa til mennene sine: «No skal de få vederlag for arbeidet dykkar; det skortar oss ikkje på råd til å betale for strevet og godviljen dykkar. De er kjende med at eg har gjeve fri den mannen som heiter Erp, son til Meldun jarl; det var langt frå at eg ville la ein så storætta mann bere trælenamn.» Sidan gav Unn han Saudafellsland mellom Tunguå og Midå. Borna hans var Orm og Åsgeir, Gunnbjørn og Halldis, som var gift med Dala-Alv.

Sokkolv gav ho Sokkolvsdal, og der budde han til han vart gammal. Hunde heitte ein løysing ho hadde, han var av skotsk ætt; han fekk Hundadal. Vivil heitte den fjerde trælen hennar; ho gav han Vivildal.

Osk heitte den fjerde dottera til Torstein Raud; ho var mor til Torstein Surt den spake, som fann sommar-auken. Torhild heitte den femte dottera til Torstein; ho var mor til Alv i Dalir, og frå han er det mange menn som reknar ætta si. Dotter hans var Torgjerd, som var gift med Are på Røykjanes, son til Mår, son til Atle, son til Ulv Skjalge og Bjørg Øyvindsdotter, som var syster til Helge den magre; frå dei er røyknesingane komne. Vigdis heitte den sjettedottera til Torstein Raud; frå henne er hovdamennene i Øyfjard komne.

7. Olav Feilan var den yngste av borna til Torstein. Han var ein stor og sterk mann, vakker å sjå til og dugande som få. Unn sette Olav høgre enn alle andre menn, og gjorde derfor kunnig at ho hadde tiltenkt han all eigedom etter seg i Kvam.

Unn var no mykje mødd av alderdommen. Ho kallar Olav Feilan til seg og seier: «Eg har kome i tankar om det, frende, at du skulle setje bu og gifte deg.»

Olav tok det vel opp og sa at han ville lite på hennar omtanke i den saka.

Unn sa: «Eg hadde helst tenkt det så at bryllaupet ditt

skulle stå når det lid langt ut på sommaren i år, for då er det lettast å få tak i alt som trengst. Eg skulle tru at vennene våre då vil kome mannsterke hit, for dette er det siste gjestebodet eg tenkjer å ferde til.»

Olav svarar: «Dette er vel tala, men eg vil berre ha den til kone, som ikkje ranar deg anten for gods eller rådvelde.»

Same hausten vart Olav Feilan gift med Alvdis, og bryllaupet deira stod i Kvam. Unn kosta mykje på gjestebodet, for ho hadde late be inn stormenn vidt ikring frå andre bygdelag. Ho bad brørne sine, Bjørn og Helge Bjolan, og dei kom med mange mann. Der kom Dala-Koll, mågen hennar, og Hord frå Hordadal og mykje anna storfolk. Det var ovmykje folk i gjestebodet, men likevel kom det ikkje på langt nær så mange som Unn hadde bede, for øyfjordingane hadde så lang veg å fare.

Alderen plaga Unn så hardt at ho stod ikkje opp før middag og la seg att tidleg. Ingen fekk lov til å kome og spørje henne om noko frå ho gjekk og la seg om kvelden til ho var i kleda att neste dag, og ho svara vreidt om nokon spurde korleis det stod til med henne.

Denne dagen sov Unn i lengste laget, men ho var då på føter i det gjestene kom, og ho gjekk til møtes med dei og fagna frendane og vennene sine på sømmeleg vis. Ho sa det var vennleg gjort av dei å kome den lange vegen. «Eg nemner særskilt Bjørn og Helge; og alle som er komne, vil eg seie takk.» Så gjekk Unn inn i skålen, og ein stor flokk følgde med henne. Då alle hadde fått seg sete, vart det mykje tale om kor storveges dette laget var.

Då sa Unn: «Bjørn, bror min, og Helge og dei andre frendane og vennene mine tek eg til vitne på dette: Denne garden med slik bunad som de no kan sjå, gjev eg over til Olav, frenden min, til eigedom og rådvelde.» Deretter stod Unn opp og sa ho ville gå til den skjemma ho brukte å sove i. Ho baud at kvar mann skulle få moroe seg med det dei hadde mest hug til, og mungåt skulle glede ålmugen.

Det er sagt at Unn var både høg og før. Ho gjekk ut etter skålen med faste steg, og det ordet fall blant folk at kona var værdeleg enno.

Dei drakk utover kvelden til folk tykte det var tid å sove. Men dagen etter gjekk Olav Feilan til det rommet Unn sov i, og då han kom inn der, sat Unn oppreist ved hovudgjerda. Ho var då død. Olav gjekk inn i skålen og fortalde tidenda, og folk tykte det var eit særstyn slik som Unn hadde halde på vørnaden sin til sin døyande dag.

No vart bryllaupet til Olav og erveølet til Unn drukke på same tid, og siste gjestebodsdagen vart Unn flytta til den haugen som var budd til henne. Ho vart lagd i haugen i eit skip, og mykje gods vart hauglagt med henne, og så vart haugen kasta att.

Olav Feilan tok då over garden i Kvam og alt stellet der, i samråd med dei frendane som hadde vitja han. Og då gjestebodet tok slutt, gav Olav dei gjævaste mennene stormannslege gåver, før dei fór.

Olav vart ein mektig mann og ein stor hovding. Han budde i Kvam til alderdommen sin.

Son til Olav og Alvdis heitte Tord Gjelle; han var gift med Rodny, dotter til Midfjord-Skjegge; dei hadde sønene Øyolv Gråe, Torarin Følsenne og Torkjell Kugge. Dotter til Olav Feilan var Tora, som var gift med Torstein Torskebit, son til Torolv Mostrarskjegg; dei hadde sønene Bork den digre og Torgrim, far til Snorre gøde. Olav hadde ei anna dotter som heitte Helga; ho var gift med Gunnar Livsson; døtrene deira var Jofrid, som først var gift med Torodd, son til Tungu-Odd, og sidan med Torstein Egilsson, og Torunn, som var gift med Herstein, son til Torkjell Blund-Kjetilsson. Tordis heitte den tredje dottera til Olav; ho var gift med Torarin Ragebror lovseiemann.

## Hoskuld Dala-Kollsson

Medan Olav budde i Kvam, vart Dala-Koll, mågen hans, sjuk og døydde. Hoskuld, son til Koll, var ung då faren døydde, men han var tidlegare fullvaksen i vit enn av år. Hoskuld var ein emneleg og dugande mann. Han tok over heile farsarven med garden Koll hadde budd på. Garden fekk sidan namn etter han og vart heitande Hoskuldsstad. Han vart snøgt vel likt på garden sin og fekk stønad frå mange kantar, både frå frendar og frå venner som Koll, far hans, hadde vunne seg.

Torgjerd Torsteinsdotter, mor til Hoskuld, var enno ei ung kone og utifrå vakker. Ho vantrevst på Island etter at Koll var død, og sa difor frå til Hoskuld, son sin, at ho ville fare or landet med den luten av godset som fall på henne. Hoskuld sa at han tykte det var leitt om dei skulle skiljast, men at han ikkje ville gjere henne meir imot i dette enn i noko anna. Deretter kjøpte han til mor si halvparten i eit skip, som stod på land på Dogurdarnes. Torgjerd drog dit med mykje gods, og deretter segla ho til havs og hadde ei god ferd og kom til Noreg.

Torgjerd hadde stor ætt i Noreg og mange gjæve frendar. Dei fagna henne vel og baud henne slike kår som ho berre ville ta imot av dei. Torgjerd tok vel imot det og sa at ho var meint på å slå seg ned der i landet.

Torgjerd hadde ikkje lenge vore enkje før det kom ein mann for å fri til henne. Han heitte Herjolv og var lendmann av rang, rik og vel vörd. Herjolv var ein stor og sterk mann; vakker å sjå til var han ikkje, men han førte seg som den gjævaste stormann og var stridsfør som få.

Av di Torgjerd var enkje, laut ho sjølv svare før seg i denne saka, og i samråd med frendane sine drog ho seg ikkje unna giftarnålet, men gifte seg med Herjolv og flytta heim til han, og dei levde saman i kjærleik. Torgjerd synte snart at ho var ei framifrå dugande kvinne. Folk meinte òg at Her-

jolv no stod seg mykje betre enn før, og han vart endå meir vörd då han hadde fått ei slik kone som Torgjerd.

8. Herjolv og Torgjerd hadde ikkje vore lenge saman før dei fekk ein son. Guten vart aust med vatn og gjeve namn; dei kalla han Hrut. Han voks opp og vart tidleg stor og sterk, framom alle andre i vokster, høg og herdebrei, smal om livet og vel skapt på hender og føter. Hrut var den vakraste mannen ein kunne sjå, liksom Torstein, morfar hans, hadde vore, eller Kjetil Flatnev. I alle måtar var han ein driftig og dugande mann.

Herjolv vart sjuk og døydde, og det tykte folk var stor skade. Etter det fekk Torgjerd hug til å fare til Island og vitje Hoskuld, son sin, for han heldt ho av framom alle andre. Hrut vart att hjå frendane sine og hadde det godt der.

Torgjerd reiste då til Island og drog heim til Hoskuld, son sin, i Laksárdal. Han tok mot mor si med ære. Ho var rik på gods og budde hjå Hoskuld til sin døyande dag. Få vintar etter vart ho sjuk og døydde og vart sett i haug, og Hoskuld tok alt godset, endå Hrut, bror hans, åtte det halve.

9. I den tid rådde Håkon Adalsteinsfostre for Noreg. Hoskuld var hirdmannen hans; han var jamt annankvar vinter hjå kong Håkon og annankvar heime. Han var ein namn gjeten mann både i Noreg og på Island.

Bjørn heitte ein mann, han budde i Bjarnarfjord og hadd teke seg land der; etter han har fjorden fått namn. Denn fjorden skjer seg inn i landet nord frå Steingrimsfjorden, berre med ein åsrygg imellom. Bjørn var av stor ætt og rik på gods. Ljuva heitte kona hans. Dotter deira var Jorunn; ho var ei ven og storfelt kvinne og merkte seg ut med god forstand. Ho var halden for det beste giftet i alle Vestfjordane.

Om denne kvinna hadde Hoskuld fått høyre, og det med, at Bjørn var den beste bonden på heile Strandir. Hoskuld reid heimanfrå sjølv tiande og kom til Bjørn bonde i Bjarnar-

fjord. Der vart han vel motteken, for Bjørn hadde god greie på kven han var.

Om ei stund bar Hoskuld fram friarmål, og Bjørn tok det vel opp og sa at han tykte ikkje dotter hans kunne bli betre gift, men ville likevel at ho sjølv skulle rå. Då dei hadde tala med Jorunn om denne saka, svarar ho såleis:

«Eg har berre spurt slikt om deg, Hoskuld, at eg vil svare vel til dette, for eg trur at den kvinna er vél faren, som er gift med deg. Likevel skal far min ha det siste ordet i saka, for eg vil samtykkje i det han vil.»

Anten no denne saka vart drøfta lenge eller stutt, vart enden den, at Jorunn vart fest til Hoskuld med mykje gods, og bryllaupet skulle stå på Hoskuldsstad. Med så gjort, reid Hoskuld bort og heim til garden sin, og han var no heime til gjestebodet skulle stå.

Bjørn kom nordafrå til bryllaupet med vakkert følge, og då var alt mange gjester komne, både av vennene og frendane til Hoskuld, og det vart eit storveges gjestebod. Då laget tok slutt, fór kvar heim til sitt med god vennskap og sommelege gåver.

Jorunn Bjørnsdotter sat no att på Hoskuldsstad, og ho tok over gardsstellet saman med Hoskuld. Det synt seg snart på stellet hennar at ho var klok og hadde godt lag og at ho var kunnig i mange ting og jamnast heller stor på det. Samlivet mellom henne og Hoskuld var godt, men dei var ikkje mykje i lag til kvardags.

Hoskuld vart no ein stor hovding; han var mektig og ærehuga, og han hadde ingen skort på gods. Han tyktest ikkje på nokon måte mindre mann enn Koll, far hans.

Hoskuld og Jorunn hadde ikkje vore lenge saman før dei fekk born. Son deira fekk namnet Torleik, han var den eldste av borna; den andre heitte Bård. Den eine dottera deira heitte Hallgjerd, og vart sidan kalla Langbrok, og ei anna dotter heitte Turid. Dei var alle emnelege born.

Torleik var stor og sterk og tok seg uvanleg godt ut, men

han var fåmælt og tverr, og folk som kjende huglaget hans, trudde ikkje han ville bli nokon rettviss mann. Hoskuld sa jamt at han slekta mykje på strandamennene.

Bård Hoskuldsson var òg ein storkar å sjå til og vitug og sterk. Han såg ut til å likne meir på farsfrendane sine. I oppvoksteren var han ein omgjengeleg og vennsæl mann, og Hoskuld var mest glad i han av alle borna sine.

Hoskuld stod no på sitt høgste i velmakt og ære. På denne tida gifte han Groa, syster si, med Veleiv Gamle; son deira var Holmgonge-Berse.

## Grannelaget

10. Rapp heitte ein mann som budde i Laksárdal nordafor elva, midt imot Hoskuldssstad. Den garden vart sidan heitande Rappsstad; no ligg han øyde. Rapp var son til Sumarlíde og vart kalla Viga-Rapp. Han var skotsk av farsætt, men heile morsætta hans var frå Suderøyane, og der var han fødd. Han var ein stor og sterk mann og ville aldri gje seg, endå om han hadde overmakt imot seg. Han var som sagt ein vanskeleg kar; og fordi han ikkje ville bøte for det han misgjorde seg i, rømde han vestover havet og kjøpte seg den jorda han budde på.

Kona hans heitte Vigdis Hallsteinsdotter; son deira heitte Sumarlíde. Bror til Vigdis heitte Torstein Surt; han budde då på Torsnes, som før er nemnt, og der var Sumarlíde til fostring; han var ein uvanleg emneleg mann. Torstein hadde vore gift, men kona hans var då død. Han hadde to døtre, den eine heitte Gudrid og den andre Osk. Gudrid var gift med Torkjell Trevil, som budde i Svignaskard. Han var ein stor hovding og ein klok mann. Han var son til Rauda-

Bjørn. Osk Torsteinsdotter vart gift med ein mann frå Breidafjord, som heitte Torarin. Han var ein raust og vennsæl mann og var hjå Torstein, verfar sin, for han var då til- årskomen og trong om hjelpa deira.

Rapp var ille likt av dei fleste, og han var pågåande mot grannane sine. Han let stundom ord falle om at det ville bli tungt for dei å bu nær han, om dei heldt nokon for betre mann enn han. Men då tok alle bøndene det rådet, at dei fór til Hoskuld og la vanskane sine fram for han. Hoskuld bad dei seie frå til han om Rapp gjorde dei noko mein, – «for ikkje skal han rane meg for anten menn eller gods.»

11. Tord Godde heitte ein mann som budde i Laksárdal nordafor elva. Den garden vart sidan heitande Goddastad. Han var ein riking, men åtte ikkje born, og hadde kjøpt den jorda han budde på. Han var grannen til Rapp og vart ofte plaga av han. Hoskuld tok seg av han, så han fekk ha bustaden sin.

Vigdis heitte kona hans og var dotter til Ingjald, son til Olav Feilan. Ho var brordotter til Tord Gjelle og systerdotter til Torolv Raudnev frå Saudafell. Torolv var ei stor kjempe og sat i gode kår, og frendane hans kom jamt til han når dei trong hjelp. Vigdis hadde vorte gift med Tord meir for pengar enn for mannehjelp.

Tord åtte ein træl som hadde kome ut til Island med han. Han heitte Ásgaut. Han var ein stor og dugande mann, og endå om han var kalla træl, var det få, jamvel av frie menn, som kunne rekne seg for hans like. Husbonden sin kunne han tene vel. Tord åtte fleire trælar, men berre denne er nemnd.

Torbjørn heitte ein mann som budde i Laksárdal nærast ovanfor garden til Tord. Han vart kalla Skrjup; han var rik på gods, mest var det i gull og sølv. Han var stor av vokster og ein kraftig kar; og ikkje sløste han med gåver til småkårsfolk.

## Hoskuld og Melkorka

Hoskuld Dala-Kollsson tykte det var eit lyte ved kåra hans som storhovding at det ikkje var så gode hus på garden hans som han ville. Han kjøpte då eit skip av ein hjaltlending; det stod oppe i Blanda-osen. Det skipet rusta han ut og gjorde kjent at han tenkte seg utanlands, og at Jorunn skulle ta vare på garden og borna.

No set dei til havs og får god bør. Dei nådde Noreg nokså langt sørpå og kom til Hordaland, der som kjøpstaden i Bjørgvin no er. Der sette han opp skipet sitt. Han hadde mange frendar der, men dei er ikkje nemnde her.

Kong Håkon sat då i Vika. Hoskuld reiste ikkje til han, for frendane hans tok imot han med båe hender. Heile den vinteren var roleg.

12. Tidleg på sommaren bar det så til at kongen fór i stemneleidang aust i Brennøyar og sette fred for landet sitt. Etter lova skulle det gjerast kvar tredje sommar; det skulle vere eit møte mellom hovdingane for å avgjere dei sakene som kongane hadde å dømme i. Folk tykte det var hugnadssamt å reise til dette møtet, for dit kom det folk frå mest alle land som vi kjenner til.

Hoskuld sette fram skipet sitt; han ville òg fare, for han hadde ikkje råka kongen denne vinteren, og dessutan ville han til kjøpstemna.

Det var overlag mykje folk på møtet, og der var mykje morskap, drikkelag, leikar og allslags gaman. Elles var der ikkje noko storhende. Hoskuld råka mange av dei frendane sine som budde i Danmark.

Ein dag som Hoskuld gjekk ut for å ha litt moro saman med nokre andre menn, fekk han sjå eit staseleg telt eit stykke frå dei andre buene. Hoskuld gjekk dit og inn i teltet, og der sat det ein mann i gudvevs-klede og med ein russisk hatt på hovudet. Hoskuld spurde etter namnet hans, og han kalla seg Gille, — «men mange kjennest ved

meg når dei høyrer tilnamnet mitt; eg er kalla Gille den gjerdske.»

Hoskuld sa at han hadde ofte høyrte gjete han; han meinte han var den rikaste av alle kjøpmenn. Då sa Hoskuld: «Du har nok slikt å selje som vi vil kjøpe.»

Gille spør kva han og følgjet hans har hug på, og Hoskuld seier at han vil kjøpe ei trælkinne, — «om du har ei til sals.»

Gille svarar: «De tenkte nok å setje meg i beit med dette og by på noko de trudde eg ikkje hadde, men det er ikkje så sikkert at det slår til.»

Hoskuld såg at det gjekk eit forheng tvers over bua. Då lyfte Gille på forhenget, og Hoskuld såg at bak det sat tolv kvinner. Gille sa at Hoskuld skulle gå inn og sjå på dei, om han ville kjøpe nokon av desse kvinnene. Hoskuld gjer så. Dei sat alle saman tvers over bua. Hoskuld såg vel på kvinnene og vart var ei som sat ute ved teltopninga. Ho var dårleg kledd, men Hoskuld tykte ho var vakker, så vidt han kunne sjå.

Då sa Hoskuld: «Kor dyr mun denne kvinna vere, om eg vil kjøpe ho?»

«Du skal få henne for tre merker sølv,» svarar Gille.

«Eg tykkjer no det,» seier Hoskuld, «at du held denne trælkinna i dyraste laget, for det er prisen for tre.»

Då svarar Gille: «Det har du rett i, at eg held henne dyrare enn andre; vel deg no ut ei av desse elleve og betal ei mark sølv for henne, så kan denne bli verande i mi eige.»

Hoskuld seier: «Eg må først få visst kor mykje sølv det er i den pungen eg har i beltet mitt.» Han bed Gille ta vekta medan han leitar fram pungen.

Då seier Gille: «Denne handelen skal gå føre seg utan fals frå mi side, for det er eit stort lyte ved henne, det vil eg at du skal vite, Hoskuld, før vi slår kjøpet fast.»

Hoskuld spør kva det kunne vere, og Gille svarar:



«Denne kvinna er mållaus. Eg har prøvd på mange slags vis å få henne til å tale, men eg har aldri fått eit ord ut av henne. Eg trur derfor visst at ho kan ikkje snakke.»

Hoskuld seier: «Ta fram vekta og la oss sjå kor mykje den pungen veg som eg har her.» Gille gjer så; dei veg sølvet, og det var tre merker i vekt.

Då seier Hoskuld: «Dette går slik at det blir handel mellom oss to. Ta no du dette sølvet, så tek eg denne kvinna. Eg vil seie at du har ære av denne saka, for du har synt at du ikkje ville lure meg i dette.»

Deretter gjekk Hoskuld heim til bua si. Same kvelden gjekk han til sengs med henne.

Morgonen etter, då folk kledde på seg, sa Hoskuld: «Han vitnar ikkje om mykje raustleik, den kledebunaden som Gille den rike har gjeve deg, men det skal no også meir til for han å halde klede til tolv enn for meg til ei.» Deretter let han opp ei kiste og tok fram gode kvinneklede og gav henne; og det sa alle at gode klede høvde henne vel.

Då hovdingene hadde drøfta dei sakene som lova sa føre var det slutt på dette møtet. Då gjekk Hoskuld til kong Håkon og helsa han vørdeleg, som sømmeleg var. Kongen såg på han og sa:

«Vi ville ha teke vel imot deg, Hoskuld, om du hadde kome og helsa på oss noko før òg, men så skal det vere framleis.»

13. Kongen tok no blidt imot Hoskuld og bad han gå o bord på skipet hans, — «og ver hjå oss så lenge du vil vere Noreg.»

Hoskuld svarar: «Ha takk for tilbodet Dykkar, men no sommar har eg mykje å stå i. Når eg har drygd så lenge må eg å søkje Dykk, kom det seg mykje av at eg var meint på å skaffe meg hustømmer.»

Kongen bad han fare med skipet til Vika. Hoskuld var verande hjå kongen ei tid, og kongen gav han hustømmer og let skipet hans laste.

Då sa kongen til Hoskuld: «Ikkje skal du bli hefta lenger her hjå oss enn du liker, men vi tykkjer det blir vanskeleg å få ein mann til å fylle rommet ditt.»

Sidan gjekk kongen med Hoskuld til skipet og sa: «Eg har røynt at du er ein heidersmann, og no kjem det føre meg at dette er siste gongen du seglar frå Noreg medan eg er herre i landet.»

Kongen drog ein gullring, som vog ei mark, av handa si og gav til Hoskuld, og dernest gav kongen han eit sverd som kom på ei halv mark gull. Hoskuld takka kongen for gåvene og all den ære han hadde vist han. Så stig Hoskuld om bord på skipet sitt og seglar til havs.

Dei fekk god bær og nådde Island sørafrå og segla så vest om Røykjanes og Snæfellsnes og inn i Breidafjorden. Hoskuld tok land i Laksårosen. Han sette folk til å bere lasta av skipet og setje det opp innanfor Lakså, og der bygde han eit skur over det. Ein kan enno sjå tufta der han let gjere skuret. Der tjelda han buer, og det er kalla Budardal. Sidan let Hoskuld flytte heim tømmeret, og det gjekk lett, for det var ikkje lang vegen.

Etter dette reid Hoskuld heim med nokre mann og vart godt motteken, som ventande var. Alt stod vel til med eigedommane hans som før. Jorunn spør kva det var for ei kvinne som var i følgje med han.

Hoskuld svarar: «Du må vel tru at eg driv gjøn med deg, men eg veit ikkje kva ho heiter.»

Jorunn seier: «Her er eitt av to, at anten er det løgn det eg har høyrte folk snakke om, eller òg har du tala såpass mykje med henne som å spørje kva ho heiter.»

Hoskuld sa at han ville ikke trette med henne om dette; han fortalde henne sanninga og bad dei vere vennlege mot denne kvinna. Det var hans vilje at ho skulle bu heime med dei, sa han.

Jorunn sa: «Ikkje vil eg kjekle med denne frilla, som du har frakta med deg frå Noreg, enda om ho ikkje er så god å

ha med å gjere; og no er det då også likt til at eg slepp det, når ho er både dauv og mållaus.»

Hoskuld sov hjå kona si kvar natt sidan han kom heim, og han var lite i lag med frilla. Alle la merke til at det var stormanns-svip over henne og at ho ikkje var nokon fåviting.

Sist på vinteren fødte frilla Hoskuld ein gut. Dei sende bod på Hoskuld og synte han barnet, og han tykte som andre, at han aldri hadde sett venare eller meir stormannsleg barn. Hoskuld vart spurd kva guten skulle heite, og han bad dei kalle han Olav, for då var Olav Feilan, morbror hans, nyleg død. Olav skilde seg merkeleg ut frå dei fleste born, og Hoskuld la stor elsk på guten.

Sommaren etter sa Jorunn at anten måtte frilla ta på seg noko arbeid eller fare derifrå. Hoskuld bad henne tene husbondsfolket og passe guten sin attåt. Men då guten var to år gammal, kunne han tale reint og sprang omkring åleine som ein fireåring.

Det hende seg ein morgon at Hoskuld var gått ut for sjå til bøen sin. Veret var godt, og sola skein lågt på himmelen. Då hørde han mannemål og gjekk dit som bekken fall utover tunbrekka, og der fekk han sjå to som han drog kjensel på. Det var sonen Olav og mor hans. Slik fekk han vite at ho ikkje var mållaus, for ho tala då mykje med guten. Hoskuld gjekk bort til dei og spurde kva ho heitte, og sa at det kunne ikkje nytte å dølje seg lenger. Ho sa at det skulle så vere, og dei sette seg ned i tunbrekka. Så sa ho: «Dersom du vil vite namnet mitt, så heiter eg Melkorka.»

Hoskuld bad henne gjere greie for ætta si.

Ho svarar: «Myrkjartan heiter far min; han er konge i Irland. Eg vart hærteken derifrå då eg var femten vintre gammal.»

Hoskuld sa at ho hadde tagt i lengste laget om så godt Deretter gjekk Hoskuld inn og fortalde Jorunn kva nytt ho hadde hendt han. Jorunn svara at ho kunne ikkje om frilla tala sant; ikkje brydde ho seg om alt vedun

folk, sa ho; og dermed var det slutt på denne samtalen. Jorunn var på ingen måte betre mot henne enn før, men Hoskuld akta henne noko meir.

Ei lita stund seinare gjekk Jorunn for å leggje seg, og Melkorka drog av henne fot-tyet og la det på golvet. Jorunn tok sokkane og køyrde dei i hovudet på henne. Melkorka vart harm og sette neven i nasen på henne så blodet rann. Hoskuld kom til og skilde dei.

Etter dette let han Melkorka flytte derifrå og gav henne bustad lenger oppe i Laksárdalen. Garden fekk sidan namnet Melkorkustad, men no ligg han øyde; han ligg sør for Lakså. Der sette Melkorka bu, og Hoskuld skaffa henne alt ho trong til hushaldet, og Olav, son deira, var med henne. Det synte snøgt på Olav då han voks opp, at han skilde seg mykje ut framfor andre i venleik og høvisk ferd.

## Vigdis og Tord Godde

14. Ingjald heitte ein mann; han budde på Saudøyar i Breidafjord, og vart kalla Saudøygøde. Han var ein rik mann, og det var mykje med han. Hall heitte bror hans; han var ein stor og emneleg mann, men fattig på gods, og folk flest heldt han ikkje for å vere noko gagns menneske. Som oftast var brørne dårleg forlikte; Ingjald tykte at Hall la lite vinn på å følgje dugande menns sed, og Hall tykte at Ingjald brydde seg lite om å hjelpe han fram.

I Breidafjorden er det ein veidestad som heiter Bjarnøyar; der ligg mange øyar saman, og det er ein framifrå fiskeplass. På den tida søkte mykje folk dit på fiske, og det var svært folksamt til alle fangsttider. Forstandige menn tykte det var mykje om å gjere at folk var godt forlikte i

utværa; det vart sagt at det gjekk ikkje så godt med fisket når nokon rauk uklar, og dei fleste tok seg då òg vel i vare for det.

Det er fortalt at Hall, bror til Ingjald Saudøygøde, kom til Bjarnøyar ein sommar for å fiske og fekk båtlag saman med ein mann som heitte Torolv. Torolv var frå Breidafjord, han var lauskar og åtte mest ikkje noko, men var likevel ein dugande kar. Hall var no der ei tid, og han heldt seg for å vere mykje likare enn alle dei andre.

Det var ein kveld då dei kom til lands, Hall og Torolv, og skulle skifte fengda si, at Hall ville både velje og dele, for han tykte han var mest til mann. Torolv ville ikkje gje frå seg sin lott og brukte store ord. Dei skifte nokre ord, og kvar heldt på sitt. Hall triv då eit hoggjarn, som låg attmed han, og vil setje det i hovudet på Torolv. No spring folk imellom og staggar Hall. Han var reint frå seg av sinne, men kom ikkje nokon veg denne gongen, og fengda deira vart ikkje skift. Om kvelden fór no Torolv derifrå, men Hall tok ålein heile den fengda dei åtte saman, og let det kjennast kven som hadde makta.

Hall fekk seg ein annan mann på skipet i staden for Torolv og heldt fram med fisket som før. Torolv likte seg lite og tykte at han var ille svivørd i denne saka, men han heldt seg likevel mykje der på øyane og hadde sett seg visst føre å beinke denne kroken som var krøkt for han med slik valdsferd. Hall kjende seg trygg og tenkte at ingen ville våge å prøve seg mot han, der i hans eigne heimetrakter.

Ein godvêrsdag rodde Hall ut; dei var tre saman på båten. Det beit godt om dagen, og om kvelden rodde dei glade og kåte heim. Torolv hadde speida etter kva Hall dreiv med den dagen, og stod i båtstøa om kvelden då Hall og mannskapet hans kom til lands. Hall rodde framme i båthalsen, han sprang over bord og ville ta imot båten, men i det han spring på land, då står Torolv der og hogg straks til han. Hoggel kom i halsen ved herdane, og hovudet fauk av. Etter dette

kom Torolv seg unna, og følgjesmennene til Hall stimla saman kring han.

Drapet på Hall spurdest utover øyane, og folk tykte det var ei stor tidend, for Hall var av ei gjæv ætt, om han ikkje hadde vore nokon rik mann. Torolv prøvde å kome seg bort frå øyane, for han hadde inga von om å finne nokon der, som ville ta han i sitt vern etter dette storverket. Han hadde heller ingen frendar der, som han kunne vente seg hjelp av, men det var sikkert nok at der fanst folk som stod han etter livet og som hadde stor makt, så som Ingjald Saudøygøde, bror til Hall.

Torolv fekk seg skyss over til fastlandet og løynde seg vel der han fór fram. Om ferda hans er ingenting spurt før han ein dag ved kveldstid kom til Goddastad. Vigdis, kona til Tord Godde, var noko skyld Torolv, og difor la han vegen til gards. Torolv hadde før høyrte gjete korleis det stod til der, at Vigdis var meir til menneske enn Tord, bonden hennar. Derfor gjekk han til henne straks han var komen om kvelden, fortalde henne om vanskan sine og bad om hjelp.

Vigdis svara han på dette vis: «Ikkje vil eg dølje for skyldskapen mellom oss; eg ser også slik på det verket du har gjort, at eg ikkje heldt deg for mindre mann av den grunn. Men det tykkjest meg at dei som vil hjelpe deg, må setje på spel både liv og gods, så store menn som her har ettermål, og Tord, bonden min,» seier ho, «er ikkje nett nokon vågehals, og dei utvegjar vi kvinner kan hitte på, strekk oftast ikkje til når det gjeld. Likevel nener eg ikkje heilt å dra meg unna deg heller, sidan du først har venta deg noko hjelp her.»

Deretter leidde Vigdis han til eit utbur og bad han vente på henne der; ho sette lås for døra. Så gjekk ho til Tord og sa: «Her er komen ein mann på gjesting som heiter Torolv og er noko skyld meg. Han ville gjerne få vere her ei tid utover, om du gjev han lov til det.»

Tord sa at han brydde seg lite om å hyse på gjester. Han kunne få kvile seg der dagen etter, om det ikkje var noko

gale med han, men i så fall skulle han ha seg vekk med ein gong.

Vigdis svarar: «Eg har alt teke mot han som gjest, og eg vil ikkje ta orda mine att, endå om han ikkje er like god venn med alle.» Deretter fortalde ho Tord om drapet på Hall og at Torolv, han som no var komen der, hadde drepe han. Tord stokk og vart sint og sa han var sikker på at Ingjald kom til å ta mykje gods frå han for denne hjelpa han no hadde gjeve — «når dørene her har vorte latne att bak denne mannen».

Vigdis svarar: «Ingjald skal sleppe å ta gods av deg for ei natts hjelp, for han skal vere her i heile vinter.»

Tord seier: «På denne måten kan du spele meg reint snarleg, og det er ikkje med min vilje at ein slik ulukkesfugl skal vere her.» Men Torolv var likevel der om vinteren.

Dette spurde Ingjald, som hadde ettermålet etter bror sin. Han budde seg til å dra inn i Dalir utpå ettervinteren, sette fram ei ferje han åtte og tok ut med til saman tolv menn. Dei segla vestafrå med ein kvass nordvest og tok land i Laksårosen om kvelden, sette opp ferja og fór til Goddastad same kvelden. Dei kom ikkje uventa og vart godt mottekne. Ingjald fekk Tord i tale og sa han ærendet sitt, at han hadde fått spurlag på Torolv der, banemannen til bror hans. Tord sa at det var berre noko snakk. Ingjald bad han ikkje trette — «og la oss gjere ein handel; du overgjev mannen til meg og let meg sleppe å bruke makt, så får du tre merker sølv som eg har her. Eg skal òg ettergje deg den skulda du har kome i med å hjelpe Torolv.»

Tord tykte sølvet var fagert, og så hadde han fått lovn om å sleppe den saka som han før hadde grua seg så han skulle bli han til pengeutlegg.

Han svara derfor: «No vil eg halde denne samtalen i for folk, men dette skal likevel vere ein avtale mellom oss

15. Dei sov no til det leid imot dag; då stod Ingjald mennene hans opp og kledde seg.

Vigdis spurde Tord kva han og Ingjald hadde tala om kvelden før. Han sa dei hadde snakka om mangt, men vorte samde om at dei skulle få ransake, og Vigdis og han skulle vere saklause, dersom Torolv ikkje vart funnen der, — «og no let eg Åsgaut, trælen min, følgje mannen bort.»

Vigdis sa at ho brydde seg ikkje om løgn. Ho sa òg at ho tykte det var leitt at Ingjald skulle snake omkring i husa hennar, men let likevel Tord rå for dette. Sidan ransaka Ingjald der og fann ikkje mannen. I det same kom Åsgaut attende, og Vigdis spurde kvar han skildest med Torolv.

Åsgaut svara: «Eg følgde han til sauehusa våre, som Tord hadde sagt.»

Vigdis sa: «Skal tru det er noko som ligg meir midt i vegen for Ingjald når han fer til skipet sitt, enn dette? Eg skal våge på at dette er noko dei har tenkt ut saman i går kveld. No vil eg at du straks går og følgjer han bort så fort du kan. Du skal følgje han til Torolv på Saudafell. Gjer du som eg byd deg, skal du ikkje ha gjort det for ingenting; eg skal gje deg fridommen og så mykje gods at du kan fare kvar du vil.»

Åsgaut lova dette og fór til sauehuset, fann Torolv der og sa at dei måtte kome seg bort så fort dei kunne. I det same reid Ingjald frå Goddastad, for han var no meint på å hente vare for sølvet. Men då han var komen nedom garden, såg dei to menn kome imot seg, og det var Åsgaut og Torolv. Dette var tidleg på morgonen, så det lyste ikkje stort av dag enno. Åsgaut og Torolv var no komne i ei stygg klemme med di dei hadde Ingjald på den eine sida og Lakså på den andre. Elva gjekk ovleg stor; det var fast is på bae sider, men ope langs midten, og det var stygt å setje over.

Torolv sa til Åsgaut: «No tykkjer eg at vi har eitt av to å gjere, anten å vente på dei her ved elva og verje oss så godt vi har dug og mannsmot til, endå det er helst å vente at Ingjald og mennene hans snøgt tek livet av oss, eller òg å freista elva, om det ser noko farleg ut, det med.»

Åsgaut bad han rå og sa at no ville han ikkje skiljast frå han, — «same kva råd du tek om dette».

Torolv svarar: «Vi skal freiste elva.» Og så gjer dei. Dei kler seg så lett som råd, går ned framfor isen og legg til sums, og med di det var friske karar og dei var lengre liv lage, kom dei seg over elva og opp på den faste isen på andre sida.

Nett i det same dei var over elva komne, kom Ingjald og følgjesmennene hans ned til den andre elvebarden. Ingjald tok då til ords og sa til følgjet sitt: «Kva skal vi no gjere? Skal vi våge oss på elva eller ikkje.»

Dei sa at han måtte rå; dei ville lite på hans omtanke, sa dei, men dei tykte det såg rådlaut ut å fare over. Ingjald sa at det var nok det, — «og vi skal vende oss herifrå».

Men då Torolv og Åsgaut såg at Ingjald og mennene hans ikkje våga seg ut på elva, vreid dei først kleda sine og budde seg til å gå. Dei gjekk heile den dagen og kom til Saudafell om kvelden. Der vart dei vel mottekne, for der var alle gjestar velkomne. Straks om kvelden gjekk Åsgaut til Torolv Raudnev og sa fram ærendet deira, fortalde om alt som hadde bore til og at Vigdis, frenka hans, hadde sendt han denn mannen som der var komen, for at han kunne få eit trygje tilhelde. Han fortalde òg alt om korleis Tord Godde hadde fare åt, og dermed bar han fram dei jartegner som Vigdis hadde sendt til Torolv.

Torolv svara såleis: «Ikkje vil eg nekte å kjennast ved desse jartegnene, og eg skal visseleg ta imot denne mannen, når ho sender bod om det. Eg tykkjer Vigdis har fare mannsleg fram i denne saka, og det er harmeleg at ei slik kvinne skal vere så skrøpeleg gift. Du, Åsgaut, skal vere her så lenge du har lyst.»

Åsgaut sa at han skulle ikkje vere der så lenge. Torolv tok no imot namnen sin og gjorde han til sin følgjesmann. Han og Åsgaut skildest som gode venner, og Åsgaut gav seg på heimvegen.

No er å fortelje om Ingjald at han snudde attende til Goddastad, då han hadde skilst frå Torolv. Der var då komne menn frå grannegardane etter bodsending frå Vigdis, slik at det var ikkje mindre enn tjue karar der. Då Ingjald kom til gards med følgjet sitt, kalla han Tord til seg og sa til han:

«Du har ikkje fare åt som ein mann imot oss, Tord,» sa han, «for vi held det for visst at du har sendt mannen bort.»

Tord sa seg skuldlaus i dette. No kom det opp alt som Ingjald og Tord hadde avtala seg imellom, og Ingjald ville ha att det sølvet han hadde gjeve Tord. Vigdis stod ved, og hørde på samtalen deira, og ho sa at det var gått dei som fortent. Ho bad Tord om å gje frå seg sølvet, — «for du, Tord,» seier ho, «har tent desse pengane som ein stakkar.»

Tord sa at han ville ho skulle rå for dette. Deretter gjekk Vigdis inn og borttil kista til Tord og fann nedi der ein diger pengepung; ho tek opp pungen og går ut til Ingjald og bed han ta imot sølvet. Ingjald klårnar opp i andletet og retter handa ut etter pengepungen. Vigdis lyfter då opp pungen og driv til han i nasen, så blodet rann ned på jorda. Dertil valde ho han mange hånlege ord og det med, at han skal aldri få dette sølvet; bad han så fare derifrå.

Ingjald fann at det likaste han kunne gjere, var å kome seg bort så fort han kunne. Han gjorde då så, og stogga ikkje for han kom heim, og var mykje misnøgd med ferda si.

16. No kom Åsgaut heim. Vigdis fagna han vel og spurde om dei vart godt mottekne på Saudafell. Han let vel og fortalde henne kva Torolv hadde sagt til slutt. Vigdis vart glad for dette. «No har du røkta ærendet ditt trutt og godt, Åsgaut,» sa ho, «og du skal straks få vite kva løn du får for verket; eg gjev deg fridommen, så at du skal heite fri mann frå denne dag, og her skal du få attpå det sølvet som Tord tok for hovudet til Torolv, frenden min; det kjem no i betre hender.» Åsgaut takka henne med fagre ord for denne gåva.

Om sommaren tok Åsgaut seg far på Dogurdarnes, og ski-

pet stakk til havs. Dei fekk sterk vind og var ikkje lenge om reisa; dei tok land i Noreg. Åsgaut fór sidan til Danmark og busette seg der, og han vart halden for ein gild kar. Her endar saga om han.

Men etter at Tord Godde og Ingjald Saudøygøde hadde lagt opp råd saman om å ta livet av Torolv, frenden til Vigdis, bar ho fiendskap imot dei for det, og sa seg skild frå Tord Godde og fór til frendane sine og fortalde dei dette, Tord Gjelle likte det lite, for han var føremannen deira; men han gjorde likevel ikkje noko med det.

Vigdis hadde ikkje med seg meir gods frå Goddastad enn dei dyraste tinga ho åtte sjølv. Kvamsværingane let ord falle om at dei hadde rett på halvparten av det godset Tord Godde sat med. Det gjekk hardt inn på Tord, og han reid straks til Hoskuld og la fram vanskane sine for han.

Hoskuld svara: «Du har fått ein støkk i deg, med di du ikkje har noko å setje opp imot ei slik overmakt.» Då bau Tord gods for hjelpa og sa at han skulle ikkje sjå smått på det.

Hoskuld seier: «Det har synt seg at ingen mann får nytte godt av godset ditt med din gode vilje.»

Tord svarar: «Slik skal det likevel ikkje vere denne gongen, for eg vil gjerne at du tek i varveitsle alt godset. Og så vil eg by Olav, son din, til fostring og gje han alt det som blir att etter meg, for eg har ingen erving her i landet, og eg tenkjer godset då er kome i betre hender enn om frendane til Vigdis skulle slå klørne i det.»

Dette seier Hoskuld ja til, og dei gjer avtale om det.

Melkorka tok dette ille opp; ho tykte det var for ringe fostring. Hoskuld sa at ho kunne ikkje sjå: «Tord er ein gammal mann og barnlaus, og eg vil at Olav skal ha alt godset som blir att etter han, og du kan få råke han så ofte du vil.»

Tord tok då sjuåringen Olav til seg og vart svært glad i han. Dei som hadde sak mot Tord Godde, fekk høyre dette, og dei tykte no at godset sat fastare enn før. Hoskuld sende

Tord Gjelle gode gåver og bad han ikkje bli vreid for dette, for dei kunne likevel ikkje ta noko gods frå Tord etter lova. Vigdis hadde ikkje noko søksmål mot Tord som var sant og gav grunn til skilsmål, sa han. «Og Tord var ikkje låkare mann for di om han leita etter råd til å bli kvitt ein kar som hadde sett seg til på eigedommen hans og var så kringsett av saker som ein busk av einer.»

Då desse orda kom til Tord Gjelle frå Hoskuld, og store gåver følgde med, slo han seg til tols og sa at han tykte det godset var i gode hender, som Hoskuld tok vare på. Han tok imot gåvene, og det vart no stilt omkring dette, men noko kaldare med vennskapen mellom dei.

Olav voks opp hjå Tord Godde og vart ein stor og sterk mann, og så ven at ingen var hans like. Då han var tolv vintrar gammal, reid han til tings, og folk frå andre bygdelag gjorde seg ærend for å undrast over kor vakker han var på skapnad. Olav heldt seg òg med våpenbunad og klede som stod til han, og han var difor lett å kjenne frå alle andre. Tord Godde stod seg mykje betre etter at Olav kom til han. Hoskuld gav guten kjenningsnamn og kalla han På, og det namnet feste seg ved han.

## Rappsstad blir øydegard

17. Det er sagt om Rapp at han var plagsam å ha med å gjere; han elta seg inn på grannane sine slik at dei snautt kunne få ha sitt i fred for han. Men Tord fekk ikkje Rapp noko tak på, sidan Olav voks til. Rapp hadde same huglyndet som før, men makta minka, for alderen tyngde han slik at han måtte leggje seg til sengs. Då kalla han Vigdis, kona si, til seg. «Ikkje har eg vore sjukleg av meg,» sa han,

«og det er helst likt til at denne sotta skal gjere slutt på samlivet vårt. Men når eg er død, vil eg at de grev meg ei grav i eldhusdøra og set meg ned ståande, der i døra; då kan eg endå sjå vel til huset mitt.»

Deretter døydde Rapp, og alt vart gjort som han hadde sagt føre, for ho trøysta seg ikkje til anna. Men så ill som han hadde vore å ha med å gjere medan han levde, så vart han mykje verre no då han var død, for han gjekk mykje att. Folk seier at han tok livet av dei fleste husfolka sine med attergonga, og han gjorde dei fleste som budde der ikring, mykje mein. Garden på Rappsstad vart øydd, og Vigdis, kona til Rapp, drog vestpå til Torstein Surt, bror sin, som tok imot både henne og godset hennar.

No gjorde folk som dei hadde gjort før, dei fór og fann Hoskuld og fortalde om vanskane Rapp valda dei, og bad han finne ei råd. Hoskuld sa at han skulle det. Han fór til Rappsstad med nokre menn og let grave opp Rapp og føre han til ein stad langt unna både fetråkk og mannevegar. Etter dette tok det mykje av med attergongene til Rapp.

Sumarlide, son til Rapp, tok godset etter han, og det både stort og fagert. Sumarlide busette seg på Rappsstad våren, og då han hadde budd der ei lita tid, gjekk han vitet, og døydde stutt etter.

No var Vigdis, mor hans, åleine om alt dette godset, ho ville ikkje fare til Rappsstad og drive jorda, og Torstein Surt tok godset i varveitsle. Torstein var då noko til års, frisk og før likevel.

18. På denne tida kom frendane til Torstein, Bork digre og Torgrim, bror hans, seg opp til heider og ære Torsnes, og det synt seg snart at dei ville vere dei gjæ og mest værde mennene der. Då Torstein skjøna det, han ikkje kivast med dei, men gjorde kjent at han ville bustad og flytte til Rappsstad i Laksárdal.

Torstein Surt budde seg til å fare etter vårtinget. S

vart driven etter stranda, og sjølv gjorde han i stand eit førsleskip og gjekk om bord sjølv tolvte. Torarin, mågen hans, var med han, og Osk Torsteinsdotter. Hild, dotter til Torarin, som då var tre år, var òg med dei. Dei fekk ein kvass sørvest og segla inn etter straumane og kom inn der det heiter Kolkistustraumen; det er ein av dei stridaste i Breidafjorden. Det gjekk ugreitt med seglinga deira, mest for di sjøen var byrja å falle ut og dei hadde ulagleg bør, med di det var byevêr og kvass vind når det klårna, men mesta stilt innimellom. Torarin styrte og hadde bras-taumane om akslene, for det var trongt på skipet; det var mest lasta med kister, farmen var høg, og landet var nær på bae sider. Skipet gjekk smått, for straumen bar imot og vart endå villare. Dei segla på eit skjær, men skipet brotna ikkje. Torstein bad dei få ned seglet så snøgt dei kunne, ta hakar og få skipet laust. Denne råda vart freista, men ho dugde ikkje, for det var så djupt på bae sider at hakane ikkje tok botnen, og dei laut vente på flod.

Det fjørar no under skipet. Om dagen såg dei ein sel i straumen, og han var mykje større enn andre. Han fór i ring kringom skipet om dagen, og han var ikkje stutt i labbane. Det såg ut for dei alle som han hadde mannsauge. Torstein bad dei skyte selen, og dei freista, men fekk det ikkje til. Sidan flødde sjøen, men då det var nær på at skipet skulle flyte, rauk det opp til eit fælsleg styggevêr som kvelvde skipet, og alle som var om bord drukna, utan ein mann; han dreiv på land saman med treraket. Mannen heitte Gudmund, og der har det sidan heitt Gudmundarøyar.

Gudrid, som var gift med Torkjell Trevil, hadde no erverretten etter Torstein Surt, far sin.

Denne tidenda spurdest vidt, at Torstein Surt var drukna og at mange menn hadde late livet med han. Torkjell sende straks bod på Gudmund, den mannen som hadde kome seg på land der, og då han kom, gjorde Torkjell ein avtale med han i løynd om at han skulle gjere greie for korleis dei ymse

hadde late livet, såleis som Torkjell sa føre. Dette gjekk Gudmund med på.

Torkjell bad han no fortelje om denne hendinga medan mange menn var til stades. Gudmund sa då at først hadde Torstein drukna og så Torarin, mågen hans – då hadde Hild erveretten, for ho var dotter til Torarin. Så var møya drukna, sa han – for etter henne var Osk, mor hennar, næraste ervingen – og ho døydde sist av dei. Dermed fall alt godset under Torkjell Trevil, for Gudrid, kona hans, hadde erveretten etter syster si.

No vart denne fråsegnen ført vidare ut av Torkjell og mennene hans, men Gudmund hadde fortalt det noko annleis før. Frendane til Torarin tykte at denne saga var noko tvilsam, og sa at dei ville ikkje tru på ho utan prov, og kravde å få halvparten av godset liksom Torkjell, men Torkjell meinte at han åtte alt åleine, og bad dei gjere i stand skiringsprøve som skikken var.

Skiringsprøva var på denne tid å gå under ei jordremse. Ei torve vart skoren laus or vollen, men slik at bae endane var faste, og den mannen som skulle gjere skiringsprøva, skulle gå under ho. Torkjell Trevil var ikkje så viss på at det hadde gått føre seg slik med drukninga som han og Gudmund hadde sagt siste gongen. Ikkje trudde heidningane at dei hadde mindre å våge ved dette, enn kristne menn no trur når det er skiringsprøve. Den som gjekk under jordremsa, vart skir når torva ikkje fall ned på han.

Torkjell gjorde no avtale med to menn om at dei skulle bli usamde om eitkvart og halde seg nær når prøva vart gjort, og kome bort i torva så mykje at alle såg dei felte henne.

No tok han til, han som skulle gjennomgå prøva, og nett som han var komen under jordremsa, sprang dei mennene som til det var sette, mot kvarandre med våpen og møttest ved torvebogen og vart liggjande der, og jordremsa datt ned, som ventande var. Folk sprang straks imellom for å skilje dei, og det var lett gjort, for dei slost ikkje slik at det var nokon

fare. Torkjell Trevil ville no høyre kva folk meinte om prøva. Alle mennene hans sa då at det ville ha gått vel om ingen hadde skipla ho. Sidan tok Torkjell all lausøyren, men jorda på Rappsstad vart liggjande brakk.

## Hoskuld og Hrut

19. Om Hoskuld er no å fortelje at han sat i værdelege kår og var ein stor hovding. Han rådde òg over mykje gods, som Hrut Herjolvsson, bror hans, åtte, og mange sa at det ville bli eit stygt innhogg i rikdommen til Hoskuld, om han skulle betale ut heile morsarven hans.

Hrut var hirdmann hjå kong Harald Gunnhildsson og i stor ære hjå han, mest av di han var den fremste i alle mansverk. Dronning Gunnhild værde han så høgt at ho heldt ingen i hirda for jamgod med han, korkje i ord eller på andre måtar. Når det vart halde mannjamning og dei rødde om dugande menn, var det lett for alle å sjå at Gunnhild tykte det var fåvit eller avund om nokon mann vart likna med Hrut.

Med di Hrut hadde gjæve frendar og store eigedommar å sjå til på Island, hadde han hug til å kome dit, og han bur seg til å fare. Kongen gav han eit skip då dei skildest og sa han hadde røynt at han var ein gjæv kar. Gunnhild følgde Hrut til skipet og sa: «Ikkje skal det seiast lågt, at eg har røynt deg som ein verkeleg fagnamann, for i dug er du jamgod med dei beste menn her i landet, og i vit står du langt framom.» Så gav ho han ein gullring og bad han fare vel, drog kappa over hovudet sitt og gjekk snøgt heim til garden; men Hrut stig om bord på skipet og seglar til havs.

Han fekk god bør og kom til Breidafjorden, segla langs



øyane inn Breidasund og tok land ved Kambsnes. Der la han ut landgangsbrua. Det spurdest snart at det var kome eit skip og at Hrut Herjolvsson førte det. Ikkje vart Hoskuld glad for denne tidenda, og han fór ikkje til møtes med broren. Hrut sette opp skipet sitt og stelte om det. Han bygde ein gard der, som sidan heiter Kambsnes.

Sidan reid Hrut til Hoskuld og kravde morsarven sin. Hoskuld sa at han var ikkje han noko skuldig; mor hans hadde ikkje fare frå Island snau for gods, då ho råka Herjolv, sa han. Hrut likte dette ille, men reid bort med så gjort. Alle frendane til Hrut, så nær som Hoskuld, tok mot han med ære. Hrut budde tre vintrar på Kambsnes og kravde jamt Hoskuld for arven sin på ting eller andre lovmøte, og tala saka si vel. Dei fleste meinte at Hrut hadde rett, men Hoskuld heldt fram at Torgjerd vart gift med Herjolv utan å søkje hans råd, og hevda at han var lovleg verje for mor si. Med dette skildest dei.

Same hausten fór Hoskuld i gjestebod til Tord Godde. Dette fekk Hrut greie på og reid til Hoskuldssstad sjølv tolvte. Han dreiv med seg tjue naut derifrå, og like mange let han vere att, og sidan sende han ein mann til Hoskuld med bod om kvar krøtera var å finne. Huskarane til Hoskuld tok våpna sine straks, dei næraste grannane vart bodsende og dei vart til saman femten mann; kvar ein reid så kvast han kunne.

Hrut og mennene hans såg ikkje at nokon var etter dei før dei var komne mest heim til Kambsnes. Dei steig då straks or sålen, batt hestane sine og gjekk fram på ein sandbakke. Hrut sa at dei skulle ta imot dei der. Han meinte n det, at endå om det gjekk smått med å krevje inn godset hjå Hoskuld, skulle det ikkje spørjast at han rømde for trælane hans, sa han. Følgjesmennene til Hrut nemnde at dei fekk overmakt imot seg. Det brydde han seg ikkje om, sa Hrut di fleire dei var, di verre ferd skulle dei fare.

Laksdølane sprang no av hestane sine og gjorde seg reie.

Hrut bad mennene sine om ikkje å akte overmakta, og sprang mot dei. Han hadde hjelm på hovudet, drege sverd i den eine handa og skjold i den andre. Hrut var den djervaste stridsmann, og no vart han så vill at få kunne følgje han. Dei slost vel på bae sider ei stund, men brått skjøna laksdølane at dei hadde ikkje med sin like å gjere, når Hrut var med, for han drap to mann i eit renn. Laksdølane bad då om grid, og Hrut sa at grid skulle dei få.

Alle huskarane til Hoskuld var såra, dei som ikkje var falne; men fire var drepne. Hrut fór heim; han var noko såra, men følgjesmennene hans lite eller inkje, for han hadde sjølv halde seg lengst framme. Staden der dei slost, vart sidan kalla Orrostudal. Sidan let Hrut krøtera slakte.

Det er fortalt om Hoskuld at han var snøgg til å samle folk om seg då han spurde ranet, og reid heim. På lag samstundes kom huskarane hans att, og dei fortalde kor ille det hadde gått. Hoskuld vart vill og galen ved dette og sa at han var ikkje meint på å tole ran og manndrap av han fleire gonger. Heile den dagen samla han menn om seg. Jorunn husfrue gjekk då til han og spurde kva han no hadde rådd seg til.

«Det er ikkje noko vidare,» seier han, «men eg ville gjerne at folk heller skulle ha anna å tale om enn drap på huskarane mine.»

Jorunn svarar: «Stygt er det, om du er meint på å drepe ein slik mann som bror din er; og det er dei som seier at det ville ikkje vore utan grunn om Hrut hadde henta feet før. No har han synt at han ikkje lenger vil sitje som ein lausunge og ikkje få det som hans er, og som han er ættboren til. Og han har visseleg ikkje rådd seg til å prøve krefter med deg før han visste seg noka von om hjelp av dei menn som større er, for det er meg sagt at det skal ha gått løynlege bod mellom Tord Gjelle og Hrut. Slikt tykkjer eg er verdt å anse på; Tord tykkjer saktens det er godt å gje hjelp i ei sak som er så opplagd. Det veit du òg, Hoskuld, at etter at saka mel-

lom Tord Godde og Vigdis kom til, er det ikkje lenger så blidt mellom deg og Tord Gjelle som før, endå om du i førstninga løyste deg fri for fiendskapen hans og frendane hans med gåver. Det trur eg òg, Hoskuld,» seier ho, «at dei tykkjer de rår altfor mykje over det som deira er, du og son din, Olav. Det mun no vere rådelegare at du gjer Hrut, bror din, sømmelege tilbod, for grimt er det å fåst med grådig ulv. Eg ventar at Hrut vil ta rimeleg imot eit godt tilbod, for det er sagt meg at mannen er klok, og det vil han kunne sjå, at dette er til ære for dykk båe.»

Hoskuld roa seg mykje medan Jorunn tala for han, og han tykte at dette var rimeleg. Folk som var venner med dei båe, gjekk imellom og bar fram forlikstilbod frå Hoskuld til Hrut. Hrut tok det vel opp og sa at han ville gjerne forlike seg med Hoskuld. Han hadde lenge hatt hug til at dei skulle skikke seg slik mot kvarandre som rett var frendar imellom, sa han, dersom Hoskuld berre ville unne han retten hans. Hrut sa òg at han ville unne Hoskuld sømd for det han på si side hadde forbrote seg. Denne saka vart då gjord opp med forlik mellom dei to brørne, Hoskuld og Hrut, og dei levde sidan som gode frendar.

Hrut styrer no med bruket sitt og vart ein stor mann. Han la seg ikkje borti mykje, men det han først blanda seg borti, ville han også rå for. Han flytta bustaden sin og budde der det no heiter Hrutstad, til alderdommen sin. På bøen hadde han eit hov, som det enno syner merke etter. Det blir no kalla Trollaskeid, og er allmannveg.

Hrut vart gift med ei kvinne som heitte Unn, dotter til Mård Gigja. Unn gjekk ifrå han, og det er opphavet til striden mellom laksdølane og fljotslidningane. Hrut vart gift med ei anna kvinne som heitte Torbjørg Årmodsdotter. Han har vore gift med endå ei kvinne, men vi veit ikkje namnet hennar. Han hadde seksten søner og ti døtrer med desse to konene. Folk fortel at Hrut var på tinget ein sommar og hadde med seg fjorten søner, og det gjekk ord

dette, for han hadde stor ære og styrke av dei; dei var alle dugande karar.

20. Hoskuld sat heime på garden sin og tok til å lute mot alderdommen, men sønene hans var no vaksne. Torleik bu-sette seg på den garden som heiter Kamsnes, og Hoskuld løyste ut arven hans. Deretter vart han gift med Gjavlaug, dotter til Arnbjørn Sleitu-Bjørnsson og Torlaug Tordsdotter frå Hovde. Det var eit gjævt gifte; Gjavlaug var ei vakker og storlåten kvinne. Torleik var ein hardhaus og ikkje god å kome ut av det med. Han og Hrut var ikkje gode venner. Bård, son til Hoskuld, var heime med far sin, og rådde ikkje mindre for gardsstellet enn Hoskuld. Døtrene til Hoskuld er det ikkje mykje tale om her; men det finst folk som ættar frå dei.

## Olav På fer utanlands

Olav Hoskuldsson er no ein vaksen ungdom og den vakraste mannen folk hadde sett. Han heldt seg med gode våpen og klede. Melkorka, mor til Olav, budde på Melkorkustad, som før er skrive. Hoskuld tok seg ikkje så mykje av Melkorka som før, han tykte Olav, son hennar var like nær til det, sa han, og Olav sa han skulle hjelpe henne så godt han kunne. Men Melkorka tykte Hoskuld svisvørde henne, og ho gruna på å gjere eitkvart mot han som han ikkje ville like betre. Torbjørn Skrjup hadde hatt mest tilsyn med bruket til Melkorka. Han fridde til henne då ho hadde budd der ei stutt tid, men Melkorka svara nei.

Det stod eit skip oppe på Bordøyr i Hrutafjord. Styremannen heitte Ørn og var hirdmannen til kong Harald Gunnhildsson. Melkorka sa til Olav, son sin, då dei råkast,

at ho ville han skulle fare utanlands for å vitje dei gjæve frendane sine, — «for det er sant som eg har sagt, at Myrkjartan er visseleg far min, og han er konge over irane, og no kan du lett få deg skipsfar på Bordøyr.»

Olav seier: «Eg har tala med far min om dette, men han er lite huga på det. Dessutan er fosterfar min rikare på jord og buskap enn på handelsvarer.»

Melkorka svarar: «Eg nenner ikkje lenger at du skal vere kalla trælkvinneson, og om det står i vegen at du tykkjer du har for lite gods, då vil eg heller gå med på å ta Torbjørn, dersom du då heller vil fare; for eg tenkjer nok at han legg fram dei varene du tykkjer du treng, om han får gifte seg med meg. Det er også det fine med det, at Hoskuld får to ting å ergre seg over når han får høyre både at du er faren or landet og at eg er gift.»

Olav bad mora rå som ho ville. Sidan tala Olav med Torbjørn om at han gjerne ville få varer til låns, og ikkje så lite heller.

Torbjørn svara: «Det kan du berre få om eg får gifte meg med Melkorka, men om det skjer, tenkjer eg du får rå like mykje over mitt gods som over det du no har under hender.»

Olav sa då at så skulle det vere, og dei avtala seg imellom alt dei ville; alt skulle gå stilt føre seg.

Hoskuld bad Olav ri til tings med seg, men Olav sa at han hadde ikkje stunder til det for gardsstellet, han ville gjere ein lammehage ved Lakså, sa han. Hoskuld likte godt å høyre at han hadde slik omsut for gardsbruket, og reid så til tings. Men på Lambastad vart det stelt til bryllaups, og Olav rådde åleine for vilkåra. Olav tok tretti hundre i varer uskift og skulle ikkje gje noko for det. Bård Hoskuldsson var i bryllaupet og visste om alt saman.

Då gjestebodet var slutt, reid Olav ned til skipet, fann Ørn styremann og tinga seg far med han. Men før han skildest med Melkorka, gav ho Olav ein stor fingerring av gull og sa: «Dette smykket gav far meg i tannfe, og eg ten-

kjer han vil kjenne det att om han ser det.» Deretter gav ho han ein kniv og eit belte og bad han gje det til fostermor hennar, — «eg trur ho vil kjennast ved desse jartegnene,» sa ho. Til slutt sa Melkorka: «Eg har budd deg heimanfrå som best eg kunne, og lært deg å tale irsk, så du ikkje kjem i vanskar av den grunn, kvar du så skulle kome i Irland.»

No skildest dei etter dette. Dei fekk bør med ein gong Olav kom om bord, og segla straks til havs.

21. No kom Hoskuld heim frå tinget og fekk høyre om alt saman. Han tok det heller tungt, men for di hans eigne skyldfolk hadde vore med om det, roa han seg og let det vere stilt.

Olav og Ørn fekk god bør og kom til Noreg. Ørn talde Olav til å fare til hirda åt kong Harald og sa at han gjorde stor ære på folk som ikkje var betre seda enn Olav. Olav sa at han ville følgje det rådet. Dei fór no til hirda og vart godt mottekne der. Kongen kjendest ved Olav med ein gong for skuld frendane hans, og baud han straks til å vere der. Gunnhild heldt mykje av Olav, sidan ho visste at han var brorson til Hrut, men det var dei som meinte at ho ville ha hatt glede av å tale med Olav endå om det ikkje var for andre si skuld.

Då det leid på vinteren, vart Olav uglied. Ørn spurde kva det var som valda han sut.

Olav svara: «Eg har ei ferd å fare vest over havet, og det er mykje om å gjere for meg at du gjer ditt til at det kan bli noko av no i sommar.»

Ørn bad Olav slå dette ifrå seg og sa at han visste ikkje om noko skip som skulle vest over havet. Gunnhild gjekk bortåt og gav seg i samrøde med dei.

«No høyrer eg noko som ikkje har hendt før,» sa ho, «at de to ikkje blir samde.»

Olav helsa Gunnhild værdeleg, men tala framleis om det same. Ørn gjekk då, men Gunnhild og Olav gav seg i samrøde, og Olav fortalde kva planar han hadde og kor mykje

det var om å gjere for han å få gjort denne ferda. Han visste sikkert at kong Myrkjartan var morfar hans, sa han.

Gunnhild sa då: «Eg skal gje deg hjelp til denne ferda slik at du kan reise så stormannsleg du ønskjer.» Olav takka henne for desse orda.

Sidan let Gunnhild bu ut eit skip og fekk tak i mannskap. Ho bad Olav seie frå kor mange mann han vil ha med seg vest over havet. Olav nemnde seksti mann og sa at det var mykje om å gjere for han at mannskapet liktest meir på hærmenn enn på kjøpmenn. Ho sa at så skulle det vere. Berre Ørn er nemnd av dei som var med Olav på ferda. Det var alt saman velrusta folk.

Kong Harald og Gunnhild følgde Olav til skipet og sa at liksom dei før hadde gjeve han vennskapen sin, vil dei no leggje lukka si attåt. Det var lett gjort, sa kong Harald, for i deira tid hadde det ikkje kome nokon emnelegare mann frå Island, sa dei. Kong Harald spurde då kor gammal han var.

Olav svara: «No er eg atten vintrar.»

Kongen seier: «Mykje kan ein vente seg av slike som deg, for enno er du ikkje komen langt over barnealderen. Kom straks til oss når du kjem att.» Dermed bad kongen og Gunnhild Olav vel fare. Dei stig om bord og seglar straks til havs.

Dei fekk ikkje god bør om sommaren; det var mykje skodde og lite vind, og ulagleg den som var. Dei rak derfor vidt ikring, og dei fleste om bord vart ættville. Omsider letna skodda, og det bles opp; dei sette då segl. No tok dei til å drøfte kvar dei skulle leggje leia for å kome til Irland, men dei vart ikkje samde. Ørn var mot dei andre, men dei fleste tok til motmæle mot han og sa at det gjekk heilt rundt for han og meinte at dei måtte rå, som var dei fleste. Saka vart skoten under Olav til avgjersle, og han seier: «Eg vil at dei skal rå som har mest vit, og tenkjer at dumt folk finn verre uråder di fleire dei er.»

Dermed var saka avgjort, og Ørn rådde sidan for leia. Dei segla både natt og dag og hadde jamt ring bør.

Ei natt sprang vaktmennene opp og bad folk vakne med ein einaste gong. Dei såg land så nær, sa dei, at dei mest stanga borti med stammen. Seglet var oppe, men det var mest ikkje vind. Folk sprang opp med ein gong og bad Ørn beite frå land om det var råd.

Olav seier: «Det står ikkje i vår makt, for eg ser bår rett ved skotten. Få ned seglet med ein gong, så kan vi finne ei råd når det blir lys dag og vi kan kjenne landet.»

Dei kasta då ankera, og dei haka seg straks fast. Om natta var det mykje snakk om kvar dei kunne vere komne, men då det vart lys dag, såg dei at det var Irland.

Ørn sa då: «Eg trur ikkje det blir godt å kome til lands her, for dette er langt frå dei hamnene eller kjøpstadene der utlendingar skal ha fred, og her er vi fjøra oppe som hornsil. Irane vil visst kalle det godset vi har med oss, for si fengd, etter lova her i landet, for dei reknar slikt for sjørak som står mindre opp i fjøra enn vi gjer med akterstammen.»

Olav sa at det var ikkje så farleg, – «men irane tykkjer visst det er ei storhending at dette skipet er kome, for eg har sett at mykje folk har kome saman oppe på land i dag. Medan det var fjøre i dag, la eg merke til at det går opp ein os bortved neset her, og at sjøen ikkje rann heilt ut av han. Dersom skipet vårt ikkje har kome til skade, skal vi setje ut båten og flytte skipet dit.»

Det var leire under der dei hadde lege for anker, og ikkje noko bord i skipet var kome til skade. Dei flytta då skipet dit og kasta anker.

Då det leid ut på dagen, dreiv ein stor folkehop ned til stranda. To menn rodde ut til skipet i ein båt og spurde kven som rådde for dette skipet. Olav svara, og tala irsk, han som dei. Då irane fekk vite at det var norrøne menn, kravde dei at dei skulle gå frå godset sitt, som lova var, og då skulle ikkje noko bli gjort dei til skade, før kongen hadde felt dom

i saka deira. Olav svara at slik var lova berre dersom det ikkje var nokon tolk med kjøpmennene, – «og det kan eg seie for sant, at dette er fredelege menn. Likevel vil vi ikkje gje oss utan motstand.»

Irane gjorde hærrop og vadde ut i sjøen for å dra skipet på land under dei. Det var ikkje djupare enn at vatnet tok under armane på dei eller oppunder brokbeltet på dei som var størst, men der skipet flaut, var det ein poll så djup at dei ikkje kjende botnen.

Olav baud då mennene sine finne fram våpna og fylke på heile skipet frå stamn til stamn, og så tett stod dei at det var dekt med skjold heilt rundt; ved kvar skjoldspord stakk det fram ein spjutodd. Olav gjekk då fram i stammen. Han var kledd i brynje og hadde ein gytt hjelm på hovudet, sverd i beltet med gullslege hjalt og i handa eit hoggteke<sup>1</sup> hakespjut med vakker prydnad på bladet. Framføre seg heldt han eit raudt skjold med ei gytt løve på.

Men då irane såg rådgjerdene deira, fekk dei ein støkk i bringa, og dei skjøna at denne fengda ikkje var så lett å få tak i som dei hadde tenkt seg. Dei gjorde difor vendeferd og flokka seg saman. Det kom mykje ståk og uro i flokken deira, for dei tykte no det var lett å skjøne at dette var eit hærskip og at mange fleire kunne vere ventande. Dei skunda seg å bodsende kongen, og det var fort gjort, for han var på veitsle ikkje langt derifrå. Kongen kom straks ridande med ein flokk menn dit som skipet var.

Skipet låg ikkje lenger frå land enn at dei godt kunne høyre mannemål imellom. Irane hadde gjort fleire åtak med skotvåpen, men Olav og mennene hans hadde ikkje fått noko mein av det. Olav stod i slik bunad som før er sagt, og folk undra seg mykje over kor staseleg ein hovding dei hadde.

Men då skipsfolket til Olav såg at det kom ridande ein stor flokk med dei djervaste riddarar, tagna dei, for dei tykte at det var mykje til overmakt å takast med. Då Olav

<sup>1</sup> Uviss tyding, kanskje *haugteke*.

høyrdede dei murra i flokken hans, bad han dei herde hugen, – «for no står saka vår godt. Irane helsar no Myrkjartan, kongen sin.»

Dei reid no så nær skipet at båe flokkar kunne skilje kva dei andre sa. Kongen spør kven som rådde for skipet. Olav seier namnet sitt og spør kven den staute riddaren var som han tala med.

Han svarar: «Eg heiter Myrkjartan.»

«Er du irarkongen?» spør Olav.

Det var han, sa han. Kongen spurde då etter tidender, og Olav svara vel på alt han vart spurd om. Då spurde kongen kvar dei hadde segla ut ifrå og kva hovdingar dei tente. Han spurde også Olav nøgnare ut om ætta hans, for han skjøna at det var ein storlåten mann, som ikkje ville svare meir enn han var spurd.

«Det skal eg gjere Dykk kunnig,» sa han, «at vi tok ut frå Noreg, og det er hirdmennene til kong Harald Gunnhildsson som er om bord. Om ætta mi er å seie Dykk, herre, at far min, som bur på Island, heiter Hoskuld og er ein storætta mann. Men morsætta mi tenkjer eg at De har sett meir til enn eg, for mor mi heiter Melkorka, og det er sagt meg for sant at ho er di dotter, konge. Det er det som har drive meg til så lang ei ferd, og no har det mykje å seie for meg kva du svarar til det eg har fortalt.»

Kongen tagna og tala med mennene sine. Vituge menn spurde kongen om det kunne vere noko i det som denne mannen sa.

Kongen svara: «Det er lett å sjå på denne Olav at han er ein storætta mann, anten han så er vår frende eller ikkje, og så er det det at han talar så framifrå godt irsk.» Deretter stod kongen opp og sa: «No skal du få til svar at eg vil gje deg og alt skipsfolket ditt grid, men om den frendskapen du reknar mellom oss, må vi talast meir ved, før eg kan gje noko svar.»

Deretter la dei ut landgangsbrua, og Olav og følgjet hans

gjekk på land. Irane undrast mykje over kor hærmannsleg folk det var. Olav helsa då vørdeleg på kongen, han tok av seg hjelmen og lutte seg for han, og kongen tok blidt imot han. Dei byrja då å talast ved, og Olav la fram saka si på nytt og tala både langt og godt. Han slutta talen sin med å seie at han hadde ein gullring på handa som Melkorka hadde gjeve han då dei skildest på Island, — «og ho sa at du, konge, hadde gjeve henne ringen i tannfe.»

Kongen tok gullringen og såg på han, og han vart eldraud i andletet. Deretter sa han: «Sanne er desse jartegnene, men ikkje mindre merkeleg er det at du er så lik mor di at ein vel kan kjenne deg på det. Derfor vil eg òg stå ved frendskapen med deg, Olav, og på det kallar eg dei til vitne som her er til stades og høyrer kva eg seier. Så vil eg òg be deg til hirda mi med heile følgjet ditt, men kva sømd og ære de vil vinne med det, får vise seg når eg får røynt deg meir og sett kor mykje til mann du er.»

Kongen let dei få ridehester og sette folk til å stelle med skipa deira og ta seg av godset. Sidan reid han til Dublin, og folk tykte dette var ei stor tidend, at han kom i følgje med son til kongsdottera, ho som for lenge sidan hadde vorte hærteken derifrå, femten vintrar gammal.

Den som vart mest gripen ved denne tidenda, var likevel fostermor til Melkorka. Ho låg då til sengs og møddest av både sorg og elde, men endå gjekk ho no stavlaus til møtes med Olav.

Kongen sa då til Olav: «Her er no fostermor til Melkorka komen, og ho vil nok gjerne spørje nytt om henne.»

Olav tok imot henne med baa hender, sette gamla på kneet og fortalde at fosterdotter hennar levde i gode kår på Island. Dermed gav han henne kniven og beltet. Den gamle kjende tinga att og kom på gråten, og sa at son til Melkorka var både ein staskar, — «og har slikt å slekte på». Den gamle var frisk og før heile vinteren.

Kongen fekk ikkje sitje mykje i ro, for det var jamt ufred

i Vesterlanda og kongen jaga bort vikingar og ufredsmenn om vinteren. Olav var på kongsskipet med følgjet sitt, og den flokken syntest hard å takast med for dei som var imot. Kongen tala med Olav og felagane hans og tok dei alltid med på råd, for han røynde at Olav både var klok og gjekk uredt på der noko galdt.

Mot slutten av vinteren heldt kongen ting, og det møtte fram svært mykje folk. Kongen stod opp og tala; han tok slik til ords: «De kjenner til at det kom ein mann hit i haust, som er dotterson min, og av stor ætt på farsida med. Eg tykkjer at Olav merkjer seg ut framom andre i djervskap og dugleik, slik at maken hans finst ikkje her. No vil eg by han kongeriket etter min dag, for Olav høver betre til overmann enn sønene mine.»

Olav takka han for dette tilbodet med skjønnsame og fagre ord, men han sa likevel at han ikkje ville setje på prøve korleis sønene til Myrkjartan ville tole det når han sjølv fall ifrå. Det var betre å få stutt ære enn lang skam, sa han, og han ville fare til Noreg så snart det var trygt for skip å segle landimellom. Han sa òg at det ville vere til liten hugnad for mor hans om han ikkje kom att.

Kongen sa at Olav fekk rå som han ville. Med dette var tinget slutt.

Då skipet til Olav var budd til ferda, følgde kongen Olav til skipet og gav han eit gullslege spjut, eit praktfullt sverd og mykje anna gods. Olav bad om å få ta fostermor til Melkorka med seg, men kongen sa at det var ikkje verdt, og ho vart ikkje med. Olav og mennene hans steig då om bord og skildest frå kongen med stor vennskap. Deretter set dei til havs.

Dei fekk god bør og kom til Noreg. Denne ferda gjekk det stort ord om. Dei sette opp skipet, og Olav fekk seg hestar og fór til kong Harald med heile følgjet sitt.

22. Olav Hoskuldsson kom no til kong Haralds hird, og kongen tok vel imot han, men Gunnhild mykje betre. Dei

bad han med mange ord om å være hjå dei. Olav tok imot det, og både han og Ørn vart verande i kongshirda. Kongen og Gunnhild synte Olav større vørndnad enn dei før hadde synt mot nokon utanlandsk mann. Olav gav kongen og Gunnhild mange sjeldne og kostesame eigneluter, som han hadde fått vest i Irland. Kong Harald gav Olav til jul ein heil kledebunad, skoren av skarlak. Olav sat no i ro om vinteren.

Men då det leid ut på våren, tala han med kongen og bad seg orlov til å fare ut til Island om sommaren. «Eg har gjæve frendar å vitje der,» sa han.

Kongen svara: «Det hadde vore meir etter min hug om du slo deg til her hjå meg og fekk slike kår som du sjølv ville.»

Olav takka kongen for den æra han baud han, men han ville likevel gjerne fare til Island, sa han, om det ikkje var kongen imot.

Då svara kongen: «Ikkje skal dette bli til uvennskap mellom oss, Olav. Far du ut til Island i sommar, for eg ser at hugen din står mykje til det. Men du skal ikkje ha noko strev eller sut for utreisla di, det skal eg greie.»

Dermed enda samtalen deira.

Kong Harald let setje fram eit skip om våren, det var ein knarr, eit stort og godt skip. Kongen let det laste med tømmer og bu med fullt utstyr, og då det var reiseferdig, sende han bod på Olav og sa: «Dette skipet skal du få til eige, Olav. Eg vil ikkje at du seglar frå Noreg i sommar på annemanns skip.»

Olav takka kongen for denne gåva med fagre ord. Deretter budde han seg til ferda, og då han er ferdig og får bør, seglar Olav til havs og skilst frå kong Harald med stor kjærleik.

Han fekk god bør om sommaren og kom med skipet til Bordøyr i Hrutfjorden.

## Olav gifter seg og set bu

Det spurdest snart at det var kome eit skip og kven som førte det. Hoskuld fekk høyre at Olav, son hans, var komen ut att, og han vart svært glad og reid straks nord til Hrutfjorden med nokre mann. Det vart eit gledesmøte mellom far og son der, og Hoskuld baud Olav med heim. Det ville han gjerne, sa han. Han sette opp skipet sitt, og godset hans vart flytta sørover, og då det var gjort, reid Olav heim til Hoskuldssstad tolv mann sterk. Hoskuld fagna sonen med kjærleik, og brørne hans og alle frendane tok også blidt imot han, men best var det mellom han og Bård.

Olav vart mykje namnspurd etter denne ferda. Det vart også kunnig kva ætt han hadde, at han var dotterson til Myrkjartan Irarkonge. Det spurdest òg over heile landet kor stor vørndnad han hadde vunne hjå dei mektige mennene han hadde gjesta. Olav hadde hatt med ut mykje gods og var no hjå far sin om vinteren.

Melkorka kom straks for å råke Olav, son sin, og han tok kjærleg imot henne. Ho spurde etter mangt og mykje frå Irland, først og fremst om faren og dei andre frendane sine, og Olav svara på alt ho spurde om. Brått spurde ho om fostermor hennar levde, og Olav svara at det var visst nok. Melkorka spør då kvifor han ikkje ville gjere henne til viljes og flytte henne med seg ut til Island.

Då svarar Olav: «Dei var ikkje huga på det, mor, at eg skulle flytte fostermor di frå Irland.»

«Kan hende det,» seier ho. Men det synt på henne at dette var henne mykje imot.

Melkorka og Torbjørn åtte ein son som heitte Lambe. Han var ein stor og sterk mann og likna på far sin både i hug og hått.

Då Olav hadde vore på Island om vinteren og våren kom, tok far og son til å drøfte framtidsplanane sine. «Det ville eg,

Olav,» seier Hoskuld, «at vi fann eit gifte åt deg, og at du sidan tok over bruket til fosterfar din på Goddastad. Der er det framleis stor velstand, og du kunne drive bruket med mitt tilsyn.»

Olav svara: «Dette har eg ikkje vore noko huga på til denne tid, og ikkje veit eg kvar den kvinna skulle vere som det er noka stor lukke for meg å få, for du veit nok at eg ikkje vil vere for smånøgd når det gjeld giftarmål. Men eg veit òg vel at du har ikkje orda frampå om dette før du har tenkt ut korleis det skal gå.»

Hoskuld sa: «Du gissar rett. Egil heiter ein mann, son til Skallagrim. Han bur på Borg i Borgarfjord. Egil har ei dotter som heiter Torgjerd, og henne har eg tenkt å be om for deg, for ho er det langt beste giftet i heile Borgarfjord og meir enn det. Det er også von om at du ville vekse av å bli måg til myramennene.»

Olav svara: «Eg vil lite på di omsut i denne saka, og eg tykkjer vel om dette giftarmålet, om det blir noko av. Men det må du vite, far, at eg vil like det ille om dette blir fram-bore og ikkje lukkast.»

Hoskuld seier: «Vi vil då ta den råd å bere saka fram.» Olav seier at faren får rå.

Det lid no til tings, og Hoskuld fer heimanfrå med mykje folk. Olav, son hans, er i følgje med han. Dei tjeldar bua si. Det var mykje folk på tinget, og Egil Skallagrimsson var der òg. Alle som såg Olav, tala om kor vakker og hovdingsleg han var. Han var vel budd med våpen og klede.

23. Det er fortalt at ein dag gjekk Hoskuld og Olav frå bua si og til møtes med Egil. Egil tok vel imot dei, for han hadde tala mykje med Hoskuld før. Hoskuld bar no fram friarmålet for Olav og bad om Torgjerd. Ho var òg med på tinget.

Egil tok det vel opp og sa at han hadde spurt godt om både far og son. «Eg veit då det, Hoskuld,» sa Egil, «at du er ein ættstor og velvørd mann og Olav er vidgjeten av ferda

si. Det er ikkje å undrast på at slike menn stilar høgt, for Olav vantar korkje ætt eller venleik. Likevel skal vi no tale om dette med Torgjerd, for det er ikkje nokon mann før til å få Torgjerd utan hennar vilje.»

Hoskuld sa: «Eg vil at du talar om dette med dotter di, Egil.» Egil sa at han skulle så gjere, og gjekk til Torgjerd, og gav seg i samrøde med henne.

Egil sa då: «Det er ein mann som heiter Olav Hoskuldson, og han er no så namnspurd som nokon mann. Hoskuld, far hans, har fridd for Olav og bede om deg. Eg har helst skote saka inn under deg og vil no høyre svaret ditt, men for meg ser det ut som det skulle vere lett å svare på dette bodet, for det er eit gjævt giftarmål.»

Torgjerd svara: «Eg har høyrte deg seie at du elskar meg mest av borna dine. Men no tykkjer eg du gjer det til usanning, om du vil gifte meg med son til ei trælkinne, om han elles er vakker og ein storkar.»

Egil sa: «Ikkje har du spurt deg føre så vel her som du plar gjere; har du ikkje høyrte at han er dotterson til Myrkjartan Irarkonge? Han er mykje meir høgboeren på morssida enn på farssida, og endå hadde det vore oss eit fullgodt bod utan det òg.»

Torgjerd skifte ikkje syn for det, og dermed skildest dei og heldt kvar på sitt.

Dagen etter gjekk Egil til Hoskuld i bua hans og vart vel motteken. Dei gav seg i tale, og Hoskuld spurde korleis det gjekk med giftarmålssaka. Egil let ille om det og fortalde alt om korleis det hadde gått. Hoskuld sa at då såg dei ut til å stå i beit, — «men eg tykkjer du har fare vel åt.» Olav var ikkje med på denne samtalen. Sidan gjekk Egil, og Olav spurde korleis det gjekk med friarmålet. Hoskuld sa at det gjekk trått frå hennar side.

Olav sa: «No er det som eg sa deg, far, at eg ville like det ille om eg skulle få skam av svaret. Du rådde mest då denne saka vart boren fram; no vil eg rå så ikkje saka blir spilt.



Det er òg sant som det er sagt at ulvar et opp annanmanns ærend. La oss straks gå til bua åt Egil.» Hoskuld sa at han fekk rå.

Olav var kledd i dei skarlakskleda kong Harald hadde gjeve han, på hovudet hadde han ein gull-lagd hjelm og i handa stassverdet som han hadde fått av kong Myrkjartan. Hoskuld og Olav gjekk no til bua åt Egil, Hoskuld føre og Olav straks etter. Egil fagna dei vel, og Hoskuld sette seg ned hjå han, men Olav stod og såg seg ikring.

Han såg ei kvinne sitje på pallen i bua, ven og stormannsleg og vakkert kledd. Han skjøna at det var Torgjerd Egilsdotter. Olav går bort til pallen og set seg ned hjå henne. Torgjerd helsar på denne mannen og spør kven han er. Olav seier namnet sitt og faren sitt, — «og du tykkjer vel at træl-kvinne-sonen gjer seg djerv når han torer å sitje hjå deg og er meint på å tale med deg.»

Torgjerd svarar: «Du tenkjer saktens at du kan ha gjort større vågestykke enn å røde med kvinner.»

Dei gav seg i samrøde og tala saman heile den dagen, men ingen hørde kva dei tala om. Før dei skildest, vart Egil og Hoskuld henta, og friarmålet vart teke opp att på nytt. Torgjerd let då far sin rå. Dei vart då lett forlikte og festarmålet vart straks avgjort. Laksdølane fekk heider av dette, for det vart avtala at dei skulle føre brura heim, og bryllau-pet skulle stå på Hoskuldsstad då det var sju veker att av sommaren.

Etter dette skildest Egil og Hoskuld, og far og son reid heim til Hoskuldsstad og sat i ro heime om sommaren. Det vart så stelt til gjestebods på Hoskuldsstad og ingenting spart, for der var nok å ta av. Gjeste-bodsfolket kom til avtala tid. Frå Borgarfjord kom det ei stor mengd; Egil og Torstein, son hans, og brura var i følgjet, og valde folk frå heradet. Det var òg mange gjester hjå Hoskuld då dei kom. Det var eit grepa lag, og mennene vart leidde ut med gåver. Olav gav Egil sverdet Myrkjartansgåve, og Egil vart lett om bru-

nene då han fekk gåva. Elles er ikkje meir å fortelje, og gjestene fór heim.

24. Olav og Torgjerd var på Hoskuldsstad og dei la mykje elsk til kvarandre. Det var lett å sjå for alle at ho var ei kvinne som merkte seg ut; ho var smålåten til kvardags, men det ho først la seg fram i, det måtte gå som ho ville. Denne vinteren var Olav og Torgjerd stundom på Hoskuldsstad og stundom hjå fosterfar hans. Men om våren tok Olav over gardsstellet på Goddastad.

Den sommaren vart Tord Godde sjuk og døydde. Olav let kaste haug over han på det neset som stikk fram i Lakså og heiter Dravnarnes; der er det ein gard som heiter Haugsgard. Det søkte mykje folk til Olav, og han vart ein stor hovding. Hoskuld unnte han det vel, for han ville jamt at Olav skulle bli rådspurd i alle store saker. Den garden Olav åtte, var den største i Laksárdalen.

Med Olav var det to brør, som bå heitte An; den eine vart kalla An den kvite og den andre An Svarte. Ein tredje av heimemennene hans heitte Beine den sterke. Dette var handverksmennene til Olav, og alle var djerve menn. Torgjerd og Olav fekk ei dotter som vart kalla Turid.

Den jorda som Rapp hadde ått, låg øyde, som før er skrive. Olav tykte at ho låg godt til, og tala ein gong med far sin om at dei burde sende bod til Trevil med det ærendet at Olav ville kjøpe av han jorda på Rappsstad og andre eigner som hørde til. Dette var lett å få i stand, og kjøpet vart avgjort, for Trevil såg at det var betre med ei kråke i handa enn to i skogen. Olav fekk kjøpt jorda for tre merker sølv, men det var mindre enn ho var verd, for det var vidt og fagert land og attåt følgde stort laksefiske og selfangst og store skogar.

Noko ovanfor Hoskuldsstad, nord for Lakså, var det hogge ein rudning i skogen og ein kunne vere på lag viss på at der flokka buskapen til Olav seg saman, anten veret var godt eller ille. Ein haust let Olav reise ein gard i dette same holtet;

mesteparten av tømmeret var hogge der i skogen, men somt var rektømmer. Det vart ein røseleg gard.

Husa stod tomme om vinteren, men om våren flytta Olav dit for å bu der. Først let han buskapen sin drive saman, og det var då ei stor mengd, for ingen mann var då rikare på krøter i Breidafjord. Olav sende bod til far sin at han skulle stå ute og sjå ferda hans når han flytta til den nye garden, og la gode ord følgje. Hoskuld lova det.

Olav skipar no til; først let han drive dei skjerraste sauene, deretter kom mjølkefeet, etter dei gjeldnauta og sist gjekk kløvhestane. Det var sett folk til å sjå etter buskapen så dei ikkje skulle gjere nokon krok på vegen. Brodden av ferda var komen inn på den nye garden då Olav reid frå Goddastad, og ingen stad var det op imellom. Hoskuld stod ute med heimemennene sine. Hoskuld sa at Olav, son hans, skulle vere velkomen der og at lukke måtte følgje han på den nye bustaden. «Eg tenkjer helst det vil gå slik at namnet hans vil leve lenge,» sa han.

Jorunn husfrue svara: «Trælkinnesonen er då rik nok til at namnet hans skal leve.»

Med det same huskarane hadde teke kløvene av hestane, reid Olav inn på garden. Då tok han til ords: «No skal folk sleppe å undrast lenger på det som det ofte har vore tale om i vinter, kva denne garden skal heite. Han skal heite Hjardarholt [Krøterholtet].» Det tykte folk høvde godt etter det som hadde bore til der.

Olav sette no bu i Hjardarholt, og det vart snart ein storgard; det skorta ikkje på nokon ting. Olav voks no mykje i vørðnad, og det var mange grunnar til det. Han var godt likt av alle, for når han tok på seg ei sak, greidde han ho slik at alle var nøgde med sin del. Far hans hjelpte han òg til mykje vørðnad, og dessutan var mågskapen med myrarmennene til stor hjelp. Folk tykte at Olav var den gjævaste av sønene til Hoskuld.

## Hoskuld Dala-Kollsson døy

Den første vinteren Olav budde på Hjardarholt, hadde han mykje husfolk og arbeidsfolk, og arbeidet vart skift mellom huskarane; ein gjette gjeldnauta og ein annan kyrne. Fjøset låg borte i skogen, eit godt stykke frå garden. Ein kveld kom han som gjette gjeldnauta, til Olav og bad han få ein annan mann til å gjete dei, – «for eg vil ha anna arbeid.»

Olav svara: «Eg vil at du skal ha det same arbeidet.»

Han meinte på at då ville han heller bort.

«Du tykkjer då at noko er gale,» sa Olav, «og eg skal gå med deg i kveld når du bind inn nauta, og dersom eg finn at du har nokon grunn for dette, skal eg ikkje rekne på det, men i anna fall skal du nok få merke det.»

Olav tok i handa det gullslegne spjutet Kongsgåve og gjekk heimanfrå, og huskaren med han. Det låg noko snø på marka. Dei kom til fjøset, og det stod ope. Olav sa at huskaren skulle gå inn, – «eg skal drive inn nauta til deg, og du skal binde dei.» Huskaren gjekk bortåt fjøsdøra, men Olav visste ikkje ordet av, før han kom farande rett i fanget på han. Olav spurde kva han felta så for. Han svara: «Rapp står i fjøsdøra og trivlar etter meg, men eg er lei av å ta fangtak med han.»

Olav går då til døra og legg til han med spjutet. Rapp triv kring falen på spjutet med bae hender og vrir til, slik at skaftet gjekk sund. Olav vil då renne på Rapp, men Rapp fór ned att der han var komen, og slik skildest dei; Olav hadde skaftet, men Rapp spjutet. Huskaren og Olav batt deretter inn nauta og gjekk så heim. Olav sa til huskaren at han ville ikkje leggje han til last det han hadde sagt.

Morgonen etter fór Olav heimanfrå og dit Rapp var kasta i røys, og let dei grave der. Rapp var då enno ikkje rotna. Olav fann spjutet sitt der. Sidan let han gjere eit bål, og Rapp vart brend på bålet og oska hans kasta på sjøen. Heretter hadde ingen mann mein av attergonga til Rapp.

25. No er å fortelje om sønene til Hoskuld.

Torleik Hoskuldsson hadde vore stor kjøpmann før han sette bu, og på kjøperdene sine hadde han vore hjå høgborne menn, og folk rekna han som ein framifrå mann. Han hadde òg vore i viking og synte då greitt at han var ein djerv kar.

Bård Hoskuldsson hadde òg vore kjøpmann og var vel vörd kvar han kom, for han synte allstøtt måtehald og var ein heidersmann i all si ferd. Bård vart gift med ei kvinne frå Breidafjord som heitte Astrid, av god ætt. Son til Bård heitte Torarin og dotter hans Gudny. Ho vart gift med Hall, son til Viga-Styr, og frå dei er det kome ei stor ættgrein.

Hrut Herjolvsson hadde gjeve fri ein træl som heitte Rolv og attåt gjeve han noko gods og bustad ved markskilet mellom han og Hoskuld. Men landemerka låg der så nær at Hrutfolket hadde misteke seg og sett løysingen i marka til Hoskuld. Rolv kom snart til velstand der.

Hoskuld likte dette svært lite, at Hrut hadde sett løysingen tett i garden hans, og bad han betale for jorda han budde på, — «for det er min eigedom.»

Løysingen fór til Hrut og fortalde kva han hadde sagt. Hrut bad han ikkje bry seg om det og ikkje betale noko til Hoskuld. «Eg veit ikkje,» sa han, «kven av oss som har ått denne jorda.»

Løysingen fór no heim og vart sitjande på garden sin nett som før. Stutt tid etter fór Torleik Hoskuldsson, etter samråd med faren, saman med nokre mann til garden ått løysingen og tok og drap han, og la under seg og faren alt godset som løysingen hadde tent opp.

Dette spurde Hrut og sønene hans, og dei likte det lite. Mange av sønene hans var vaksne, og det var ein frendeflokk som ikkje syntest god å gå på. Hrut prøvde saka for lova, korleis dei skulle fare fram, men då saka vart granska av lovkunnige menn, gjekk det Hrut og hans folk imot. Dei la

vekt på at Hrut hadde sett løysingen ned i marka til Hoskuld utan lov, og at han hadde tent seg opp der. Torleik hadde drepe han på deira eigen eigedom. Hrut var ille nøgd med dommen, men heldt fred likevel.

Etter dette let Torleik byggje ein gard på markskilet mellom Hrut og Hoskuld, der det heiter Kambsnes; der budde Torleik ei tid, som før er fortalt. Torleik fekk ein son med kona si; han vart aust med vatn og gjeven namnet Bolle. Han vart snart ein emneleg mann.

26. Hoskuld Dala-Kollsson vart sjuk i alderdommen sin, og sende bod på sønene og dei andre frendane sine. Då dei kom, sa han til Bård og Torleik: «Eg har vorte noko låk. Sjukdommar har ikkje brukt å bite på meg, og eg trur at denne sotta blir meg til bane. No er de to ektefødde søner, som de veit, og har rett på heile arven etter meg. Men den tredje sonen min er ikkje odelsboren. No vil eg be dykk brørne at Olav skal bli leidd i arv og få tredjedelen av godset med dykk.»

Bård svara først og sa at han ville gjere dette etter som faren ville det, — «for eg ventar meg sømd av Olav i alle måtar, og det dess meir som han er rikare på gods.»

Då sa Torleik: «Det er langt ifrå min vilje at Olav skal få arverett. Han har gods nok før, og du, far, har gjeve mykje av ditt til det og lenge gjort stor skilnad på oss brørne. Eg vil ikkje med min gode vilje gje avkall på noko av den heider eg er fødd til.»

Hoskuld sa: «Ikkje vil de rane meg for min lovlege rett til å gje son min tolv øyre, så storætta som Olav er på morsida.»

Torleik gjekk med på det. Hoskuld tok då gullringen Håkonsgåve — han vog ei mark — og sverdet Kongsgåve, som kom på ei halv mark gull, og gav til Olav, son sin, og saman med gåvene si eiga og ætta si lukke. Men det gjorde han ikkje av den grunn, sa han, at han ikkje visste at ho alt følgde han. Olav tok imot gåvene og sa at det fekk stå si

prøve korleis Torleik likte det. Torleik let ille over dette og meinte at Hoskuld hadde narra han bort

Olav svara: «Eg vil ikkje sleppe desse eignelutene frå meg, Torleik, for det er vitne på at du samtykte i denne gåva. Eg vil ta vågnaden med å halde på dette godset.» Bård sa seg samd i det faren hadde gjort.

Så døydde Hoskuld. Folk tykte det var stor skade, først og fremst for sønene og skyldfolket hans og dei han var i mågskap og vennskap med. Sønene let kaste ein vørdeleg haug etter han, men dei bar lite gods i haugen. Då det var gjort, tok brørne til å tale om eit erveøl etter far sin, som skikken var i den tid.

Olav sa då: «Eg tykkjer ikkje vi må ta til med denne veitsla for snøgt, om ho skal bli så vørdeleg at vi kan ha ære av ho. No lid det alt langt på hausten, og det er ikkje lett å skaffe alt som skal til. Dei fleste som har lang veg å fare, vil tykkje det er vanskeleg å kome haustdags, og vi kan vere visse på at mange ikkje kjem av dei vi helst ville ha. No vil eg by meg til å be folk til dette gjestebodet på tinget i sommar, og eg vil vere med og koste tredjeparten.» Brørne var samde i dette, og Olav fór heim.

Torleik og Bård skifte arven mellom seg. Bård fekk farsgarden; det rådde dei fleste til, for han var den mest vennesele. Torleik fekk meir lausøyre. Brørne Olav og Bård var gode venner, men det var heller kaldt mellom Olav og Torleik.

No gjekk denne vinteren og det vart sommar og leid til ting-tida. Hoskuldssønene budde seg til å fare til tinget. Det var lett å sjå at Olav i mykje stod over brørne sine. Då dei kom til tinget, tjelda dei bua si og stelte ho fagert og vel i stand.

27. Det er fortalt at ein dag då folk gjekk til Lovberget, stod Olav opp og bad seg ljod. Først tala han om at faren var fallen frå. «Her er no mange menn, frendane og vennene hans,» sa han så, «og no er det viljen til brørne mine at eg

skal by alle dykk gødar til erveøl etter Hoskuld, far vår, for det er nok dei fleste av dei gildaste mennene som var bundne til han i skyldskap eller mågskap. Eg skal òg gjere kjent at ingen av stormennene skal fare frå gjestebodet utan gåver. Så vil vi òg be alle bønder og kven som vil kome, både rike og ringe, til ei halvmånads veitsle på Hoskuldssstad ti veker før vinternettene.»

Då Olav enda talen sin, vart han møtt med fagningsrop, og folk tykte det var ein uvanleg hovdingsleg tale. Men då han kom heim til bua og fortalde brørne kva han hadde emna til, likte dei det lite og tykte at han hadde slått vel stort på. Deretter reid brørne heim.

Sommaren leid no, og brørne budde seg til gjestebodet. Olav la til sin tredjedel og vel så det, og veitsla vart førebudd med det beste av alle slag. Det vart samla mykje saman, for dei venta mange gjester. Og det er sagt at då tida kom, møtte dei fram, mest alle dei stormennene som hadde lova å kome, og det vart så mykje folk at dei fleste seier det var fulle ni hundre. Dette var eit av dei to største gjestebod som har vore på Island; det andre var erveølet som Hjaltessønene gjorde etter far sin, der var det tolv hundre.<sup>1</sup>

Gjestebodet var på alle måtar eit fagna lag og var brørne til mykje ære. Olav var føremannen for det meste. Han gav gåver til liks med baa brørne sine, og alle stormennene fekk.

Då dei fleste var farne, gav Olav seg i tale med Torleik, bror sin, og sa: «Du veit, frende, at det har ikkje vore godt mellom oss, men no ville eg gjerne at vi skulle halde frendskapen betre. Eg veit du misliker at eg tok imot dei eignelutene som far min gav meg på dødsdagen sin. Dersom du no tykkjest ha lide urett med dette, vil eg gjerne vinne godviljen din med å fostre son din, for den blir alltid kalla mindre mann, som fostrar annanmanns barn.»

<sup>1</sup> «Hundre» tyder her og dei fleste stadene i saga storhundre, 120.

Torleik tok dette vel opp og sa som sant var, at dette var eit ærefullt tilbod. Olav tok då til seg Bolle, son til Torleik; han var tre vintrar gammal. Dei skildest no med beste vennskap, og Bolle vart med Olav heim til Hjardarholt. Torgjerd tok vel imot han, og Bolle voks opp der. Dei heldt ikkje mindre av han enn av sine eigne born.

## Olav På og borna hans

28. Olav og Torgjerd fekk ein son. Han vart aust med vatn og gjeve namn, og Olav kalla han Kjartan etter Myrkjartan, morfar sin. Bolle og Kjartan var om lag jamgamle. Olav og Torgjerd fekk fleire born, og sønene heitte Steintor, Halldor, Helge og Hoskuld, som var den yngste. Døtrene deira heitte Bergtora og Torbjørg. Dei var alle emnelege born då dei voks opp.

I den tid budde Holmgonge-Berse i Saurbø på garden Tunga. Han kom til Olav og baud seg til å fostre Halldor, son hans. Det tok Olav imot, og Halldor fór heim med han. Han var då årsgammal. Den sommaren vart Berse sjuk, og låg lenge utover sommaren. Det er fortalt at ein dag var folk på Tunga ute i høyonna, og Halldor og Berse var att inne. Halldor låg i vogga, men vogga velta under guten, og han datt ned på golvet. Berse kunne ikkje kome til hjelp, og han kvad då dette:

Båe ligg vi  
i lammesessen,  
Halldor og eg,  
kjem ingen veg;  
alder held meg,  
men ungdom deg,  
det besnar med deg,  
men ikkje med meg.

Sidan kom det folk og tok Halldor opp av golvet, og Berse vart betre. Halldor vart oppfødd der og vart ein stor og staut kar.

Kjartan Olavsson voks opp heime på Hjardarholt. Han var den vakraste av alle menn som var fødde på Island, hadde stort og velforma andlet, utifrå vakre augo og var ljøs på let. Håret var stort og fagert som silke og fall i lokkar. Han var stor og sterk som Egil, morfar sin, eller Torolv. Kjartan tok seg betre ut enn andre menn, slik at alle som såg han, måtte undrast. Han var òg betre våpenfør enn dei fleste andre, og flink med hendene, og han sumde betre enn nokon. I alle idrettar var han langt framom andre, men endå var han meir smålåten og vennesæl enn nokon annan, slik at kvart barn heldt av han; han var gladlyndt og gjev mild. Olav heldt mest av Kjartan av alle borna sine.

Bolle, fostbror hans, var òg stor på vokster, og han kom nest Kjartan i alle idrettar og karsverk. Han var sterk og vakker å sjå til, høvisk og staskjær og ein framifrå stridsmann. Fostbrørne heldt mykje av kvarandre.

Olav sat no heime på garden i mange år.

29. Ein vår, er det fortalt, sa Olav til Torgjerd at han hadde tenkt seg utanlands, -- «og eg vil at du tek vare på garden og borna.» Torgjerd sa at det likte ho lite, men Olav meinte at han måtte rå. Han kjøpte eit skip som stod oppe vest i Vadil, fór ut om sommaren og kom til Hordaland.

Eit lite stykke oppe i landet budde der ein mann som heitte Geirmund Gny. Han var ein rik og mektig mann og ein stor viking. Ein ufredsmann var han, men no hadde han slått seg til ro og var hirdmann hjå Håkon jarl den mektige. Geirmund fór straks ned til skipet, og han kjendest ved Olav med ein gong, for han hadde høyrte tale om han. Han baud Olav til seg med så mange mann som han ville. Det tok Olav imot og slo seg til hjå han med fem mann, og rorskane hans fekk seg opphelde kringom i Hordaland.

Geirmund stelte vel for Olav. Det var ein røseleg gard og

mykje folk og stor moro om vinteren. Men då vinteren leid til ende, let Olav Geirmund få greie på ærendet sitt, at han ville få seg hustømmer. Det var mykje om å gjere, sa han, at tømmeret var godt.

Geirmund svara: «Håkon jarl eig den beste skogen, og eg veit visst at dersom du kjem til han, kan du ta føre deg der, for jarlen tek vel imot folk som ikkje er så mykje til menn som du, Olav, når dei kjem til han.»

Om våren gav Olav seg på ferd til Håkon jarl, og jarlen tok framifrå vel imot han og baud Olav vere der så lenge han ville. Olav sa jarlen kva ferda hans galdt. «Eg vil be Dykk om det, herre, at De let oss hogge hustømmer i Dykkar skog.»

Jarlen svara: «Det vil vi ikkje spare på; last du berre skipet ditt med tømmer, og vi vil gje deg det, for eg trur ikkje det vil hende oss kvar dag at vi blir gjesta av slike menn frå Island.»

Då dei skildest, gav jarlen han ei gullslegen øks. Det var ein kosteleg eignelut, og dei skildest med stor kjærleik.

Geirmund ordna i løynd med drifta av jorda si; han etla seg ut til Island om sommaren på skipet til Olav. Dette heldt han løynt for alle, og Olav visste ikkje ordet av før Geirmund hadde flytta godset sitt om bord på skipet. Det var store rikdommar.

Olav sa: «Ikkje skulle du ha fare på skipet mitt om eg hadde visst om det før, for eg tenkjer det finst nokon på Island som det var betre for om dei aldri såg deg. Men når du no er komen her med så mykje gods, nenner eg ikkje å jage deg attende som ein laushund.»

Geirmund seier: «Ikkje skal eg sitje att, for di om du er heller stor i munnen; eg har nemleg så smått sett meg føre å få far med deg.»

Dei gjekk då om bord og segla til havs. Dei fekk god bær og kom til Breidafjorden og la landgangsbrua til lands i Laksårosen. Olav let bere tømmeret på land og sette skipet

opp i det naustet far hans hadde bygd, og bad Geirmund med seg heim.

Den sommaren let Olav byggje ein eldskåle i Hjardarholt, større og betre enn folk hadde sett før. På bordveggen og i taket var det måla namngjetne soger, og det var så vel utført at det såg mykje staselegare ut når ikkje teppa var hengde opp.

Geirmund heldt seg til kvardags mest for seg sjølv og var uvennleg mot dei fleste. Han gjekk jamt kledd i ein raud skarlakskjortel med ei gråverkskappe utanpå og bjørneskinns-huve på hovudet og eit sverd i handa. Det var eit stort og godt våpen med hjalt av kvalrosstann; det fanst ikkje sølv på det, men bladet var kvast og det sette seg ikkje rust på det. Dette sverdet kalla han Fotbit, og han hadde det alltid for hand.

Geirmund hadde ikkje vore der lenge før han la hug til Turid, dotter til Olav, og han bad Olav om å få henne, men fekk avslag. Geirmund stakk då pengar til Torgjerd for å nå giftarmålet, og ho tok imot godset, for han la ikkje lite fram. Torgjerd tok då opp saka med Olav og sa at etter hennar syn kunne ikkje dotter deira bli betre gift, — «for han er ein hardhaus og rik og storlåten.»

Olav svara då: «Ikkje skal eg gjere deg meir imot i dette enn i anna, men eg ville ha vore meir huga på å gifte Turid med ein annan mann.»

Torgjerd gjekk bort og tykte ho hadde røkta ærendet sitt vel, og ho sa til Geirmund korleis det hadde gått, og han takka henne for god og gjævlyndt hjelp. Geirmund tok opp att friarmålet hjå Olav, og denne gongen gjekk det lett. Geirmund feste då Turid, og bryllaupet skulle stå på Hjardarholt sist på vinteren.

Det var svært mange gjester, for eldskålen var då ferdig. Ulv Uggesson var òg i gjestebodet, og han hadde dikta eit kvede om Olav Hoskuldsson og dei sogene som var måla i eldskålen, og det bar han fram i laget. Dette kvedet heiter

Husdråpa og er eit godt dikt. Olav lønte kvedet vel. Han gav òg store gåver til alle stormennene som var med i gjestebodet. Folk tykte at Olav vart ein større mann etter denne veitsla.

30. Geirmund og Turid levde ikkje godt saman, og det var ille frå båe sider. Geirmund var tre vintrar hjå Olav, men då fekk han hug til å fare bort og fortalde at Turid skulle vere att med dotter deira, som heitte Groa og då var årsgammal. Men noko gods ville han ikkje leggje etter seg. Dette tykte Torgjerd og Turid var reint ille, og dei sa det til Olav, men han svara: «Kva er det no, Torgjerd? Er ikkje austmannen like storlåten no som den hausten han bad om å bli mågen din?»

Dei kom ingen veg med Olav, for han var i alle måtar ein fredsæl mann, og han sa at småjenta skulle vere der til ho hadde lært noko.

Då dei skildest, gav Olav Geirmund kjøpskipet med full utbunad. Geirmund takka fint og sa at det var ei hovdingsleg gåve. Sidan gjorde han skipet reie og segla ut or Laksår-osen for ein lett nordaust, men veret la seg då dei kom til øyane, og han vart liggjande ute ved Øksnaøy ein halv månad utan å kome vidare.

På denne tida fór Olav heimanfrå for å sjå etter sjørak. Turid, dotter hans, kalla då til seg nokre huskarar og bad dei følgje henne. Ho hadde òg med seg småjenta, og dei var ti i alt. Turid let setje fram ein førslébåt, som Olav åtte, og bad dei både segle og ro utetter Kvamsfjorden, og då dei kom ut til øyane, bad ho dei setje på sjøen den båten som stod på skipet. Turid steig i båten saman med to mann og bad dei som var att, sjå etter førslébåten til ho kom attende. Ho tok jenta på fanget sitt og bad dei ro over straumen og borttil kjøpskipet. Så tok ho ein navar under halvdekket og gav til ein av følgjesmennene og bad han gå i skipsbåten som hørde til knarren, og bore hol, slik at han var ubrukande om dei måtte trive til han i ei snøggvending.

Deretter let ho seg setje på land, og jenta hadde ho på fanget. Dette var i solrenninga. Ho gjekk over landgangsbrua og ut på skipet. Der sov alle mann. Ho gjekk til den skinn-senga Geirmund sov i; sverdet Fotbit hekk på ein krok. Turid set no vesle Groa i skinnsenga, men greip Fotbit og tok det med seg. Så går ho av skipet til følgjesmennene sine. No tek jenta til å gråte, og av det vaknar Geirmund og set seg opp, kjenner barnet og tykkjest vite kven som stod bak dette. Han sprett opp og vil trive sverdet, men fekk ikkje tak i det, som rimeleg var; går ut til skipsbordet og ser at dei ror ifrå skipet.

Geirmund kallar på mennene sine og bed dei springe i skipsbåten og ro etter, og dei så gjer, men er ikkje langt komne før dei ser svarte sjøen stå inn i båten. Dei vende då attende til skipet. Geirmund ropa på Turid og bad henne vende attende og gje han sverdet Fotbit, — «men ta jenta di med deg, og med henne så mykje gods som du vil.»

Turid seier: «Er det mykje om å gjere for deg å få sverdet?»

Geirmund svarar: «Eg vil heller vere av med mykje gods enn eg vil misse sverdet.»

«Då skal du aldri få det,» sa ho. «Du har i mangt fare åt som ein stakkar mot oss, og no skal vi skiljast.»

Då sa Geirmund: «Det skal ikkje bli deg til lukke å ha med deg dette sverdet.»

Det fekk stå si prøve, sa ho.

«Då let eg desse ord følgje,» seier Geirmund, «at dette sverdet skal bli til bane for den mannen i dykkar ætt som det er største tapet i og som de minst ville misse.»

Etter dette fer Turid heim til Hjardarholt.

Då var Olav òg heimkomen, og han let ille over det ho hadde gjort, men heldt seg i ro. Turid gav sverdet Fotbit til Bolle, frenden sin, for ho heldt ikkje mindre av han enn av brørne sine. Bolle bar dette sverdet lenge sidan.

Geirmund fekk bør, og dei segla til havs og kom til Noreg om hausten. Ei natt segla dei på ein båe utanfor Stad, og der

sette Geirmund livet til med alt skipsfolket sitt; og no er det ikkje meir å fortelje om Geirmund.

31. Olav Hoskuldsson sat på garden sin i stor vørnad, som før er skrive. Gudmund Solmundsson heitte ein mann; han budde på Åsbjarnarnes nord i Vididal. Gudmund var ein rik mann; han bad om Turid og fekk henne med mykje gods attåt. Turid var ei klok og storfelt kvinne og eit dugande menneske. Sønene deira heitte Hall, Barde, Stein og Steingrim, og døtrene Gudrun og Olov.

Torbjörg, dotter til Olav, var ei sterkygd og særskild vakker kvinne; ho vart kalla Torbjörg Digre. Torbjörg var gift vest i Vatnsfjord med Åsgeir Knottsson, ein gjæv mann. Son deira var Kjartan, far til Torvald, far til Tord, far til Snorre, far til Torvald; frå dei er vatnsfjording-ætta komen. Sidan vart Torbjörg gift med Vermund Torgrimsson, og dei hadde dottera Torfinna, som vart gift med Torstein Kuggesson.

Bergtora Olavsdotter vart gift vest i Djupafjord med Torhall gøde, son til Odde Yrsson. Dei hadde sonen Kjartan, far til Smed-Sturla; han var fosterfar til Tord Gilsson, far til Sturla.

Olav På hadde mange gilde og verdfulle krøter. Han hadde ein god okse som heitte Harre, apalgrå på let og større enn andre naut. Han hadde fire horn; to var store og stod fagert, det tredje stod ende opp i veret og det fjerde ut or skallen og nedføre auga hans; det var brunnvekkja hans. Han krafsa som ein hest.

Ein hardvinter, då mykje krøter strauk med, gjekk oxen frå Hjardarholt og dit som no heiter Harrastad i Breidafjordsdal. Der gjekk han om vinteren med seksten naut og fekk dei alle på gras. Om våren gjekk han heime i hagen, der det no heiter Harrabol, i Hjardarholtsmarka.

Då Harre var atten vintrar gammal, datt brunnvekkja av hovudet hans, og same hausten let Olav han slakte. Natta etter drøymde Olav at det kom ei kone til han, stor og sint å sjå til. «Søv du,» spurde ho. Han sa han var vaken. «Du

søv,» sa ho, «men det skal gå for det same. Son min har du late drepe og gjeve meg han maktlaus i hender, og av den grunn skal eg lage det så at du skal få sjå din eigen son all i blod, og eg skal velje den av dei som eg veit du minst vil vere av med.» Dermed vart ho borte.

Olav vakna og tyktest sjå ein skimt av kona. Han tykte draumen var merkeleg og fortalde han til vennene sine, men han fekk ikkje noka tyding som han likte. Han tykte dei tala best, som sa at det var berre noko draumrør som hadde borest for han.

## Gudrun Osvivsdotter

32. Osviv heitte ein mann. Han var son til Helge, son til Ottar, son til Bjørn den austrøne, son til Kjetil Flatnev, son til Bjørn Buna. Mor til Osviv heitte Nidbjörg, og hennar mor var Kadlin, dotter til Gange-Rolv, son til Øksna-Tore, som var ein gjæv herse aust i Vika. Han vart kalla så for di han åtte tre øyar og åtti oksar på kvar av dei. Den eine øya med oksane gav han til kong Håkon, og den gáva gjekk det stort ord av.

Osviv var ein mykje klok mann; han budde på Laugar i Sælingsdal. Garden står sør for Sælingsdalså, tvert for Tunga. Kona hans heitte Tordis og var dotter til Tjodolv Låge. Dei hadde fem søner, Ospak, Helge, Vandråd, Torråd og Torolv; dei var alle våpendjerve menn.

Gudrun heitte dotter deira, og ho var den fremste av alle kvinner som voks opp på Island, både i venleik og vit. Ho var så fin og høvisk at i den tid syntest det berre barneverk all den pryd andre kvinner hadde imot hennar. Ho var kunigare enn andre kvinner og betre til å ordleggje seg; gjev-mild var ho òg.



Osviv hadde i kost hjå seg ei kone som heitte Torhalla og var kalla den radmælte; ho var noko skyld Osviv. Ho hadde to søner, den eine heitte Odd og den andre Stein; dei var kraftige karar og reine steinbrytarar på bruket til Osviv. Svære til å snakke var dei som mora, men ikkje vennesele. Likevel fekk dei mykje framhjelp av Osvivssønene.

På Tunga budde det ein mann som heitte Torarin, son til Tore Sæling. Han var ein god bonde og ein stor og sterk mann. Han åtte gode jordeigner, men mindre lausøyre. Osviv ville kjøpe jord av han, for han hadde skort på land, men mykje krøter. Det vart til at Osviv kjøpte av jorda til Torarin heilt frå Gnupuskard og etter dalen på båe sider til Stakkagil. Det er godt land som kastar mykje av seg; han dreiv med støl der. Han hadde jamt mykje tenestefolk og heldt stort hus.

Vest i Saurbø er det ein gard som heiter Hol; der budde tre mågar. Torkjell Kvelp og Knut var brør og ættstore menn; mågen deira, Tord, budde saman med dei. Han vart kalla Ingunnsson etter mor si; far hans var Glum Geirsson. Tord var ein vakker og djerv kar, mykje for seg og god til å føre saker. Han var gift med ei syster til Torkjell og Knut som heitte Aud. Ho var korkje flink eller vakker, og Tord heldt lite av henne; han hadde helst trådd etter godset, for der var stor rikdom samla. Det gjekk godt med gardsbruket sidan Tord kom i mågskap med dei.

33. Gjest Oddleivsson budde i Hage vest på Bardastrand. Han var ein stor hovding og ein vis mann og var framsynt om mange ting. Han var venn med dei fleste av dei gjævare mennene, og mange søkte råd hjå han. Han reid til tings kvar sommar, og tok då jamt inn på Hol.

Ein gong bar det så til at Gjest reid til tinget og var på Hol om natta. Om morgonen budde han seg tidleg til å fare, for han hadde lang veg; han etla seg til Tykkvaskog om kvelden, til Årmod, som var gift med Torunn, syster hans; dei hadde to søner, Ørnolv og Halldor. Gjest reid no om dagen aust-

over frå Saurbø og kom til lauga i Sælingsdal og stogga der ei stund.

Gudrun kom då til lauga og møtte Gjest, frenden sin, og fagna han vel. Gjest var vennleg mot henne, og dei talast ved; dei var båe kloke og ordla seg vel.

Då det leid på dagen, sa Gudrun: «Eg ville gjerne, frende, at du reid heim til oss i kveld med heile flokken din. Det er òg viljen til far min, endå han unnte meg den heider å bere ærendet fram, og det med, at du gjestar oss kvar gong du rid vest eller vestan.»

Gjest takka og sa at det var eit raust tilbod, men likevel måtte han ri vidare som han hadde tenkt, sa han.

Gudrun sa: «Eg har drøymt mangt i vinter, og det er fire draumar som har valda meg mykje uro, men ingen mann har gjeve meg slik tyding som eg liker. Likevel bed eg ikkje om at dei skal bli tydde etter min hug.»

Gjest sa: «Fortel du draumane dine; det kunne hende at vi fekk noko ut av dei.»

«Eg drøymde at eg stod ute ved ein bekk,» sa Gudrun, «eg hadde eit krokfaldsskaut på hovudet, og det tykte eg høvde meg ille. Eg ville helst skifte skautet, men mange talde meg frå å gjere det. Eg hørde ikkje på dei, men reiv skautet av hovudet og kasta det ut i bekken. Denne draumen var ikkje lenger.»

Gudrun fortalde vidare: «Den andre draumen byrja med at eg tykte eg stod ved eit vatn og det var kome ein sølvring på handa mi. Den tyktest eg eige, og han høvde umåteleg vel. Eg tykte det var ein kosteleg prydnad og ville eige han lenge. Men då eg minst venta det, gleid ringen av handa mi og ut i vatnet, og eg såg han aldri sidan. Dette syntest meg større skade enn det skulle vere rimeleg når eg hadde mist eit smykke. Sidan vakna eg.»

Gjest sa berre dette: «Ikkje er denne draumen mindre.»

Gudrun fortalde vidare: «Det var den tredje draumen min, at eg tykte eg hadde ein gullring på handa, og at eg

åtte han og at skaden var bøtt. Det rann meg i hug at eg skulle få nyte denne ringen lenger enn den førre, men eg tykte ikkje dette smykket høvde meg så mykje betre som gull er dyrare enn sølv. Så drøymde eg at eg datt og ville ta meg for med handa, og gullringen kom mot ein stein og spratt i to stykke, og eg tykte det kom blod av stykka. Det eg då fekk å bere, kjendest meir som harme enn som skade. Det kom meg i hug at det hadde vore ein brest på ringen, og då eg såg etter på brota, tykttest eg sjå fleire brester på dei, men likevel hadde eg ei kjensle av at ringen hadde vore heil om eg hadde passa betre på han. Denne draumen var ikkje lenger.»

«Dei minkar ikkje, draumane,» sa Gjest.

Gudrun fortalde vidare: «Det var den fjerde draumen min, at eg hadde ein gullhjelm på hovudet, sett med mange glimesteinar. Eg tykte at det var eg som åtte han, men eg hadde det imot han, at han var meg noko for tung, slik at eg rådde knapt med han og bar hovudet skakt. Men eg lasta ikkje hjelmen for det, og eg var ikkje meint på å kvitte meg med han. Likevel fall han av hovudet mitt og ut i Kvamsfjorden, og då vakna eg. No har eg sagt deg alle draumane.»

Gjest svara: «Eg kan sjå klårt kva desse draumane er, og du vil finne at dei samstavar mykje, for eg kjem til å tyde dei alle mest på same måten. Du vil kome til å få fire menn, og eg tenkjer at når du blir gift med den første, er det ikkje deg til lyst. Når du drøymde at du hadde eit stort skaut på hovudet, som du tykte høvde dårleg, så er det at du vil elske han lite; og då du tok skautet av hovudet og kasta det på vatnet, er det at du kjem til å gå frå han. For det kallar folk på sjøen kasta, når eit let ifrå seg det ein eig og ikkje får noko att for det.»

Og vidare sa Gjest: «Det var den andre draumen din, at du tykte du hadde ein sølvring på handa; og då vil du bli gift med ein annan framifrå mann, som du vil elske høgt,

men leve stutt i lag med. Det kjem meg ikkje uventande om han druknar for deg, men eg gjer ikkje denne draumen lenger.

Det var den tredje draumen din, at du drøymde du hadde ein gullring på handa; det er den tredje mannen din. Ikkje vil han vere så mykje meir verd som gullet synest sjeldnare og meir kostesamt, men det kjem føre meg at det har vorte trdomsskifte på den tid, og bonden din vil ha teke den trua som vi meiner er mykje høgare og betre. Men når du drøymde at ringen sprang sund, noko av di du ikkje passa vel nok på han, og såg blod kome ut or stykka, då vil mannen din bli drepen, og då vil du sjå klårt dei brestene som har vore ved dette giftarmålet.»

Vidare sa Gjest: «Det er den fjerde draumen din, at du hadde ein gullhjelm på hovudet, sett med glimesteinar, og han vart deg tung å bere; det er den fjerde mannen din. Han er ein stor hovding og kjem til å age deg strengt. Då du drøymde at han stupte ut i Kvamsfjorden, då vil han råke på denne fjorden siste levedagen sin. Lenger gjer eg ikkje denne draumen.»

Gudrun vart raud som blod medan draumane vart tydde, men ho sa ikkje eit ord før Gjest hadde slutta.

Då seier Gudrun: «Fagrare spådommar hadde du funne i dette, om eg hadde lagt deg det såleis i hender, men likevel skal du ha takk for du tydde draumane. Men eg får mykje å grune på, om alt dette skal hende.» Gudrun baud Gjest på nytt å vere der om dagen, og sa Osviv og han kunne ha mangt visleg å tale om.

Men han svara: «Ri får eg som eg har sagt. Men du skal helse far din frå meg, og sei han desse orda mine, at det vil kome til å bli stuttare mellom bustadene våre, og då vil det bli råd å talast ved, om det då blir oss unnt.»

Deretter drog Gudrun heim, og Gjest reid bort. Ved tungerdet møtte han ein av heimemennene til Olav, som kom med bod frå han og skulle be Gjest kome til Hjardarholt.

Gjest sa at han ville kome til Olav om dagen, men vere i Tykkvaskog om natta. Huskaren snudde straks heim og sa frå til Olav. Olav tok hestar og reid til møtes med Gjest med nokre mann, og dei møttest inne ved Ljå. Olav fagna han vel og baud han heim med heile flokken sin.

Gjest takka for tilbodet og sa at han ville ri med inn på garden og sjå korleis han budde, men gjeste Årmod om kvelden.

Gjest vart verande der berre ei lita stund, men såg seg vel om på garden. Han let vel og sa at det var ikkje spart på kostnad til den garden. Olav reid i følgje med Gjest til Lakså. Fostbrørne hadde vore ute for å symje om dagen. Det var mest Olav-sønene som stod føre moroa, men det var òg med mange unge menn frå dei andre gardane.

Då flokken kom ridande, sprang Kjartan og Bolle opp frå vatnet, og hadde mest fått på seg kleda, då Gjest og Olav kom bortåt. Gjest såg på desse unge mennene ei stund og sa til Olav kvar Kjartan sat, og kvar Bolle, og sidan rette han spjutskaftet mot kvar og ein av Olavssønene og nemnde alle på namn, dei som var der. Der var då òg mange andre gilde og emnelege menn som var komne opp av vatnet, og sat der på elvebakken saman med Kjartan og brørne hans. Men Gjest sa at han såg ikkje slektsdraga til Olav på dei.

Då sa Olav: «Det er uråd å bruke for store ord om din visdom, Gjest, når du kan kjenne menn du ikkje har sett før, og no vil eg at du seier meg kven av desse unge mennene det skal bli mest av.»

Gjest svara: «Det vil gå etter din kjærleik, og folk vil tykkje at Kjartan er mest verd, medan han lever.»

Dermed sette Gjest sporane i hesten og reid bort. Noko seinare reid Tord Låge, son hans, innåt han og spurde: «Kva er det som valdar det, far min, at du feller tårer?»

Gjest svara: «Det tener ikkje til noko å fortelje det, men eg nenner ikkje å teie heller om det som vil hende i dine

dagar; det kjem meg ikkje uventande om Bolle står med livet til Kjartan i si hand og då vinn seg sjølv ein banemann. Men dette gjer vondt å vite om så gjæve menn.» Sidan reid dei til tings, og derifrå er ikkje noko å fortelje.

## Torvald i Garpsdal og Tord Ingunnsson

34. Torvald heitte ein mann, son til Halldor Garpsdals-gøde. Han budde i Garpsdal i Gilsfjord og var ein rik mann, men ikkje nokon helt. Han bad om Gudrun Osvivsdotter på Alltinget då ho var femten vintrar gammal. Osviv tok det ikkje ille opp, men sa at det kom til å syne på avtalen at Gudrun og han ikkje var jamgode. Torvald svara spakt og sa at det var kone han bad om og ikkje gods.

Gudrun vart då fest til Torvald, og Osviv rådde for vilkåra åleine. Det vart avgjort at Gudrun skulle rå åleine for godset deira så snart dei kom i seng saman, og eige halvparten av alt, anten samlivet deira vart langt eller stutt. Han skulle òg kjøpe prydsaker til henne, slik at inga kvinne i hennar kår skulle ha finare ting, men likevel ikkje så at han måtte gå frå garden.

Folk reid no heim av tinget. Gudrun var ikkje spurd om dette, og det synte på henne at ho helst ville hatt det ugjort, men ho fann seg i det. Bryllaupet stod i Garpsdal i september.

Gudrun heldt lite av Torvald og var strid i kjøpet av prydsaker; det fanst ikkje smykke så gilde i Vestfjordane at ikkje Gudrun tykte det var rimeleg at ho åtte dei, og same kor dyre dei var, så la ho fiendskap imot, om ikkje Torvald kjøpte dei.

Tord Ingunnsson gjorde seg til venns med Torvald og Gudrun og var hjå dei tidt og lenge, og mange rødde om at det var kjærleik mellom Tord og Gudrun.

Så var det ein gong at Gudrun bad Torvald kjøpe nokre pryding. Torvald sa at det var ikkje måte på krava hennar, og gav henne ein kinnhest. Då sa Gudrun: «No gav du meg det som vi kvinner tykkjer mykje verdt å ha nøgda av, og det er ein god hamlét, og no har du lært meg av med å breke på deg.»

Same kvelden kom Tord til gards. Gudrun fortalde om denne svivørdinga og spurde korleis ho skulle løne det. Tord smilte og sa: «Her veit eg ei god råd. Lag ei skjorte til han med skilsmåls halsopning, og sei deg skild frå han av den grunn.»

Ikkje sa Gudrun noko imot dette, og det vart slutt på samtalen. Same våren sa Gudrun seg skild frå Torvald og fór heim til Laugar. Sidan vart det gjort skifte mellom Torvald og Gudrun, og ho fekk halvparten av alt godset, og stod seg no betre enn før. Dei hadde vore saman i to år.

Same våren selde Ingunn garden sin i Kroksfjord, den som sidan har heitt Ingunnarstad, og fór vest til Skålmarnes. Ho hadde vore gift med Glum Geirsson, som før er skrive.

Den tid budde Hallstein gøde på Hallsteinsnes vest for Torskafjorden. Han var ein mektig mann, men berre måteleg vennesæl.

35. Kotkjell heitte ein mann som nyleg var komen ut til Island. Kona hans heitte Grima, og sønene deira var Hallbjørn Slikjesteinsauga og Stigande. Desse folka var frå Suderøyane; dei var alle svært trollkunnige og dei verste seidmenn. Hallstein gøde tok imot dei og sette dei ned på Urder i Skålmarfjord, men denne busetjinga vart ille likt.

Denne sommaren drog Gjest til tings og fór med skip til Saurbø, som han var van med. Han tok inn på Hol i Saurbø, og mågane lånte han hestar som vanleg. Tord Ingunnsson var i følgje med Gjest og kom til Laugar i Sælingsdal. Gudrun Osvivdotter reid òg til tinget, og Tord Ingunnsson følgde henne.

Ein dag som dei reid over Blåskogsheia og vêret var godt,

sa Gudrun: «Er det sant, Tord, at Aud, kona di, jamt går i brok med bakstykke, vikla med band heilt ned til skorne?»

Han svara at det hadde han ikkje sett noko til.

«Det er vel lite i det, då,» sa Gudrun, «når ikkje du har sett det, men kvifor skal ho då heite Brok-Aud?»

Tord sa: «Eg kan ikkje tru det er lenge ho har vore kalla så.»

Gudrun svara: «Det er verre for henne at ho skal bere dette namnet lenge heretter.»

Deretter kom folk til tings, men det er ikkje noko å fortelje frå det. Tord var lenge i bua til Gjest og tala jamt med Gudrun. Ein dag spurde Tord Ingunnsson henne kva følgjer det kunne få om ei kone jamt gjekk i brok som ein kar.

Gudrun svara: «Same straff er det for koner på deira side som for ein kar om han har så stor halsopning at brystvortene hans er synlege; bae delar er skilsmålsgrunn.»

Då sa Tord: «Kva rår du meg til, at eg seier meg skild frå Aud her på tinget eller heime i heradet, der eg kan gjere det med råd frå fleire? For det er ærekjære folk som vil kjenne seg krenkte ved dette.»

Etter ei stund svara Gudrun: «Modlaus mann til kvelds biar.»

Då spratt Tord straks opp og gjekk til Lovberget og nemnde seg vitne på at han sa seg skild frå Aud, og nemnde som grunn at ho kledde seg i bakstykke-brok som ei karvinne. Brørne til Aud likte det lite, men heldt seg i ro. Tord reid av tinget i lag med Osvivssønene.

Men då Aud spurde det som hadde hendt, sa ho:

«Vel at eg veit det, eine vart eg att.»

Deretter reid Tord vest til Saurbø sjølv tolvte og ville gjere skifte, og det gjekk greitt, for Tord var ikkje knipen på korleis godset vart skift. Han dreiv mykje krøter austover til Laugar. Sidan bad han om Gudrun; Osviv var lett

å be, og Gudrun tala ikkje imot. Bryllaupet skulle stå på Laugar når det var att ti veker av sommaren, og det vart eit framifrå gjestebod.

Samlivet mellom Tord og Gudrun var godt. At ikkje Torkjell Kvelp og Knut reiste sak mot Tord Ingunnsson, kom berre av at dei ikkje fekk nok mannehjelp.

Sommaren etter drog Holsfolket til støls i Kvamsdal, og Aud var på setra. Laugarfolket sat på stølen i Lambadal; den dalen ber vestover i fjella frå Sælingsdal. Aud spurde han som gjette smalen, kor ofte han råka sauegjetaren frå Laugar, og han sa at det gjorde han jamt, som rimeleg var, for det var berre ein hals mellom stølane.

Då sa Aud: «I dag må du finne gjetaren frå Laugar, så du kan fortelje meg kven som er på garden og kven i selet. Men tal berre vel om Tord, som rett er.»

Guten lova å gjere som ho sa. Om kvelden då han kom heim, spurde Aud kva han hadde å fortelje.

Gjetarguten svara: «Eg har slikt å fortelje som du mun like å høyre, for no er det breitt kvilegolv mellom Tord og Gudrun; ho er i selet og han slit seg ut med å byggje stovehus, og er åleine med Osviv i vinterhusa.»

«Vel har du njosna,» sa ho, «og hald no to hestar sala når folk går og legg seg.»

Gjetarguten gjorde som ho baud, og litt før soleglad steig Aud til hest; og at ho då gjekk i brok, er visst nok. Gjetarguten reid på den andre hesten, men ho dreiv så hardt på at han hadde vondt for å halde følgje. Ho reid sør over Sælingsdalsheia og stogga ikkje før under tungjerdet på Laugar. Der steig ho av og bad gjetarguten passe hestane medan ho gjekk inn i huset. Aud gjekk til døra og fann ho open; ho gjekk inn i eldskålen og bort til den sengekoven der Tord låg og sov; døra hadde falle att, men loka var ikkje dregen føre.

Ho gjekk inn i sengekoven; men Tord sov med andletet i veret. Då vekte Aud han, men han snudde seg berre om på

sida, då han såg at nokon var komen. Ho drog då eit sakse-sverd og stakk til Tord, så han fekk store sår; han vart råka på høgre handa og såra på bae brystvortene. Så hardt stakk ho til, at sakset stod fast i senga. Deretter gjekk ho ut att, sprang på hesteryggen og reid heim.

Tord ville springe opp då han vart såra, men vann ikkje med det, for han møddest av blodtapet. Av dette vakna Osviv og spurde kva som stod på, og Tord sa at han hadde vore ute for eit overfall. Osviv stod opp og batt om såra hans, og spurde om han visste kven som hadde teke på han. Tord sa at han trudde Aud hadde gjort det. Osviv baud seg til å ri etter henne; han meinte ho hadde kome med få mann, og no skulle ho få si straff. Tord sa at det skulle han slett ikkje; ho hadde gjort det ho hadde å gjere, sa han.

Aud kom heim i solrenninga, og brørne hennar spurde kvar ho hadde vore. Ho fortalde at ho hadde fare til Laugar, og sa kva som hadde hendt på ferda hennar. Dei let vel og sa at det var berre for lite. Tord låg lenge med såra sine. Bringesåra grodde godt, men handa vart ikkje betre. Det var no stilt om vinteren.

## Kotkjellsfolket

Våren etter kom Ingunn, mor til Tord, vestafrå Skålmarnes. Tord tok vel imot henne. Ho ville søkje livd hjå Tord, sa ho, for Kotkjell og kona og sønene hans dreiv med tjuvskap og trolldom så det var ikkje verande lenger der vest, og dei fekk mykje hjelp av Hallstein gøde.

Tord tok straks denne saka på seg og meinte på at han skulle nok få rett på desse tjuvane for di om Hallstein stod imot, og han budde seg til ferd, ti mann sterk. Ingunn fór òg

vestover i lag med han. Han fekk eit førsleskip frå Tjaldanes, og derifrå heldt dei vest til Skålmarnes. Tord let flytte ned på skipet all den lausøyren mor hans åtte der, men smalen skulle dei drive innom fjordane. Dei var i alt tolv på skipet, blant dei Ingunn og ei kvinne til.

Tord kom til garden åt Kotkjell ti mann sterk; då var ikkje sønene heime. Han stemnde då Kotkjell og Grima og sønene deira for tjuvskap og trolldom og kravde fredløyse. Han stemnde saka inn for Alltinget, og sidan fór han attende til skipet.

Då Tord var komen eit lite stykke frå land, kom Hallbjørn og Stigande heim, og Kotkjell fortalde då sønene kva som hadde hendt. Brørne vart rasande for dette og sa at ingen hadde før gjeve seg i berrhogg mot dei med så mykje fiendskap.

Kotkjell let deretter gjere ein stor seidhjell, og der steig dei alle opp. Der kvad dei då kaldlege kvede; det var galdrar. Straks braut det fram eit stygt uvêr, og det kom over Tord Ingunnsson og følgjet hans, der dei var ute på sjøen; for vêret var gjort mot han. Skipet vart kasta vest om Skålmarnes. Tord synt seg som ein djerv kar i arbeidet for å berge skipet, og folk på land såg at han kasta på sjøen alt som tyngde, så nær som folk, og dei venta at han skulle nå land, for dei var då komne framom dei verste skjera. Men då steig det opp eit grunnbrot ikkje langt frå land, eit som ingen kunne hugse å ha sett før, og slo mot skipet så det straks kvelvde. Der drukna Tord med heile følgjet sitt, og skipet vart brote i mol og mask. Kjølén rak i land der som det sidan har heitt Kjalarøy, og skjoldet til Tord på den øya som er kalla Skjaldarøy. Lika til Tord og følgjesmennene hans rak straks på land, og det vart kasta haug over dei. Der har det siden heitt Haugsnes.

36. Denne tidenda spurdest vidt ikring, og folk tykte det var ille. Dei meinte at folk som dreiv slik trolldom som Kotkjellsfolket då hadde gjort, måtte ha forbrote livet sitt.

Det gjekk hardt inn på Gudrun at Tord var død; ho var då med barn og venta seg snart. Gudrun fødde ein gut, og han vart aust med vatn og kalla Tord.

I den tid budde Snorre gøde på Helgafell. Han var frende og venn av Osviv, og Gudrun og far hennar hadde mykje hjelp av han. Snorre gøde kom ein gong på gjesting til dei, og Gudrun la då denne vansken fram for han, og han lova å stø dei i saka når han såg det trongst. Han baud òg å fostre barnet hennar, om det kunne vere henne til noka trøyst. Dette tok Gudrun imot, og sa at ho ville lite på hans omsut. Denne Tord vart kalla Katt og vart far til Stuv skald.

Noko seinare fór Gjest Oddleivsson til Hallstein gøde og bad han velje eitt av to, anten skulle han jage bort desse trollkunnige mennene, eller så ville han drepe dei, sa han, – «og likevel er det for seint no.» Hallstein var ikkje sein til å velje og baud dei å kome seg derifrå og ikkje slå seg til nokon stad vest for Dalaheia, og han sa det hadde vore rettare om dei hadde vorte drepne.

Kotkjell og folket hans fór då bort og hadde ikkje med seg meir enn fire stoestar; hingsten var svart, og han var både stor og fager og tamd til å slåst. Det er ikkje noko spurt om ferda deira før dei kom til Torleik Hoskuldsson på Kambsnes.

Han baud på hestane deira, for han såg at det var framifrå gilde dyr.

Kotkjell svara: «Eg skal gjere eit tilbod. Ta du hestane og gje meg ein stad å bu her i nærleiken.»

Torleik sa: «Tru om ikkje hestane vart vel dyre då? For eg har spurt at de er alt anna enn saklause her i heradet.»

Kotkjell svara: «Du tenkjer visst på Laugarfolket med dette.»

Torleik sa at det var så.

Då sa Kotkjell: «Det er no gjerne noko annleis med saka mellom oss og Gudrun og brørne hennar enn du har høyr; det er slarva mykje på oss utan grunn, og for den saks skuld

kan du godt ta imot hestane. Og om deg går det berre det ordet, at vi vil ikkje liggje vernelause mot kven som helst her i bygda om vi har di hjelp.»

Torleik gjev no etter; hestane var fagre, og Kotkjell tala klokt for seg. Han tok då imot hestane og gav folket bustad på Leidolvstad i Laksárdal og hjelpte dei til med krøter.

Laugarfolket spurde dette, og Osvivssønene ville straks gje seg i kast med Kotkjell og sønene hans. Men Osviv sa: «La oss no halde råd med Snorre gøde og spare dette verket til andre. For det vil ikkje vare lenge før grannane til Kotkjell får ferske saker mot dei, og Torleik får då mest mein av dei, som han har fortent. Om ei stund vil mange av dei vere uvennene hans som han før har hatt hjelp av. Men ikkje skal eg telje dykk frå å gjere Kotkjellsfolket den skaden de liker, dersom ikkje andre alt har jaga dei ut or heradet eller teke livet av dei, når det har gått tre år.» Gudrun og brørne hennar sa at så skulle det vere.

Kotkjell og sønene hans tok seg ikkje mykje til, men ikkje trong dei kjøpe anten høy eller mat om vinteren, og folk likte lite at dei hadde busett seg der. Men ingen trøysta seg til å gå dei for nær på grunn av Torleik.

37. Ein sommar på tinget medan Torleik sat i bua si, kom det inn ein stor mann. Han helsa på Torleik, og Torleik helsa att og spurde kva han heitte og kvar han kom ifrå. Han sa at han heitte Eldgrim og budde i Borgarfjord, på den garden som heiter Eldgrimsstad. Det er i den dalen som skjer seg vest i fjella mellom Mule og Grisartunga og no er kalla Grimsdal.

Torleik sa: «Eg har høyrte gjete deg, at du ikkje er noko vesalmenne.»

Eldgrim sa: «Det er ærendet mitt hit, at eg vil kjøpe dei kostelege stohestane av deg, som Kotkjell gav deg i fjor sommar.»

Torleik svara: «Dei er ikkje til sals.»

Eldgrim sa: «Eg byr deg like mange stohestar imot og eit

mellomlag attpå, og då vil mange seie at eg byr dobbel betaling.»

Torleik svarar: «Ikkje er eg nokon prakkar, og desse hestane får du aldri om du byr tre gonger det dei er verde.»

Eldgrim seier: «Det er nok inga løgn at du er stor på det og einvis. Eg skulle ønskje at du fekk ringare pris enn den eg no har bode, og likevel laut sleppe hestane frå deg.»

Torleik vart raud ved desse orda og sa: «Du lyt gå meg nærare, Eldgrim, om du vil truge hestane frå meg.»

Eldgrim sa: «Du tykkjer nok det er urimeleg om du skulle liggje under for meg; men i sommar vil eg fare og sjå på hestane, og då vil det syne seg kven av oss to dei fell til etter den tid.»

Torleik seier: «Gjer som du lovar, men kom ikkje med overmakt.»

Dermed var det slutt på samtalen. Folk som høyrde på, sa at det var gått slik til som ein måtte vente mellom dei. Sidan fór folk heim av tinget, og det er ikkje meir å fortelje.

Tidleg ein morgon hende det på Hrutstad hjå Hrut Herjolvsson bonde, at ein av karane hadde vore ute, og då han kom inn att og Hrut spurde om han hadde noko å fortelje, svara han at det var smått med det, men han hadde sett ein mann kome ridande på hi sida av vadet og bortåt der som hestane til Torleik var, — «og der steig han av og greip hestane.»

Hrut spurde kvar hestane hadde vore då.

Huskaren sa: «Vel heldt dei seg i hagen denne gongen òg; dei stod midt i enga di nedom gjerdet.»

Hrut svarar: «Sant er det at Torleik frende ikkje er for kresen på beite, og eg held det for rimeleg at det er ikkje med hans vilje at hestane er drivne bort.»

Dermed spratt Hrut opp i skjorte og linbrok, kasta over seg ei gråfellskappe og tok i handa eit gullslege bryntroll, som han hadde fått av kong Harald. Han gjekk ut nokså kvikt og såg at ein mann reid med nokre hestar nedanfor gjerdet.

Hrut gjekk imot han og såg at det var Eldgrim. Hrut helsa på han, og Eldgrim helsa att, men heller seint. Hrut spurde kvar han skulle av med hestane.

Eldgrim svarar: «Eg skal ikkje løyne det for deg, endå eg veit om frendskapen mellom deg og Torleik. Men eg er komen etter hestane i den tanke at han aldri skal få dei att meir, og eg har no gjort det eg lova han på tinget, at eg ikkje skulle kome med mange mann.»

Hrut seier: «Det er ikkje noko karsstykke om du tek med deg hestane medan Torleik ligg i senga si og søv. Betre heldt du det som de vart samde om, dersom du laga det så at du råka han, før du reid ut or heradet med hestane.»

Eldgrim sa: «Du må gjerne varsle Torleik om du vil, for du kan vel sjå at eg har budd meg slik heimanfrå at eg ikkje har noko imot at det skulle bere i hop mellom Torleik og meg.» Dermed rista han krokspjutet han heldt i handa. Han hadde òg hjelm på hovudet, var gyrd med sverd, hadde skjold ved sida og var kledd i brynje.

Hrut sa: «Eg vil heller freiste noko anna ann å dra til Kamsnes, for eg tek til å bli tung på foten. Men eg vil ikkje la deg rane Torleik, når eg er i stand til å hindre det, endå det ikkje er som best med frendskapen mellom oss.»

Eldgrim sa: «Det er vel ikkje så at du vil ta frå meg hestane?»

Hrut svarar: «Eg skal gje deg andre stohestar for at du skal sleppe desse frå deg, om dei ikkje er jamgode med desse.»

Eldgrim sa: «Du talar godt, Hrut, men når eg no har fått tak i hestane til Torleik, så skal ikkje du få plukka dei frå meg anten med muter eller trugsmål.»

Då svara Hrut: «Då trur eg at du vel det som er verst for oss bæe.»

No vil Eldgrim kome av stad og jagar på hesten, men då Hrut såg det, lyfte han bryntrullet og sette det mellom akslene på Eldgrim så hardt at brynja rivna og våpenet stod ut

gjennom bringa. Eldgrim fall død av hesten, som ventande var. Hrut dekte over liket hans. Der heiter det Eldgrimsholt; det er sør for Kamsnes.

Etter dette reid Hrut ned til Kamsnes og fortalde Torleik denne tidenda. Han vart vreid og tykte det hadde ført skam over han, men Hrut meinte han hadde synt han stor vennskap. Torleik sa at både hadde det gått ille til, og heller ikkje ville det kome noko godt ut av det. Hrut sa at han fekk gjere med det som han ville, og dei skildest ikkje som venner.

Hrut var åtti år då han drap Eldgrim, og folk tykte han hadde vakse mykje av dette verket. Men Torleik tykte ikkje betre om Hrut for di om han var gjort stor no. Han meinte det var greitt å skjøne at han ville ha vunne på Eldgrim sjølv om dei hadde fått røyne seg, så ille som han brukte klare seg.

Torleik fór no til leiglendingane sine, Kotkjell og Grima, og bad dei gjere noko som kunne vere Hrut til skam. Det tok dei viljug på seg. Dei sa seg fullreie til det, og dermed fór Torleik heim.

Litt etter drog Kotkjell og Grima og sønene deira heimanfrå; det var om natta. Dei kom til garden åt Hrut, og der gjorde dei stor seid. Då dei tok til med seidsongen, skjøna ikkje dei som inne var, kva dette skulle tyde; men fager var songen å lyde på. Berre Hrut kjende desse låtane og bad at ingen måtte sjå ut den natta, — «og kvar den som kan, må halde seg vaken, for då kan det ikkje skade oss.» Likevel sovna dei alle. Hrut heldt seg vaken lengst, men han sovna han òg.

Hrut hadde ein son som heitte Kåre. Han var då tolv vint-rar gammal og var den emnelegaste av sønene til Hrut, og faren elska han mykje. Kåre sovna mest ikkje, for til han var leiken gjort, og han fekk ikkje ro på seg. Han spratt opp og såg ut; då gjekk han på seiden og fall straks død ned.



Hrut og heimefolket hans vakna om morgonen, og han sakna son sin; han vart funnen livlaus eit lite stykke frå døra. Dette tykte Hrut var stor skade, og han let kaste haug etter Kåre. Sidan reid han til Olav Hoskuldsson og fortalde han det som der hadde bore til.

Olav vart ofseleg harm då han hørde dette, og sa at det var reine vitløysa at dei hadde late setje slike illmenne som Kotkjellsfolket like innpå seg. Han sa òg at Torleik hadde fare ille åt mot Hrut, men meinte likevel at det hadde vorte gjort meir av det, enn hans vilje var. Olav sa at dei skulle drepe Kotkjell og kona og sønene hans med ein gong, — «og likevel er det for seint no.»

Olav og Hrut fór med femten mann. Men då Kotkjell og folket hans såg så mykje folk ri til gards, drog dei seg unna opp i fjella. Der vart Hallbjørn Slikjesteinsauga teken og ein belg dregen over hovudet hans, og nokre vart straks sette til å gjete han, medan andre søkte etter Kotkjell og Grima og Stigande på fjellet. Kotkjell og Grima vart tekne på halsen mellom Haukadal og Laksárdal, og der vart dei steina i hel og dysja ned i ei steinrøys, som det enno syner merke etter og som heiter Skrattavarden.

Stigande kom seg unna sør etter halsen til Haukadal, og der vart han borte for dei.

Hrut og sønene hans fór ned til sjøen med Hallbjørn, sette fram eit skip og rodde frå land med han. Der tok dei belgen av hovudet hans og batt ein stein om halsen. Hallbjørn skoda då mot land, og agnelaget hans var ikkje godt.

Hallbjørn sa då: «Det var ikkje nokon god dag for oss frendane då vi kom til dette Kambsneset og råka Torleik. Det spår eg,» sa han, «at Torleik skal ikkje få mange gledesdagar der heretter, og der vil bli utriveleg å bu for alle som set seg i rommet hans.» Det ser ut som denne spådommen i mykje har slått til. Sidan drukna dei han og rodde til lands.

Litt etter fór Hrut til Olav, frenden sin, og sa at han ville

ikkje finne seg i dette frå Torleik, og bad om mannskap for å heimsøkje han.

Olav svara: «Det sømmer seg ikkje at de frendar skal leggje hand på kvarandre. Torleik har hatt lite lukke med seg i dette. Vi vil heller freiste å få dykk forlikte. Du har ofte venta på det som ditt er både lenge og vel.»

Hrut seier: «Slikt er ikkje å tenkje på. Det som er mellom oss, vil aldri gro til att, og eg vil ikkje at vi bae skal bu lenge i Laksárdalen heretterdags.»

Olav svarar: «Du vil ikkje stå deg på å gå Torleik nærare enn eg gjev deg lov til, men gjer du det, då er ikkje anna ventande enn at dal møter haug.»

Hrut skjøna at her stod han fast, og fór heim, men han likte seg meir enn ille. Det vart likevel stilt å kalle, og folk sat i ro dette halvåret.

38. No er det å fortelje om Stigande. Han vart liggjande ute på ran, og var ikkje god å kome ut for.

Tord heitte ein mann som budde i Hundadal. Han var ein riking, men elles ikkje mykje til mann. Om sommaren hende det seg i Hundadal at krøtera gav lite mjølk. Det var ei kjerring som gjette der, og folk la merke til at ho vart rik på kostesame ting og at ho var borte lange leite utan at folk visste kvar ho var. Tord bonde truga henne til å snakke ut, og då ho vart redd, fortalde ho at det kom ein mann til henne. «Han er stor,» sa ho, «og eg tykkjer han er fin.» Tord spurde då kor snart denne mannen ville kome til henne att, og ho sa at han truleg kom med det første.

Deretter fór Tord til Olav og sa at Stigande var visst ikkje langt borte, og bad han ta ut med mennene sine og få tak i han. Olav gav seg i veg med ein gong og fór til Hundadal Trælkinna vart henta, og Olav spurde henne kvar Stigande hadde bølet sitt. Det visste ho ikkje, sa ho. Olav baud henne god betaling om ho let dei få tak i Stigande, og det avtala dei seg imellom.

Om dagen gjekk ho for å gjete feet, og Stigande kom då

til møtes med henne. Ho tok vel imot han og baud seg til å lyske han i hovudet, og han la hovudet i fanget hennar og sovna snøgt. Då smaug ho seg unna og fór til møtes med Olav og mennene hans og fortalde korleis det no låg til.

Dei tok då på veg og tala seg imellom om at det ikkje måtte gå med han som med broren, at han skulle sjå på mangt som kunne bli dei til mein. Derfor tok dei ein belg og drog over hovudet på han. Stigande vakna ved dette, men gjorde ikkje motstand, for no var det mange om ein.

Det var eit hol i belgen, og Stigande fekk sjå bort i lia på andre sida. Der var fagert landskap og tett med gras, men no såg det mest ut som det kom ein kvervelvind og snudde jorda opp, slik at det aldri meir kom opp gras der. Der heiter det no Brenna.

Deretter steina dei Stigande i hel og røysa han ned. Olav lønte trælkvinna godt og gav henne fri, og ho vart med heim til Hjardarholt.

Hallbjørn Slikjesteinsauga rak på land med sjøbrimet stutt tid etter at han var drukna. Det heiter Knarrarnes der han vart graven ned. Han gjekk mykje att.

Det er nemnt ein mann som heitte Torkjell Skalle. Han budde på farsgarden sin i Tykkvaskog og var ein heilhuga kar og sterk og kraftig. Ein kveld sakna dei ei ku i Tykkvaskog, og Torkjell fór på leiting og hadde med seg ein huskar. Sola hadde gått ned, men det var måneskin. Torkjell sa at dei skulle leite kvar for seg, og då han stod att åleine, tyktest han sjå ei ku framfor seg i holtet, men då han kjem bortåt, er det Slikjesteinsauga og ikkje noka ku. Dei rende i hop av all makt. Hallbjørn fór unna, og då Torkjell venta det minst, smatt han ned i jorda ut av hendene på han. Deretter fór Torkjell heim. Huskaren var heimkomen og hadde funne kua. Ingen hadde sidan mein av Hallbjørn.

Torbjørn Skrjup var no død, og likeins Melkorka; dei var baa hauglagde i Laksárdalen. Lambe, son deira, budde etter dei på garden. Han var ein djerv kar og hadde mykje

gods, og han var meir vord blant folk enn far hans hadde vore, på grunn av morsfrendane sine. Frendskapen mellom han og Olav var god.

Det leid no ein vinter etter drapet på Kotkjell. Om våren møttest brørne Olav og Torleik, og Olav spurde om Torleik var meint på å bli verande på garden sin. Torleik svara at han var det.

Olav sa: «Eg ville be Dykk om ein ting, frende, det er at De skifte bustad og flytta utanlands; du vil bli ein velvord mann kvar du kjem. Eg trur at Hrut, frenden vår, tykkjer det står kulde av det som har hendt mellom dykk, og eg har lite hug til å ta vågnaden lenger med at de to skal sitje kvarandre så nær. Hrut har stor styrke, og sønene hans er styrlausingar og kjempekarar alle som ein. Eg tykkjer eg kjem ille ut i det for frendskapens skuld, om de, frendane mine, gjer vonde verk mot kvarandre.»

Torleik sa: «Eg guar ikkje for at eg ikkje skulle kunne stå meg mot Hrut og sønene hans, og for den saks skuld vil eg ikkje fare frå landet. Men tykkjer du, frende, det er deg så mykje om å gjere, og dersom du tykkjer du sit i stor vande for dette, då vil eg gjere det på dine ord, for eg likte meg best den tid eg var utanlands. Eg veit òg at du ikkje vil vere mindre god mot Bolle, son min, om eg er langt borte, og han elsker eg mest av alle.»

Olav svara: «Du fer vel åt i denne saka, om du gjer som eg bed, og mot Bolle vil eg vere den same heretter som til denne dag. Eg skal ikkje vere verre mot han enn mot mine eigne søner.»

Deretter skildest brørne i stor vennskap. Torleik selde jorda si og brukte pengane til utanlandsferda. Han kjøpte eit skip som stod oppe på Dogurdarnes, og då alt var ferdig, gjekk han om bord saman med kona si og anna skyldfolk

Ferda gjekk vel, og dei kom til Noreg om hausten. Derifrå fór han sør til Danmark, for han likte seg ikkje i Noreg; frendane og vennene hans var avlidne og somme drivne frå

landet. Sidan heldt han til Gautland. Dei fleste seier at Torleik slapp å mødast med lang alderdom, men han var ein vel vørd mann medan han levde. Her endar vi saga om Torleik.

## Kjartan Olavsson

39. Uvennskapen mellom Hrut og Torleik var tidt på tale i Breidafjordsdalane, og folk tykte Hrut hadde fått tung skade av Kotkjell og sønene hans. Osviv tala med Gudrun og brørne hennar og bad dei tenkje etter om det ikkje hadde vore betre at dei sjølve hadde våga seg i kast med slike heimsmenn som dette Kotkjellsfolket var. Gudrun sa: «Ikkje er den rådlaus, som har dine råd å ty til.»

Olav sat no på garden sin i stor vørdnad; alle sønene hans var heime, og med dei Bolle, frenden og fostbror deira. Kjartan stod mykje framom dei andre sønene til Olav. Han og Bolle heldt mest av kvarandre, og Kjartan fór ingen stad utan at Bolle var med han.

Kjartan fór ofte til Sælingsdalslauga, og då bar det jamt så til at Gudrun var der. Han tykte godt om å tale med henne, for ho var både klok og ordhag. Det sa alle folk, at Kjartan og Gudrun høvde best i hop av alle dei som då voks opp. Det var òg stor vennskap mellom Olav og Osviv, og dei var ofte bedne heim til kvarandre, og det vart ikkje mindre då dei unge fekk kvarandre kjær.

Ein gong rødde Olav med Kjartan, og då sa han: «Ikkje veit eg kvifor det alltid legg seg så tungt innover meg når du fer til Laugar og talar med Gudrun. Det er ikkje for di eg ikkje tykkjer Gudrun er framom alle andre kvinner, for ho er den einaste kvinna eg tykkjer er fullgod åt deg. Men det

kjem for meg – endå eg ikkje vil spå det – at vi frendar og Laugar-mennene ikkje allstøtt vil få lukke av samværet vårt.»

Kjartan sa at så langt han kunne rå for det, ville han ikkje gjere far sin imot, men vona likevel at dette ville gå betre enn faren tenkte seg. Det vart med det gamle med turane til Kjartan, og Bolle var jamt med han. Så leid no denne vinteren.

40. Åsgeir heitte ein mann, og vart kalla Ødikoll. Han budde på Åsgeirså i Vididal og var son til Audun Skokul. Han var den første av den ætta som kom til Island, og han tok seg land i Vididal. Audun hadde ein annan son som heitte Torgrim Hærुकoll; han var far til Åsmund, far til Grette.

Åsgeir Ødikoll hadde fem born. Ein av sønene heitte Audun og var far til Åsgeir, far til Audun, far til Egil, som vart gift med Ulvheid, dotter til Øyolv Halte; deira son var Øyolv, som vart drepen på tinget. Den andre sonen til Åsgeir heitte Torvald, og hans dotter var Dalla, som vart gift med Isleiv biskop; Gissur biskop var son deira. Den tredje sonen til Åsgeir heitte Kalv. Alle sønene til Åsgeir var emnelege menn. Kalv Åsgeirsson var på denne tida ute på ferder og var halden for overlag dugande.

Åsgeir hadde ei dotter som heitte Turid; ho var gift med Torkjell Kugge, son til Tord Gjelle; dei hadde sonen Torstein. Den andre dottera til Åsgeir heitte Revna. Ho var den venaste kvinna der nord i bygdene og godt likt. Åsgeir var ein gjæv mann og mykje for seg.

Det er fortalt at Kjartan Olavsson fór ein gong sør til Borgarfjord, men ikkje noko er spurt om ferda før han kom til Borg. Der budde då Torstein Egilsson, morbror hans. Bolle var med han på ferda, for det var slik kjærleik mellom fostbrørne at ingen av dei kunne trivast utan at dei var saman.

Torstein tok hjarteleg mot Kjartan og sa at han ville takke

til, om han heller var der lenge enn stutt. Kjartan vart då på Borg ei tid. Denne sommaren stod det eit skip oppe i Guvuårosen, og det åtte Kalv Åsgeirsson. Han hadde halde seg hjå Torstein Egilsson om vinteren.

Kjartan tala i løynd med Torstein og sa at det var helst ærendet hans der sør, at han ville kjøpe halvt i skipet med Kalv, — «for eg har hug til å fare utanlands,» sa han, og spurde så Torstein kva han tykte om Kalv. Torstein sa at han meinte han var ein heidersmann, — «og det var berre å vente,» sa Torstein, «at du stundar etter å sjå annanmanns sed. Ferda di vil nok bli lagd merke til på den eine eller den andre måten, og det vil ha mykje å seie for frendane dine korleis du lukkast med ferda.» Kjartan meinte at det gjekk nok godt.

Sidan kjøpte Kjartan halvt i skipet med Kalv, og dei gjorde semje om sameige i skipet. Kjartan skulle kome til skipet etter tiande sommarveka. Han vart leidd ut frå Borg med gåver, og reid så heim saman med Bolle.

Då Olav spurde dette nye påfunnet, tykte han at Kjartan hadde vore vel snar i dette, men ville ikkje gjere noko med det, sa han. Litt seinare reid Kjartan til Laugar og fortalde Gudrun om utanlandsferda si.

Gudrun sa: «Du har vore vel snar i dette, Kjartan.» Og ho la til nokre ord så Kjartan kunne skjøne at ho tykte ille om det.

Kjartan sa: «Du må ikkje mislike dette; eg skal gjere noko anna som du vil tykkje vel om.»

Gudrun sa: «Hald du dette, og eg skal straks seie kva eg vil.»

Kjartan bad henne gjere det.

Gudrun seier: «Eg vil fare ut med deg i sommar, og då har du gjeve meg bot for dette bråverket ditt, for ikkje elsker eg Island.»

«Det kan det ikkje bli noko av,» svara Kjartan, «for brørne dine er enno uvituge og far din er gammal, og dei vil

stå hjelpelause att, om du fer ut av landet. Men bi på meg i tre vintrar.»

Gudrun sa at det ville ho ikkje love noko om, og såleis ville dei kvar sitt. Dermed skildest dei, og Kjartan reid heim.

Olav reid til tings om sommaren, og Kjartan reid i følge med faren austover frå Hjarðarholt. I Nordrårdal skildest dei, og derifrå reid Kjartan til skipet. Bolle, frenden hans, var i lag med han. Det var i alt ti islendingar som var med Kjartan på ferda, og dei hadde han alle så kjær at ingen ville skiljast frå han. Kjartan reid til skipet med dette følgjet, og Kalv Åsgeirsson fagna dei vel. Kjartan og Bolle hadde med seg mykje gods på utferda. Dei gjer seg no ferdige, og då dei fekk bær, seglar dei ut etter Borgarfjorden for ein lett og god bær, og sidan til havs.

Det gjekk dei vel, og dei kom til Noreg nord ved Trondheimen, la inn til Agdenes og råka folk der og spurde etter tidender. Det vart då sa dei at det hadde vorte hovding-skifte i landet; Håkon jarl var fallen og kong Olav Tryggvason var komen til, og heile Noreg var kome i hans vald. Kong Olav kravde trusskifte i landet, men folk tok det svært ulikt.

Kjartan og ei som var med han, la inn til Nidaros med skipet sitt. På denne tida var det mange gjæve islendingar i Noreg, og utfor bryggjene låg det tre skip, som alle hørde islendingar til. Det eine skipet åtte Brand den rauste, son til Vermund Torgrimsson, det andre Hallfred Vandrædaskald, og det tredje to brør, Bjarne og Torhall; dei var sønene til Breidå-Skjegge aust frå Fljotslid. Alle desse mennene hadde etla seg ut til Island om sommaren, men kongen hadde nekta alle skipa å fare, for di dei ikkje ville ta ved den trua han baud.

Alle islendingane tok vel imot Kjartan, men Brand best, for dei var gode kjenningar frå før. Islendingane heldt no råd saman og vart forlikte om å nekte den trua som kongen baud. Alle dei som før er nemnde, var med i dette sambandet. Kjartan og Kalv la no skipet til bryggjene, rudde det

og tok hand om godset sitt. Kong Olav var i byen. Han spurde at dette skipet var kome og at det var mange framifrå menn om bord der.

Om hausten var det ein godvêrsdag at folk kom frå byen for å symje i elva Nid, og dette såg Kjartan og lagsmennene hans. Då sa Kjartan til dei andre at dei òg skulle gå ned og symje og moroe seg der om dagen, og så gjorde dei.

Ein mann var mykje framom dei andre i leiken. Kjartan spurde Bolle om han ville freiste å symje i kapp med bymannen. «Nei, det er eg ikkje kar for,» svara Bolle.

«Ikkje veit eg kvar det no har vorte av kapphugen din,» seier Kjartan, «og då lyt eg til sjølv.»

Bolle svarar: «Gjer det då, om du så vil.»

Kjartan kastar seg no ut i elva og sym bortåt denne mannen som sumde betre enn dei andre, dreg han under vatnet og held han der ei tid. Så let han mannen kome opp att, men dei hadde ikkje vore oppe lenge før han triv Kjartan og køyrer han ned, og dei var nede så lenge at Kjartan tykte det var nok. Dei kom opp att; ingen av dei sa eit ord. Tredje gongen fór dei ned, og no var dei under mykje lenger, slik at Kjartan var ikkje viss på kva lei denne leiken bar, og han tyktest aldri ha fare så vågeleg ei ferd før. Men det enda då med at dei kom seg opp att og la til lands.

Då sa bymannen: «Kva er dette for ein mann?»

Kjartan sa kva han heitte.

Bymannen sa: «Du er god til å symje, og er du like før i andre idrettar som i denne?»

Kjartan svara, men heller seint: «Det ordet gjekk då eg var på Island, at det var lite skilnad, men no er dette lite verd.»

Bymannen seier: «Det er skil på kven du kappast med, og kvifor spør ikkje du meg om noko?»

Kjartan svarar: «Eg kjærer meg ikkje om namnet ditt.»

Bymannen seier: «Du er ein dugande kar, men så er du no ikkje smålåten heller. Ikkje di mindre skal du vite kva eg

heiter og kven du har kappsumt med. Eg er kong Olav Tryggvason.»

Kjartan svara ikkje noko, men snudde seg straks bort og ville gå utan kappe; han var kledd i ein raud skarlakskjortel. Kongen var då mest påkledd. Han ropa på Kjartan og bad han ikkje fare så fort, og Kjartan snudde attende, men heller seint. Då tok kongen ei god kappe av akslene sine og gav til Kjartan og sa at han skulle ikkje gå kappelaus til mennene sine. Kjartan takka kongen for gåva og gjekk til mennene sine og synte dei kapp. Dei let ikkje vel over dette, for dei tykte han hadde gjeve seg for mykje kongen i vald. Dermed er det no stilt.

Om hausten var det mykje hardt vêr med sterk frost og kjøld. Heidningane sa at det var ikkje å undrast på at vêrlaget let ille; — «vi lyt bøte for påfunnet til kongen og den nye trua, som har gjort gudane vreide,» meinte dei.

Islendingane var alle samla i byen om vinteren, og Kjartan var mest føremannen deira. Det vart betre vêr, og då kom det mykje folk til byen etter ordsending frå kong Olav. Mange hadde teke ved kristendommen i Trondheimen, men det var likevel mykje meir folk som stod imot. Ein dag heldt kongen ting i byen ute på Øyrar og tala trua for folket, både langt og godt. Trønderane hadde hær ute og baud kongen slag. Kongen sa dei skulle vite at han trudde han hadde stått seg mot større overmakt enn bondekryptet i Trondheimen. Då fekk bøndene ein støkk i seg og la alt i kongens vald, og mykje folk vart då døypt. Deretter var tinget slutt.

Same kvelden sende kongen folk til herbyrget åt islendingane og bad dei få greie på kva dei tala om der. Dei så gjorde, og der inne var mykje ståk å høyre. Kjartan tok i det same til ords og sa til Bolle: «Er du, frende, mykje huga på å ta ved den trua som kongen byr?»

«Ikkje er eg huga på det,» svara Bolle, «for det ser meg ut til å vere ein mykje veikleg sed, dette.»

Kjartan spurde: «Tykte ikkje de at kongen truga dei som ikkje ville gå under hans vilje?»

Bolle svara: «Det skal vere visst, eg tykte han dulde ikkje for at han ville gje dei ei hard medferd.»

«Ikkje vil eg la meg tvinge av nokon mann,» seier Kjartan, «så lenge eg kan stå oppreist og lyfte våpen. Eg tykkjer òg det er stakkarsleg å bli teken som lam or kvea eller rev or fella. Då tykkjer eg det er mykje betre, om mannen likevel skal døy, at han først gjer eit verk det blir tala om lenge sidan.»

Bolle spør: «Kva vil du gjere?»

«Ikkje skal eg løyne det,» seier Kjartan, «brenne kongen inne.»

«Ikkje kallar eg dette småmannsleg,» seier Bolle, «men slik vil det ikkje gå, etter det eg trur. Kongen har flust med hell og er rik på lukke; sterkt vakthald har han òg, dag og natt.» Motet glapp for dei fleste, sa Kjartan, om dei òg var gode karar. Bolle sa at det var vandt å sjå kven dei skulle laste for motløyse; men mange greip inn og sa at dette var i utrengsmål sagt. Då kongsmennene hadde høyrte dette, fór dei bort og fortalde alt til kongen.

Morgonen etter ville kongen ha ting, og alle islendingane vart innstemnde. Då tinget var sett, stod kongen opp og takka dei som ville vere vennene hans og hadde teke trua, for at dei var komne dit. Han kalla så til seg islendingane for å tale med dei. Kongen spurde om dei ville ta dåp. Dei let ikkje vel til det. Kongen seier at då valde dei det vilkår som var verst for dei sjølve, — «men kven av dykk tykte det var rådelegast å brenne meg inne?»

Då svarar Kjartan: «De trur nok at den som det har sagt, ikkje er stø nok til å stå ved det; men her kan du sjå han.»

«Sjå deg kan eg,» seier kongen, «og du synest ikkje småråden; men ikkje vil det bli deg unnt å halde mitt liv i handa di. Eg har sak nok mot deg til at du skulle sleppe å truge med å brenne inne fleire kongar for di dei vil lære deg noko

betre. Men for di eg ikkje veit om det er så ille meint som det er sagt, og for di du står ved det som ein mann, så skal eg ikkje ta livet av deg for denne saka. Det kan òg vere at du vil halde trua så mykje betre som du mæler meir mot henne enn andre. Det kan eg òg skjøne at den dagen du let deg døype godviljug, vil flokkar på heile skipsmannskap kome til å ta ved trua. Eg tykkjer òg det er grunn til å tru at frendane og vennene dykkar vil lyde vel etter det de seier til dei, når de kjem ut att til Island. Det renn meg i hug at du, Kjartan, vil ha ei betre tru når du seglar frå Noreg, enn då du kom hit. Far no med liv og fred kvar de vil etter dette møtet, og denne gongen skal eg ikkje pine dykk til kristendom, for Gud seier at han vil ikkje at nokon skal kome til han mot sin vilje.»

Folk let vel over talen til kongen, men likevel mest dei kristne. Men heidningane skaut det under Kjartan, at han skulle svare som han ville.

Kjartan sa då: «Vi vil takke Dykk, konge, for at De gjev oss god fred, og på den måten kan De også best gje oss hug til å ta ved trua, når De ettergjev oss storsaker og berre talar blidt til oss den dag De kan rå med oss som De vil; og no etlar eg meg til å ta ved trua i Noreg, men berre på den måten at eg skal akte Tor lite når eg kjem til Island neste vinter.»

Då smilte kongen og sa: «Det syner på Kjartan at han trøystar seg meir til styrken sin og våpna enn til Tor og Odin.» Deretter var tinget slutt.

Då det leid om ei stund, var det mange som eggja kongen til at han skulle nøyde Kjartan og dei andre islendingane til trua; dei tykte det var urådeleg å ha så mange heidne menn nær seg. Kongen vart harm og svara at han trudde det var mange kristne som ikkje var så vel seda som Kjartan eller følgjesmennene hans, — «og slike menn skal ein leite lenge etter.»

Kongen sette i gang mangt nyttig arbeid denne vinteren;

han let byggje ei kyrkje og auka kjøpstaden mykje. Kyrkja var ferdig til jul. Då sa Kjartan at dei skulle gå så nær kyrkja at dei kunne sjå kva slag skikkar dei kristne hadde. Mange heldt med han i dette og sa at det ville vere stor moro. Kjartan og Bolle gjekk no med sitt følgje, og i lag med dei Hallfred og mange av dei andre islendingane. Kongen tala trua for folket, både langt og godt, og dei kristne let vel over talen.

Då Kjartan og følgjet hans var komne til herbyrget sitt, vart det mykje snakk om korleis dei no hadde likt kongen, på denne dagen som dei kristne kallar den nest største høgtida si, – «for kongen sa slik at vi kunne høyre det, at i natt var den hovdingen fødd som vi no skulle tru på, om vi gjer som kongen byr oss.»

Kjartan sa: «Så godt likte eg kongen første gongen eg såg han, at eg skjøna straks at han var ein utifrå gjæv mann, og det har halde seg jamt sidan når eg har sett han på manne-møte, men langt best tykte eg likevel om han i dag. Eg trur det gjeld heile vår velferd at vi trur han å vere sann Gud som kongen byr, og kongen sjølv kan på ingen måte no vere meir forhuga på at eg skal ta ved trua, enn eg er på å bli døypt. Og var det ikkje så seint på dagen, så gjekk eg til kongen straks, men no sit han nok alt ved bordet, og heile den dagen går nok med, når alle vi følgjesmennene let oss døype.»

Bolle heldt med han i dette og bad Kjartan rå åleine i denne saka. Denne samtalen hadde kongen fått greie på før borda var tekne bort, for han hadde sine pålitande menn i kvart av herbyrga til heidningane. Kongen vart storglad ved dette og sa: «Kjartan har sanna ordtaket at høgtidsdagar er dei beste lukkedagar.»

Tidleg om morgonen då kongen gjekk til kyrkja, møtte Kjartan han på gata saman med ein stor flokk. Kjartan helsa kongen ovleg blidt og sa at han hadde skyldig ærend til han. Kongen tok helsinga vel og sa han hadde fullgod greie på

ærendet hans, – «og denne saka skal du lett vinne fram med.»

Kjartan bad dei ikkje dryge med å få tak i vatnet, og la til at mykje ville gå med.

Kongen smilte då han svara: «Ja, Kjartan,» sa han, «det er ikkje krava dine som skal skilje oss her, om du endå hadde gjort det dyrare enn som så.»

Deretter vart Kjartan og Bolle døypte med heile skips-folket sitt og mange andre menn. Dette var andre juledag før messa. Kongen baud då Kjartan i julegjestebodet sitt, og likeins Bolle, frenden hans. Dei fleste seier at Kjartan vart kong Olavs handgjengne mann den dagen dei la av han kviteklede, og likeins Bolle.

Hallfred vart ikkje døypt den dagen, for han sette det vilkåret at kongen sjølv skulle halde han under dåpen; kongen gjorde då det dagen etter.

Kjartan og Bolle var hjå kong Olav resten av vinteren. Kongen værde Kjartan framom alle dei andre for ætta og dugleiken hans, og det seier alle, at Kjartan var så vennsæl der at han hadde ikkje ein einaste avundsmann i hirda. Alle var òg samde om at det ikkje hadde kome nokon slik mann frå Island som Kjartan. Bolle var òg ein uforfærd kar og vel vørd av gode menn.

## Bolle kjem heim

No lid denne vinteren, og då det vart vår, budde folk seg til ferdene sine, kvar mann som han hadde etla seg til.

41. Kalv Ásgeirsson gjekk til Kjartan og spurde kva han hadde tenkt seg om sommaren.

Kjartan svara: «Eg hadde helst tenkt at vi skulle halde til

England med skipet vårt, for der er det no god kjøpstemne for kristne menn. Eg vil likevel finne kongen før eg tek avgjerd om dette, for han var lite for ferda mi då ho kom på tale i vår.»

Deretter gjekk Kalv bort, og Kjartan gjekk for å tale med kongen. Han helsa værdeleg, og kongen tok vennleg imot han og spurde kva han hadde tala med felagen sin om. Kjartan fortalde kva dei helst hadde tenkt seg, men sa at det var ærendet hans til kongen at han ville be om orlov til ferda si.

Kongen svara: «Det vilkåret vil eg setje, Kjartan, at du fer ut til Island i sommar og bryt folket der til kristendommen, anten med makt eller gode råd. Men om den ferda fell deg vanskeleg, vil eg på ingen måte sleppe deg ifrå meg, for eg held føre at det sømmer deg betre å tene hovdingar enn å bli kjøpmann.»

Kjartan valde å vere hjå kongen heller enn å fare til Island og by dei trua. Han ville ikkje gje seg i strid med frendane sine, sa han, — «og det er å vente både om far min og dei andre hovdingane som er nærskylde meg, at dei ikkje står stridare mot din vilje om eg er i gode kår i Dykkar vald.»

Kongen sa: «No valde du både klokt og stormannsleg.» Han gav Kjartan ein heil kledebunad av nyskoren skarlak, og den høvde han vel, for folk sa om kong Olav og Kjartan at dei var jamstore menn, når dei gjekk under mål.

Kong Olav sende til Island hirdpresten sin, som heitte Tangbrand. Han kom med skipet sitt til Alptafjorden og var på Tvåttå hjå Sidu-Hall om vinteren, og han baud folket trua både med blide ord og harde refsingar. Tangbrand drap to menn av dei som tala mest imot han. Hall tok trua om våren og vart døypt laurdagen før påske saman med heile huslyden. Då let også Gissur Kvite seg døype, og Hjalte Skjeggesson og mange andre hovdingar. Likevel var det mange fleire som tok til motmæle, og det vart då knapt trygt mellom heidningane og dei kristne. Hovdingane la opp råd om å drepe Tangbrand og dei som ville gje han hjelp.

For denne ufreden rømde Tangbrand til Noreg og kom til kong Olav og fortalde kva hendingar som hadde bore til på ferda hans. Han trudde ikkje at kristendommen ville få nokon framgang på Island, sa han. Kongen vart styggeleg vreid over dette og meinte på at mange av islendingane skulle svi for dette, om dei ikkje tok til vitet.

Same sommaren vart Hjalte Skjeggesson dømd på tinget for spott mot gudane. Runolv Ulvsson reiste søksmålet mot han; han budde i Dal under Øyjafjella og var ein stor hovding.

Den sommaren fór Gissur utanlands, og i lag med han Hjalte. Dei kom til Noreg og fór straks til kong Olav. Kongen tok vel imot dei og sa at dei hadde gjort rett. Han baud dei til å vere der, og det tok dei imot.

Då hadde Sverting, son til Runolv i Dal, vore i Noreg om vinteren, og etla seg til Island om sommaren. Skipet hans flaut fullbudd føre bryggja og venta på bør. Kongen nekta han å fare derifrå og sa at ikkje noko skip skulle fare til Island den sommaren. Sverting gjekk til kongen og tala si sak; han bad seg orlov og sa at det var han mykje om å gjere at dei ikkje laut bere lasta av skipet. Kongen svara, og då var han vreid: «Godt nok er det for blotmannssonen å vere der han liker seg minst.» Sverting fekk ingen stad fare. Elles er det ikkje noko å fortelje frå den vinteren.

Sommaren etter sende kongen Gissur Kvite og Hjalte Skjeggesson til Island for å by trua på nytt lag, men han heldt att fire menn som gislar, Kjartan Olavsson, Halldor, son til Gudmund den mektige, Kolbein, son til Tord Frøysgøde, og Sverting, son til Runolv i Dal.

Då rådde Bolle seg òg til å fare med Gissur og Hjalte. Han gjekk for å finne Kjartan, frenden sin, og sa: «No er eg budd til å fare; eg skulle ha venta på deg endå ein vinter om ferda di hadde lege laglegere til neste sommar, men eg tykkjest skjøne at kongen ikkje for nokon pris vil sleppe deg laus. Og eg held det for sant, at du har lite i tankar den hug-



nad som finst på Island, når du sit og røder med Ingebjørg kongssyster.» Ho var då ved hirda til kong Olav, og ho var den fagraste av alle kvinner som då var i landet.

Kjartan svara: «Kom ikkje med slikt, men ber du fram helsinga mi både til frendar og venner.»

42. Etter dette skildest Kjartan og Bolle. Gissur og Hjalte segla frå Noreg og hadde ei god ferd. Ved tingtida kom dei til Vestmannaøyar, og derifrå fór dei til fastlandet. Der heldt dei stemner og tala med frendane sine. Sidan fór dei til Alltinget og tala trua for folket, både langt og godt, og då tok heile folket trua på Island.

Bolle reid frå tinget til Hjardarholt med Olav, frenden sin; han hadde teke vennleg imot han. Då han hadde vore heime ei stutt tid, reid han til Laugar for hugnads skuld. Der vart han godt motteken, og Gudrun spurde nøye etter om ferdene hans, og deretter om Kjartan.

Bolle gjorde viljug greie for alt Gudrun spurde om; han sa det var ikkje stort å fortelje om ferdene hans, — «men når det spørst etter Kjartan, er det med sanning store ting å seie om hans kår, for han er i hirda til kong Olav, og der er han vørd framom alle andre menn. Men ikkje kjem det uventande på meg om vi får lite gagn av han her i landet dei første åra.»

Gudrun spurde då om det var nokon annan grunn for det enn vennskapen med kongen. Bolle fortalde då at folk snakka mykje om vennskapen mellom Kjartan og Ingebjørg kongssyster, og sa at sjølv trudde han mest at kongen heller ville gifte han med Ingebjørg enn sleppe han frå seg, om det skulle stå på det.

Gudrun sa det var ei god tidend, — «for berre då er Kjartan vel nok gift, omi han får ei god kone.» Dermed tagna ho brått og gjekk bort og var all raud. Men andre tvila på om ho tykte denne tidenda var så god som ho let til.

Bolle var heime på Hjardarholt om sommaren og hadde fått stor ære av denne ferda; alle frendane og kjenningane

tykte det var djerv manns ferd. Bolle hadde òg hatt mykje gods med ut til Island. Han kom ofte til Laugar og rødde med Gudrun.

Ein gong spurde Bolle henne kva ho ville svare dersom han bad om henne.

Gudrun svara då snøgt: «Ikkje treng du tale om slikt, Bolle, for eg vil ikkje gifte meg med nokon mann medan eg spør at Kjartan er i live.»

Bolle svara: «Då tenkjer eg du kjem til å sitje utan mann nokre vintrar, om du vil bie på Kjartan. Han hadde òg hatt godt høve til å sende eit bod med meg, om han hadde tykt det var mykje om å gjere.»

Dei skifte nokre ord om dette, og kvar stod på sitt. Sidan reid Bolle heim.

43. Noko seinare rødde Bolle med Olav, frenden sin, og sa: «No er det kome dit, frende, at eg kunne ha hug til å setje fast bu og gifte meg. Eg tykkjer eg er fullvaksen no. Eg ville gjerne at du skulle hjelpe meg i denne saka og leggje inn eit godt ord for meg, for dei fleste her aktar mykje på det du seier.»

Olav svara: «Dei fleste kvinnene her må seiast å bli vel gifte om dei får deg, og truleg har du ikkje tala frampå om dette før du har sett deg føre korleis det skal ende.»

Bolle sa: «Eg vil ikkje utanbygds for å be meg ei kone, medan gode gifte er så nær. Eg vil be om Gudrun Osvivsdotter; ho er no den gjævaste her.»

Olav svara: «Då er dette ei sak som eg ikkje vil ha noko med å gjere. Det er slett ikkje deg, Bolle, mindre kunnig enn meg, kva folk sa om kjærleik mellom Kjartan og Gudrun. Men tykkjer du dette er svært mykje om å gjere for deg, skal eg ikkje leggje noka hindring i vegen, om du blir samd med Osviv. Eller har du tala noko med Gudrun om dette?»

Bolle sa at han hadde ymta frampå ein gong, og då hadde ho ikkje tykt mykje om det, — «likevel vonar eg at Osviv rår mest i denne saka.»

Olav sa at han måtte gjere som han sjølv syntest. Ikkje lenge etter reid Bolle heimanfrå og saman med han sønene til Olav, Halldor og Steintor. Dei var tolv i alt, og dei reid til Laugar. Osviv og sønene hans fagna dei vel. Bolle bad om å få tale med Osviv og bar fram friarmålet sitt og bad om Gudrun, dotter hans.

Osviv svara såleis: «Du veit det, Bolle, at Gudrun er enkje og skal svare for seg sjølv. Men eg skal telje henne til.»

Osviv gjekk no til Gudrun og fortalde henne at Bolle Torleiksson var komen, – «og bed om deg. No er det du som skal svare på dette, men eg skal straks seie min vilje, og det er at Bolle skal ikkje bli vraka om eg får rå.»

Gudrun svara: «Det var svært så kvikk du er med denne saka. Bolle har tala med meg om dette ein gong før, og då slo eg det helst frå meg, og det same er eg huga på enno.»

Då seier Osviv: «Då vil mange menn meine at dette er meir sagt av ovmot enn av omtanke, om du vrakar ein slik mann som Bolle. Men så lenge eg er i live, skal eg syte for dykk borna mine i alle ting som eg skjønar meg betre på enn de.»

Sidan Osviv tok denne saka så tvert, tok ikkje Gudrun seg noko føre på eiga hand, men var treg og uviljug i alt. Sønene til Osviv rådde sterkt til giftarmålet; dei venta seg stor vinning av mågskapen med Bolle. Anten no denne saka vart drøfta lenge eller stutt, så vart då festarmålet avgjort og bryllaupet fastsett til tida kring vinternettene.

Deretter reid Bolle heim til Hjardarholt og fortalde Olav om avtalen, men Olav gjorde lite av det. Bolle var heime til han skulle dra i gjestebodet. Han baud då Olav, frenden sin, å fare med seg, men Olav var ikkje lettbeden. Likevel gav han seg med, då Bolle bad han. Bryllaupet stod på Laugar og var eit vørdeleg gjestebod. Bolle vart verande der om vinteren. Gudrun gjorde lite for at samlivet hennar med Bolle skulle bli godt.

## Kjartan kjem heim

Då sommaren kom, gjekk det skip landimellom, og i Noreg spurdest den tidenda frå Island at heile landet hadde vorte kristna. Kong Olav vart då storglad og gav alle heimlov til Island av dei han heldt att som gislar, og let dei fare kvar dei ville.

Kjartan hadde vore den fremste av alle dei som var att som gislar, og han svara: «Ha stor takk. Vi vil no ta den råd å fare til Island i sommar.»

Då seier kong Olav: «Ikkje vil vi ta desse orda attende, Kjartan, men vi tenkte ikkje mindre på dei andre enn på deg, då vi sa dette, for vi ser det slik at du, Kjartan, har sete her meir som vår venn enn som gissel. Helst ville eg at du ikkje skulle stunde ut til Island, om du òg har gjæve frendar der, for om du vil, kunne du få eit slikt gifte i Noreg at det finst ikkje maken på Island.»

Kjartan svarar: «Vår Herre løne Dykk for den heider De har synt meg sidan eg kom i Dykkar vald. Men eg vonar at De vil gje meg orlov likså vel som dei andre De har halde her ei tid.»

Kongen sa at det skulle vere så, men det ville bli vanskeleg å finne ein mann som Kjartan blant folk som ikkje var hovdingborne.

Denne vinteren hadde Kalv Åsgeirsson vore i Noreg; han hadde kome vestafrå England om hausten med skipet og handelsvara han åtte i lag med Kjartan, Og då Kjartan hadde fått orlov til Islands-ferda, budde dei seg til å fare.

Då skipet var reie, gjekk Kjartan til Ingebjørg kongssystemer. Ho fagna han vel og gjorde rom til han attmed seg på benken, og dei gav seg i samrøde. Kjartan fortalde då Ingebjørg at han hadde budd seg til å fare til Island.

Ho svara då: «Vi trur heller det, Kjartan, at du har gjort dette av eigen vilje, enn at folk har eggja deg til å fare frå Noreg til Island.» Sidan fall det ikkje mange ord mellom

dei. Ingebjørg tok no eit skrin som stod attmed henne, og tok fram av det eit kvitt, gullvove skaut, som blir kalla motr. Det gav ho til Kjartan og sa at det ville høve hoste godt at Gudrun Osvivsdotter fekk sveipe det kring hovudet, – «du skal gje henne skautet i bruregåve. Eg vil at konene til islen- dingane skal sjå at ho ikkje er av trælezætt, den kvinna du har tala med i Noreg.»

Omkring skautet var det ein pose av den finaste gudvev, det var ein kostesam eignelut.

«Eg vil ikkje følgje deg ut,» sa Ingebjørg, «far no vel og ver heil.» Kjartan stod då opp og kyste henne. Folk meinte for visst at dei tykte det var vondt å skiljast.

Kjartan gjekk no derifrå til kongen og sa at no var han ferdabudd. Kong Olav følgde han til skipet saman med ein stor flokk, og då dei kom ned til skipet, som flaut med berre ei skipsbryggje på land, tok kongen til ords: «Her er eit sverd, Kjartan, som du skal ta imot av meg no når vi skilst. La dette våpenet følgje deg, for eg ventar at du vil ikkje bli biten av våpen medan du ber dette sverdet.» Det var ein kostesam eignelut og vel pryda. Kjartan takka kongen med fagre ord for all den heider og vørðnad han hadde synt han, medan han hadde vore i Noreg.

Då sa kongen: «Det vil eg be deg om, Kjartan, at du held trua di vel.» Etter dette skildest kongen og Kjartan i stor kjærleik, og Kjartan gjekk ut på skipet. Kongen såg etter han og sa: «Mykje er lagt på Kjartan og ætta hans, men uråd vil det vere å vende lagnaden deira.»

44. Kjartan og Kalv segla no til havs. Dei fekk god bøl og var ikkje lenge ute og tok land ved Kvitå i Borgarfjorden. Det spurdest vidt at Kjartan var komen ut att. Olav far hans og dei andre frendane fekk òg høyre det og vart svært glade. Olav reid straks vestafrå Dalir og sør til Borgarfjorden, og det vart eit gledesmøte mellom far og son. Olav baud Kjartan heim til seg med så mange mann som han ville, og Kjartan tok vel imot dette; ingen annan stad hadde han tenkt å

halde til på Island, sa han. Olav reid no heim att til Hjar- darholt, men Kjartan var ved skipet om sommaren. Han fekk no høyre om giftarmålet til Gudrun, men let seg ikkje merke med noko; mange hadde før grua seg for dette.

Gudmund Solmundsson, verbror til Kjartan, og Turid, syster hans, kom til skipet, og Kjartan fagna dei vel. Åsgeir Ødikoll kom òg for å råke Kalv, son sin. I følgje med han var Revna, dotter hans; ho var ei svært vakker kvinne. Kjar- tan baud Turid, syster si, å ta det av varene som ho hadde lyst på, og det same sa Kalv til Revna. Kalv let opp ei stor kiste og bad dei gå dit.

Det vart kvast vêt denne dagen, og Kjartan og Kalv sprang ut for å feste skipet. Då dei var ferdige med det, gjekk dei heim til buone, og Kalv gjekk først inn. Turid og Revna hadde då teke mykje opp or kista. Revna tok i det same skautet og breidde det ut, og dei tala om at det var den herlegaste prydnad. Då sa Revna at ho ville setje på seg skautet, og då Turid meinte at ho kunne det, gjorde ho no så. Dette fekk Kalv sjå og sa at det skulle ikkje vore gjort, og han bad henne ta det av seg med ein gong, – «for dette er den einaste tingen som Kjartan og eg ikkje eig i lag.»

Medan dei tala om dette, kom Kjartan inn i bua; han hadde høyrt det dei sa, og let straks om at det gjorde ingen ting. Revna sat då framleis med skautet på seg. Kjartan såg lenge på henne, og sa: «Vel tykkjer eg skautet høver deg, Revna,» sa han. «Eg trur òg det ville vere det beste om eg åtte alt saman, både motr og møy.»

Då svara Revna: «Folk ventar seg nok ikkje at du vil gifte deg i slik ei bråhast, men at du får den kona du bed om.»

Kjartan sa at det hadde ikkje m'k'e å seg kven han fe men han ville ikkje gå lenge som friar og vente, sa han. «Eg ser at denne hovudbunaden står godt til deg, o det er rime- leg at du blir mi kone.»

Revna tok no av seg linet og gav det til Kjartan, og han

tok vare på det. Gudmund og Turid bad Kjartan kome nordover til dei for å gjeste dei ei tid om vinteren, og Kjartan lova å kome. Kalv Ásgeirsson gav seg i lag med far sin nordover. Han og Kjartan skifte godset, og det gjekk alt i fred og vennskap. Kjartan reid òg frå skipet og vest i Dalir; dei var tolv i følgje. Han kom heim til Hjardarholt, og alle var glade over å sjå han. Kjartan let flytte godset sitt nordover frå skipet om hausten. Alle dei tolv som hadde ride vestover med Kjartan, var på Hjardarholt om vinteren.

Olav og Osviv heldt på vennskapen sin som dei var vane med, og fór i gjestebod til kvarandre kvar sin haust. Denne hausten skulle gjestebodet stå på Laugar, og Olav og hjardhylltingane skulle då dit.

Gudrun sa no til Bolle at ho tykte ikkje han hadde sagt henne heile sanninga om heimkoma til Kjartan. Bolle svara at han hadde sagt det sannaste han visste om det. Gudrun hadde ikkje mange ord om dette, men det var lett å skjønne at ho likte det ille, og dei fleste meinte at ho enno sakna Kjartan mykje, jamvel om ho dulde det.

Det leid no til at haustgjestebodet skulle vere på Laugar. Olav budde seg til ferda og bad Kjartan fare med, men han sa at han ville vere heime og sjå til garden. Olav bad han ikkje styggjast ved frendane sine. «Kom i hug det, Kjartan,» sa han, «at du har ikkje halde så mykje av noko menneske som Bolle, fostbror din. Det er min vilje at du skal fare, og de frendane vil snart semjast når de rákast sjølve.»

Kjartan gjorde som faren bad. Han tok opp dei skarlaks-kleda som kong Olav hadde gjeve han, og ferda seg til med stor stas. Han spente sverdet Kongsgåve om lendene, sette ein gytt hjelm på hovudet og hadde ved sida eit raudt skjold med den heilage krossen måla i gull; i handa hadde han eit spjut med gullslegen fal. Alle mennene hans gjekk i fargerike klede; dei var tretti mann i alt. Dei reid no heimanfrå Hjardarholt og kom til Laugar. Der var mykje folk samla då dei kom.

45. Bolle og Osvivssønene gjekk imot Olav og følgjet hans og fagna dei vel. Bolle gjekk bortåt Kjartan og kyste han, og Kjartan tok imot helsinga hans. Deretter vart dei følgde inn. Bolle var glad og lentug mot dei, og Olav tok det retteleg vel opp, men Kjartan heller kaldt. Gjestebodet gjekk no vel fram.

Bolle åtte nokre stohestar, som var haldne for å vere blant dei aller beste; hingsten var stor og vakker og hadde aldri lege under i kamp. Han var kvit på let, men raud på øyra og i toppen. Det følgde tre merrar med, og dei hadde same let som hingsten. Desse hestane ville Bolle gje til Kjartan, men Kjartan sa at han var ikkje hestekar, og ville ikkje ta imot. Olav bad han ta hestane. «Dette er ærefulle gáver,» sa han. Men Kjartan svara tvert nei. Etter dette skildest dei med lite vennskap, og hjardhylltingane fór heim. Det var no stilt ei tid. Kjartan var helst i ulag om vinteren, og folk fekk ikkje mange ord ut av han. Olav tykte dette var stor skade.

Etter jul budde Kjartan seg til å fare heimanfrå med mennene sine; dei etla seg nord i herada alle tolv. Dei reid no sin veg til dei kom nord i Vididal til Ásbjarnarnes, og der vart dei tekne imot med kjærleik og i beste vennskap. Ásbjarnarnes var ein stor og gild gard.

Hall, son til Gudmund, var då i tjuetårs-alderen. Han slekta mykje på laksdølane, og det er sagt av alle at sprekare og meir uforfærd kar har det ikkje vore i Nordlendinga-fjordungen. Hall tok overlag vennleg imot Kjartan, frenden sin.

Det vart straks skipa til leikar på Ásbjarnarnes, og folk samla seg frå heradet vidt ikring. Dei kom vestfrå Midfjord, frå Vatnsnes og Vatnsdal og heilt utanfrå Langadal, og det vart ei stor folkemengd. Alle tala om kor mykje Kjartan var framom alle andre menn.

Leikane vart no sette i gang, og Hall styrte med dei. Han bad Kjartan vere med, – «vi ville gjerne at du, frende, skulle syne oss hirdsedene dine i leikane.»

Kjartan svara: «Det er lite eg har øvd meg på leikar no i

det siste, for vi hadde tidast anna å gjere hjå kong Olav. Likevel vil eg ikkje seie nei denne gongen.»

Kjartan budde seg no til leikane. Dei sterkaste karane vart sette imot han, og dei leika utover dagen, men ingen kunne stå seg mot Kjartan anten i snøggleik eller styrke. Og om kvelden då leikane var slutt, stod Hall Gudmundsson opp og sa: «Eg har det bodet frå far min at han vil alle som har kome hit lange vegar, skal vere her natta over og ta til att med moroa i morgon.»

Folk let vel til dette og tykte det var eit stormannsleg tilbod. Kalv Åsgeirsson var òg komen dit. Det var særleg kjært mellom han og Kjartan. Revna, syster hans, var der òg, og var staseleg kledd. Det var hundre menneske og meir til på garden om natta.

Dagen etter vart det stelt til leikar att, og Kjartan sat då og såg på. Turid, syster hans, gjekk for å tale med han og sa: «Det er sagt meg, frende, at du har vore heller still av deg i vinter; folk talar om at du sørgjer på Gudrun. Det kan ein sjå av at det ikkje er noko vennskap mellom deg og Bolle, seier dei, endå så stor kjærleik som det alltid har vore mellom dykk to frendane før. Gjer no vel og ta deg ikkje nær av dette lenger, så som sømmeleg er, men unn frenden din dette gode giftarmålet. Vi tykkjer at du skulle gifte deg, etter det du orda frampå om i fjor sommar, endå om Revna ikkje er heilt jamgod med deg, for den som det er, finn du ikkje her i landet. Åsgeir, far hennar, er ein gjæv mann og av stor ætt, og det skortar han ikkje på gods til å pryde dette giftarmålet. Ei anna av døtrene hans er då òg gift med ein mektig mann. Du har sjølv sagt meg at Kalv Åsgeirsson er ein framifrå mann, og dei lever i hovdingslege kår. Eg skulle ønskje at du ville gje deg i tale med Revna, og eg ventar at du vil tykkje ho er like vitug som ho er ven.»

Kjartan tok dette vel opp og sa at ho hadde tala vel. Sidan gav han seg i samrøde med Revna, og dei tala saman utover dagen. Om kvelden spurde Turid Kjartan korleis han

tykte Revna var å tale med. Han let vel og sa at så langt han kunne sjå, tykte han ho var ei uvanleg gjæv kvinne.

Morgonen etter vart det sendt bod til Åsgeir for å be han til Åsbjarnarnas. Dei tok då til å tale om saka, og Kjartan bad om Revna, dotter hans. Han tok det vel opp, som venta var, for han var ein klok mann og kunne sjå kor ærefullt tilbodet var. Kalv gjekk sterkt inn for giftarmålet, — «og eg vil ikkje spare på noko,» sa han. Revna sa ikkje nei ho heller, men bad faren rå. Festarmålet vart då avgjort og stadfest med vitne. Kjartan ville ikkje vite av anna enn at bryllaupet skulle stå på Hjardarholt. Åsgeir og Kalv sa ikkje noko imot dette, og det vart avtala at bryllaupsstemna skulle vere på Hjardarholt fem veker etter sommarmål. Sidan reid Kjartan heim med store gåver. Olav let vel over denne tidenda, for Kjartan var no mykje kvikkare enn då han fór heimanfrå.

Kjartan fasta på tørr mat<sup>1</sup> i langfasta, og det fanst det ikkje noko døme på før her i landet, for det går fråsegn om at han var den første som fasta tørt her på Island. Så merkeleg tykte folk det var at Kjartan kunne leve så lenge utan mat, at dei kom lange vegar for å sjå han. Såleis skilde Kjartan seg på mange måtar ut framom andre menn.

Påskehelga leid av, og Kjartan og Olav let stelle i stand til stort gjestebod. Nordafrå kom Åsgeir og Kalv til avtala tid, og Gudmund og Hall, med seksti mann til. Kjartan og Olav hadde òg samla ei stor mengd med folk. Det vart eit vidspurt gjestebod, og det varte ei veke. Kjartan gav Revna skautet i morgongåve, og den gåva gjekk det gjetord av, for ingen var der så kunnig eller storrik at dei hadde sett eller ått ein så kosteleg ting. Folk som skjønar seg på det, har sagt at åtte øyrar gull var vove inn i skautet.

Kjartan var så gladvær i bryllaupet at han skjemta med alle og fortalde frå ferdene sine. Folk tykte det var store ting han der hadde å fare med, for han hadde lenge tent

<sup>1</sup> «Det er tørr mat: gras og frukt og alt som veks på jorda.» (Frå fasteføresegnene i Grågås.)

den beste av alle hovdingar, kong Olav Tryggvason. Og då gjestebodet var slutt, fann Kjartan fram gode gåver til Gudmund og Hall og dei andre stormennene. Kjartan og far hans fekk mykje lovord for denne veitsla. Kjartan og Revna levde saman i kjærleik.

## Fiendskap

46. Olav og Osviv heldt på vennskapen sin, endå om det var grått mellom ungdommane. Denne sommaren hadde Olav gjestebod heime hjå seg ein halv månad før vinteren. Osviv hadde òg stelt i stand til gjestebod ved vinternettene, og båe baud den andre til seg med så mange mann som kvar tykte han hadde størst ære av.

Osviv skulle då først gjeste Olav, og han kom til Hjardarholt til avtala tid. Bolle og Gudrun og Osvivssønene var med på ferda. Morgonen etter då konene gjekk innerter skålen, var det ei av dei som undrast på korleis kvinnene skulle skipast til setes. Dette bar til nett i det same Gudrun var komen beint imot den senga Kjartan brukte å liggje i.

Kjartan var i ferd med å kle seg der og kasta over seg ein raud skarlakskjortel. Han sa då til kona som hadde snakka om korleis kvinnene skulle sitje – for ingen annan var snøggare til å svare: «Revna skal sitje i høgsetet og vere mest vørd i alt som er, så lenge eg er i live.»

Men tidlegare hadde alltid Gudrun fått heidersplassen på Hjardarholt og andre stader, og då ho hørde dette, såg ho på Kjartan og skifte let, men sa ikkje noko.

Dagen etter sa Gudrun til Revna at ho skulle ta på seg skautet så folk kunne få sjå den kostelegaste prydnadstingen som var komen til Island. Kjartan stod eit stykke ifrå, men

var ikkje lenger unna enn at han hørde kva Gudrun sa, og han vart snøggare til å svare enn Revna: «Ikkje skal ho ta på seg skautet i dette gjestebodet, for det er meg meir om å gjere at Revna eig den finaste prydnaden enn at han denne gongen skal vere til augne-gaman for gjestebodsfolket.»

Haustgjestebodet hjå Olav skulle vare ei veke. Dagen etter tala Gudrun og Revna to-eine saman, og Gudrun bad Revna syne henne skautet. Ho lova det, og dagen etter gjekk dei til det uteburet der prydsakene låg. Revna let opp kista og tok fram gudvev-poseden, og ut av den tok ho skautet og synte Gudrun. Ho breidde ut skautet og såg på det ei stund, men sa ikkje eit ord anten til last eller lov. Deretter gøymde Revna det, og dei gjekk inn att og sette seg. Sidan heldt gjestebodet fram med glede og skjemt.

Den dagen gjestene skulle ri av garde, hadde Kjartan det annsamt med å syte for hesteskifte til dei gjestene som hadde lang veg, og elles gjere folk slike beiner som kvar trong til ferda. Han hadde ikkje hatt sverdet Kongsgåve i handa medan han heldt på med dette; elles brukte han sjeldan å sleppe det langt frå seg. Etterpå gjekk han til sengerommet sitt, der sverdet hadde vore, men då var det borte. Han gjekk straks til far sin og fortalde om tapet. Olav sa: «Her må vi fare fram så stilt vi kan, så skal eg få nokon til å sjå etter i kvar flokk som rid herifrå,» – og så gjorde han.

Ån den kvite skulle ri saman med Osviv-folket og leggje merke til om nokon tok av vegen eller gav seg etter. Dei reid inn om Ljårskogar og dei gardane som heiter Skogar. Der rasta dei og steig av hestane. Torolv Osvivsson fór frå garden og nokre mann med han. Dei vart borte i nokre riskjerr, medan dei andre kvilte på Skogar. Ån følgde med dei til Lakså, der ho fell ut frå Sælingsdal, men sa då at han laut snu heim att. Ikkje hadde Torolv noko imot det; for den del kunne han godt ha halde seg heime.

Om natta hadde det falle litt snø, såpass det var råd å rekkje spora. Ån reid attende til Skogar og rekte spora etter

Torolv til ei kjelde eller eit dike; der trivla han nedi og greip då i sverdhjaltet.

Ån ville ha vitne med seg i denne saka og Reid etter Torarin i Sælingsdalstunga, og han vart med Ån for å ta opp sverdet. Deretter tok Ån med seg sverdet til Kjartan. Kjartan sveipte ein duk omkring det og la det ned i ei kiste. Staden der Torolv hadde gøymt Kongsgåve, har sidan heitt Sverdskjelda. Dei let det no vere stilt om dette, men sverdslira vart aldri funnen, og etter dette brydde Kjartan seg jamt mindre om sverdet enn før.

Dette gjekk hardt inn på Kjartan, og han ville ikkje slå seg til ro med det. Olav sa: «La ikkje dette bite på deg. Dei har gjort deg ei vond prette, men det skader deg ikkje. La ikkje folk få det å le av, at vi yppar strid med frendar og venner om slikt.» Kjartan let seg overtelje av faren og heldt fred.

Ved vinternettene budde Olav seg til å fare i gjestebod til Laugar og tala med Kjartan om at han òg burde fare. Kjartan var uhuga, men lova likevel å vere med sidan faren bad han. Revna skulle òg fare, og ho ville la skautet liggje att heime. Torgjerd husfrue spurde henne: «Kva tid skal du då ta opp denne vidspurde prydnaden, om han skal liggje i kista når du fer i gjestebod?»

Revna svara: «Mange meiner at det ikkje er umogeleg at eg kan kome dit som eg har færre avundsmenn enn på Laugar.»

Torgjerd sa: «Vi har ikkje stor tiltru til dei som let slikt fyke her imellom husa.» Og med di Torgjerd talde så hardt til, tok Revna med seg skautet, og Kjartan sa ikkje noko imot, då han såg at mor hans ville det.

Deretter gav dei seg på ferda og kom til Laugar om kvelden. Dei vart vel fagna der, og Torgjerd og Revna gav kledda sine til forvaring. Om morgonen då kvinnene skulle ta bunaden sin, leita Revna etter skautet, men det var ikkje der ho hadde gøymt det. Det vart leitå vidt ikring, men det vart

ikkje funne. Gudrun sa det var mest truleg at skautet hadde vorte att heime, eller at ho hadde fare uvarleg med det og mist det.

Revna fortalde no til Kjartan at skautet hadde kome bort. Kjartan svara og sa at det var ikkje lett for han å gjete tinga deira, men han bad henne ta det roleg, og gjekk sidan og fortalde faren kva som stod på. Olav sa: «Enno ville eg helst som før, at du heldt fred og ikkje let denne vansken gå innpå deg, så skal eg granske etter i løynd. Eg vil gjere alt eg kan for at ikkje du og Bolle skal bli uvenner; det som er heilt, er best å binde, frende.»

Kjartan svara: «Det er greitt å skjöne at du, far, unner alle godt, men likevel veit eg ikkje om eg nener å la folket på Laugar køyre meg reint utføre heller.»

Den dagen folk skulle ri heim frå gjestebodet, tok Kjartan til ords og sa: «Eg har eit ord til deg, Bolle frende, og det er at du lyt syne betre mannesed mot oss heretter enn du har gjort til denne dag. Eg vil ikkje fare stilt med dette, for det er no mange som veit om det som er kome bort for oss, og som vi trur har hamna her på garden. I haust, då vi heldt gjestebod på Hjardarholt, vart sverdet mitt teke; det kom no fram att, men ikkje slira. No har det vorte borte ein ting her òg, som folk tykte var mykje verd. Men no vil eg ha dei att bae.»

Då svara Bolle: «Ikkje er vi skuld i det som du klagar oss for, Kjartan. Vi hadde venta oss alt anna av deg enn at du skulle tjuvkjenne oss.»

Kjartan seier: «Vi trur at det har vore folk med på dette som står deg så nær at du kan rå bot for det om du vil. Du går oss nærare inn på livet enn turvande er. Vi har lenge vike unna fiendskapen dykkar, men eg vil no gjere kunnig at det duger ikkje lenger.»

Då svara Gudrun på orda hans og sa: «Den elden du rotar i der, Kjartan, var det betre ikkje fekk fatne. Om det no òg skulle vere så som du seier at det er nokon her som har lagt

sitt råd til at skautet skulle kome bort, så ser eg det slik, at dei har rådd med sitt eige. No kan de tenkje kva de vil om kvar det har vorte av skautet, men ikkje er det meg mykje imot om det er så medfare at det blir til lite pryd for Revna heretterdags.»

Dermed skildest dei, og ikkje blidt. Det vart no slutt med gjesteboda, men elles var det stilt å kalle. Skautet vart ikkje spurt sidan. Mange meinte å vite at Torolv hadde brent det opp etter råd frå Gudrun, syster si.

Tidleg på vinteren døydde Åsgeir Ødikoll, og sønene hans tok over garden og eiga etter han.

47. Utpå vinteren etter jul samla Kjartan menn til seg, slik at dei vart til saman seksti mann. Kjartan sa ikkje til faren kva han ville med denne ferda, og Olav spurde heller ikkje stort etter. Han tok med seg telt og mat og reid til han kom til Laugar. Der bad han mennene stige av og sa at nokre skulle sjå etter hestane og dei andre reise telta.

Den tid var det mykje brukt at folk hadde veslehuset ute og eit godt stykke frå garden, og slik var det på Laugar. Kjartan sette vakt ved alle dører på husa og let ingen gå ut, så dei laut skite inne i tre netter. Deretter reid Kjartan heim til Hjardarholt, og følgjesmennene kvar til sitt. Olav let ille over denne ferda. Torgjerd sa at dei trong ikkje laste det, og la til at Laugarfolket hadde gjort seg fortent til slikt slag og meir til.

Då sa Revna: «Tala du med nokon då du var på Laugar, Kjartan?»

«Det var smått med det,» sa han, han hadde berre skift nokre ord med Bolle.

Då smilte Revna og sa: «Det er sagt meg for sant at du og Gudrun skal ha talast ved; eg har jamvel spurt korleis ho var kledd, at ho hadde skautet på hovudet, og det kledde henne utifrå vel.»

Kjartan vart eldraud, og det var lett å sjå at han vart harm over at ho dreiv gjøn med dette. «Ikkje kom dét for mine auge, som du fortel om, Revna,» sa han. «Gudrun treng

heller ikkje å sveipe seg i noko skaut for å sjå betre ut enn alle andre kvinner.» Då sa ikkje Revna meir.

Laugarfolket likte seg ille og tykte dette var ei mykje større og verre svivørding enn om Kjartan hadde drepe ein mann eller to for dei. Det var særleg Osvivssønene som var reint rasande, men Bolle freista helst å roe dei. Gudrun var den som tala minst om det, men folk skjøna av orda hennar at det var ikkje visst at nokon tok det tyngre enn ho. Det var no full fiendskap mellom Lau arfolket o hjardhyllingane.

Sist på vinteren fødde Revna eit barn. Det var ein gut, og han vart kalla Åsgeir.

Torarin bonde i Tunga lyste ut at han ville selje jorda si. Grunnen var både at det hadde minka på lausøyren hans og at han såg det voks fram mykje ugreie mellom folk i heradet, og baa flokkar var vennene hans. Bolle tykte han hadde bruk for å kjøpe seg ein fast bustad, for Laugarfolket hadde mykje gods, men lite jord.

Bolle og Gudrun reid då til Tunga etter råd frå Osviv. Dei tykte jorda låg laglag til så nær dei sjøve, og Osviv bad dei ikkje sjå småleg på kostnaden. Dei drøfta då kjøpet med Torarin, og vart samde både om prisen og om kva jord dei skulle få, og det vart sagt at Bolle skulle få kjøpe. Men kjø et vart ikkje fest med vitne, for det var ikkje så mange mann til stades som lova kravde. Deretter reid Bolle og Gudrun heim.

Men då Kjartan spurde tidenda, reid han straks til Tunga tolv mann sterk og kom dit tidleg på dagen. Torarin tok vel imot han og bad han vere der. Kjartan sa at han måtte ri heim att om kvelden, men at han ville stogge der eit bel. Torarin spurde etter ærendet hans, og Kjartan svara: «Det er ærendet mitt hit å røde litt om landkjøpet som du og Bolle har emna på, for eg har imot at du sel denne jorda til Bolle og Gudrun.»

Torarin sa at det var ikkje så godt å sleppe frå det, — «for Bolle har ikkje berre bode meg raust betaling for jorda, men



øg lova å betale snøgt.»

Kjartan sa: «Du skal ikkje li nokon skade om ikkje Bolle kjøper jorda, for eg skal kjøpe til same prisen. Men ikkje er det rådeleg for deg å setje deg imot det som eg vil, for det vil merkast at eg vil rå mest her i heradet og gjere anna folk meir til lags enn Laugarfolket.»

Torarin svara: «Drottens ord kan bli meg dyrt i denne saka; men helst har eg hug til at dette kjøpet skulle stå ved lag som Bolle og eg har tala om det.»

Kjartan sa: «Eg kallar ikkje det landkjøp, som ikkje er fest med vitne. Gjer no eitt av to; anten sel du meg straks jorda til same vilkår som du har vorte samd med andre om, eller du blir sjølv buande på di eiga jord.»

Torarin valde å selje han jorda, og dei tok vitne på kjøpet med ein gong. Etter dette reid Kjartan heim.

Dette spurdest over alle Breidafjordsdalane, og same kvelden fekk dei høyre om det på Laugar. Då sa Gudrun: «Meg synest det, Bolle, som Kjartan har bode deg to vilkår å velje mellom, som er noko hardare enn dei han baud Torarin, anten at du kjem deg ut or heradet her med liten heider, eller at du syner deg litegrann mindre sløv einkvan gongen de to møtest, enn du har vore til denne tid.» Bolle svara ikkje noko og ville ikkje tale meir med henne. Og no var det stilt det som var att av langfasta.

## Henn

Tredje påskedag reid Kjartan heimanfrå med ein mann; Ån Svarte følgde han. Dei kjem til Tunga om dagen. Kjartan ville at Torarin skulle ri med han vest til Saurbø og vere vitne der om nokre pengekrav, for Kjartan hadde krav på

store gods-utreisler der. Men Torarin hadde då ride til ein annan gard, og Kjartan vart verande der ei stund for å vente på han.

Same dagen var Torhalla den radmælte komen dit. Ho spurde Kjartan kvar han hadde tenkt seg, og han sa at han skulle vest til Saurbø. Ho spurde: «Kva lei vil du ri?»

Kjartan svara: «Eg skal ri Sælingsdal vestover, og Svinadal austover.» Ho spurde kor lenge han skulle vere.

Kjartan svara: «Eg reknar helst med å ri austover femtedag.»

«Vil du gjere eit ærend for meg?» spurde Torhalla. «Eg har ein frende vest for Kvitadal i Saurbø, og han har lova meg ei halv mark vadmål. Eg ville gjerne at du henta det og tok det med der vestafrå.» Kjartan lova dette.

Sidan kom Torarin heim og gav seg i lag med dei. Dei reid vest om Sælingsdalsheia og kom om kvelden til syskena på Hol. Der vart Kjartan vel motteken, for det var den beste vennskap mellom dei.

Torhalla den radmælte kom heim til Laugar om kvelden. Osvivssønene spurde kva folk ho hadde råka om dagen, og ho sa at ho hadde møtt Kjartan Olavsson. Dei spurde kvar han etla seg av, og ho fortalde det ho visste om det, — «og aldri har han vore meir til kar enn no,» sa ho, «så det er ikkje å undrast på at ein slik mann tykkjer alt innmed seg er lågt.» Og så la ho til: «Eg tykte òg det var lett å skjøne at det var ingenting Kjartan heller ville drøse om enn jordkjøpet mellom han og Torarin.»

Gudrun sa: «Vel kan Kjartan uredd gjere alt han ønskjer, for det har synt seg at same kor usømmeleg og skammeleg han fer åt, torer ingen mann å lyfte ein finger imot han.»

Både Bolle og sønene til Osviv høyrde kva Gudrun og Torhalla tala om. Ospak og brørne hans sa ikkje stort, men eggja til åtak på Kjartan, som dei brukte å gjere, og Bolle lest som han ikkje høyrde, som vanleg var når nokon tala ille om Kjartan, for då tagde han oftast eller tok til motmæle.

48. Kjartan sat fjerde dag påske på Hol; der var stor skjemt og glede. Natta etter let Ån ille i svevne, og dei vekte han og spurde kva han hadde drøymt. Han svara: «Det kom ei ufyseleg kjerring til meg og rykte meg fram på sengestokken. Ho hadde ein stor kniv i den eine handa og eit trau i den andre. Så sette ho kniven for brystet på meg og skar opp heile magen og tok ut innvolane og fylte ris inn i staden. eretter gjekk ho ut.»

Kjartan og dei andre lo mykje av draumen og sa at heretter skulle han heite Ån Rismage. Og dei trivla bortpå han og let om at dei skulle kjenne etter om det var ris i magen.

Då sa Aud: «De treng ikkje spotte så mykje med dette. Det er mitt råd at anten skal Kjartan gje seg til her lenger, eller om han vil fare, då skal han ri med fleire mann herifrå enn hit.»

Kjartan sa: «Det er vel så at de tykkjer det er merkelege og sanne ord Ån Rismage fer med når han sit og drøser med dykk om dagane, sidan de trur det er openberringar alt han drøymer. Men eg vil fare som eg før har etla, like godt for denne draumen.»

Kjartan budde seg til å fare tidleg på morgonen femtedag i påskeveka, og med han Torkjell Kvelp og Knut, bror hans, etter råd frå Aud. Dei følgde Kjartan på veggen tolv til saman. Kjartan kom framom Kvitadal og henta vadmålet til Torhalla den radmælte, som han hadde lova. Sidan reid han sør gjennom Svinadal.

Frå Laugar i Sælingsdal er det å fortelje at Gudrun var tidleg på føter komen, straks sola hadde runne. Ho gjekk dit brørne hennar sov og tok i Ospak; han vakna snøgt og sameleis fleire av brørne. Då Ospak såg syster si der, spurde han kva ho ville, sidan ho var så tidleg oppe. Gudrun sa ho ville vite kva dei hadde tenkt å ta seg til om dagen, og Ospak svara at dei ville ta det roleg, — «for det er lite å arbeide med no.»

Gudrun sa: «Eit godt huglynde kunne de rose dykk av, om de hadde vore døtrene til einkvan bonden og ikkje var nokon mann anten til gagn eller mein. Slik svivørding og skam som Kjartan har gjort dykk, så søv de like godt om han rid framom garden med berre ein mann. Slike menn minnest som svin, og eg kan nok ikkje lenger ha von om at de nokon gong skal tore å heimsøkje Kjartan, når de ikkje eingong torer møte han no som han er ute og ferdast med berre ein mann eller to; de berre sit heime og talar stort, endå så mange de er.»

Ospak sa at ho tok drygt i, men det var vandt å ta til motmæle, og han spratt straks opp og kledde på seg, og det gjorde dei andre brørne òg, den eine etter den andre. Så budde dei seg til å liggje på lur etter Kjartan.

Då bad Gudrun Bolle fare med dei. Han sa at det sømde seg ikkje, så nære frendar som han og Kjartan var, og minte henne om kor kjærleg Olav hadde fostra han opp.

Gudrun svara: «Det har du rett i, men ikkje vil du få lukke til å gjere alle til lags, og det er slutt på samlivet vårt, om du dreg deg unna denne ferda.»

Medan Gudrun tala, kjende Bolle at fiendskapen og alle klagemåla mot Kjartan voks for han, og han treiv snøgt vâpna sine.

Dei vart ni i alt. Det var dei fem sønene til Osviv: Ospak, Helge, Vandråd, Torråd og Torolv, Bolle var den sjette, og Gudlaug den sjuande; han var systerson til Osviv og ein uvanleg emneleg mann. Odd og Stein, sønene til Torhalla den radmælte, var òg med. Dei reid til Svinadal og stogga ved det gjelet som heiter Havragil. Der batt dei hestane sine og sette seg ned. Bolle var still av seg om dagen og heldt seg oppe ved brua over gjelet.

Då Kjartan og følgjet hans var komne sør for Mjosynde og dalen tok til å vide seg ut, sa Kjartan at Torkjell og dei andre måtte snu heim att. Torkjell sa at dei skulle ri med han til det var slutt på dalen. Og då dei kom sør for dei sela

som heiter Nordsele, sa Kjartan til brørne at dei skulle ikkje ri med lenger, — «ikkje skal Torolv, den tjuven, ha det å le av, at eg ikkje torer ri dit eg skal med få mann.»

Torkjell Kvelp svara: «Vi skal no gjere som du vil og ikkje ri lenger, men trege på det vil vi om vi ikkje er til stades dersom du får bruk for mannehjelp i dag.»

Då sa Kjartan: «Ikkje vil Bolle, frenden min, stå meg etter livet; men om Osvivssonene ligg på lur etter meg, då vil det syne seg kven som får tidender å melde, om eg òg får noka overmakt mot meg.»

Deretter reid brørne vestover att.

49. No rir Kjartan søretter dalen berre i følgje med Ån Svarte og Torarin. Torkjell heitte ein mann som budde på Havratindar i Svinadal; der er no øyde. Han var ute og såg til hestane sine om dagen og hadde ein gjetargut med seg. Dei såg baa flokkane, Laugar-mennene som låg på lur og Kjartan som reid ned etter dalen med to i følgje. Gjetarguten sa då at dei måtte snu og møte Kjartan; det ville vere eit stort hell, sa han, om dei kunne avstyre ein slik ufred som her var påemna. «Tei still med deg,» svara Torkjell, «trur du, din tosk, at du kan gje nokon mann liv, når han er dau-den laga? Sant å seie vil eg ikkje spare nokon av dei for å gjere kvarandre så mykje ilt som dei sjølve har hug til. Eg tykkjer det er ei betre råd at vi kjem oss ein stad vi sjølve kan vere trygge, men likevel kan sjå når dei råkast, slik at vi kan ha gaman av leiken deira. Alle skrøyter av Kjartan at han duger meir i strid enn nokon annan, og no tenkjer eg det kan kome vel med for han, for her kunne vi sjå at det var flust med overmakt.» Og slik laut det vere, som Torkjell ville.

Kjartan og følgjet hans reid fram til Havragil. Osvivssonene på si side lurte på kvifor Bolle hadde leita seg ut ein stad der han var så god å sjå, når folk kom ridande vestafrå. Dei heldt råd om dette, og dei vart ikkje visse på om Bolle ville vere dei tru. Dei gjekk då opp på brekka til han og tok

ryggtak med han som for moro, og tok han i føtene og drog han ned for brekka.

Kjartan kom brått nærare, for dei reid hardt, og då dei kom sør over gjelet, fekk dei auge på dei som sat på lur, og kjende folket. Kjartan sprang straks av hesteryggen og snudde seg mot Osvivssonene. Det stod ein stor stein der. Kjartan sa dei skulle ta mot dei der.

Men før dei møttest, kasta Kjartan spjutet sitt, og det kom i skjoldet til Torolv over handtaket, slik at det vart klemt imot han; spjutet gjekk gjennom skjoldet og armen over olbogen og reiv sund muskelen der. Torolv sleppte då skjoldet og kunne ikkje nytte handa den dagen Deretter drog Kjartan sverdet, men han hadde ikkje Kongsgåve.

Torhallasønene rende på Torarin, for til dei var det verket etla. Det vart eit hardt basketak, for Torarin var sterk, og dei var òg spreke karar; det var ikkje lett å sjå kven av dei som ville klare seg.

Då søkte Osvivssonene og Gudlaug mot Kjartan; dei var seks og Kjartan og Ån to. Ån verja seg vel og ville jamt gå framfor Kjartan. Bolle stod med Fotbit og såg på. Kjartan gav store hogg, men sverdet beit ille; han beinka det under foten alt i eitt. Dei vart då såra både Osvivssonene og Ån, men Kjartan enno ikkje. Kjartan hogg så djervt og snøgt at Osvivssonene høpa unna og snudde seg dit som Ån var. Då fall Ån, men han hadde slegest ei stund med innvolen hangande ut. I det same hogg Kjartan foten av Gudlaug ovanfor kneet, og det hogget gjorde det av med han. Då søkte dei fire Osvivssonene inn på Kjartan, men han verja seg så djervt at han veik ikkje eit steg for dei.

Då sa Kjartan: «Bolle, frende, kvifor fór du heimanfrå om du ville stå still og sjå på? No høver det best at du hjelper til, på den eine eller den andre sida, og får prøve kva Fotbit duger til.» Bolle lest som han ikkje hørde.

Men då Ospak såg at dei ikkje rådde med Kjartan, då eggja han Bolle på alle måtar og sa at han ville vel ikkje

ha den skamma sitjande på seg at han hadde lova dei hjelp i striden, men ikkje halde det, – «for det var tungt nok for oss å ha med Kjartan å gjere den tid vi hadde gjort han mindre enn no, og slepp Kjartan ifrå oss denne gongen, vil det gå deg som oss, Bolle, at du slepp vente lenge på valdsverka.»

Bolle drog då Fotbit og vende seg mot Kjartan. Kjartan sa til Bolle: «Visst etlar du no, frende, å gjere nidingsverk, men mykje betre tykkjer eg det er å få banen av deg enn sjølv gje deg bane.» Sidan kasta Kjartan våpna og ville ikkje verje seg lenger, endå han var lite såra, men overlag trøytt av striden. Bolle svara ikkje Kjartan eit ord, men gav han banesår. Bolle sette seg straks og stødde oppunder akslene til Kjartan, og han døydde i fanget hans. Han angra straks på verket og lyste drapet på seg.

Bolle sende då Osvivssønene heim att til bygda, og han og Torarin sat att hjå lika. Og då Osvivssønene kom til Laugar, fortalde dei det som hadde hendt. Gudrun let vel om det. Dei batt om handa på Torolv, men ho grodde seint og vart aldri god att. Liket til Kjartan vart ført heim til Tunga.

Deretter reid Bolle heim til Laugar. Gudrun reid mot han og spurde kor langt det leid. Bolle svara at det var snart non. Då sa Gudrun: «Dette er gilde dagsverk; eg har spunne tolv alner garn, og du har drepe Kjartan.»

Bolle svara: «Seint vil denne ulukka gå meg or hugen, også om du ikkje minte meg på ho.»

Gudrun sa: «Ikkje vil eg rekne slikt for ei ulukke. Det syntest meg som du var meir verd den vinteren Kjartan var i Noreg, enn no som han trakka dykk under føter straks han kom til Island. Likevel nemner eg det sist som eg tykkjer er mest verdt, at Revna skal i je ga leande til sengs i kve .»

Bolle vart då styggeleg vreid og sa: «Eg har lite tru på at ho bleiknar meir ved denne tidenda enn du, og eg har mistanke om at du hadde gjort mindre av det, om vi hadde lege att på vigvollen og Kjartan hadde bore tidenda fram.»

Gudrun skjøna at Bolle var vreid, og sa: «Tru ikkje slikt, for eg er deg mykje takksam for verket. No tykkjer eg du har synt at du ikkje vil gjere meg imot.»

Etter dette gjekk Osvivssønene og gøymde seg i eit jordhus som var laga i stand til dei i løynd, men Torhallasønene vart sende ut til Helgafell for å fortelje Snorre gøde det som hadde hendt og be han vere snar og sende folk til hjelp mot Olav og dei andre som hadde ettermålet etter Kjartan.

Natta etter drapet hende det seg på Sælingsdalstunga at Ån, som alle trudde var død, reiste seg opp så han sat. Dei som vakte over lika, vart redde og tykte det var eit stort under. Då tala Ån til dei: «Eg bed dykk i Guds namn at de ikkje blir redde for meg, for eg har levd og vore ved sans og samling heilt til eg sovna inn i avmakt. Då drøymde eg om den same kjerringa som førre gongen, men no tykte eg at ho tok riset ut or magen og let innvolane kome i staden, og eg fann meg vel tent med det bytet.» Dei batt då om såra hans og han vart heil att, men han vart kalla Ån Rismage ette den tid.

Då Olav Hoskuldsson spurde denne tidenda, gjekk drapet på Kjartan hardt innpå han, men han bar det likevel mannsleg. Sønene hans ville straks fare mot Bolle og drepe han. Olav seier: «Det skal vere langt ifrå; ikkje har eg fått meir bot for son min om Bolle blir drepen; Kjartan elska eg over alle andre, men ikkje kan eg gjere Bolle mein. Men eg ser eit arbeid som høver dykk betre: Far til møtes med Torhallasønene, som er sende til Helgafell for å samle folk mot oss. Eg tykkjer det er bra om de vel slik straff åt dei, som de tykkjer om.»

Olavssønene gjorde seg snøgt i stand til å fare og tok eit førsleskip Olav åtte; dei var sju mann til saman. Dei rodde ut etter Kvamsfjorden og klemde hardt på. Det var lite, men lagleg vind. Dei både rodde og segla til dei kom oppunder Skorøy; der stogga dei litt og spurde seg føre om kven som hadde fare framom. Litt seinare såg dei eit skip som rodde

aust over fjorden og kjende straks mennene; det var Torhallasønene. Halldor og brørne hans la imot dei med ein gong, men det vart ikkje nokon motstand, for Olavssønene sprang straks ut på skipet til dei, og Stein og broren vart tekne og hogne ned og kasta over bord. Olavssønene vende attende, og hadde stor ære av ferda si.

50. Olav fór til møtes med liket til Kjartan. Han sende menn sør til Borg for å fortelje Torstein Egilsson kva som hadde hendt, og seie at han ville ha hjelp av han til ettermålet. Dersom storfolk slo seg saman med Osvivssønene mot dei, ville han ha heile saka under seg, sa han. Det same bodet sende han nord i Vididal til Gudmund, verson sin, og til Asgeirssønene, og han sa frå at drapet på Kjartan hadde han lyst på alle dei som hadde vore med på overfallet, så nær som Ospak Osvivsson, for han var alt då fredlaus for brot mot ei kvinne som heitte Aldis, dotter til Holmgonge-Ljot frå Ingjaldssand; dei hadde sonen Ulv, som sidan vart stillar hjå kong Harald Sigurdsson og gift med Jorunn Torbergdotter; son deira var Jon, far til Erlend Himalde, far til erkebiskop Øystein.

Olav hadde lyst drapssaka til Torsnestinget. Han let flytte heim liket til Kjartan og tjelda over det, for endå var det ikkje bygd noka kyrkje i Dalir.

Då Olav spurde at Torstein hadde sett i gang med ein gong og samla mykje folk og at vididølane hadde gjort det same, då let han òg samle saman folk frå heile Dalir, og det vart ein stor flokk. Sidan sende Olav alt dette folket til Laugar og sa: «Det er min vilje at de skal verje Bolle, om han treng det, like trutt som de følgjer meg, for eg tenkjer helst at utanbygdsfolket, som snart kjem oss til hjelp, tykkjer dei har sitt å gjere opp med han, dei med.»

Då dette såleis var fastsett, kom Torstein med sin flokk og sameleis vididølane, og dei var ville etter strid. Hall Gudmundsson og Kalv Asgeirsson eggja mest til at dei skulle gå mot Bolle og leite etter Osvivssønene til dei fann dei, og sa

at dei kunne ikkje ha kome nokon stad ut or heradet. Men då Olav talde sterkt ifrå dette, vart det bore fram forlikbod. Det var lett å få Bolle med på det, for han bad Olav rå åleine for hans del. Osviv såg seg inga råd til å mæle imot, for det kom ikkje noka mannehjelp til han frå Snorre.

Det vart då sett forliksmøte i Ljárskogar, og heile saka vart lagd under Olav utan vilkår. Drapet på Kjartan skulle bøstast med gods og utlegd slik som Olav ville det. Dermed var forliksmøtet slutt. Bolle kom ikkje til dette møtet, og Olav rådde åleine; skildommen skulle bli kunngjord på Torsnes-tinget.

No reid myramennene og vididølane til Hjardarholt. Torstein Kuggesson baud seg til å fostre Asgeir, son til Kjartan, til trøyst for Revna, og ho fór nord saman med brørne sine. Ho var hardt tyngd av sorga, men førte seg høvisk og var vennleg mot alle ho tala med. Revna tok ingen mann etter Kjartan. Ho levde ikkje lenge etter at ho kom der nord, og folk seier at hjarta hennar brast av sorg.

## Hemnen for Kjartan

51. Liket til Kjartan stod oppe ei veke på Hjardarholt. Torstein Egilsson hadde late byggje ei kyrkje på Borg; han flytta liket til Kjartan heim med seg, og Kjartan vart gravlagd på Borg. Kyrkja var då nyvigd og stod i vigsleskrud.

Så leid det fram til tida for Torsnestinget. Saka mot Osvivssønene vart då teken opp, og alle vart dømde fredlause. Det vart gjeve pengar for at det skulle vere lovleg å hjelpe dei med skyss, men dei skulle ikkje ha lov til å kome ut att til Island medan nokon av Olavssønene eller Asgeir Kjartansson var i live. Gudlaug, systerson til Osviv, skulle

liggje ubøtt for bakhald og overfall på Kjartan, og Torolv skulle inga bot ha for den skaden han hadde fått.

Mot Bolle ville ikkje Olav reise sak, og bad at han skulle løyse seg ut med gods. Dette likte Halldor og Steintor og alle Olavssønene særst ille, og dei sa det ville falle dei tungt om Bolle skulle sitje i same heradet som dei. Men Olav sa dei laut finne seg i det medan han var på føtene.

Det stod eit skip oppe i Bjarnarhamn, som Audun Festargarm åtte. Han var på tinget og sa: «Det er det gode med det, at desse mennene vil ikkje bli mindre fredlause i Noreg, om vennene til Kjartan lever.»

Då sa Osviv: «Ikkje skal du, din bandhund, bli sannspådd, for sønene mine skal få mykje ære av hovdingar, men du, Festargarm, skal fare troll i vald i sommar.» Audun Festargarm fór frå Island den sommaren, og skipet hans brautst ned ved Færøyane. Kwart mannsbarn på skipet strauk med der, og folk tykte spådommen til Osviv langt på veg hadde slått til.

Osvivssønene fór frå Island same sommaren, og ingen av dei kom att sidan. Ettermålet enda, og folk tykte at Olav hadde vakse på det, med di han fór fram med det harde mot Osvivssønene som mest hadde fortent det, men sparte Bolle på grunn av frendskapen. Olav takka alle som hadde ytt han mannehjelp. Bolle kjøpte land i Tunga etter råd frå Olav.

Det er fortalt at Olav levde tre vintrar etter at Kjartan var drepen. Då han var borte, skifte sønene arven etter han, og Halldor tok bustad på Hjardarholt. Torgjerd, mor deira, var med Halldor. Ho var mykje hatig på Bolle og tykte han hadde gjeve ei sår fosterløn.

52. Gudrun og Bolle sette bu saman om våren i Sælingsdalstunga, og det vart ein røseleg gard. Dei fekk ein son, som vart gjeven namnet Torleik. Han vart snart ein rask og emneleg gut.

Halldor Olavsson budde på Hjardarholt, som før er skrive,

og han var den fremste av brørne. Den våren Kjartan vart drepen, sette Torgjerd Egilsdotter ein gut ho var i slekt med, i kost hjå Torkjell på Havratindar. Guten gjette fe der om sommaren. Han sørgde mykje over Kjartan, han som andre. Men han måtte aldri nemne Kjartan medan Torkjell var til stades, for Torkjell tala jamt ille om han og sa at han hadde vore både bleik og huglaus, og han hermdde ofte korleis han hadde skapt seg då han vart såra. Guten vart ille ved for dette og fór til Hjardarholt og fortalde Halldor og Torgjerd det og bad om at han måtte få vere der. Torgjerd bad han vere der han var til vinteren kom, men guten sa at han orka det ikkje lenger, – «og du ville ikkje be meg om dette, dersom du visste kor ilt det er for meg.» Torgjerd tykte synd på guten då han klaga seg så sårt, og sa at ho skulle sjølv ta han i kosten.

Halldor seier: «Bry deg ikkje om denne guten; det er ikkje noko å feste seg ved, det han seier.»

Då svarar Torgjerd: «Det er det same med guten,» sa ho, «men Torkjell har i alle fall fare ille åt, for han visste at Laugar-mennene låg på lur etter Kjartan, men ville ikkje fortelje han det og gjorde seg skjemt og gaman av striden mellom dei, og sidan har han lagt til mangt eit uvennleg ord. Det kan bli lenge å vente før de brørne søker hemn der det er overmakt, når de ikkje får gjeve eit vesalmenne som denne Torkjell løn for det han har gjort.» Halldor svara lite på dette, men bad Torgjerd rå for kvar guten skulle vere.

Få dagar seinare reid Halldor heimanfrå saman med nokre mann. Han fór til Havratindar og kringsette huset for Torkjell. Torkjell vart leidd ut og drepen, og han bar seg som ein stakkar då han miste livet. Halldor let ingen rane noko, men fór heim då dette var gjort. Torgjerd let vel over verket og tykte denne minninga var betre enn inga.

Denne sommaren var det roleg å kalle, men det var uvennskap mellom Bolle og Olavssønene. Brørne var kvasse mot

Bolle, og han gav etter for frendane i alt som ikkje var han til æremink; han var elles strid nok på det. Bolle hadde mykje folk hjå seg og levde stormannsleg, for det skorta han ikkje på gods.

Steintor Olavsson budde på Donustad i Laksárdal; han vart gift med Turid Asgeirsdøtter, som tidlegare hadde vore gift med Torkjell Kugge; deira son var Steintor, som vart kalla Groslappe.

53. Vinteren etter at Olav Hoskuldsson var død, då det leid mot vår, sende Torgjerd Egilsdøtter bod til Steintor, son sin, om at han skulle kome til henne. Då dei møttest, sa ho frå om at ho ville fare vest til Saurbø for å vitje Aud, venninna si. Ho sa til Halldor at han skulle fare med, og dei vart fem saman. Halldor følgde mor si. Dei fór no til dess dei kom utfor garden i Sælingsdaltunga.

Då snudde Torgjerd hesten opp mot garden og spurde: «Kva heiter denne garden?»

Halldor svara: «Det spør du ikkje om av di du ikkje veit det før, mor. Denne garden heiter Tunga.»

«Kven bur her?» seier ho.

Han svarar: «Det veit du, mor.»

Torgjerd sukkar og seier: «Visst veit eg at her bur Bolle, brorbanen dykkar, men merkeleg ulike er de dei gjæve frendane dykkar, dersom de ikkje vil hemne ein slik bror som Kjartan var. Ikkje ville Egil, morfar dykkar, ha fare så, og ilt er det å eige dådlause søner. Eg trur sanneleg de var betre falne til å vere døtrene til far dykkar og bli bortgifte. Her kan vi sanne, Halldor, det som sagt er, at det er ein stakkar i kvar ætt, og for meg synest det klårt at det var største vanlagnaden til Olav at han hadde så lite hell med sønene sine. Eg rettar dette til deg, Halldor, for di du er den fremste av dykk brørne. No vil vi snu att; dette var ærendet mitt hit, å minne dykk på dette, om de ikkje minst det før.»

Halldor svara då: «Ikkje skal vi skulde på deg, mor, om

dette går oss av minne.» Han sa ikkje mykje, men vreiden mot Bolle voks i han.

No leid denne vinteren, og sommaren kom og det leid fram til tingtid. Halldor lyste ut at han og brørne ville ri til tings, og dei Reid med ein stor flokk og tjelda den bua Olav hadde ått. Tinget var stilt, og det er ikkje noko å fortelje. Nordafrå var vididølane komne til tinget, sønene til Gudmund Solmundsson. Barde Gudmundsson var då atten vintrar gammal, og han var ein stor og sterk mann.

Olavssønene bad Barde, frenden sin, heim med seg, og talde han til med mange ord. Hall Gudmundsson var ikkje her i landet på den tida. Barde tok vel imot innbedinga, for det var stor kjærleik mellom frendane. Han rid no med Olavssønene vestover frå tinget, og dei kjem heim til Hjar-darholt. Der var Barde den tid som var att av sommaren.

54. No sa Halldor til Barde på tomannshand at han og brørne hans var meinte på å fare mot Bolle; dei ville ikkje lenger tole lastorda frå mor si, sa han, — «og eg vil ikkje dølje for det, Barde frende, at det låg mykje under då vi bad deg heim, at vi ville ha hjelp og følgje av deg til dette.»

Barde svara: «Folk vil seie det er ille å bryte forliket med frendane sine, og dessutan tykkjer eg ikkje Bolle er lett å ta på; han har mange mann omkring seg og er sjølv den djervaste stridsmann. Det skortar heller ikkje på kloke råd der Gudrun og Osviv er. Alt dette gjer at eg tykkjer det er vanskeleg å vinne fram med dette.»

Halldor sa: «Anna treng vi meir enn å sjå at dette er vanskeleg, og eg har ikkje orda frampå om det før det er avgjort at vi skal søkje hemn på Bolle. Eg ventar det, frende, at du ikkje dreg deg unna denne ferda med oss.»

Barde svara: «Eg veit at du vil tykkje det er urimeleg av meg om eg vik unna dette, og det vil eg heller ikkje gjere, når eg ser at eg ikkje kan få talt dykk frå.»

«Då gjer du vel,» sa Halldor, «som von var.» Barde sa at dei måtte leggje råd opp om ferda. Halldor sa han hadde

spurt at Bolle hadde sendt mennene sine heimanfrå, nokre nord til Hrutafjorden til skips og nokre ut på stranda; – «det er òg sagt meg at Bolle er på stølen i Sælingsdal, og at det ikkje er fleire mann der enn dei huskarane som gjer høynonna. Det ser meg ikkje ut til at vi ein annan gong kan finne laglegare høve til eit møte med Bolle enn no.» Dette gjorde dei då avtale om, Halldor og Barde.

Ein mann heitte Torstein Svarte; han budde i Hundadal i Breidafjordsdalane og var ein klok og rik mann. Han hadde i lang tid vore venn med Olav På. Syster til Torstein heitte Solveig; ho var gift med ein mann som heitte Helge Hardbeinsson. Helge var stor og sterk og ein stor kjøpmann; han var då nyleg komen ut til Island og hadde tilhelde hjå Torstein, verbror sin.

Halldor sende bod til Torstein Svarte og Helge, mågen hans. Då dei kom til Hjardarholt, fortalde Halldor dei kva han hadde tenkt og planlagt, og bad dei vere med på ferda.

Torstein let ikkje vel over dette, – «det er meir enn ille at de frendar skal halde på med å drepe kvarandre ned, og det er ikkje mange slike menn i dykkar ætt no som Bolle,» sa han. Men trass i at Torstein tala slik, nytta det ikkje noko.

Halldor sende bod til Lambe, farbror sin, og då han kom, fortalde han kva han hadde tenkt å gjere. Lambe talde sterkt til at dette skulle bli sett i verk. Torgjerd husfrue eggja òg kvast til denne ferda og sa at ho ville aldri tykkje Kjartan var hemnd om ikkje Bolle vart teken.

Etter dette budde dei seg til ferda. Med på ferda var dei fire Olavssønene Halldor, Steintor, Helge og Hoskuld, den femte var Barde Gudmundsson, den sjette Lambe, den sjuande Torstein og den åttande Helge, mågen hans, og den niande Ån Rismage. Torgjerd ville òg vere med dei. Dei talde henne helst ifrå og sa at dette var ikkje kvinneferd. Ho sa at visst skulle ho fare, – «for eg veit sjølv best om dykk sønene mine at de treng til bryning.» Dei sa då at ho fekk gjere som ho ville.

55. Etter dette reid dei heimanfrå Hjardarholt ni saman; Torgjerd var den tiande. Dei reid inn etter fjøra og kom til Ljårskogar tidleg på natta, men stogga ikkje før dei kom til Sælingsdal. Det var då byrja å lysne av dag. Det var tjukk skog i dalen på denne tida. Bolle var der på stølen, som Halldor hadde spurt. Sela stod nede ved elva, der det no heiter Bollatofter. Ovanfor stølen og ned til Stakkagil går det eit stort holt, og mellom lia og holtet er det ei stor eng som heiter Barmen; der var huskarane til Bolle i arbeid. Halldor og følgjesmennene hans reid til Øksnagrov, over Rånarvollane og så ovanfor Hamareng, som er beint imot stølen. Dei visste at det var mykje folk på stølen og steig av hestane for å vente til folk gjekk frå sela på arbeid.

Gjetaren til Bolle fór tidleg opp i lia til buskapen, og han såg mennene i skogen og hestane som var bundne, og fekk mistanke om at det ikkje var fredelege folk som fór så løynleg fram. Han stemnde straks heim beinaste vegen til stølen og ville fortelje Bolle at det var kome folk.

Halldor var ein skarpsynt mann, og han såg at det sprang einkvan ned lia mot stølen. Han sa til følgjesmennene sine at det måtte vere smalemannen til Bolle, – «og han har nok sett ferda vår. Vi skal no fare mot han, så han ikkje får bere bod til selet.» Dei gjorde som han sa føre. Ån Rismage vart den snøggaste av dei; han nådde guten og lyfte han opp og køyrde han til jorda så ryggen brotna på han. Sidan reid dei til stølen.

Det var to sel, sovesel og bur. Bolle hadde vore tidleg på føtene om morgonen og sett arbeidet i gang, men hadde lagt seg til å sove att då huskarane gjekk ut. Dei var då to inne i selet, Bolle og Gudrun. Dei vakna av ståket då folk sprang av hestane, og dei hørde det vart tala om kven som skulle gå først inn i selet mot Bolle.

Bolle kjende Halldor og fleire av følgjesmennene hans på målet. Han tala til Gudrun og bad henne gå ut or selet, og sa at dette møtet kunne berre gå slik av, at det ikkje ville vere



til gaman for henne. Gudrun sa at ho trudde ikkje anna ville hende der, enn at ho ville tole å sjå det, og at det skulle ikkje vere Bolle til mein om ho var han nær. Bolle sa at han ville rå for dette, og det vart til at Gudrun gjekk ut or selet. Ho gjekk ned for brekka til bekken som rann der, og tok til å vaske lereftet sitt.

Bolle var no åleine i selet. Han tok våpna sine, sette hjelm på hovudet og heldt skjold føre seg og sverdet Fotbit i handa. Han hadde ikkje brynje.

Halldor og dei andre tala no om korleis dei skulle fare åt, for ingen var huga på å gå inn i selet.

Då sa Ån Rismage: «Det er menn med i denne ferda som er nærare skylde Kjartan enn eg; men her er nok ingen som minnest betre enn eg korleis det gjekk til då Kjartan miste livet. Det kom meg i hug den gongen eg vart heimført til Tunga godt som daud og Kjartan var drepen, at eg ville vere glad for å gjere Bolle mein, om eg fekk høve til det. Eg skal gå først inn i selet.»

Då svara Torstein Svarte: «Du talar som ein mann, men likevel er det rådelegare å vere var enn å vere snar, og no lyt vi fare varleg, for Bolle vil nok ikkje stå still og vente når folk set på han. Endå om han har lite mannehjelp, så kan de vente dykk eit kvast vern, for Bolle er både sterk og stridsfør, og det sverdet han har, er eit våpen å lite på.»

Då gjekk Ån inn i selet hardt og snøgt og heldt skjoldet over hovudet på seg med smalsida fram. Bolle hogg til han med Fotbit og tok av skjoldsporden, og dermed kløyvde han Ån ned i herdane. Han fekk straks bane. Sidan gjekk Lambe inn; han hadde skjold føre seg og drege sverd i handa. I det same rykte Bolle Fotbit ut av såret, og skjoldet kom då til sides. Lambe stakk sverdet i låret på Bolle, og det vart eit stort sår. Bolle hogg til Lambe over aksla og sverdet skeina nedetter sida på han. Han vart straks ufør til strid, og handa vart aldri god att så lenge han levde. I same blenken gjekk Helge Hardbeinsson inn og hadde eit spjut i handa med alne-

langt blad og jarnslege skaft. Men då Bolle ser det, kastar han sverdet, greip skjoldet med båe hender og gjekk fram mot Helge i selsdøra. Helge stakk til han med spjutet gjennom skjoldet og sjølve han. Bolle halla seg opp mot selsveggen. No storma dei inn i selet, Halldor og brørne hans. Torgjerd gjekk òg inn. Då sa Bolle: «No er det råd, brør, å gå nærare enn før.» Han trudde det ville bli stutt vern no, sa han. Torgjerd svara på dette og sa at dei trong ikkje tvike på å gå Bolle raust inn på livet; ho bad dei gå mellom bulen og hovudet. Bolle stod då enno opp mot selsveggen og heldt kjortelen mot seg for at ikkje innvolane skulle renne ut. Då sprang Steintor Olavsson på Bolle og hogg til han på halsen ved herdane med ei stor øks, og hovudet gjekk straks av. Torgjerd ønskte han til lukke med verket, og sa at no ville Gudrun trenge ei tid til å greie ut Bolles raude hår.

Etter dette gjekk dei ut or selet. Gudrun gjekk då opp frå bekken og tala til dei. Ho spurde kva dei hadde å melde etter møtet mellom dei og Bolle. Dei sa kva som hadde hendt.

Gudrun gjekk kledd i ein nåmkjortel med trongt livstykke av finvove ty og på hovudet eit stort toppskaut, og ho hadde knytt om seg eit blåsauma sjal med frynser i kantane. Helge Hardbeinsson gjekk bortåt Gudrun og tok i kanten av sjudet og tørka blodet av spjutet, det same som han hadde stukke gjennom Bolle. Gudrun såg på han og smilte. Då sa Halldor: «Dette er illmannsleg og hjartelaus framferd.»

Helge bad han ikkje vere harm for dette, – «for eg trur det,» sa han, «at under denne skautsnippen bur banemannen min.» Sidan tok dei hestane sine og reid bort. Gudrun gjekk med dei på veggen og tala med dei ei stund. Så snudde ho attende.

56. Dei som hadde vore med Halldor på ferda, rødde om at Gudrun tok seg lite nær av drapet på Bolle, sidan ho gav seg med dei på veggen og tala med dei, som om dei ingenting skulle ha gjort henne imot.

Då svara Halldor: «Ikkje er det mi tru at Gudrun bryr

seg lite om drapet på Bolle. Eg trur at når ho følgde oss på vegen, var det for å få full greie på kven som hadde vore med på denne ferda. Det er ikkje for mykje sagt at Gudrun merkjer seg ut langt framom andre kvinner på alle vis, og det er å vente at drapet på Bolle går hardt innpå henne, for det er sant å seie at slike menn som Bolle er det størst sakt etter, om òg vi frendar ikkje fekk lukke til å leve fredeleg i lag med han.»

Etter dette reid dei heim til Hjardarholt.

## Gudrun og Snorre gøde legg opp råd

Denne tidenda spurdest snart vidt ikring, og folk tykte det var ei storhending. Det var stor sorg over at Bolle var død. Gudrun sende straks menn til Snorre gøde, for Osviv og ho hadde ingen dei leit meir på enn Snorre. Snorre kvapp til ved bodet frå Gudrun og kom straks til Tunga med seksti mann. Gudrun vart glad då han kom. Han baud seg til å søkje forlik, men Gudrun hadde lite hug til å ta imot gods på vegner av Torleik for drapet på Bolle. «Eg tykkjer du, Snorre, ville gje meg den beste hjelpa,» sa ho, «om du skifte bustad med meg, så eg slepp å sitje gard i gard med hjardhyltingane.»

På denne tida låg Snorre i store stridsmål med øyrbyggene. Han sa då til Gudrun at han ville gjere henne dette for vennskaps skuld, — «men no i vinter lyt du bu på Tunga likevel, Gudrun.» Snorre budde seg no til å fare heim att, og Gudrun gav han vørdelege gåver. Snorre rid no heim, og det var stilt å kalle denne vinteren.

Vinteren etter Bolle var drepen, fødde Gudrun eit barn; det var ein gut, og han fekk namnet Bolle. Han vart snart stor og emneleg, og Gudrun heldt mykje av han.

No leid vinteren, og då våren kom, vart det kjøpet gjort som Gudrun og Snorre hadde tala om, at dei skulle byte gardar. Snorre slo seg ned på Tunga og budde der så lenge han levde. Gudrun og Osviv fór til Helgafell og sette bu saman der og levde i stor velstand. Der voks sønene til Gudrun opp, Torleik og Bolle. Torleik var fire vintrar gammal då Bolle, far hans, vart drepen.

57. Ein mann heitte Torgils Hallason; han var nemnd etter mor si, for di ho levde lenger enn faren. Faren heitte Snorre og var son til Alv i Dalir. Halla, mor til Torgils, var dotter til Gjest Oddleivsson. Torgils budde i Hordadal på den garden som heiter Tunga. Han var ein stor og ven mann, men stor i ord, og folk tykte han var urimeleg å kome ut av det med. Det var ofte grått mellom han og Snorre gøde; Snorre tykte han var innpåsliten og kranglevoren.

Torgils gjorde seg mangt eit ærend ut i bygda og kom då ofte til Helgafell og baud seg til å hjelpe Gudrun med bruket. Ho tok berre vel imot det, men gjorde lite av det. Torgils bad heim Torleik, son hennar, og han var lenge på Tunga og lærte lov av Torgils, for lovkunnig var han som få.

På denne tida låg Torkjell Øyolvsson på ferder. Han var ein namngjeten og ættstor mann og god venn med Snorre gøde. Han var òg jamt i lag med Torstein Kuggesson, frenden sin, når han var her i landet.

Ein gong då Torkjell hadde eit skip ståande oppe i Vadil på Bardastrand, hende det seg i Borgarfjord at son til Eid frå Ås vart drepen av sønene til Helga frå Kropp. Den som gjorde drapet, heitte Grim, og bror hans heitte Njål; han drukna i Kvitå litt etter. Grim vart dømd til skoggang for drapet, og låg ute i fjella medan han var utlæg. Han var ein stor og sterk mann. Eid var mykje tilårskomen då dette hende, og hemnen mot Grim vart difor ikkje ført fram. Folk låg mykje etter Torkjell Øyolvsson med lastord for at han ikkje dreiv igjennom dette.

Våren etter då Torkjell hadde budd skipet sitt, fór han sør

om Breidafjorden og fekk seg hest der, reid av garde åleine og stogga ikkje før han kom til Eid, frenden sin, på Ås. Eid tok fegen imot han. Torkjell sa fram ærendet sitt, at han ville leite opp Grim, skoggangsmannen hans, og han spurde om Eid kjende til kvar han hadde bølet sitt. Eid svara: «Ikkje er eg huga på dette, for eg tykkjer dette er ei vågeleg ferd om du vil gje deg i kast med ein slik helheimskar som Grim. Men vil du fare, så ta med deg mange mann, så du er viss på å ha overmakt.»

«Det tykkjer eg det er lite ære med,» sa Torkjell, «å fare mangment mot éin, men eg ville gjerne at du let meg låne sverdet Skovnung, og då ventar eg at eg skal rå med ein einløyping, om han er aldri så mykje til kar.»

«Du lyt rå for dette,» seier Eid, «men det kjem ikkje uventa på meg om du eingong kjem til å trege på at du var så einvis. Men for di det ser ut til at du gjer dette for mi skuld, skal eg ikkje nekte deg det du ber om. Eg trur Skovnung kjem i gode hender når du ber det. Men sverdet har den natur at ikkje skal sol skine på hjaltet, og ikkje skal ein dra det medan kvinner er til stades. Dersom ein mann får sår av sverdet, kan det ikkje gro utan at nokon gnir det med den lækjesteinen som følgjer med.»

Torkjell sa at han ville akte vel på dette, og tok imot sverdet. Så bad han Eid vise seg leia dit Grim heldt til. Eid sa at han trudde helst han hadde bølet sitt nord på Tvidøgra ved Fiskevatna.

Torkjell reid då nord på heia i den lei Eid hadde vist han, og då han var komen langt inn på heia, såg han ein stor skåle nedmed vatnet og stemnde dit.

58. Torkjell kom no til skålen og såg ein mann som sat nedmed vatnet ved ein bekkeos og drog fisk. Han hadde ein fell over hovudet. Torkjell steig av hesten og batt han ved skåleveggen, og gjekk så fram til vatnet der mannen sat. Grim såg skuggen av mannen i vatnet og sprang snøgt opp. Torkjell var då komen mest bortåt han og hogg til; hogget

råka armen ovanfor handleden, men det vart ikkje noko stort sår. Grim gauv straks på Torkjell og dei tok fangtak på kvarandre, men det synte seg snart kven som var sterkast; Torkjell fall og Grim oppå han. Då spurde Grim kva dette var for ein mann. Torkjell sa at det kom han ikkje ved.

Grim sa: «No har det nok gått annleis enn du hadde tenkt deg, for no er livet ditt i mitt vald.»

Torkjell sa at han ville ikkje be seg fred, — «for eg har hatt ulukka med meg.»

Grim sa at han hadde skadeverk nok på seg, endå om han let dette gå ifrå seg; — «du er nok tiltenkt ein annan lagnad enn å døy for mi hand,» sa han, «og eg vil gje deg livet, så får du løne det som du vil.»

Dei stod no opp båe og gjekk heim til skålen. Torkjell såg at Grim møddest av blodtapet, tok då Skovnungssteinen og gneid handa til Grim, og batt steinen ved handa, og straks gjekk all svie og trote ut av såret. Dei var der om natta.

Om morgonen budde Torkjell seg til å fare derifrå og spurde om Grim ville vere med. Han sa at det ville han gjerne. Torkjell la straks vegen vestover og tok ikkje innom Eid; han stogga ikkje før han kom til Sælingsdalstunga. Snorre gode tok blidt og vennleg imot han.

Torkjell sa han at det hadde gått ille med denne ferda, men Snorre svara at det hadde gått godt, — «det ser meg ut som Grim har lukka med seg, og eg vil at du sender han sømmeleg ifrå deg. No skal det vere mitt råd, gode venn, at du sluttar med ferdene og gifter deg og set fast bu og blir hovding som du har ætt til.»

Torkjell svara: «Ofte har eg hatt gagn av Dykkar råd.» Og han spurde om Snorre hadde tenkt på kva for ei kvinne han skulle be om.

Snorre svara: «Du skal be om den kvinna som er det beste giftet, og det er Gudrun Osivisdatter.»

Torkjell sa det var sant at det var eit ærefullt giftarmål, —

«men eg tykkjer det har mykje på seg at ho er så strid og storrådig. Ho vil venteleg ha hemn for Bolle, husbonden sin, og det ser ut til at ho er i råd med Torgils Hallason om det; kan hende ville ikkje han vere berre blid for dette. Men Gudrun tykkjer eg godt om.»

Snorre sa: «Eg skal love for at Torgils ikkje skal bli deg til mein, og eg tykkjer det er god von om at det vil liggje annleis til med hemnen for Bolle før denne sommaren er liden.»

Torkjell svara: «Det kan vel vere at det er meir enn tomme ord du talar no, men om hemn for Bolle ser det meg ikkje ut til meir von no enn før, om ikkje nokre av dei større mennene gjev seg i kast med det.»

Snorre sa: «Eg såg helst at du fór utanlands i sommar òg, så får vi sjå kor det ber av.» Torkjell sa at han ville gjere det, og dermed skildest dei.

Torkjell fór vest over Breidafjord til skipet sitt. Han tok Grim med seg ut or landet; dei fekk god bør om sommaren og tok land sør i Noreg.

Då sa Torkjell til Grim: «Du hugsar sjølv korleis det bar til at vi kom i felagskap, så det treng eg ikkje nemne, men eg ville gjerne at vi skulle skiljast på ein mindre utriveleg måte enn det såg ut til ei tid. Eg har røynt at du er ein djerv kar, og derfor vil eg sende deg slik ifrå meg, som om eg aldri skulle ha hyst nokon uvilje mot deg. Eg vil gje deg så mykje handelsvare at du vel kan gå i bra manns lag. Men slå deg ikkje til nord i landet her, for der fer mange av frendane til Eid på kjøpferder, og dei er fiendsleg huga mot deg.»

Grim takka han for desse orda og sa at ikkje visste han å be om så mykje som han baud. Då dei skildest, gav Torkjell han gode handelsvarer, og mange sa at dette var stormannsleg gjort. Sidan fór Grim aust i Vika og busette seg der, og han vart ein velværd mann. Her er det slutt på å fortelje om Grim.

Torkjell var i Noreg om vinteren og vart halden for ein

storkar; han var overlag rik på gods og ein drivande kar.

Men no må vi vende oss derifrå ei stund og ta ut att til Island og høyre kva tidender som der bar til medan Torkjell var ute or landet.

59. Denne sommaren fór Gudrun Osvivsdotter heimanfrå i kornskurdsmanaden og inn i Dalir; ho reid til Tykkvaskog. Torleik var då stundom i Tykkvaskog hjå Armodssønene Halldor og Ørnolv, og stundom var han på Tunga hjå Torgils. Same natta sende Gudrun bod til Snorre gøde om at ho ville råke han straks, neste dag.

Snorre fór av stad med ein gong og reid med ein mann til han kom til Haukadalså. Nord for elva er ein hammar som heiter Hovde; det er på Løkjarskogslandet. Der hadde Gudrun sagt dei skulle møtast. Dei kom dit mest samstundes. Gudrun kom òg i følgje med berre ein mann, det var Bolle Bolleson. Han var då tolv vintrar gammal, men så langt framkomen i styrke og vit at dei var mange fullvaksne som aldri vart så mykje til menn; han bar då òg Fotbit.

Snorre og Gudrun gav seg straks i samtale, og imedan sat Bolle og følgesveinen til Snorre på hammaren og såg på folk som var ute og ferdast i heradet. Då Snorre og Gudrun hadde fortalt kvarandre tidender, spurde han etter ærendet og kva nytt som no hadde hendt, med di ho sende så hastig bod på han.

Gudrun sa: «Det er sant at for meg er denne hendinga, som eg no vil nemne, spildrende ny, endå ho bar til for tolv vintrar sidan; eg vil røde litt med deg om hemnen for Bolle. Det kan heller ikkje kome heilt uventa på deg, for eg har stundom mint deg på det. Eg vil òg nemne det, at du har lova meg noko hjelp, berre eg ville vente med tolmod, men no tykkjer eg det er mindre von at du vil bry deg om saka vår lenger. No har eg venta så lenge som eg har sinn til; likevel vil eg be deg om eit klokt råd om kven denne hemnen helst skal råke.»

Snorre spurde kven ho helst hadde tenkt.

Gudrun sa: «Det er min vilje at ikkje alle Olavssønene kjem uskadde frå det.»

Snorre sa at han måtte setje seg beint imot at dei tok på dei mennene som var mest værde i heile heradet, – «og er nære frendar til menn som ville gå langt i å ta hemn. No gjeld det mest at det kan bli slutt på desse ættedrapa.»

Gudrun sa: «Då skal vi gå mot Lambe og drepe ham, for då ville det vere ute med ein av dei som var mest ill-huga.»

Snorre svara: «Det er grunn nok til å drepe Lambe, men ikkje tykkjer eg Bolle er meir hemnd med det, og kjem det til forlik, vil det ikkje bli gjort slik skilnad på desse drapa som rett er, om dei blir jamna saman.»

Gudrun sa: «Det kan vere at det blir tungt å få retten vår hjå laksdølane, men einkvan skal no få svi for skaden vår, i kva dal han så bur. Vi skal då vende oss mot Torstein Svarte, for ingen har fare verre åt i denne saka enn han.»

Snorre sa: «Torstein har same sak på seg som alle dei menn som var med på drapsferda mot Bolle, utan å gå til åtak på han sjølv; men du let dei menn sitje i fred som eg tykkjer det er meir gagn i å ta hemn over, og som var med og gav Bolle banehogg, slike som Helge Hardbeinson.»

Gudrun sa: «Sant er det, men eg toler ikkje å sjå at alle desse mennene sit i fred, som eg tidlegare har auka fiendskapen mot.»

Snorre svarar: «Eg ser eit godt råd for det. Lambe og Torstein skal vere med sønene dine på ferda, og det kan vere dei ein rimeleg pris for å kjøpe seg fred. Men vil dei ikkje det, då skal ikkje eg telje ifrå at de gjev dei den straff de vil.»

Gudrun seier: «Korleis skal eg fare åt for å få med på ferda dei mennene du har nemnt?»

Snorre svarar: «Det får bli deira sak som skal stå for ferda.»

Gudrun seier: «Vi treng di omsut for det òg, kven som skal stå føre og styre med ferda.»

Då smilte Snorre og sa: «Du har sjølv kåra mann til det.»

Gudrun sa: «No tenkjer du på Torgils.»

Snorre sa at han gjorde det.

Gudrun sa: «Eg har tala om dette med Torgils før, men den utvegen synest stengd, for han sette eit vilkår for det, som eg ikkje kan gå med på. Ikkje ville Torgils dra seg unna hemnen på Bolle, om han kunne få meg til kone, men det er vonlaust, og difor kan eg ikkje be han ta på seg denne ferda.»

Snorre sa: «Dette skal eg gje råd for; for eg unner Torgils denne ferda. Du skal visseleg love han giftarmål, men gjere det tvitydig, slik at du lovar å ikkje gifte deg med nokon annan mann i landet enn Torgils; og det skal du halde, for Torkjell Øyolvsson er ikkje her i landet no, og han har eg tiltenkt dette giftarmålet.»

Gudrun sa: «Denne kroken vil han sjå.»

Snorre svara: «Det vil han visst ikkje, for Torgils er meir framfus enn han er klok. Gjer denne avtalen med få vitne; la Halldor, fostbror hans, vere til stades, men ikkje Ørnolv, for han er klokare, og sei det til meg om det ikkje lukkast.»

Dermed var det slutt på samtalen mellom dei, og dei bad velfar med kvarandre. Snorre reid heim og Gudrun til Tykkvaskog.

Morgonen etter reid Gudrun frå Tykkvaskog saman med sønene sine, og då dei reid ut etter Skogarstrand, såg dei nokon kome ridande etter dei. Dei reid kvast og nådde dei snart att. Det var Torgils Hallason. Dei fagna kvarandre vel og reid no alle saman ut til Helgafell om dagen.

## Hemnen for Bolle

60. Nokre få dagar etter at Gudrun var komen heim, tok ho sønene sine med seg ut i laukhagen sin for å tale med dei. Då dei kom dit, såg dei at det låg linklede breidd ut på marka, skjorte og ei linbrok, ille tilreidde med blod. Då sa Gudrun: «Desse kledda som de ser her, ropar til dykk om fars-hemn. No vil eg ikkje bruke mange ord om dette, for det er lite von om at de vil la dykk eggje av ord, om de ikkje aktar på slike teikn og minningar.»

Det kvapp til i brørne då Gudrun sa dette, men dei svara då noko om at dei hadde vore for unge til å søkje hemn og hadde ikkje hatt nokon å rettleie seg; dei kunne ikkje leggje råder anten for seg sjølve eller andre, sa dei, – «men minnast det vi hadde mist, kunne vi.» Gudrun sa at ho meinte dei tenkte meir på leikar og hestekamp. Deretter gjekk dei bort.

Natta etter fekk ikkje brørne sove. Torgils vart var det og spurde kva det var. Dei fortalde då alt mor deira hadde tala med dei om, og la til at dei kunne ikkje lenger bere sorga si og lastorda frå mora. «Vi vil søkje hemn,» sa Bolle, «vi brørne er no så vaksne at folk vil laste oss mykje om vi ikkje lyfter ei hand.»

Dagen etter gav Torgils og Gudrun seg i samtale, og Gudrun tok til ords: «Eg trur det, Torgils, at sønene mine ikkje nener å sitje i ro lenger på denne måten og ikkje søkje hemn for far sin. Dette har vorte utsett til no, mest for di eg tykte Torleik og Bolle var for unge til å gå i råd om manndrap. Men det hadde vore god nok grunn til å kome dette i hug noko før.»

Torgils svara: «Du treng ikkje røde meir med meg om det sidan du så tvert har nekta å slå deg i lag med meg. Men eg har same hugen no som før når vi har kome til å tale om dette; dersom eg får deg til kone, då kvir eg meg ikkje for å

stikke ned ein mann eller to av dei som gjekk Bolle nærast då han vart drepen.»

Gudrun sa: «Eg trur ikkje Torleik tykte nokon var betre skikka til å stå føre eit verk, der det trengst så harde råd. Men eg kan ikkje godt dølje for at gutane etla seg til å ta på Helge Hardbeinsson, berserken, der han sit heime i Skorradal og ikkje fæler for nokon ting.»

Torgils sa: «Eg bryr meg ikkje ei dust om han heiter Helge eller noko anna, for eg ser meg inga overmakt i å takast med anten Helge eller kven det skal vere. Alt er avgjort om dette frå mi side, så sant du lovar med vitne å gifte deg med meg, om eg får hemnen fram saman med sønene dine.»

Gudrun sa at ho skulle halde alt dei vart samde om, endå om det var gjort med få vitne, og ho sa at dette skulle no bli avgjort slik. Gudrun bad dei hente Halldor, fostbror hans, og sønene hennar. Torgils ville at Ørnolv òg skulle vere med, men Gudrun sa at det var ikkje verdt; – «den truskapen du kan vente av Ørnolv, har eg meir tvil om enn eg meiner du har,» sa ho. Torgils sa då at ho fekk rå.

No kom brørne til Gudrun og Torgils, og Halldor var i lag med dei. Gudrun sette dei inn i saka og sa at – «no har Torgils lova å stå føre ei ferd saman med sønene mine mot Helge Hardbeinsson for å hemne Bolle, men Torgils har sett det vilkåret at han vil bli gift med meg. No kallar eg dykk til vitne på at eg lovar Torgils å ikkje gifte meg med nokon annan mann i landet enn han, og ikkje vil eg gifte meg i andre land.» Torgils tykte at med dette kunne saka vere vel avgjort, og han såg ikkje det som stakk under. Dermed var denne samtalen slutt.

Det var no fullt avgjort at Torgils skulle ta på seg ferda. Han budde seg til å fare frå Helgafell, og sønene til Gudrun med han. Dei reid no inn i Dalir og først heim til Tunga.

61. Søndagen etter var det heradsting, og Torgils reid dit med flokken sin. Snorre gøde var ikkje på tinget, men elles var der mykje folk. Om dagen sende Torgils bod på Torstein

Svarte og sa til han: «Det er velkjent nok, som du veit, at du var med Olavssønene på overfallet då Bolle vart drepen, men du har ikkje gjeve sønene hans bot for den saka. No er det lenge sidan desse hendingane bar til, men likevel tenkjer eg ikkje den ferda har gått dei or minne, som var med på ho. No ser brørne det slik at på grunn av frendskapen sømmer det seg minst for dei å hemne seg på Olavssønene, men dei har no etla seg til å snu hemnen mot Helge Hardbeinsson, for han gav Bolle banesåret. No vil vi be deg, Torstein, at du er med brørne på denne ferda og såleis kjøper deg fred og forlik.»

Torstein svara: «Ikkje sømmer det seg for meg å gå i svikråd mot Helge, verbror min, og eg vil mykje heller gje så mykje gods for å få fred at dei tykkjer dei har ære av det.»

Torgils seier: «Eg har lite tru på at brørne gjer dette for å vinne gods. Det er ikkje verdt du er uvitande om det, Torstein, at du berre har eitt av to å velje mellom, anten å gje deg med på ferda eller å bli ille medfaren så snart dei kan kome til. Eg ville òg at du tok på deg dette, endå det er vandt for deg å gå mot Helge. I ei slik knipe lyt kvar syte for seg sjølv.»

Torstein sa: «Vil same vilkåret bli bode fleire av dei som har sak på seg mot Bollesønene?»

Torgils svara: «Lambe får dei same kår å velje mellom.»

Torstein sa at han tykte det var betre då, om han slapp vere åleine om det.

Etter dette kalla Torgils Lambe til seg og bad Torstein høyre på samtalen deira, og sa så: «Eg vil tale om den same saka med deg, Lambe, som eg har bore fram for Torstein; kva vil du by sønene til Bolle som oppreising for den saka dei har på deg? For det er sagt oss for sant at du bar våpen mot Bolle, og dertil er du dess meir saka, som du eggja hardt til at Bolle vart drepen. Du var då òg den næraste til det etter Olavssønene.» Lambe spurde kva dei kravde. Torgils svara

at han ville bli bode same kår som Torstein, at han skulle gje seg med brørne på hemnferda.

Lambe seier: «Ille og umannsleg tykkjer eg det er å kjøpe fred på denne måten. Eg er uhuga på denne ferda.»

Då sa Torstein: «Det er ikkje så sjølvsgt, Lambe, at du så snart kan sleppe frå dette, for her er store menn blanda inn, folk som det er mykje ved, og som lenge har lote tole urett. Det er meg sagt om Bollesønene at dei er djerne og kraftige karar og mota på strid, og dei har mykje å hemne. Etter eit slikt storverk kan vi ikkje vente oss anna enn at det skal koste oss noko. Folk vil òg laste meg mest for dette på grunn av mågskapen med Helge. Men eg trur det er dei fleste gjeve å la livet gå føre alt anna. Ein lyt løyse den vanden først, som bråast kjem på.»

Lambe sa: «Det er lett å høyre kva du helst vil, Torstein; og eg tenkjer det høver best at du rår for dette, sidan det synest deg så opplagt, for vi to har lenge halde lag i mang ei lei knipe. Men det vilkåret vil eg setje for å gå med på dette, at Olavssønene, frendane mine, skal få sitje i fred og ro, om hemnen mot Helge lukkast.»

Torgils lova dette for brørne. Dei gjorde no avtale om at Torstein og Lambe skulle gje seg med Torgils på ferda, og dei vart samde om at dei skulle kome til Tunga i Hordadal tidleg om morgonen tredje dagen etter. Dermed skildest dei, og Torgils reid heim til Tunga om kvelden.

Det leid no til den tida då dei som hadde avtala å vere med på ferda, skulle kome til Torgils. Tredje morgonen før sola rann, kom Torstein og Lambe til Tunga, og Torgils fagna dei vel.

62. Torgils budde seg no til å fare heimanfrå, og dei reid opp etter Hordadal ti mann sterk. Torgils Hallason var førar for flokken, og med på ferda var Bollesønene Bolle og Torleik; Tord Katt, bror deira, var den fjerde, Torstein Svarte den femte, Lambe den sjette, Halldor og Ørnolv den sjuande og åttande, Svein den niande og Hunboge den tian-

de; dei to var sønene til Alv i Dalir. Dei var alle stridsføre menn.

Dei reid no av garde opp til Sopandaskard og over Langa-vatnsdal og så tvert over Borgarfjord. Dei reid over Nordrå ved Øyjarvad og over Kvitå ved Bakkavad litt nedanfor Bø; så reid dei etter Røykjardal over halsen til Skorradal og opp gjennom skogen tett ved garden Vatnshorn. Der steig dei av hestane sine. Det leid då langt på kvelden.

Garden på Vatnshorn er ikkje langt frå vatnet på sør-sida av elva. Torgils sa til følgjet sitt at dei skulle stogge der om natta, – «så skal eg fare heim på garden for å speide etter om Helge er heime. Det er sagt meg at han oftast har heller få mann kring seg, men at han er overlag var om seg og søv i ein sterk sengekove.» Følgjesmennene bad han greie med dette.

Torgils skifter no klede; han kastar av seg den blå kappa og tek over seg ei grå uvêrskufte. Dermed fer han heim til garden. Då han var komen mest borttil gjerdet, såg han ein mann kome gåande mot seg, og då dei møttest, sa Torgils: «Du tykkjer vel at eg spør som ein tosk, kamerat, men kva er det for ei bygd eg er komen til, og kva heiter denne garden, og kven er det som bur her?»

Mannen svara: «Du må då vere mykje til heimføding, om du er så fåvis at du ikkje har høyrte gjete Helge Hardbeinsson, slik storkar og stridskjempe som han er.» Torgils spurde då korleis Helge var å ha med å gjere, om han tok vel imot ukjende menn, som kom til han og hadde mykje bruk for hjelp.

Han svara: «Om det er berre godt å seie, for Helge tek imot alle som den gjævaste stormann og syner seg som ein hovding på alle måtar.»

«Er han heime no, Helge?» seier Torgils; «eg ville svært gjerne be han ta imot meg.»

Den andre spør kva som stod på for han.

Torgils svara: «Eg vart dømd fredlaus på tinget i som-

mar, og no ville eg søkje hjelp hjå ein mann som det var mykje ved. Til gjengjeld ville eg by meg til å følgje og tene han. No får du vere med meg heim på garden, så eg får tref-fe Helge.»

«Det kan eg godt gjere,» seier han. «Eg skal gjerne følgje deg til gards, for du kan sikkert få vere der i natt. Men Helge vil du ikkje råke, for han er ikkje heime.»

Torgils spurde då kvar han var.

Han svara: «Helge er på stølen sin, som heiter Sarp.» Torgils spurde kvar det var, og kven han hadde med seg. Han fortalde at Hardbein, son hans, var der, og dessutan to fred-lause menn som han hadde teke imot. Torgils bad han vise seg beinaste vegen til stølen, – «for eg vil råke Helge så snart eg kan få tak i han og få unnagjort ærendet mitt.» Huskaren så gjorde; han syntte han vegen, og deretter skildest dei.

Torgils snudde til skogs att og fann følgjesmennene sine og fortalde kva han hadde fått greie på om Helge. «No skal vi halde oss her i natt,» sa han, «og ikkje dra opp til stølen før i morgon.» Dei gjorde som han sa.

Om morgonen reid Torgils og følgjesmennene hans opp etter skogen til dei berre var eit lite stykke frå stølen; då bad Torgils dei stige av hestane og ete dagverd. Dei gjorde så og drygde der ei stund.

63. No er å fortelje kva som hende på stølen. Der var Helge, og i lag med han dei mennene som før er sagt. Om morgonen sa Helge til gjetaren sin at han skulle fare kringom i skogen ved stølen og sjå etter om der ferdast folk eller om der var noko anna i gjerde. «Eg har vore hardt plaga av draumar i natt,» sa han. Guten gjekk som Helge hadde sagt.

Han var borte ei tid, og då han kom att, spurde Helge kva han hadde sett. Han svara: «Eg har sett slikt som eg tykkjer tyder på storhendingar.» Helge spurde kva det var. Han sa at han hadde sett folk, og ikkje reint få, – «og eg trur det var utanbygdingar.»



Helge sa: «Kvar var dei då du såg dei? Og kva heldt dei på med? La du merke til korleis dei var kledde eller såg ut?»

Han svara: «Eg vart då ikkje så fælen at eg gløynde å anse på slikt som eg visste at du kom til å spørje etter.» Han fortalde at dei var ikkje langt frå stølen og at dei heldt på og åt dagverd. Helge spurde om dei sat i ein krins eller kvar for seg. Guten sa at dei sat i krins på hesteryggen.

Helge sa: «Sei meg no korleis dei såg ut; eg vil vite om eg kan finne ut noko om kven det kan vere.»

Guten sa: «Det sat ein mann i blå kåpe på ein måla sâl: Han var stor og mannsleg, snau over tunnvangane og gliste noko med tennene.»

Helge seier: «Denne kjenner eg godt etter det du fortel; det er Torgils Hallason vestafrå Hordadal du der har sett; skal tru kva den kjempa vil oss?»

Guten seier: «Dernest sat det ein mann i gyldt sâl. Han var kledd i ein raud skarlakskjortel og hadde gullring på handa, og det var knytt eit gullband om hovudet. Denne mannen hadde gult hår som fall i lokkar heilt ned på herdane. Han var lysleitt og hadde kroknase som stod noko opp framan-til, overlåg vakre auge, blå og kvikke, men noko flakkande, brei panne og tjukke kjakar; håret var tverrklippt; han var herdebrei og tjukkfallen; hendene var utifrå vene og handleggen kraftig. Han førte seg høvisk, og det kan eg seie til slutt at eg har aldri sett ein slik staskar før. Det var ein ung mann, så at han hadde enno ikkje fått skjegg. Han såg ut til å vere reint truten av sorg og harme.»

Då svarar Helge: «Du har sanneleg sett nøye på denne mannen, og det må vere mykje til kar. Eg kan ikkje ha sett han, men eg kan likevel gisse meg til kven han er, for eg trur at det må ha vore Bolle Bolleson. Det er meg sagt at han skal vere ein emneleg mann.»

Då sa guten: «Så sat det ein mann i ein emaljert sâl. Han var kledd i gulgrøn kjortel og hadde eit stort fingergull på

handa. Denne mannen var utifrå ven å sjå; han såg ut til å vere ung enno; håret var brunt og fall vakkert, og han tok seg i alle måtar høvisk og fint ut.»

Helge svarar: «Eg trur eg veit kven dette er, som du no talar om; det må vere Torleik Bolleson. Du er ein gløgg kar og veit å gjere greie for deg.»

Guten seier: «Nærast han sat ein ung mann. Han var i blå kjortel og svart brok med belte om livet; han hadde rettskore og vakkert andlet og kvitt hår; han var grannvaksen og tedde seg høvisk.»

Helge svarar: «Denne mannen kjenner eg, og eg har sett han medan han var heilt ung; det må vere Tord Tordsson, fosterson til Snorre gøde. Dei har mykje fint folk med seg, vestfjordingane. Kva meir såg du?»

Då seier guten: «Så sat det ein mann i skotsk sâl, grå i skjegget og mørk i brunene og med svart, stridt hår; han var heller stygg å sjå til, men såg ut til å vere ein uforfærd kar. Han hadde over seg ei grå faldekåpe.»

Helge seier: «Det ser eg greitt, kven denne mannen er; det er Lambe Torbjørnsson frå Laksárdal, men ikkje veit eg kvifor han er i lag med desse brørne.»

Guten seier: «Deretter sat det ein mann i ein standsâl; han hadde ei blå hettekappe utanpå og ein sølvring på armen; han såg ut som ein bonde og var ikkje lenger nokon ungdom; han hadde mørkebrunt, krulla hår og eit ær i andletet.»

«No blir det mykje verre, det du fortel,» sa Helge, «for der har du sett Torstein Svarte, verbror min, og sanneleg undrar det meg at han er med på denne ferda. Ikkje ville eg heimsøkje han på denne måten. Kva meir såg du?»

Guten svarar: «Så sat det to menn som var heller like å sjå til. Dei såg ut til å vere midaldrande menn og spreke karar; dei hadde raudt hår og mykje fregner i andletet, men tok seg godt ut likevel.»

Helge seier: «Eg skjønar godt kven dette er; det er Årmodssønene Halldor og Ørnolv, fostbrørne til Torgils. Du er stø til å kjenne folk. Men har du no rekna opp alle du såg?»

Han svarar: «Eg må ta med litegrann til. Dernest sat det ein mann og snudde seg ut or ringen. Han var i platebrynje og på hovudet hadde han ein stålhatt med kant så brei som tverre handa; han hadde ei blank øks over aksla, og eggen var visst ei alen lang. Denne mannen var mørkleitt og svartøygd og såg ut som den verste viking.»

Helge svarar: «Denne mannen kan eg kjenne gløgt etter det du fortel; det har vore Hunboge det sterke, son til Alv i Dalir. Det er vandt for meg å skjöne kva dei vil, men det er valde folk som er med på denne ferda.»

Guten seier: «Endå var det med ein mann, som sat nærast attmed denne kjempekaren. Han hadde svartbrunt hår, var tjukk og raudleitt med store augnebruner, litt meir enn middels høg.»

Helge sa: «No treng du ikkje fortelje meir; det har vore Svein, son til Alv i Dalir, bror til Hunboge. Det er best for oss at vi ikkje møter desse mennene rådlause, for eg trur at dei vil nok helst råke meg før dei stryk frå heradet att. Det er dei menn med på denne ferda, som ikkje ville hatt imot å møtast med meg noko før. No skal kvinnene som er her på stølen, få på seg karmannsklede i ein fart og ta hestane her innmed selet og ri så fort dei kan til gards. Då er det ikkje sikkert at dei som sit nær oss kan sjå om det er karar eller kvinner. Dei treng ikkje gje oss så lang tida før vi får samla folk, og då er det ikkje lenger så visst korleis det vil gå.» Kvinnene reid då bort, fire saman.

Torgils fekk mistanke om at Helge kunne ha fått ein nyss om dei; han bad dei ta hestane og ri på så hardt dei kunne, og så gjorde dei. Men før dei steig til hest, kom det ein mann ridande til dei så alle såg det. Han var liten av vokster, men kvikk og livleg og utruleg snarøygd. Han hadde ein lett og

kvikk hest. Denne mannen helsa på Torgils som ein kjenning. Torgils spurde han etter namn og ætt og kvar han kom ifrå.

Han svara at han heitte Rapp og var breidafjording i morsætta, – «og der har eg vakse opp. Eg har namnet til Viga-Rapp,» sa han, «og det følgjer med, at eg er ikkje nokon godfjott, om eg er liten på vokster. På farsida er eg sunnlending, og der har eg no budd nokre vintrar. No høver det framifrå, Torgils, at eg har slumpa på deg her, for eg var meint på å leite deg opp i alle fall, om det òg hadde vore meir bry med det. Eg har kome i ei knipe, for eg har vorte usams med husbonden min. Han har ikkje fare bra åt mot meg, og det følgjer med namnet mitt at eg toler ikkje kva som helst av folk, og difor tok eg på han. Eg trur han hadde lite eller inkje mein av det, men eg gav meg ikkje stort tid til å finne det ut, for eg var glad til, at eg fekk berga meg opp på denne hesten, som eg tok hjå bonden.»

Rapp sa mykje og spurde om lite, men skjøna snart likevel at dei tenkte å gå mot Helge, og det let han vel over og sa at han skulle ikkje vere den attarste.

64. Torgils og følgjet hans reid kvast på så snart dei kom på hesteryggen, og dei kom no ut or skogen. Dei såg då fire menn som reid av stølen; dei dreiv òg på det dei kunne. Somme av følgesmennene sa at dei måtte ri etter dei så snøgt dei vann, men då svara Torleik Bolleson: «La oss først kome oss til selet og få greie på kven som er der, for eg kan aldri tru at dette er Helge og mennene hans; det ser meg helst ut til å vere berre kvinner.»

Dei fleste tok til motmæle, men Torgils sa at Torleik skulle rå, for han visste at Torleik var uvanleg skarpsynt; dei snudde seg då mot selet. Rapp sprengde framføre dei andre og veiva med spjutstaueren han heldt i handa, stakk i lufta og sa at her galdt det å røyne seg. Helge og dei han hadde med seg, vart ikkje var dei før Torgils og følgjet hans hadde kringsett selet. Helge let då stengje att døra, og dei tok våpna

sine. Rapp sprang straks opp på selet og spurde om reven var inne.

Helge svara: «Du vil i minsto finne ut at han er noko mannevond, han som her inne bur, og han bit om nokon kjem hiet for nær.» Og dermed stakk Helge spjutet ut om selsgluggen og gjennom Rapp; han fall død til jorda. Torgils bad dei fare varleg og akte seg for uhell, — «for no er det god råd med å ta selet og vinne på Helge, der han no er stadd, for eg trur ikkje her er mange mann imot oss.»

Selet var bygd om ein ås, som låg på gavlveggene, og åsendane stod ut; det var berre einlagt tak på huset og ikkje grodd med gras. Då sa Torgils at nokre skulle gå til åsendane og ta så hardt i at åsen brotna eller innraftene gjekk av, og nokre skulle passe på døra, om dei ville freiste å kome seg ut.

Dei var fem mann inne i selet hjå Helge; Hardbein, son hans — han var då tolv vintrar gammal —, gjetarguten og to fredlause menn som hadde kome til han den sommaren; den eine heitte Torgils og den andre Øyolv.

Torstein Svarte og Svein, son til Dala-Alv, vakta selsdøra, medan dei andre reiv av taket. Dei hadde skift arbeidet slik mellom seg at Hunboge den sterke og Årmodssønene tok i den eine åsenden og Torgils og Lambe og Gudrunssønene den andre. Dei tok no så hardt i at åsen rauk av på midten. I same blenken stakk Helge ein atgeir ut or selet ein stad der døra var brotna; spjutet råka Torstein Svarte i stålhatten og stogga i panna; det vart eit stort og stygt sår. Torstein sa då, som sant var, at det var folk der inne. Då sprang Helge ut om døra så djervt at dei som stod nærast, stokk unna. Torgils stod nær og hogg etter han med sverdet og råka han i aksla; det vart eit stort sår. Helge snudde seg då imot og hadde ei vedøks i handa. Han sa: «Enno torer denne gamlen sjå mot våpen.» Og dermed slengde han øksa mot Torgils og råka han i foten; det vart eit stort sår. Då Bolle såg dette, bykste han mot Helge med Fotbit i handa og stakk det gjennom han; det vart banesåret hans.

Følgjesmennene til Helge og Hardbein sprang straks ut av selet. Torleik Bolleson vende seg mot Øyolv; han var ein sterk mann. Torleik hogg til han med sverdet og råka han i låret ovanfor kneet og tok av foten; han fall død til jorda. Hunboge den sterke sprang mot Torgils og hogg til han med ei øks og råka han i ryggen og kløyvde han midt over. Tord Katt stod nær Hardbein då han sprang ut, og ville straks gå på han, men Bolle sprang til då han såg det, og bad han ikkje gjere Hardbein skade; — «her skal ingen mann gjere skamverk,» sa han, «og Hardbein skal ha grid.» Helge åtte ein annan son som heitte Skorre, men han var til fostring på England i Røykjardal den søre.

## Torgils og Gudrun

65. Etter desse hendingane reid Torgils og følgjet hans derifrå og over halsen til Røykjardal, og der lyste dei på seg drapa. Sidan reid dei same leia vest att som hadde ride aust, og dei stogga ikkje før dei kom i Hordadal. Dei fortalde no kva som hadde bore til på ferda deira. Denne ferda vart vidspurd, og folk tykte det var eit storverk når dei hadde felt ei slik kjempe som Helge. Torgils takka vel dei mennene som hadde følgt med, og det same gjorde Bollesønene. Dermed skildest dei som hadde vore med Torgils på ferda.

Lambe reid vest til Laksárdal og kom først til Hjardarholt og fortalde frendane sine der nøye om alt som hadde bore til i Skorradal. Dei let ille over ferda og lasta han sterkt. Dei sa at han hadde sagt seg meir i ætt med Torbjørn Skrjup enn med Myrkjartan Irarkonge. Lambe vart fælt sint for det dei sa og meinte at dei visste ikkje for vel kva dei gjorde når dei klandra han, — «for eg har berga dykk frå dauden,» sa han.

Dei skifte ikkje mange ord med kvarandre etter dette, for b e partar likte seg verre no enn f r. Lambe rid heim til garden sin.

Torgils Hallason reid ut til Helgafell, og med han s nene til Gudrun og fostbr rne hans, Halldor og  rnolv. Dei kom til Helgafell seint om kvelden etter at alle hadde g tt til sengs. Gudrun stod opp og bad dei andre  g kome seg opp og stelle for dei; sj lv gjekk ho i stova og helsa p  Torgils og alle dei andre og spurde etter tidender. Torgils helsa Gudrun att; han hadde d  lagt av seg kappa og v pna og sat opp mot veggstolpane. Han var kledd i ein raudbrun kjortel og hadde eit breitt s lvbelte om livet. Gudrun sette seg ned p  benken hj  han.

D  kvad Torgils denne visa:

Heim s kte vi Helge,  
– helfugl lik fekk svelgje –  
f lgde Torleik p  ferda,  
farga raude sverda.  
Der laut tre mann falle,  
djerve stridsmenn alle;  
mangt s r for dei har svolle.  
Slik hemnde vi Bolle.

Gudrun spurde d  vel etter alt som hadde bore til p  ferda deira, og Torgils svara p  alt ho spurde om. Gudrun sa at det hadde vore ei radig ferd, og bad dei ha takk for det dei hadde gjort. Dei fekk s  mat, og d  dei var mette, vart dei f lgde til sengs, og dei sov natta til endes.

Dagen etter gjekk Torgils for   tale med Gudrun og sa: «No har det seg s , som du veit, Gudrun, at eg har fullf rt den ferda du batt meg til, og eg meiner helst at eg har greidd ho fr  meg som ein mann. No ventar eg at eg ikkje skal ha gjort det til f nytted; du hugsar nok  g kva du har lova meg i l n, og no tykkjer eg at eg har gjort meg fortent til ho.»

D  sa Gudrun: «Det er ikkje s  langt lide sidan vi talast ved at det har g tt meg or minne. Eg har heller ikkje anna i tanke enn   halde alt det vi vart forlikte om. Kjem du d  i hug kva som var avtala mellom oss to?»

Torgils sa at det hugsar ho saktens sj lv.

Gudrun svara: «Det trur eg, at eg lova deg   ikkje gifte meg med nokon annan mann i landet enn deg; eller har du noko   seie imot dette?»

Torgils sa at ho mintest rett.

«Det er vel,» sa Gudrun, «at vi minnest det same om dette; no vil eg ikkje lenger d lje dette for deg, at eg trur ikkje det er s  laga at eg nokon gong blir kona di. Eg tykkjer at eg held kvart ord eg vart samd med deg om, om eg gifter meg med Torkjell  yolvsson, for han er ikkje her i landet no.»

D  vart Torgils eldande raud og sa: «Eg ser klart kvar denne alda kjem veltande fr ; det har jamt kome kalde r d mot meg derifr . Eg skj nar at her st r Snorre g de bak.» Torgils sprett straks opp utan   seie meir og er styggeleg vreid. Han gjekk til f lgjesmennene sine og sa at han vil ri derifr .

Torleik likte det ille, at dei hadde gjort Torgils til uviljes, men Bolle heldt med mor si i dette. Gudrun sa at dei skulle gje Torgils gode g ver og gjere han blid att p  den m ten. Men Torleik sa at det dugde ikkje, – «for Torgils er meir til mann enn at han vil n ye seg med sm saker her.» Gudrun sa at s  fekk han tr yste seg heime.

Dermed rid Torgils fr  Helgafell saman med fostbr rne sine. Han kjem heim p  garden sin i Tunga og var mykje misn gd.

66. Denne vinteren vart Osviv sjuk og d ydde. Folk tykte det var ein sagnaddaude, for han hadde vore ein uvanleg klok mann. Osviv vart gravlagd ved Helgafell, for Gudrun hadde d  late byggje ei kyrkje der.

Same vinteren vart Gjest Oddleivsson sjuk, og d  det leid

mot slutten, kalla han til seg Tord Låge, son sin, og sa: «Det kjem føre meg at denne sjukdommen kjem til å skilje samværet vårt. Eg vil de skal føre meg til Helgafell, for den staden kjem til å bli den største her i bygdene; eg har ofte sett lys der.»<sup>1</sup> Deretter døydde Gjest.

Det hadde vore ein kald vinter med mykje is, og Breidafjorden hadde lagt seg så langt utetter at det var ikkje råd å kome med skip frå Bardastrand. Liket til Gjest stod oppe to netter i Hage, men andre natta vart det så kvast vêr at all isen rak frå land, og dagen etter var vêret lognt og godt. Tord tok eit skip og førte liket til Gjest om bord; dei fór sør over Breidafjorden om dagen og kom til Helgafell om kvelden. Der vart Tord vel motteken, og han var der om natta. Om morgonen vart liket til Gjest lagt i jorda, og han og Osviv kvilte då i same grava. Då vart spådommen til Gjest oppfylt, at det skulle bli stuttare mellom dei to enn då den eine var på Bardastrand og den andre i Sælingsdal.

Tord Låge fór heim att så snart han var ferdig, og dagen etter vart det uvêr og storm, så all isen rak til land att. Slik heldt det seg lenge utover vinteren, og folk kunne ikkje fare med skip. Folk tykte dette var eit stort teikn, at det laga seg så at dei fekk fare med liket til Gjest, når det ikkje var framkomande anten før eller etter.

67. Torarin heitte ein mann som budde i Langadal; han hadde gødord, men var ikkje nokon mektig mann. Son hans heitte Audgisl og var ein sprek kar.

Torgils Hallason tok frå dei gødordet, og det tykte dei var den verste svivørding.

Audgisl fór til Snorre og fortalde om denne uretten og bad han om hjelp. Snorre svara berre vel, men gjorde ikkje større av det. «Denne Hallaslampen ligg frampå,» sa han, «og tek til å bli mykje til kar. Eg undrast om Torgils aldri vil råke på nokon som ikkje toler kva som helst av han. Visst er det berrsynt nok at han er ein storkar og ei kjempe, men det har

<sup>1</sup> I 1184 vart det reist eit kloster på Helgafell.

no hendt seg at slike folk har vorte ihelslegne òg.» Snorre gav Audgisl ei sølvsegen øks då han fór.

Om våren fór Torgils Hallason og Torstein Svarte sør til Borgarfjord og baud sønene til Helge og dei andre frendane hans bøter. Det vart gjort forlik i saka og gjeve full oppreising. Torstein betalte to tredjepartar av drapsbøtene, og Torgils skulle betale ein tredjepart og reie det ut på tinget.

Om sommaren reid Torgils til tinget. Då dei kom ut på lavamarka ved Tingvellir, såg dei ei kone som kom gåande mot dei; ho var ovende stor. Torgils reid imot henne, men ho veik unna og kvad dette:

Gjev no gaum,  
om de gjæve tykkjest.  
Vara dykk vel  
for vringel frå Snorre.  
Ingen er var nok;  
vis er Snorre.

Dermed gjekk ho sin veg. Då sa Torgils: «Sjeldan hende det seg då det gjekk godt, at du fór frå, når eg reid til tinget.» Torgils rid no til tinget til bua si, og det var stilt den første tida på tinget.

Ein dag bar det så til at folk hengde kledda sine ut til tørk. Torgils hadde ei blå kappe av det slag dei kalla hekle, og ho var breidd ut på buveggen. Folk hørde at hekla kvad dette:

Hekla våt på vegg  
heng og veit om knep,  
tørr ho ikkje er:  
to veit ho, for sant.

Dette tykte folk var eit stort under.

Dagen etter gjekk Torgils vest over elva og skulle betale ut godset åt sønene til Helge. Han sette seg ned på steinlen-

det ovanfor buene; han hadde med seg Halldor, fostbror sin, og fleire andre. Sønene til Helge møtte fram, og Torgils tok til å telje opp sølvet. Audgisl Torarinsson gjekk der fram med dei, og i det same Torgils sa ti, hogg Audgisl til han, og alle tyktest høyre at hovudet sa elleve, då det fauk av halsen. Audgisl sprang til bua åt vatnsfjordingane, men Halldor sprang straks etter og hogg han i hel i budøra.

Denne tidenda vart fortald i bua til Snorre gøde, at Torgils Hallason var drepen. Snorre seier: «Du kan ikkje ha sett rett; det må vere Torgils Hallason som drap.»

Mannen svarar: «Hovudet fauk endå av bulen.»

«Då kan det vere det er sant.» sa Snorre.

Det vart gjort forlik om desse drapa, som det er fortalt i saga om Torgils Hallason.

## Torkjell Øyolvsson og Gudrun

68. Same sommaren som Torgils Hallason var drepen, kom det eit skip til Bjarnarhamn; det åtte Torkjell Øyolvsson. Han var då så rik at han hadde to knarrar på kjøpmannsferder; den andre kom til Bordøyr i Hrutafjorden, og båe var lasta med tømmer.

Då Snorre gøde spurde at Torkjell var komen ut til Island att, reid han straks til skipet. Torkjell tok blidt og vennleg imot han. Han hadde mykje drikke med seg om bord på skipet, og baud som ein stormann. Det vart då mangt tala mellom dei, og Snorre spurde etter tidender frå Noreg. Torkjell fortalde om alt både godt og greitt.

Så fortalde Snorre slikt som hadde hendt her på Island, medan Torkjell hadde vore utanlands. «No kjem det føre meg det rådet,» seier Snorre, «som eg gav deg før du fór

utanlands, at du skulle halde opp med kjøpferdene og slå deg til ro og gifte deg med den kvinna som då var på tale.»

Torkjell svarar: «Eg skjønar kva du meiner. Og eg har framleis same hug som då vi rødde i lag den gongen, for ikkje vil eg nekte meg eit så gjævt giftarmål, om eg kan få det.»

Snorre sa: «Eg skal vere både snar og klar til å vere målsmannen din i dette. No er då òg båe dei tinga rudde or vegen, som du tykte var verste hindra for å få Gudrun; Bolle er hemnd og Torgils er borte.»

Torkjell sa: «Djupt går råda dine, Snorre. Og eg vil visseleg freiste å nå dette giftarmålet.»

Snorre var på skipet nokre dagar, og så tok dei ein tiæring som flaut ved kjøpskipet og budde seg til ferda med tjuéfem mann; dei fór då til Helgafell. Gudrun tok overlag vel imot Snorre og let stelle i stand for dei på beste vis.

Då dei hadde vore der ei natt, bad Snorre om å få tale med Gudrun og sa: «No har det seg slik at det er for Torkjell Øyolvsson, vennen min, at eg har gjort denne ferda. Han er no komen hit, som du ser, og ærendet hans er å fri til deg. Torkjell er ein gjæv mann, og du er velkjend både med ætta hans og han sjølv. Det skortar han heller ikkje på gods, og eg tykkjer ingen mann er så vel til hovding fallen her vest, om han har hug på det. Torkjell er vel vørd når han er her ute, men mykje meir når han ferdast mellom konge og jarl i Noreg.»

Gudrun svara: «Sønene mine, Torleik og Bolle, må rå mest for dette, men du, Snorre, er den tredje mannen som eg helst vil ta med på råd i saker som eg meiner er særst viktige, for du har lenge gjeve meg vise råd.»

Snorre sa at han tykte det var sjølv sagt at ho måtte ikkje vise Torkjell ifrå seg. Deretter sende Snorre bod på sønene til Gudrun; han legg fram friarmålet for dei og held fram kor mykje hjelp og styrke dei kunne få av Torkjell både med hans rikdom og omsut, og han tala for dei med mange vakre

ord. Då svarar Bolle: «Denne saka kan nok mor mi sjå gløggast i sjølv, og eg vil samtykkje i hennar vilje. Men det er visst at eg tykkjer det er rådeleg å leggje stor vekt på at det er De som ber fram denne saka, Snorre, for du har gjort storleg vel mot oss på mange måtar.»

Då sa Gudrun: «Vi er vel nøgde med Snorres omsut i denne saka, for dine råd har jamt vore til lukke for oss.»

Snorre talde til i alt han sa, og det enda med at dei gjorde avtale om giftarmål mellom Gudrun og Torkjell. Snorre baud seg til å halde gjestebodet. Det likte Torkjell vel, — «og eg har god råd til å leggje fram kva De skulle ønskje.»

Då sa Gudrun: «Det er min vilje at dette gjestebodet skal stå her på Helgafell. Eg gruar ikkje for kostnaden med det, og eg vil ikkje krevje anten av Torkjell eller andre at dei skal ha strev med dette.»

«Ofte syner du det, Gudrun,» sa Snorre, «at du er meir storlagd enn andre kvinner.»

Det vart no avgjort at bryllaupet skulle stå på Helgafell seks veker før vinternettene. Dermed fór Snorre og Torkjell bort, Snorre heim, og Torkjell til skipet; han var stundom på Tunga og stundom på skipet denne sommaren.

Det lid no til gjestebodet. Gudrun hadde lagt mykje arbeid både i å stelle i stand og å samle tilfang. Snorre gøde kom til gjestebodet i lag med Torkjell, og dei hadde med seg nære på seksti mann, og det var valde folk; dei fleste hadde farga klede. Gudrun hadde òg bede bortimot hundre mann, som var der då dei andre kom. Brørne Bolle og Torleik gjekk saman med gjestene og tok imot Snorre og dei som kom i følgje med han, og fagna dei vel. Det vart teke vare på hestane og kleda deira, og dei vart følgde inn i stova. Torkjell og Snorre vart sessa med følgjet sitt på den høgste benken, og dei Gudrun hadde bede, på den lægre.

69. Denne hausten hadde Gunnar Tidrandebane vorte send til Gudrun for å få hjelp og tilhald. Ho hadde teke mot han, men namnet hans vart halde løynt. Gunnar hadde

vorte fredlaus for drapet på Tidrande Geitesson frå Krossavik, som det er fortalt i saga om njardvikingane. Han heldt seg godt løynd, for mange stormenn var etter han for drapet.

Den første kvelden i gjestebodet då folk gjekk til vatnet for å två seg, stod det ein stor kar der; han var brei over herdar og bringe og hadde hatt på hovudet. Torkjell spurde kva han heitte, og han gav seg eit namn som han fann på.

Torkjell sa: «No seier du nok ikkje sant; du likjest meir på det dei fortel om Gunnar Tidrandebane, og er du slik ei stor kjempe som folk vil ha det til, så vil du ikkje løyne namnet ditt.»

Då svara Gunnar: «Det var svært så strid du er på dette; eg trur heller ikkje at eg treng å løyne meg for deg, for du har kjent mannen rett. Men kva hadde du tenkt å gjere med meg?» Torkjell sa at det skulle han straks la han få vite, og bad mennene sine å ta han.

Gudrun sat inne på tverrpallen og hjå henne andre kvinner med lin på hovudet, og straks ho vart var kva som hende, steig ho av brudebenken og ropte til mennene sine at dei skulle kome Gunnar til hjelp; ho baud dei ikkje spare nokon mann som ville bryte freden der. Gudrun hadde mykje meir folk, og saka fekk ei anna vending enn Torkjell hadde meint.

Snorre gøde gjekk imellom dei og bad at dei skulle la denne stormen stilne; — «du har ikkje anna å gjere enn å bøye av i denne saka, og no kan du sjå kva for eit stormenne Gudrun er, når ho tek makta frå oss bae to.»

Torkjell sa at han hadde lova namnen sin, Torkjell Geitesson, å drepe Gunnar om han kom vest i bygdene der, — «og Torkjell er min gode venn,» sa han.

Snorre sa: «Du har mykje større skyldnad på deg til å gjere som vi vil. Det er dette som er mest av alt om å gjere for deg sjølv òg, for du får aldri ei slik kone som Gudrun om du leitar vidt ikring.»

Då Snorre tala for han, og han sjølv såg at han hadde rett, spakna Torkjell, og Gunnar vart følgd bort om kvelden.

Gjestebodet heldt no fram på beste vis, og då det var slutt, budde folk seg til å fare. Torkjell gav Snorre mykje gods i gåve og sameleis alle stormennene. Snorre bad Bolle Bolleson heim til seg og baud han å vere der så lenge han hadde hug. Det tok Bolle imot og reid heim til Tunga.

Torkjell slo seg no til på Helgafell og tok over gardsstellet, og det synt seg snart at han dugde ikkje mindre til det enn til å fare på kjøpferder. Han let straks same hausten rive ned skålen og sette opp ein ny til vinteren, og den var både stor og røseleg. Det vart stor kjærleik mellom Torkjell og Gudrun.

Så lid denne vinteren. Om våren spurde Gudrun kva han ville gjere med Gunnar Tidrandebane. Torkjell svara at ho laut rå for det; – «du har teke dette så fast at du slår deg vel ikkje tilfreds med mindre han blir send herifrå med heider.»

Gudrun sa at der gissa han rett. «Eg vil at du skal gje han skipet,» sa ho, «og så mykje gods at han ikkje skal sakne noko.»

Torkjell smilte og svara: «Ikkje tenkjer du smått om mange ting, Gudrun, og det vil ikkje høve deg å vere gift med eit vesalmenne; du er ikkje slik. Eg skal gjere som du vil med dette.»

Det vart då så. Gunnar tok imot gåva med stor takk, – «men eg blir vel aldri så langhendt,» sa han, «at eg kan få lønt dykk for all den ære de har synt meg.» Gunnar fór då frå landet og kom til Noreg. Der tok han over gardane sine. Gunnar hadde store rikdommar og var ein heidersmann, høgt vørd av alle.

70. Torkjell Øyolvsson vart ein stor hovding; han vann seg mange venner og vart mykje vørd. Han vart ein mektig mann i heradet og førte mange saker, men om tingrettene hans er det ikkje fortalt noko her. Etter Snorre var Torkjell den mektigaste mannen i Breidafjordsbygdene så lenge han levde. Han sat godt på garden sin, og let byggje alle husa på Helgafell store og sterke. Han merkte òg ut grunnvollen til ei

kyrkje og gjorde kjent at han etla å skaffe kyrkjetømmer.

Torkjell og Gudrun hadde ein son som fekk namnet Gjelle; han vart snart ein mykje emneleg gut. Bolle Bolleson var stundom på Tunga og stundom på Helgafell, og Snorre var god imot han. Torleik, bror hans, var på Helgafell. Brørne var kraftige og djerve karar, og Bolle var den fremste i alt. Torkjell var god mot stykborna sine. Gudrun elska Bolle mest av alle borna sine.

Bolle var no seksten vintrar gammal, og Torleik tjue. Då tala Torleik med Torkjell, stykfar sin, og mor si, om at han ville fare utanlands. «Eg er lei av å sitje heime som ei kone, og eg kunne hatt hug på så mykje gods at eg kunne kome meg ut.»

Torkjell svara: «Eg trur ikkje at eg har vore vrang mot dykk brørne etter at vi vart mågar, og eg tykkjer det er berre rett og rimeleg at du har hug til å sjå andre folks seder. Og det trur eg, at du vil bli halden for ein djerv kar kvar du så kjem i lag med dugande menn.»

Torleik sa at han hadde helst lite gods, – «og difor er det ikkje godt å vite korleis det vil lage seg for meg. Eg er ung, og det er mangt eg ikkje har vit på.» Torkjell sa at han skulle få så mykje han ville.

Sidan kjøpte Torkjell part i eit skip for han, som stod oppe på Dogurdarnes. Torkjell følgde han til skipet og gav han med seg heimanfrå alt han trong.

Torleik fór då ut or landet om sommaren, og skipet kom til Noreg. Kong Olav den heilage var då hovding over landet, og Torleik fór straks til kongen. Han tok vel imot han; han kjendest ved ætta hans og baud han å vere der. Det ville Torleik gjerne, og han var hjå kongen om vinteren og vart hirdmannen hans. Kongen vørde han vel. Torleik fekk ord for å vere ein mykje djerv kar, og han vart verande hjå kong Olav nokre vintrar.



## Bolle Bolleson

No skal vi fortelje om Bolle Bolleson. Den våren han var atten år gammal, tala han med Torkjell, mågen sin, og mora, og bad dei løyse ut farsarven hans. Gudrun spurde kva han etla seg til, med di han gjorde krav på godset.

Bolle svara: «Eg ville gjerne at de skulle be om ei kone åt meg, og det er min vilje, Torkjell måg, at du er målsmannen min i den saka, så det kan gå godt.» Torkjell spurde kven han ville fri til.

Bolle svara: «Ho heiter Tordis og er dotter til Snorre gøde. Ho er den kvinna som eg bryr meg mest om å eige, og får eg ikkje henne, vil eg ikkje gifte meg så brått. Det er meg mykje om å gjere at dette går godt.»

Torkjell svara: «Det er ikkje meir enn skyldnaden min, måg, at eg går med deg i denne saka når du gjerne vil det. Eg ventar òg at Snorre skal bli lett å be, for han kan nok sjå at det tilbodet er godt som kjem frå deg.»

Gudrun sa: «Det kan eg seie med ein gong, Torkjell, at eg vil ikkje spare på nokon ting for at Bolle skal få det giftet han har hug på. Det er både for di eg har elska han mest av borna mine, og for di han har vore den mest trufaste til å gjere min vilje.»

Torkjell sa at han var meint på å løyse Bolle raust ut, — «det er rimeleg av fleire grunnar, og eg ser stor vinning i å ha Bolle til venn.»

Stutt tid etter fór Torkjell og Bolle av garde med mange mann og reid til dei kom til Tunga. Snorre tok blidt imot dei og synte den største gjestevensskap. Tordis Snorresdotter var heime med far sin; ho var ei ven og dugande kvinne. Og då dei hadde vore på Tunga nokre få dagar, bar Torkjell fram friarmålet og bad om at Bolle måtte bli mågen hans og få Tordis, dotter hans, til kone.

Snorre svara: «Dette er eit godt tilbod, som eg kunne vente det av deg, og eg vil ta vel imot det, for eg tykkjer Bolle ser

ut til å bli ein uvanleg gjæv mann, og den kvinna tykkjer eg er vel gift, som får han. Likevel har det mest å seie kva Tordis tenkjer om dette, for ho skal ikkje få nokon annan mann enn den ho sjølv vil ha.»

Saka vart då boren fram for Tordis, og ho svara at i dette ville ho lite på farens omsut, og ho var meir huga på å bli gift med Bolle i si eiga heimbygd, sa ho, enn med ein ukjend mann lenger borte. Og då Snorre såg at ho hadde ikkje noko imot å ta han, vart dette avgjort, og Tordis fest til Bolle. Bryllaupet skulle stå heime hjå Snorre midtsommarsbel. Deretter reid Torkjell og Bolle heim til Helgafell, og Bolle var no heime til bryllaupsstemna skulle vere.

Torkjell og Bolle budde seg då til å fare heimanfrå att, saman med dei menn som var valde ut til det; det var overlåg mykje og gjævt folk. Dei reid no av garde og kom til Tunga og vart godt mottekne der. Der var òg sær s mykje folk kome føre, og det vart eit vørdeleg gjestebod. Då bryllaupet var slutt, budde folk seg til å fare. Snorre gav Torkjell og Gudrun ærefulle gåver, og sameleis dei andre vennene og frendane sine; og dei som hadde vore i gjestebodet, reid no heim, kvar til sitt. Bolle vart verande på Tunga, og det vart snart god kjærleik mellom Bolle og Tordis. Snorre la òg vinn på at Bolle skulle trivast, og var betre mot han enn mot sine eigne born. Bolle var vel nøgd med dette, og han vart verande på Tunga dette året og hadde det godt.

Sommaren etter kom det eit skip inn frå havet til Kvitå. Torleik Bolleson åtte halvparten i skipet, og nokre nordmenn den andre halvparten. Då Bolle fekk høyre at broren var komen ut, reid han straks sør til Borgarfjorden til skipet, og brørne vart glade over å sjå kvarandre att. Bolle var der nokre dagar, og sidan reid bae brørne vest til Helgafell. Både Torkjell og Gudrun tok blidt og vennleg imot dei og baud Torleik å vere der om vinteren. Det tok han imot og gav seg til på Helgafell ei tid. Sidan reid han til Kvitå og let

setje opp skipet og flytte varene sine vestover. Torleik hadde vunne mykje både av gods og ære, for han hadde vore handgjengen mann hjå den gjævaste av hovdingar, kong Olav. Han var no på Helgafell om vinteren og Bolle på Tunga.

71. Denne vinteren møttest brørne ofte og tala saman, men ikkje hadde dei gaman anten av leikar eller anna skjemt. Ein gong Torleik var på Tunga, tala dei saman fleire dagar, og Snorre tyktest då vite at dei emna på noko stort. Han gjekk då for å tale med brørne, og dei tok vel imot han og slutta straks samrøda si. Snorre tok imot helsinga deira. Sidan sa han: «Kva er det de rådslår om sidan de ikkje aktar anten svevn eller mat?»

Bolle svara: «Det er ikkje rådlegging dette, for det er ikkje noko større det vi har å tale saman om.» Snorre skjøna då at dei ville halde løynt for han det dei hadde føre seg, men ottast at det helst var slike ting som ville dra etter seg store vanskar om det vart noko av, og han sa til dei: «Eg har no helst den tru at det er korkje tomsnakk eller skjemt de to har hatt føre dykk så lenge, og eg tykkjer heller ikkje det er noko å seie på det, om så er. Men gjer no så vel og sei meg kva det er, og løynt ikkje noko for meg, for det blir ikkje verre om vi alle held råd om denne saka. Eg vil på ingen måte leggje vanskar i vegen for slikt som kan auke æra dykkar.»

Torleik tykte at Snorre tok det vel og fortalde med få ord kva dei hadde tenkt, at dei ville gå mot Olavssønene og fare hardt fram. Dei tykte ikkje det skorta dei noko på å vere jamgode med Olavssønene, sa dei, no når Torleik var kong Olavs handgjengne mann og Bolle hadde vorte måg til ein slik hovding som Snorre.

Snorre svara såleis: «Det vart bøtt nok for drapet på Bolle då Helge Hardbeinsson laut svare for det, og det har alt vorte vanskar nok menn imellom om det no òg omsider tek slutt.»

Bolle seier då: «Kva er det no, Snorre? Er du ikkje så

oppsett på å hjelpe oss som du let til for litt sidan? Ikkje skulle Torleik ha fortalt deg kva vi etla oss til, om han hadde rådspurt meg først. Når du meiner at Helge var hemn nok for Bolle, så er det ei kjend sak at det vart bøtt med gods for drapet på Helge, men far min er ubøtt.»

Då Snorre såg at han ikkje fekk dei på andre tankar, baud han seg til å søkje forlik med Olavssønene heller enn at det skulle kome til manndrap, og det gjekk brørne med på.

Deretter reid Snorre til Hjardarholt med nokre menn. Halldor tok vel imot han og bad han å vere der. Snorre sa at han skulle ri heim att same kvelden, – «men eg har eit ærend til deg, som eg skuldar å bere fram.» Dei gav seg då i samtale, og Snorre sa at det var ærendet hans at han hadde vorte vis med at Bolle og Torleik slo seg ikkje lenger til tols med at far deira skulle liggje utan bot frå Olavssønene, – «men no vil eg freiste å få forlik for å sjå om det ikkje kunne bli ein ende på denne vanlukka mellom dykk frendane.»

Halldor tok ikkje dette ille opp og svara: «Eg veit vel om at Torgils Hallason og Bollesønene etla seg til å gjere åtak på meg eller brørne mine, før du snudde hemnen for dei slik at dei heller ville drepe Helge Hardbeinsson. Den gongen gjorde du vel imot oss, kva du no elles har gjort før i stridsmåla mellom oss frendane.»

Snorre sa: «Eg tykkjer det er mykje om å gjere at det går godt med ærendet mitt, og mest av alt ønskjer eg at det kan kome i stand eit godt forlik mellom dykk frendane. Eg kjenner huglaget deira som får med dykk å gjere i denne saka, og veit at dei vil halde vel alt det de blir samde om.»

Halldor svarar: «Dette vil eg gå med på, såframt brørne mine vil det: å betale så mykje gods for drapet på Bolle som oppnemnde domsmenn avgjer; men eg tek unna all fredløyse og sameleis gødordet mitt og bustaden min, og på same måten bustadene til brørne mine slik at dei fritt kan eige dei etter at saka er slutt. Kvar av oss skal velje ein mann til skilddommen.»

Snorre seier: « Dette er eit godt og gjævt bod, og brørne kjem til å gå med på vilkåra så sant dei høyrer noko på mine råd.» Sidan reid Snorre heim og fortalde brørne korleis det hadde gått med ærendet hans, og han la til at han ville ikkje ha meir med saka deira å gjere om dei ikkje gjekk med på dette. Bolle bad han rå for det, — «og eg vil at du, Snorre, skal vere vår domsmann.»

Snorre sende då bod til Halldor om at dei hadde gått med på forliket, og bad han velje ein mann til å fastsetje bota saman med han. Halldor valde Steintor Torlaksson frå Øyr som sin domsmann. Forliksmøtet skulle vere ved Drangar på Skogarstrand fire veker etter sommarmål. Torleik Bolleson reid til Helgafell, og det er ikkje fleire hendingar å fortelje frå denne vinteren.

Då det leid til den tid som var avtalt for møtet, kom Snorre gode og Bollesønene og var femten mann til saman, og Steintor kom til møtet med like mange. Snorre og Steintor gav seg i samtale og vart samde om saka. Deretter kunngjorde dei bota, men det er ikkje fortalt her kor mykje ho vart sett til. Men det er sagt at godset vart betalt som det skulle og forliket vart halde vel. Bøtene vart utreidde på Torsnes-tinget. Halldor gav Bolle eit godt sverd og Steintor Olavsson gav Torleik eit skjold; det var òg ein gild eignelut. Sidan var tinget slutt og bae partar tykte dei hadde stått seg på denne saka.

72. Etter at Bolle og Torleik hadde vorte forlikte med Olavssønene og Torleik hadde vore ein vinter på Island, kunngjorde Bolle at han ville fare utanlands.

Snorre talde han ifrå og sa: «Vi tykkjer det er ein stor vågnad korleis det skal gå med deg; men stundar du etter å rå over meir enn du no gjer, så skal eg gje deg fast bustad med gard og grunn og syte for at du får folk å rå over og vørtnad i alle måtar. Eg reknar med at det vil bli lett, for dei fleste menn har godhug for deg.»

Bolle svara: «Eg har lenge hatt hug til å kome sør i landa

ein gong, for den mannen tykkjest vite lite som ikkje er kjend vidare enn her på Island.» Og då Snorre såg at Bolle hadde sett seg føre dette, så at det ikkje nytta å telje han frå, baud Snorre han så mykje gods som han ville ha med seg på ferda. Bolle sa ja til å få med seg mykje gods, — «for eg vil ikkje leve på miskunn frå folk anten her eller utanlands.»

Sidan reid Bolle sør til Borgarfjord og til Kvitå og kjøpte halvparten av skipet der av dei mennene som åtte det; brørne åtte då skipet saman. Dermed reid han heim att.

Bolle og Tordis hadde ei dotter som heitte Herdis; denne møya baud Gudrun seg til å fostre. Ho var ein vinter gamal då ho fór til Helgafell. Tordis var òg der lange leite, og Gudrun var god og vennleg mot henne.

73. No fór bae brørne til skipet. Bolle hadde med seg ut mykje gods. Dei reidde skipet, og då dei var ferdige, sette dei til havs. Dei fekk sein bør og var lenge ute, men kom til Noreg om hausten nord ved Trondheimen. Kong Olav var aust i landet; han sat i Vika og hadde laga seg til å ha vinter-sete der. Då brørne spurde at kongen ikkje skulle kome nord til Trondheimen den hausten, sa Torleik at han ville segle aust med landet og finne kong Olav.

Bolle svara: «Eg har lite hug på å reke imellom kjøpstadene haustdags; det blir berre naud og plage, og eg vil sitje her i byen i vinter. Det er sagt meg at kongen kjem nordover til våren, men om han då ikkje kjem, vil eg ikkje telje frå at vi fer til han.»

Det vart som Bolle ville; dei rudde skipet og fekk seg herbyrge i byen. Det synte seg snart at Bolle var ein mann som ville fram og gjerne var framom andre menn. Det lukkast då òg for han, for han var ein gjevnmild mann, og han fekk snart stor vørtnad i Noreg. Bolle heldt ei sveit mann i Trondheimen om vinteren, og han var lett å kjenne når han kom til samanskotsgilde, for mennene hans var betre budde med klede og våpen enn byfolket elles. Han skaut òg til åleine for alle sveitungane sine når dei sat i samanskotslag.

På same måten slo han stort på i alle ting og heldt seg som ein stormann. Brørne var no i byen om vinteren.

Denne vinteren sat kong Olav aust i Sarpsborg, og det spurdest austfrå at kongen var ikkje ventande nordover. Tidleg om våren budde brørne ut skipet sitt og fór aust med landet. Det gjekk greitt med ferda, og dei kom aust til Sarpsborg og fór straks til kong Olav. Kongen fagna vel Torleik, hirdmannen sin, og følgjesmennene hans. Sidan spurde kongen kven han var denne røselege karen som gjekk i følge med Torleik.

Han svara: «Han er bror min og heiter Bolle.»

«Han er visseleg ein gjæving,» sa kongen. Deretter baud han båe brørne å vere hjå seg. Det tok dei imot med takk, og var der hjå kongen om våren. Kongen synte godvilje mot Torleik som før, men sette likevel Bolle mykje høgre, for kongen tykte at han skilde seg langt ut framom andre menn.

Då det leid utpå våren, rødde brørne saman om ferdene sine, og Torleik spurde om Bolle ville fare ut til Island om sommaren, — «eller vil du vere lenger i Noreg?»

Bolle svara: «Eg etlar meg ikkje til noko av dette; sant å seie var det meininga mi då eg fór frå Island at de skulle ikkje trenge å spørje etter meg i grannehuset. No vil eg, frende, at du tek over skipet vårt.»

Torleik tok seg nær av at dei skulle skiljast, — «men du, Bolle, lyt rå i dette som i andre ting.»

Dei tala om det same for kongen òg, og han svara såleis: «Vil ikkje du, Bolle, vere lenger her hjå oss?» sa han. «Eg ville like best at du hadde vorte verande her hjå meg ei tid, så skulle eg gje deg same rang og namn som eg har gjeve Torleik, bror din.»

Då svara Bolle: «Eg skulle ha hatt stor hug, herre, til å binde meg i Dykkar teneste, men først vil eg fare dit eg har tenkt og lenge hatt hug til. Men eg vil gjerne ta imot dette tilbodet om det er så laga at eg kjem att.»

«Du lyt sjølv rå for ferdene dine, Bolle,» seier kongen,

«for de islendingar er oftast einvise. Det vil eg likevel seie til slutt, at eg tykkjer du, Bolle, er den mannen som har merkt seg mest ut blant dei som har kome frå Island i mine dagar.»

Då Bolle hadde fått orlov av kongen, budde han seg til ferda og gjekk om bord på ein kogg som skulle sør til Danmark. Han hadde med seg mykje gods, og nokre av følgjesmennene hans fór med han. Han skildest frå kong Olav i stor vennskap, og kongen gav han gode gåver ved skilnaden.

Torleik var att hjå kong Olav, men Bolle fór si ferd til han kom sør til Danmark; der var han om vinteren og fekk mykje heider av mektige menn. Han heldt seg då heller ikkje på nokon måte mindre stormannsleg enn då han var i Noreg. Då Bolle hadde vore ein vinter i Danmark, byrjar han ferda si ut i andre land og stoggar ikkje før han kjem til Miklagard. Der var han berre ei stutt tid før han vart oppteken mellom væringane. Vi har ikkje høyrte fråsegn om nokon mann frå Norderlanda som hadde gått i teneste hjå Miklagardskongen før Bolle Bolleson. Han vart verande i Miklagard i mange år og vart halden for den djervaste kar når noko røynde på. Jamt gjekk han dei fremste nest, og væringane sette Bolle høgt medan han var i Miklagard.

## Torkjell Øyolvsson

74. No er å fortelje om Torkjell Øyolvsson at han sat heime i hovdingskapen sin. Gjelle, son hans med Gudrun, voks opp der heime; han vart tidleg ein djerv og vennesæl kar.

Ein gong, er det sagt, fortalde Torkjell Gudrun ein draum han hadde hatt: «Eg drøymde at eg hadde så stort skjegg,» sa han, «at det rakk over heile Breidafjorden.» Torkjell bad henne leggje ut draumen.

Gudrun spurde: «Kva trur du denne draumen tyder?»

«Det tykkjer eg er lett å sjå; det tyder at makta mi skal nå over heile Breidafjord.»

«Kan hende det er så,» seier Gudrun, «men eg skulle heller tru det tyder at du får duppe skjegget ditt ned i Breidafjorden.»

Same sommaren sette Torkjell fram skipet sitt og budde seg til Noregsferd. Gjelle, son hans, var då tolv vintrar gammal, og han fór med far sin utanlands. Torkjell gjorde kjent at han etla få tak i kyrkjetømmer, og segla til havs så snart han var ferdig. Han hadde ei god overferd, men ikkje særleg snøgg, og kom til Noreg nord i landet.

Då sat kong Olav i Trondheimen. Torkjell fór straks for å finne kongen, og Gjelle, son hans, var med. Dei vart godt mottekne der. Torkjell vart så høgt vørd av kongen denne vinteren, at det er sagt av alle at kongen gav han ikkje mindre enn hundre merker brent sølv. Til jul gav kongen Gjelle ei kappe; det var eit staseleg plagg og ein dyrverdig eignelut. Den vinteren let kong Olav byggje ei kyrkje av tre i byen; ho var emna til å bli ei ovstor hovudkyrkje og var vel føre seg gjord i alt. Om våren vart det tømmeret kongen hadde gjeve Torkjell, flytta ned til skipet; tømmeret var både stort og godt, for Torkjell var sjølv med og tok det ut.

Så var det tidleg ein morgon at kongen gjekk ut saman med nokre få mann. Då såg han einkvan oppe i den kyrkja som var under arbeid i byen. Han undra seg mykje over dette, for det var tidlegare på morgonen enn tømmermennene brukte å stå opp. Kongen kjende mannen; det var Torkjell Øyolvsson, som heldt på og tok mål av alle dei største stokkane, både bitar og stavlægje og oppstandarar. Kongen gjekk straks bort til han og sa: «Kva er det no, Torkjell? er du meint på å leggje dette målet på det kyrkjetømmeret du flyttar med deg til Island?»

Torkjell svarar: «Sant er det, herre.»

Då sa kong Olav: «Hogg du av to alner på kvart stortre, og endå vil det bli den største kyrkja på Island.»

Torkjell svara: «Ta tømmeret ditt sjølv om du tykkjer du har gjeve for mykje eller ser sagnad i det, men ikkje vil eg hogge noko alnestykke av det. Eg skal nok ha både tiltak og trott til å skaffe meg anna tømmer.»

Då vart kongen reint stillferdig og sa: «Du er ein gjævmann, Torkjell, men no gjer du deg òg for stor, for visseleg er det ovmot av ein bondeson å kappast med oss. Men ikkje er det sant at eg misunner deg tømmeret, om du får lukke til å byggje ei kyrkje av det, for ikkje blir ho så stor at alt ovmotet ditt får rom inne i ho. Men det berst føre meg at folk vil få lite gagn av dette tømmeret, og at det ikkje vil gå så at du får gjort noko mannsverk med det.»

Dermed var det slutt på samrøda; kongen vende seg bort, og det synte på han at han tykte det var ille at Torkjell ikkje ansa på det han hadde sagt. Kongen let likevel ikkje dette kome ut, og Torkjell skildest frå han i stor kjærleik. Dermed stig Torkjell om bord og set til havs.

Dei fekk god bør og var ikkje lenge ute, og kom til lands i Hrutafjorden. Torkjell reid straks frå skipet og heim til Helgafell. Alle vart glade då han kom heim, og Torkjell hadde vunne stor ære i ferda si. Han let setje opp og bu om skipet. Kyrkjetømmeret let han leggje vel opp der det var kome, for han hadde jamt så mykje å gjere at han fekk ikkje flytta det sørover om hausten.

Torkjell sit no heime på garden sin om vinteren. Han hadde julegilde på Helgafell, og der var det mykje folk. Han levde som ein stormann heile vinteren, og Gudrun heldt ikkje att, men sa at rikdommen var nytta vel når folk hadde ære av han. Det vart då òg skil på leiken når det var Gudrun som stelte i stand på stormannsvis. Torkjell gav denne vinteren vennene sine mang ein gild eignelut, som han hadde hatt med seg frå Noreg.

75. Etter jul budde Torkjell seg til å fare heimanfrå og nord til Hrutafjorden for å flytte heim tømmeret sitt. Han reid først inn i Dalir og derifrå til Ljårskogar til Torstein,

frenden sin, og fekk seg folk og hestar. Sidan fór han nord til Hrutafjorden og var der ei tid og førebudde ferda. Han samla til seg hestar frå bygdene kring fjorden, for han ville ikkje gjere fleire vendingar, om han kunne sleppe. Dette gjekk ikkje snøgt. Torkjell streva med dette heilt fram til langfasta, og då fekk han arbeidet i gang. Han kørde tømmeret sørover med meir enn tjue hestar og let det liggje på Ljåøy; derifrå ville han flytte det på eit skip ut til Helgafell. Torstein åtte eit stort førsleskip, og det ville Torkjell låne til ferda heim.

Torkjell var i Ljårskogar i fasta, for det var kjært mellom frendane. Torstein rødde med Torkjell og sa at det ville høve seg godt om dei fór til Hjardarholt. «Eg vil be om å få kjøpe land av Halldor,» sa han, «for han har lite lausøyre etter at han betalte farsbøter til Bollesønene, og den jorda er slik som eg helst vil ha.» Torkjell gjekk med på det, og dei fór heimanfrå til saman vel tjue mann. Dei kom til Hjardarholt, og Halldor tok vel imot dei og drøste mykje med dei. Det var få mann heime, for Halldor hadde sendt folk nord til Steingrimsfjorden, der det hadde kome ein kval på land, som han åtte i. Beine den sterke var heime, og han var då den einaste som levde att av dei som hadde vore med Olav, far hans.

Halldor hadde sagt til Beine straks han såg Torstein kome ridande med følgjet sitt: «Eg skjønar godt kva ærend dei frendane har hit; dei vil nok kjøpe jorda mi av meg. Om så er, vil dei be om å få tale med meg, og då tenkjer eg at dei vil setje seg ein på kvar side av meg. Men vil dei gjere urett mot meg, då må ikkje du vere seinare til å ta på Torstein enn eg på Torkjell; du har lenge vore trugen mot oss frendar. Eg har òg sendt bod på folk frå grannegarden, og eg ville gjerne at det høvde så at dei kjem når vi sluttar samtalen.»

Og då det leid på dagen, sa Torstein til Halldor at dei skulle alle gå stad og talast ved, — «for vi har eit ærend til deg.» Halldor sa det var råd med det. Torstein sa til følgjes-

mennene sine at dei trong ikkje gå med, men Beine gjekk med likevel, for han tykte det gjekk mykje slik som Halldor hadde gjete. Dei gjekk eit langt stykke bort på bøen. Halldor hadde over seg ei sauma kappe som var halden saman av ei lang festenål, som skikken var den tid. Han sette seg ned på vollen, og dei to frendane på kvar si side av han, så nær at dei mest sat på kappa hans. Beine stod over dei med ei stor øks i handa.

Då sa Torstein: «Det er ærendet mitt hit at eg vil kjøpe land av deg. Eg legg dette fram og talar om det no, for di Torkjell, frenden min, er her. Eg tykte dette skulle høve godt for oss båe, for det er meg sagt at du har for lite lausøyre, men verdfullt land. Eg skal gje deg ein sømmeleg bustad i staden, og så mykje imellom som vi blir samde om.»

Halldor var ikkje så uviljug i førstninga, og dei tala fram-på om kjøpevilkåra, og då dei såg at han ikkje var uviljug, la Torkjell seg òg mykje frami samtalen og ville få dei samde om kjøpet. Halldor drog seg då helst unna, men dei la seg dess hardare etter det, og det vart til at di meir dei gjekk innpå han, di lenger kom dei frå kvarandre.

Då sa Torkjell: «Ser du ikkje, Torstein frende, kor dette ber av? Han har drege ut denne saka for oss i heile dag, og vi har sete her til spott og spe for han. Dersom du no har hug på landkjøpet, så lyt vi nok gå han nærare.»

Torstein sa då at han ville vite kva han hadde å halde seg til, og bad Halldor ikkje svare bort i skodda lenger, men seie greitt frå om han ville gå med på kjøpet.

Halldor svara: «Eg tenkjer ikkje det trengst å dølje for det lenger, at du lyt nok reise heim att i kveld utan landkjøp.»

Då sa Torstein: «Eg tenkjer heller ikkje det trengst å dryge lenger med å seie fram det vi har tenkt ut, at vi gjev deg ei tåv to å velje mellom, for vi har så mykje folk at vi trur vi har overtaket på deg. Det eine er at du godviljug går med på dette, og då skal du ha vår vennskap for det; men

det andre synest verre, og det er at du rettar fram handa mot din vilje og sel meg Hjardarholtslandet med handslag.»

Men då Torstein tok så djervt i, spratt Halldor opp så hardt at festenåla rivna i kappa hans, og sa: «Før skal anna hende enn at eg seier det eg ikkje vil.»

«Kva kan det vere?» spør Torstein.

«Ei boløks skal stå deg i hovudet frå den verste mannen og støyte i koll ofsen og uretten din.»

Torkjell svarar: «Dette er ille spådd, og ikkje trur eg det vil gå slik. Men no vil eg seie at du har meir enn nok skuld på deg endå om du, Halldor, slepper frå deg jorda di utan å få noko for ho.»

Då svarar Halldor: «Før skal du gripe om ein tangstyk i Breidafjorden enn eg skal la meg tvinge til å selje jorda mi.» Dermed gjekk Halldor heim. Det dreiv no folk til gards, dei som Halldor hadde sendt bod på.

Torstein var styggeleg vreid og ville gå til åtak på Halldor med ein gong, men Torkjell bad han ikkje gjere det, — «for det er den verste ugjerning å gjere slikt no,» sa han, «men når fasta er slutt, skal eg ikkje rå frå at vi ryk i hop.»

Halldor meinte han skulle vere budd på å ta imot dei kva tid som helst.

Etter dette reid dei bort og tala mangt saman om ferda. Torstein sa det var visst og sant at dette hadde vore ei skrøpeleg ferd, — «men kvifor var du så redd, Torkjell frende, for å gå på Halldor og setje han til skamme?»

Torkjell svara: «Såg du ikkje Beine, som stod over deg med øksa lyft? Det var reint ugjerande, for han hadde køyrt øksa i hovudet på deg med ein gong om eg hadde sett ut til å vilje gjere noko.» Dei reid no heim til Ljårskogar. Det lid no til den siste veka i fasta.

76. Tidleg om morgonen skjærtorsdag budde Torkjell seg til å fare. Torstein rådde sterkt ifrå, — «for eg tykkjer ikkje vêret er å lite på,» sa han. Torkjell sa at vêret var då så

godt det kunne vere, — «og no skal du ikkje telje meg frå, frende, for eg vil heim før påske.»

Torkjell sette no fram førsleskipet og lasta det, men Torstein bar likså fort frå, som Torkjell og mennene hans bar til. Då sa Torkjell: «Hald no opp med dette, frende, og heft ikkje ferda vår. Du får ikkje viljen din denne gongen.»

Torstein svara: «Den av oss rår no som får verste skaden sjølv, og denne ferda vil dra mykje etter seg.» Torkjell bad farvel og ønskte vel møtt ein annan gong.

Torstein gjekk no heim og var mykje uglied. Han gjekk inn i stova og bad dei leggje under hovudet hans, og det vart gjort. Tenestekvinna såg då at tårene rann or augo hans og ned på puta. Litt seinare høyrdest brakket av ei hard vindflage i stova. Då sa Torstein: «Der kan vi no høyre gnyet frå banen til Torkjell frende.»

No er å fortelje om ferda til Torkjell og dei som var med han. Dei segla om dagen ut etter Breidafjorden og var ti på skipet. Vêret vart allstøtt kvassare og det vart den verste storm før det gav seg. Skipsfolket var kraftige og djerve karar og segla hardt på. Torkjell hadde med seg sverdet Skovnung; det stod i ein stakk. No segla Torkjell og mennene hans til dei kom ut åt Bjarnarøy — folk såg ferda deira frå båe sider av fjorden — men då dei var komne dit, slo ei vindflage i seglet og kvelvde skipet. Torkjell drukna der og alle dei som var med han. Tømmeret rak vidt ikring om øyane; hjørnestavane rak i land på den øya som sidan har heitt Stavøy. Skovnung var fest til ei av skipsrengene, og det vart funne ved Skovnungssøy.

## Gudrun i alderdommen

Men same kvelden som Torkjell og mennene hans hadde drukna om dagen, bar det så til på Helgafell at Gudrun gjekk til kyrkja etter at folk var gått til sengs, og då ho gjekk gjennom kyrkjegardsledet, såg ho ein dauding stod framfor henne; han lutte seg over henne og sa: «Stor tidend, Gudrun.»

Gudrun svara: «Tei still om det då, din arming!» Gudrun gjekk til kyrkja som ho før hadde etla seg til; men då ho kom dit, tyktest ho sjå at Torkjell var komen heim med mennene sine og stod utanfor kyrkja. Ho såg at sjøen dreiv av kleda deira. Gudrun tala ikkje med dei, men gjekk inn i kyrkja og var der så lenge ho syntest. Sidan gjekk ho inn i stova, for ho tenkte at Torkjell og mennene hans hadde gått dit. Men då ho kom inn i stova, var det ikkje eit menneske der. Gudrun vart då ille ved over det som hadde hendt.

Langfredag sende Gudrun folk for å røkje etter ferdene til Torkjell og mennene hans, nokre inn på stranda og nokre ut om øyane. Raket var då kome vidt utover øyane og til båe strendene. Laurdag før påske spurdest tidenda, og ho tyktest stor, for Torkjell hadde vore ein mektig hovding.

Torkjell var førtiåtte år då han drukna, og det var fire vintrar før kong Olav den heilage fall. Det gjekk hardt inn på Gudrun at Torkjell fall ifrå, men ho bar det mannsleg. Av kyrkjetømmeret vart lite berga. Gjelle var då fjorten vintrar gammal. Han tok over gardsstyringa saman med mor si og fekk råderett over mennene; det synte seg snart på han at han var vel fallen til å vere hovding.

Gudrun vart ei god kristenkvinne. Ho var den første kvinna på Island som lærte Davidssalmane. Om nettene var ho lenge i kyrkja og bad. Herdis Bollesdotter var jamt med henne om nettene. Gudrun heldt mykje av Herdis.

Det er fortalt at ei natt drøymde Herdis møy at det kom til henne ei kone. Ho var kledd i ei voven kappe og hadde eit

skaut på hovudet, men ikkje var ho godsleg å sjå på. Ho tok til ords: «Sei du til bestemor di at ho hugar meg lite, for ho velter seg over meg kvar natt og feller dropar på meg, så heite at eg brenn all igjennom. Eg seier dette til deg av di eg liker deg noko betre, men endå sviv det noko underleg over deg òg. Med deg kunne eg nok likevel bli forlikt, om eg ikkje meinte det var meir trong for betring der Gudrun er.»

Deretter vakna Herdis og fortalde Gudrun om draumen. Gudrun tykte det boda godt. Morgonen etter let Gudrun bryte opp nokre fjøler av kyrkjegolv, der ho brukte å falle på kne, og let dei grave i jorda. Der under fann dei bein; dei var svarte og stygge. Dei fann òg ei kinge-sølje og ein stor seidstav. Folk tyktest då vite at dette hadde vore gravstaden til ei volve. Desse beina vart førte langt bort, der folk aldri fór.

77. Då fire vintrar var lidne etter at Torkjell Øyolvsson var drukna, kom det eit skip til Øyjafjorden. Det åtte Bolle Bollesson. Dei fleste av mannskapet var nordmenn. Bolle hadde med ut mykje gods og mange kostelege eigneluter, som han hadde fått av hovdingar. Bolle hadde vorte slik ein staskar då han kom ut att til Island frå denne ferda, at han ville ikkje bere andre klede enn skarlak og silke, og alle våpna hans var pryda med gull. Han vart kalla Bolle den prude.

Han lyste ut for skipsfolket sitt at han etla seg vest i herada sine, og overlet skipet og lasta til mannskapet. Bolle reid frå skipet sjølv tolvte; alle følgjesmennene hans var i skarlaks-klede og reid i gylte salar. Dei var alle staselege menn, men Bolle merkte seg likevel ut. Han var kledd i ein silkeklednad som Miklagardskongen hadde gjeve han, og utanpå hadde han ei raud skarlaks-kåpe. Han hadde Fotbit ved beltet; det hadde gullprydd hjalt og handtaket var omvunde med gull. Han hadde gylt hjelm på hovudet og ved sida eit raudt skjold med ein riddar måla i gull, og i handa heldt han ei



lanse, som seden er i utlanda. Alle stader der dei tok inn på gjesting, gådde ikkje kvinnene noko anna enn å skode på Bolle og all den prakt han og følgjet hans bar på seg. Som den finaste hovmann reid då Bolle vest i heimegrendene heilt til han kom med flokken sin til Helgafell; Gudrun vart storglad då ho såg Bolle, son sin. Bolle gav seg ikkje lenge til der før han reid inn til Sælingsdalstunga og råka Snorre, verfar sin, og Tordis, kona si. Det vart eit gledeleg møte. Snorre baud Bolle å vere der med så mange mann som han ville. Det tok Bolle imot, og han var hjå Snorre om vinteren saman med dei mennene som hadde ride nordafra med han.

Bolle vart namnspurd av denne ferda. Snorre la ikkje mindre vinn på å syne Bolle godvilje og stelle vel for han no, enn han hadde gjort før då han var med han.

78. Då Bolle hadde vore på Island ein vinter, vart Snorre gøde sjuk, men sjukdommen var utan ofse, og Snorre låg lenge. Då sjukdommen tok til å vekse, kalla han til seg frenedane sine og andre skyldfolk, og sa så til Bolle: «Det er min vilje at du tek over gardsstyret her og gødordet etter min dag; eg unner ikkje deg mindre vørndnad enn mine eigne søner, og no er ikkje den av sønene mine her i landet, som eg trur vil bli mest til mann av dei, – det er Halldor.» Sidan døydde Snorre.

Snorre var sekstisju år gammal då han døydde. Det var ein vinter etter at kong Olav den heilage hadde falle, etter som Are prest den frode har sagt. Snorre vart gravlagd på Tunga. Bolle og Tordis tok over garden, som Snorre hadde sagt, og sønene til Snorre var vel nøgde med det. Bolle vart ein frami- fra dugande og vennesæl mann.

Herdis Bollesdotter voks opp på Helgafell og vart ei uvanleg vakker kvinne. Orm, son til Hermund Illugesson, bad om henne, og ho vart gift med han. Son deira var Kodrán, som vart gift med Gudrun Sigmundsdotter, og son til Kodrán var Hermund som vart gift med Ulvheid, dotter til Runolv, son til biskop Kjetil; dei hadde sønene Kjetil, som var abbed

på Helgafell, og Rein, Kodrán og Styrme. Dotter deira var Torvor, som vart gift med Skjegge Brandsson; frå dei er Skogverjaetta komen.

Ospak heitte son til Bolle og Tordis, og han hadde dottera Gudrun, som vart gift med Torarin Brandsson; deira son var Brand, som bygde prestesetet på Husafell; hans son var Sigvat prest, som budde der lenge.

Gjelle Torkjellsson vart gift med Valgjerd, dotter til Torgils Aresson frå Røykjanes. Gjelle fór utanlands og var hjå kong Magnus den gode og fekk tolv øyrar gull av han, og mykje anna gods. Sønene til Gjelle var Torkjell og Torgils; son til Torgils var Are den frode; son til Are heitte Torgils; hans son var Are den sterke.

Gudrun tok no til å eldast mykje og levde ei tid med slik sorg som nyleg er fortalt. Ho var den første nonne og einsetekvinne på Island, og det er sagt av alle at ho var den gjævaste av dei kvinnene som var jamborne med henne her i landet.

Det er fortalt ein gong at Bolle kom til Helgafell; Gudrun tykte alltid godt om at han kom og såg om henne. Då sat Bolle lenge hjå mor si, og mangt vart tala mellom dei. Då sa Bolle: «Vil du seie meg det, mor, som eg er mest forviten på å få vite? Kven er den mannen du har elska mest?»

Gudrun svarar: «Torkjell var den mektigaste mannen og den største hovdingen, men ingen var staselegare kar enn Bolle og meir til mann. Tord Ingunnsson var den klokaste av dei og den største lovmannen. Torvald vil eg ikkje nemne.»

Då seier Bolle: «Eg skjønar godt det du seier meg om mennene dine og korleis kvar av dei var, men enno er det ikkje sagt noko om kven du elska mest. No treng du ikkje løyne det lenger.»

Gudrun svarar: «Du går hardt innpå meg om dette, son min,» seier ho, «men skal eg seie det til nokon, då vil eg helst velje deg til det.»

Bolle bad henne gjere det.

Då mælte Gudrun: «Han var eg verst, som eg elska mest.»

«Det trur eg,» svarar Bolle, «at no tala du heilt ærleg.»

Og han sa ho hadde gjort vel då ho fortalde han dette som han stunda etter å få vite.

Gudrun vart ei gammal kone, og det blir sagt at ho miste synet. Gudrun døydde på Helgafell, og der kviler ho.

Gjelle Torkjellsson budde på Helgafell til alderdommen sin, og det er mangt fortalt om han som er verdt å minnst. Han er med i mange soger, endå om han er lite nemnd her. Han let byggje ei overlag vørdeleg kyrkje på Helgafell, så som Armor jarlaskald vitnar om i den ervedråpa han dikta om Gjelle, der han kved klårt om dette. Og då Gjelle tok til å lute mot alderdommen, budde han seg til å fare frå Island. Han kom til Noreg, men vart ikkje verande lenge der, fór straks frå landet og gjekk sør til Rom og ville vitje den heilage Peter apostel. Denne ferda tok svært lang tid. Han fór sidan nordover att og kom til Danmark; der vart han sjuk og låg svært lenge og fekk all kyrkjeleg teneste. Sidan døydde han, og han kviler i Roskjelde. Gjelle hadde hatt Skovnung med seg, og sidan fekk ingen tak i sverdet; det hadde vore teke ut or haugen til Rolv Krake.

Då det spurdest til Island at Gjelle var død, tok Torkjell, son hans, over farsarven på Helgafell. Men Torgils, den andre sonen til Gjelle, drukna ung i Breidafjorden saman med alle som var med han på skipet. Torkjell Gjellsson var ein uvanleg dugande mann, og hadde ord for å vere overlag kunnskapsrik.

Her endar saga.

*atgeir* eit slags spjut.

*brunnvekkje* (i originalen: brunnvaka) reiskap til å slå hol i isen med; elles namnet på nedste greina på reinshorna.

*bryntroll* ei slags tveggja øks til å hogge og stikke med.

*festargarm* bandhund. Her tilnamn: Audun Festargarm.

*gjerðsk* russisk; jfr. *Gardaríke* Russland. Her tilnamn: Gille den gjerdske.

*góde* (uttale: gåde) hovding, opphavleg også heidensk prest. Hovdingdømmet heitte *gòdord*, og det kunne avhendast til liks med annan personleg eigedom.

*hundre* oftast likt med storhundre, 120.

*løysing* frigjeven træl.

*motr* eit slags hovudplagg. Ein kjenner ordet berre frå Soga om laksdølane, og det må ha vore ein overlag sjeldsynt prydnad

*mungåt* eit slags øl.

*på* påfugl. Her tilnamn: Olav På.


*skipsbyggje* landgangsbru.

*skjemme* lita stove, bur.

*sommarauken* «Dei visaste menn her i landet hadde rekna med at det i to halvår var 364 dagar, det vert 52 veker og 12 månader på 30 netter kvar, omframt 4 dagar. Då merka dei på denne tid av solgangen at sommaren drog seg attende mot våren. Men ingen kunne seia dei om det berre var ein dag meir i to halvår, eller heile veker, som kunne til dette . . . Då folk kom til tings, gjorde Torstein det framlegget på lovberget at ein skulle auka året med ei veke sjuandekvar sommar og så prøva kva hjelp det var i det.» (Frå *Islendingboka* av Are den frode, *Den norrøne Litteraturen VI*, s. 52.)

*tannfe* tanngåve; i gammal tid var det skikk å gje borna ei gåve når dei fekk dei første tennene.

**Merknad.** På s. 136 i utgåva er Gudrun Osvivsdotters replikk om «gilde dagsverk» endra med grunnlag i ei nylesing av Jonna Louis-Jensen (jf *Twenty-eight Papers presented to Hans Bekker-Nielsen*, Odense 1993, s. 267-281).



## Namneliste

- Agdenes ved Trondheimsfjorden 105  
 Aldis Ljotsdotter 138  
 Alltinget 87, 92, 114  
 Alv Øysteinsson (Dala-Alv) 24, 149, 160, 164, 166  
 Alvdis (gift med Olav Feilan) 25, 26  
 Are Mårsson 24  
 Are Torgilsson den frode 21, 194, 195  
 Are Torgilsson den sterke 195  
 Arnbjørn Sleitu-Bjørnsson 53  
 Arnor Tordsson jarlaskald 196  
 Asbjørn, sjå Asbjørn  
 Astrid, gift med Bård Hoskuldsson 70  
 Atle Ulvsson den skjalge 24  
 Aud på Hol (gift med Tord Ingunnsson) 82, 89–91, 132, 142  
 Audgisl Torarinsson 170–172  
 Audun Bjørnsson Skokul 103  
 Audun Festargarm 140  
 Audun Asgeirsson 103  
 Audun Asgeirsson Ødikoll 103  
 Bakkavad i Kvitå 160  
 Bardastrand 82, 149, 170  
 Barde Gudmundsson 80, 143, 144  
 Barm i Sælingsdal 145  
 Beine den sterke 67, 188–190  
 Bergtora Olavsdotter 74, 80  
 Berse Veleivsson (Holmgonge-Berse) 30, 74, 75  
 Bjarnarfjord på Strandir 28  
 Bjarnarhamn, gard på Snæfellsnes 21, 140, 172  
 Bjarnarøy i Kvamsfjorden 191  
 Bjarne Skjeggesson 105  
 Bjarnøyar i Breidafjorden 37, 38  
 Bjørg Øyvindsdotter 24  
 Bjørgvin 32  
 Bjørn (Rauda-Bjørn) 30, 31  
 Bjørn i Bjarnarfjord 28, 29  
 Bjørn Grimsson Buna 19, 81  
 Bjørn Ketilsson den austrøne 19–21, 23, 25, 81  
 Blandaos i Hunavatnssysla 32  
 Blåskogshei 88  
 Bollatofter i Sælingsdal 145  
 Bolle Bolleson 148, 149, 153, 154, 156, 159, 162, 166, 167, 169, 173, 174, 176–180, 182–185, 193–196  
 Bolle Torleiksson 71, 74, 75, 79, 86, 87, 101–108, 110, 111, 113–117, 120–122, 124, 127–131, 133–149, 152, 154–159, 168, 173, 181, 188, 195  
 Bordøyr ved Hrutafjorden 53, 54, 62, 172  
 Borg, gard på Myrar 64, 103, 104, 138, 139

- Borgarfjord(en) 64, 66, 94, 103, 105, 118, 149, 160, 171 183  
 Bork Torsteinsson den digre 26, 46  
 Brand Torarinsson 195  
 Brand Vermundsson den gjev-  
 milde 105  
 Breidafjord(en) 20, 23, 31, 35, 37, 38, 47, 49, 68, 70, 76, 80, 102, 130, 144, 150, 152, 170, 176, 185, 186, 190, 191, 196  
 breidafjording 165  
 Breidasund 50  
 Breidå-Skjege, sjå Skjege  
 Brenna ved Hundadal 100  
 Brennøyar ved Gautelvosen 32  
 Budardal i Laksárdal 35  
 Bø i Borgarfjord 160  
 Bård Hoskuldsson 29, 30, 53, 54, 63, 70–72  
 Dal, gard under Øyafjella 113  
 Dala-Alv, sjå Alv Øysteinsson  
 Dalabei 93  
 Dala-Koll, sjå Koll Vedrar-  
 Grimsson herse  
 Dalir, Breidafjorddalane 40, 118, 120, 138, 149, 153, 157, 160, 164, 187  
 Dalla Torvaldsdotter 103  
 Danmark 32, 44, 101, 185, 196  
 Djupafjord på Bardastrand 80  
 Dogurdarnes ved Kvamsfjorden 23, 27, 43, 101, 177  
 Donustad, gard i Laksárdal 142  
 Drangar, gard på Skogarstrand 182  
 Dravnarnes i Laksárdal 67  
 Dublin i Irland 60  
 Egil Audunsson 103  
 Egil Skallagrimsson 64–66, 75, 142  
 Eid Skjeggeson 149–152  
 Einar Ragnvaldsson (Torv-  
 Einar) 22  
 Eldgrim på Eldgrimsstad 94–97  
 Eldgrimsholt ved Hrutsstad 97  
 Eldgrimsstad, gard i Grimsdal 94  
 England 112, 117  
 England, gard i Røykjardal  
 søre 167  
 Erlend Jonsson Himalde 138  
 Erp Meldunsson 24  
 Esjuberg på Kjalarnes 21  
 Fiskevatna på Tvidøgra 150  
 Fljotslid 105  
 fljotslidningar 52  
 Fotbit, sverd 77, 79, 135, 136, 146, 153, 166, 193  
 Frode den frøkne 19  
 Færøyane 22, 140  
 Gange-Rolv, sjå Rolv Toresson  
 Garpsdal, gard i Gilsfjord 87  
 Gautland 102  
 Geirmund Gny 75–80  
 Gille den gjerdske 32–34  
 gilsbekkingar 24  
 Gilsfjord 87  
 Gissur Isleivsson biskop 103  
 Gissur Teitsson den kvite 112–  
 114  
 Gjavlaug Arnbjørnsdotter 53  
 Gjavlaug Kjallaksdotter 21  
 Gjelle Torkjellsson 177, 185, 186, 192, 195, 196  
 Gjest Oddleivsson den spake 82–86, 88, 89, 93, 149, 169, 170  
 Glum Geiresson 82, 88  
 Gnupuskard, vest for Sælings-  
 dal 82  
 Goddastad, gard i Laksárdal 31, 39–41, 43, 44, 64, 67, 68  
 gotuskjeggar 22  
 Greilod (gift med Torfinn jarl) 22  
 Grette Åsmundsson den sterke 103  
 Grim Helgason 149–152  
 Grim Kveldulvsson 64  
 Grima (gift med Kotkjell) 88, 92, 97, 98  
 Grimsdal i Borgarfjord 94  
 Grisartunga, gard på Myrar 94  
 Groa Geirmundsdotter 78, 79  
 Groa Kollsdotter 30  
 Groa Torsteinsdotter 22  
 Grosloppe, sjå Steintor Stein-  
 torsson  
 Grågås, lovbok 123  
 Gudlaug (systemson til Osviv) 133, 135, 139  
 Gudmund 47, 48  
 Gudmund Solmundsson 80, 119 –121, 123, 124, 138, 143  
 Gudmund Øyolvsson den mek-  
 tige 113  
 Gudmundarøyar i Breidafjor-  
 den 47  
 Gudny Bårdsdotter 70  
 Gudrid Torsteinsdotter 30, 47, 48  
 Gudrun Gudmundsdotter 80  
 Gudrun Ospaksdotter 195  
 Gudrun Osvivsdotter 81, 83–85, 87–90, 93, 94, 102, 104, 105, 114–116, 118–120, 122, 124, 125, 127–133, 136, 137, 140, 143, 145–149, 151–157, 166–169, 172–179, 183, 185–187, 192–196  
 Gudrun Sigmundsdotter 194  
 Gunnar Livsson 26  
 Gunnar Tidrandebane 174–176  
 Gunnbjørn Erpsson 24  
 Gunnhild, dronning 49, 55, 56, 61, 62  
 Gunnlaug Illugesson Ormstunge 24  
 Guvuåros i Borgarfjord 104  
 Hage, gard på Bardastrand 82, 170  
 Hall (bror til Ingjald Saudøy-  
 gode) 37–40  
 Hall Gudmundsson 80, 121–124, 138, 143  
 Hall Torsteinsson 112  
 Hall Viga-Styrsson 70  
 Halla Gjestsdotter 149  
 Hallaslampen, sjå Torgils  
 Hallason  
 Hallbjørn Kotkjellsson  
 Slikjesteinsauge 88, 92, 98, 100  
 Halldis Erpsdotter 24  
 Halldor Gudmundsson 113  
 Halldor Hedinsson Garpsdals-  
 gode 87  
 Halldor Olavsson 74, 75, 116, 138, 140–147, 181, 182, 188–  
 190  
 Halldor Snorresson 194  
 Halldor Ármundsson 82, 153, 155, 157, 159, 164, 168, 172  
 Hallfred Ottarsson Vandræda-  
 skald 105, 110, 111  
 Hallgjerd Hoskuldsdotter Lang-  
 brok 29  
 Hallstein gode på Hallsteinsnes 88, 91, 93  
 Hallsteinsnes, gard ved Torska-  
 fjorden 88  
 Hamarengi i Sælingsdal 145  
 Harald Gunnhildsson Gráfell 49, 53, 55, 56, 59, 61, 62, 66, 95

- Harald Sigurdsson Hardråde 138
- Harald Hårfagre 19, 20
- Hardbein Helgesson 161, 166, 167
- Harrabol ved Hjarðarholt 80
- Harrastad, gard i Middalir 80
- Harre, okse 80
- Haugsgard i Laksárdal 67
- Haugsnæs på Skolmarnes 92
- Haukadalsá 153
- Havragil i Svinadal 133, 134
- Havratindar, gard i Svinadal 134, 141
- Helga på Kropp 149
- Helga Kjallaksdotter 21
- Helga Olavsdotter 26
- Helgafell, gard på Snæfellsnes 93, 137, 149, 155, 157, 168–170, 173–175, 177, 179, 180, 182, 183, 188, 192, 194–196
- Helge Hardbeinsson 144, 146, 147, 154, 157–168, 171, 172, 180, 181
- Helge Kjetilsson Bjolan 19–22, 25
- Helge Olavsson 74, 144
- Helge Osvivsson 81, 133
- Helge Ottarsson 81
- Helge Øyvindsson den magre 19–21, 24
- Herdís Bollesdotter 183, 192–194
- Herjolv Øyvindsson 27, 28, 50
- Hermund Illugesson 23, 194
- Hermund Kodránsón 194
- Herstein Torkjellsson 26
- Hild Torarinsdotter 47, 48
- Hjalte Skjeggesson 112–114
- Hjalte Tordsson 73
- hjalting 32
- Hjarðarholt, gard i Laksárdal 68, 69, 74, 75, 77, 79, 80, 85, 100, 105, 114, 116, 119, 120, 123, 124, 127, 128, 139–141, 143–145, 148, 167, 181, 188, 190
- hjarðhyllingar 120, 121, 129, 148
- Hol i Saurbø (Saurhol) 82, 88, 90, 131
- Holmgonge-Berse, sjá Berse Veleivsson
- Holmgonge-Ljot, sjá Ljot Torgrimsson
- Hord 22, 23, 25
- Hordabolstad, gard i Dalir 23
- Hordadal i Dalir 23, 25, 149, 159, 162, 167
- Hordaland 32, 75
- Hoskuld Dala-Kollson 23, 27–37, 44–46, 49–55, 59, 63–73
- Hoskuld Olavsson 74, 144
- Hoskuldsgard, gard i Laksárdal 27, 29, 30, 50, 63, 66, 67, 73
- hovdamenn 24
- Hovde, gard på Hovdastrand 53
- Hovde, ein klett nord om Haukadalsá 153
- Hrut Herjolvsson 28, 49–53, 55, 70, 71, 95–99, 101, 102
- Hrutafjord(en) 53, 62, 63, 144, 172, 187, 188
- Hrutsfolket 70
- Hrutsstad, gard i Laksárdal 52, 95
- Hunboge Alvsson den sterke 159, 164, 166, 167
- Hundadal i Saurbø 24, 99, 144
- Husafell, gard i Borgarfjord 195
- Husdrápa, kvede 78
- Håkon Adalsteinsfostre 28, 32, 34, 81
- Håkon Sigurdsson jarl 75, 76, 105
- Håkonsgáve, ring 71
- Illuge Hallkjellsson den svarte 23
- Ingebjørg Tryggvesdotter 114, 117, 118
- Ingebjørg Ásbjörnsdotter 23
- Ingjald Frodeson 19
- Ingjald Olavsson 31
- Ingjald Saudøygðe 37–44
- Ingjaldssand 138
- Ingunn Torolvsdotter 88, 91, 92
- Ingunnarstad 88
- irar 54, 57–60
- Irland 36, 55–57, 62, 63
- Island 20, 22, 27, 28, 31, 35, 49, 50, 56, 59, 60, 62, 63, 73, 75, 76, 81, 88, 103–106, 109, 111–115, 117, 119, 123, 124, 136, 139, 140, 144, 153, 172, 182–186, 192–196
- Isleiv Gissursson biskop 103
- islandingar 105, 107–110, 113, 118, 185
- Jofrid Gunnarsdotter 26
- Jon Ulvsson 138
- Jorunn Björnsdotter 28, 29, 32, 35–37, 51, 52, 68
- Jorunn Kjetilsdotter Mannvitsbrekka 19
- Jorunn Torbergsgotter 138
- Kadlin Gange-Rolvsgotter 81
- Kalv Ásgeirsson Óðikoll 103–105, 111, 112, 117–120, 122, 123, 138
- Kamsnes ved Kvamsfjorden 23
- 50, 52, 71, 93, 96–98
- Katanes (Caithness), Skottland 21, 22
- Katt, sjá Tord Tordsson Katt Kirkjubø på Sida 19
- Kjalarnes 21
- Kjalarøy i Breidafjorden 92
- Kjallak den gamle 21
- Kjallak Björnsson 21
- Kjartan Olavsson 74, 75, 86, 87, 102–142, 144, 146
- Kjartan Torhallsson 80
- Kjartan Ásgeirsson 80
- Kjarval Irarkonge 19
- Kjetil den fiskne 19
- Kjetil Björnsson Flatnev 19–21, 28, 81
- Kjetil Hermundsson 194
- Kjetil Torsteinsson biskop 194
- Kjetil Vêr 19
- Knarrarnes i Dalir 100
- Knut (bror til Aud) 82, 90, 132
- Kodrán Hermundsson 195
- Kodrán Ormsson 194
- Kolbein Tordsson Frøysgode 113
- Kolkistuðraum i Breidafjorden 47
- Koll Vedrar-Grimsson herse (Dala-Koll) 22, 23, 25, 27, 29
- Kollafjorden ved Faksafloa 21
- Kongsgáve, sverd 69, 71, 120, 125, 126, 135
- Kotkjell (sudrøying) 88, 91–94, 97, 98, 101, 102
- Kotkjellsfolket 91, 94, 98, 102
- Kristnes, gard i Øyjafjord 21
- Kroksfjord, bygd på Bardastrand 88
- Kropp, gard i Borgarfjord 149
- Krossavik, gard i Vápnafjord Austfjordungun 175
- Kvalfjorden i Faksafloa 21
- Kvam, gard i Dalir 23–27
- Kvamsdal i Saurbø 90
- Kvamsfjord(en) i Breidafjord

23, 78, 84, 85, 137  
kvamsværingar 44  
Kvitadal, gard i Saurbø 131, 132  
Kvitå i Borgarfjord 118, 149,  
160, 179, 183  
Kåre Hrutsson 97, 98

laksdølar 50–52, 66, 121, 154  
Lakså i Laksárdal 23, 35, 37, 41,  
54, 67, 86  
Lakså i Sælingsdal 125  
Laksárdal i Dalir 23, 28, 30, 31,  
37, 46, 67, 94, 98–100, 142,  
163, 167  
Laksåros 35, 40, 76, 78  
Lambadal ved Sælingsdal 90  
Lambastad, gard i Laksárdal 54  
Lambe Torbjørnsson Skrjup 63,  
100, 144, 146, 154, 158, 159,  
163, 166, 167  
Langadal, bygd i Hunavatns-  
sysla 121  
Langadal, gard på Skogarstrand  
170  
Langavatnsdal på Myrar 160  
Langbrok, sjå Hallgjerd  
Hoskuldshotter  
Laugar, gard i Sælingsdal 81,  
88–91, 102–104, 114–116, 120,  
126–128, 130–132, 134, 136,  
138, 141  
laugarfolket 90, 93, 94, 128–130  
Leidolvsstad, gard i Laksárdal  
94  
Ljot Torgrimsson (Holmgonge-  
Ljot) 138  
Ljuva (gift med Bjørn bonde) 28  
Ljå, elv i Dalir 86  
Ljårskogar, gard i Dalir 125,  
139, 145, 187, 188, 190  
Ljåøy 188  
Lodve Torfinnsson jarl 22

Lovberget 72, 89  
Løkjarskog, gard i Laksárdal  
153

Magnus den gode 195  
Medalfellsstrand i Dalir 23  
Meldun jarl 24  
Melkorka Myrkjartansdotter 32,  
36, 37, 44, 53–55, 59–61, 63,  
100  
Melkorkustad, gard i Laksárdal  
37, 53  
Midfjord-Skjegge, sjå Skjegge  
Bjørnsson  
Midfjord i Hunavatnsting 121  
Midå i Dalir 24  
Miklagard (Konstantinopel) 185  
Miklagardskongen 185, 193  
Mjosynde i Svinadal 133  
Mule på Myrar 94  
myramenn 64, 68, 139  
Myrkjartan Irarkonge 36, 54, 56,  
59, 61, 63, 65, 66, 74, 167  
Mår Atlesson 24  
Mård Gigja 52

Nid, elv ved Trondheim 106  
Nidaros 105  
Nidbjørg Bjolansdotter 81  
njardevikingar 175  
Njål Helgason 149  
Norderlanda 185  
Nordlendinga-fjordungen 121  
nordmenn 193  
Nordmøre 19  
Nordrå i Borgarfjord 160  
Nordrårdal i Borgarfjord 105  
Nordsela i Svinadal 134  
Noreg 19, 27, 28, 32, 34, 35, 44,  
55, 59, 61, 62, 79, 101, 105,  
109, 113, 114, 117, 118, 136,  
140, 152, 172, 173, 176, 177,  
183–187, 196

Odd Onundsson 26  
Odd Torhallason 82, 133  
Odde Yrsson 80  
Odin 109  
Olav den heilage 177, 180, 183–  
186, 192, 194  
Olav Hoskuldsson På 36, 37, 44,  
45, 52–69, 71–78, 80, 81, 85,  
86, 98–102, 104, 105, 115, 116,  
119–121, 123–128, 133, 137–  
144, 154, 158, 159, 180, 181,  
188  
Olav Ingjaldsson Kvite 19  
Olav Torsteinsson Feilan 22, 24  
–27, 31, 36  
Olav Tryggvason 105–107, 111–  
114, 117, 118, 120, 122, 124  
Olov Gudmundsdotter 80  
Olov Torsteinsdotter 22  
Orknøyane 22  
orknøyjarlane 22  
Orm Erpsson 24  
Orm Hermundsson 194  
Orrostudal nær Kambsnes 51  
Osk, dotter til Torstein Raud 24  
Osk, dotter til Torstein Surt 24,  
30, 31, 47, 48  
Ospak Bolleson 195  
Ospak Osivvsson 81, 131–133,  
135, 138  
Osviv Helgesson 81, 82, 85, 89–  
91, 93, 94, 102, 115, 116, 120,  
121, 124, 125, 129, 131, 133–  
140, 143, 148, 149, 169, 170  
Ottar Bjørnsson 21, 81

Peter apostel 196  
På, sjå Olav Hoskuldsson På

Ragnvald Mørejarl 22  
Rapp (sunnlending) 165, 166  
Rapp Sumarlidesson (Viga-

Rapp) 30, 31, 45, 46, 67, 69,  
165  
Rappsstad, gard i Laksárdal 30,  
45, 46, 49, 67  
Rauda-Bjørn, sjå Bjørn  
Raumsdal (Romsdal) 19  
Raumsdølafylke 19  
Raunfjorden på Snæfellsnes 21  
Ravarta Kjarvalsdotter 19  
Rein Hermundsson 195  
Revna Åsgeirsdotter 103, 119,  
122–129, 136, 139  
Rodny Skjeggesdotter 26  
Roiskjelda (Roskilde) 196  
Rolv, træl 70  
Rolv Krake 196  
Rolv Toresson (Gange-Rolv) 81  
Rom (Roma) 196  
Romolv Kjetilsson biskop 194  
Runolv Ulvsson 113  
Rut, sjå Hrut  
Røykjanes på Bardastrand 24,  
195  
Røykjanes i Kjalarnesting 35  
Røykjardal den søre i Borgar-  
fjord 160, 167  
røyknesingar 24  
Røynisnes ved Øyjafjord 21  
Rånarvollar i Sælingsdal 145

Sarp, støl i Skorradal 161  
Sarpsborg i Noreg 184  
Saudafell, gard i Dalir 24, 31,  
42, 43  
Saudøyar i Breidafjorden 37  
Saurbø, bygd i Breidafjord 74,  
82, 83, 88, 89, 130, 131, 142  
Sidu-Hall, sjå Hall Torsteinsson  
Siglunes ved Øyjafjorden 21  
Sigvat Brandsson 195  
Sigvat Surtsson 19  
Sigurd Lodvesson jarl 22

- Skallagrim, sjå Grim Kveldulvsson
- Skjaldarøy i Breidafjorden 92
- Skjegge (Breidå-Skjegge) 105
- Skjegge Björnsson (Midfjord-Skjegge) 23, 26
- Skjegge Brandsson 195
- Skogar, to gardar nær Ljárskogar 125
- Skogarstrand på Snæfellsnes 155, 182
- skogverjaætta 195
- Skorradal i Borgarfjord 157, 160, 167
- Skorre Helgesson 167
- Skorøy i Breidafjorden 137
- skottar 21
- Skottland 21
- Skovnung, sverd 150, 191, 196
- Skovnungssteinen 151
- Skovnungsey i Breidafjorden 191
- Skrattavarde i Laksárdal 98
- Skrjup, sjå Torbjørn Skrjup
- Skrámulaupså i Dalir 23
- Skálmarfjord på Bardastrand 88
- Skálmarnes 88, 91, 92
- Smed-Sturla, sjå Sturla Kjartansson
- Snorre Dala-Alvsson 149
- Snorre Tordsson 80
- Snorre Torgrimsson gøde 26, 93, 94, 137, 139, 148, 149, 151–155, 157, 163, 169–183, 194
- Snæfellsnes 35
- Sokkolv i Sokkolvsdal 24
- Sokkolvsdal i Middalir 24
- Solveig (gift med Helge Hardbeinsson) 144
- Sopandaskard mellom Langa vatnsdal og Hordadal 160
- Stad (Stadlandet) 79
- Stakkagil i Sælingsdal 82, 145
- Stavøy i Breidafjorden 191
- Stavå ved Helgafell 21
- Stein Gudmundsson 80
- Stein Torhallason 82, 133, 138
- Steingrim Gudmundsson 80
- Steingrimsfjord på Strandir 28, 188
- Steintor Olavsson 74, 116, 140, 142, 144, 147, 182
- Steintor Steintorsson Grosloppe 142
- Steintor Torlaksson 21, 182
- Stigande Kotkjellsson 88, 92, 98–100
- strandamenn 30
- Strandir 28
- Sturla Kjartansson 80
- Sturla Tordsson 80
- Stuv Tordsson skald 93
- Styr Torgrimsson (Viga-Styr) 21
- Styrme Hermundsson 195
- Suderøyane (Hebridane) 30, 88
- Sumarlíde, far til Viga-Rapp 30
- Sumarlíde Rappsson 30, 46
- sunnlending 165
- Sunnmøre 19
- Surt Torsteinsson 19
- Svein Dala-Alvsson 159, 164, 166
- Sverdskjelda i Dalir 126
- Sverting Runolvsson 19, 113
- Svignaskard, gard i Borgarfjord 30
- Svinadal, bygd i Dalir 131–134
- Sælingsdal, bygd i Dalir 81, 83, 88, 90, 125, 131, 132, 144, 145, 170
- Sælingsdalsheid mellom Sælingsdal og Saurbø 90, 131
- Sælingsdalslaug, tett ved Laugar 102
- Sælingsdalstunga, gard i Sælingsdal 81, 82, 126, 129, 130, 136, 137, 140, 142, 146, 148, 149, 151, 176–180, 194
- Sælingsdalså i Dalir 81
- Tangbrand 112, 113
- Tidrande Geitesson 175
- Tingvellir 171
- Tjaldanes, gard i Saurbø 92
- Tjodolv Låge 81
- Tor 109
- Tora Olavsdotter 26
- Torarin (gift med Osk Torsteinsdotter) 31, 47, 48
- Torarin Brandsson 195
- Torarin Bårdsson 70
- Torarin frá Langadal 170
- Torarin Oleivsson Ragebror 26
- Torarin Tordsson Følsenne 26
- Torarin Toresson 82, 126, 129–131, 134–136
- Torbjerg Olavsdotter Digre 74, 80
- Torbjerg Skjeggesdotter 23
- Torbjerg Ármósdotter 52
- Torbjørn Skrjup 31, 53, 54, 63, 100, 167
- Tord Gilsson 80
- Tord Gjestsson den låge 86, 170
- Tord Godde 31, 37, 39–45, 50, 52, 67
- Tord i Hundadal 99
- Tord Ingunnsson 82, 87–93, 195
- Tord Olavsson Gjelle 26, 31, 44, 45, 51, 52, 103
- Tord Ossursson Frøysgode 113
- Tord Tordsson Katt 93, 159, 163, 167
- Tord Torvaldsson 80
- Tordis Olavsdotter 26
- Tordis Snorresdotter 178, 179, 183, 194, 195
- Tordis Tjodolvsdotter 81
- Tore herse (Øksna-Tore) 81
- Tore Sæling 82
- Torfinn Einarsson jarl 22
- Torfinn Sigurdsson jarl 22
- Torfinna Vermundsdotter 80
- Torgils (ein utlæg mann) 166, 167
- Torgils Aresson på Røykjanes 195
- Torgils Aresson prest 195
- Torgils Gjelleson 195, 196
- Torgils Hallason 149, 152, 153, 155–162, 164–173, 181
- Torgjerd Dala-Alvsdotter 24
- Torgjerd Egilsdotter 64–67, 74, 75, 77, 78, 126, 128, 140–142, 144, 145, 147
- Torgjerd Torsteinsdotter 23, 27, 28, 50
- Torgrim Audunsson Hærukoll 103
- Torgrim Kjallaksson 21
- Torgrim Torsteinsson 26, 46
- Torhall Oddesson gode 80
- Torhall Skjeggeson 105
- Torhalla den radmælte 82, 131–133, 135, 137, 138
- Torhild Torsteinsdotter 24
- Torkjell Björnsson Trevil 30, 47–49, 67
- Torkjell Blund-Kjetilsson 26
- Torkjell Geitesson 175
- Torkjell Gjelleson 195, 196
- Torkjell på Havratindar 134, 141
- Torkjell Kvelp 82, 90, 132–134
- Torkjell Skalle 100
- Torkjell Kugge Tordsson 26, 103, 142

- Torkjell Øyolvsson 149–153, 155, 169, 172–179, 185–193, 195
- Torlak Vestarsson 21
- Torlaug Tordsdotter 53
- Torleik Bolleson 140, 148, 149, 153, 156, 157, 159, 163, 165, 167–169, 173, 174, 177, 179–185
- Torleik Hoskuldsson 29, 53, 70–74, 93–99, 101, 102
- Torodd Tungu-Oddsson 26
- Torolv Blodruskalle 21
- Torolv frå Breidafjord 38–44
- Torolv Mostrarskjegg 26
- Torolv Osvivsson 81, 125, 126, 128, 133–136, 140
- Torolv Raudnev 31, 41, 42
- Torolv Skallagrimsson 75
- Torråd Osvivsson 81, 133
- Torskafjord på Bardastrand 88
- Torsnes på Snæfellsnes 30, 46
- Torsnesting 138, 139, 182
- Torstein Egilsson 26, 66, 103, 104, 138, 139
- Torstein Hallsteinsson Surt den spake 24, 30, 31, 46, 47
- Torstein Kuggesson, sjå Torstein Torkjellsson
- Torstein Olavsson Raud 21–24, 28
- Torstein Svarte 144, 146, 154, 157–159, 163, 166, 171
- Torstein Torkjellsson 80, 103, 139, 149, 187–191
- Torstein Torolvsson Torskebit 26
- Torstein Ásbjörnsson 19
- Torunn Gunnarsdotter 26
- Torunn Kjetilsdotter Hyrna 19–21
- Torunn Oddleivsdotter 82
- Torv-Einar, sjå Einar Ragnvaldsson
- Torvald Halldorsson Garpsdalsgode 87, 88, 195
- Torvald Kjartansson 80
- Torvald Snorresson 80
- Torvald Ásgeirsson Ódikoll 103
- Torvor Hermundsdotter 195
- Trevil, sjå Torkjell Björnsson
- Trollaskeid på Hruttsstad 52
- Trondheimen i Noreg 105, 107, 183, 186
- trønderar 107
- Tunga, sjå Sælingsdalstunga
- Tunga, gard i Hordadal 149, 153, 157, 159, 169, 174
- Tunga, gard i Saurbø 74
- Tungu-Odd, sjå Odd Onundsson
- Tunguå i Middalir 24
- Turid Hoskuldsdotter 29
- Turid Olavsdotter 67, 77–80, 119, 120, 122
- Turid Øyvindsdotter 21
- Turid Ásgeirsdotter 103, 142
- Tvidøgra, hei mellom Myrasysla og Hunavatnssysla 150
- Tvåtta, gard i Álptafjord 112
- Tykkvaskog, gard i Dalir 82, 86, 100, 153, 155
- Ulv Hognesson den skjalge 24
- Ulv Ospaksson 138
- Ulv Uggesson 77
- Ulvheid Runolvsdotter 194
- Ulvheid Øyolvsdotter 103
- Unn Kjetilsdotter den djuptenkte 19, 20, 22–26
- Unn Mårdsdotter 52
- Urder, gard på Skålmarnes 88
- Vadil, hamn på Bardastrand 75, 149
- Valgjerd Torgilsdotter 195
- Vandråd Osvivsson 81, 133
- Vatnsdal, bygd i Hunavatnsting 121
- Vatnsfjord, gard i Isafjord 80
- Vatnfjordings-ætta 80, 172
- Vatnshorn, gard i Skorradal 160
- Vatnsnes, bygd i Hunavatnsting 121
- Veleiv Torgeisson Gamle 30
- Vermund Torgrimsson 21, 80, 105
- Vestar Torolvsson 21
- Vesterlanda 61
- Vestfjordane 28, 87
- vestfjordingar 163
- Vestmannaøyar 114
- Vididal i Hunavatnsting 80, 103, 121, 138
- vididølar 138, 139, 143
- Viga-Rapp, sjå Rapp Sumarlidesson
- Viga-Styr, sjå Styr Torgrimsson
- Vigdis Hallsteinsdotter 30, 46
- Vigdis Ingjaldsdotter 31, 37, 39–45, 52
- Vigdis Torsteinsdotter 24
- Vika, Noreg 32, 34, 81, 152, 183
- Vikrarskeid vest for Olfus 22
- Vivil, træl 24
- Vivilsdal ved Hordadal 24
- væringar 185
- Yngvild Kjetilsdotter 19
- Ódikoll, sjå Ásgeir Audunsson Ódikoll
- Øksnagrov i Sælingsdal 145
- Øksna-Tore, sjå Tore herse
- Øksnaøy i Breidafjorden 78
- Ørn, styremann 53–57, 62
- Ørnolv Ármodsson 82, 153, 155, 157, 159, 164, 168
- Ørnolvsdal i Borgarfjord 23
- øyfjordingar 21, 25
- Øyjafjell i Sørfjordungen 113
- Øyjafjord(en) i Nordfjordungen 21, 24, 193
- Øyjarvad i Nordrå 160
- Øyolv (ein fredlaus mann) 166, 167
- Øyolv Egilsson 103
- Øyolv Gudmundsson den halte 103
- Øyolv Tordsson Gråe 26
- Øyr, gard på Snæfellsnes 21, 182
- Øyrar ved Nidaros 107
- Øyrbygger 148
- Øystein Erlendsson erkebiskop 138
- Øyvind Björnsson Austmann 19
- Álptafjorden i Austfjordungen 112
- Án den kvite 67, 125, 126
- Án Svarte (Rismage) 67, 130, 132, 134, 135, 137, 144–146
- Ármod Torgrimsson 82, 86, 153, 164, 166
- Ás, gard i Borgarfjord 149, 150
- Ásbjarnarnes, gard i Vididal 80, 121, 123
- Ásbjarnarstad i Ørnolvsdal 23
- Ásbjörn Hordsson den rike 23
- Ásbjörn Kjetilsson 19
- Ásgaut, træl 31, 41–44
- Ásgeir Audunsson 103
- Ásgeir Audunsson Ódikoll 103, 119, 122, 123, 128, 138
- Ásgeir Erpsson 24
- Ásgeir Kjartansson 129, 139
- Ásgeir Knottsson 80
- Ásgeirså, gard i Vididal 103
- Ásmund Torgrimsson Hærulang 103



